

Øyvind Johan Eiksund

Koret som spenningsfelt

Mellom det små og det store



Norges
musikkhøgskole
Norwegian Academy
of Music

NMH-publikasjoner
2019:1

Øyvind Johan Eiksund

Koret som spenningsfelt

Mellom det små og det store

Avhandling for ph.d.-graden
Norges musikkhøgskole, Oslo 2019
NMH-publikasjoner 2019:1

NMH-publikasjoner 2019:1

© Norges musikkhøgskole og Øyvind Johan Eiksund

Illustrasjon s. 321: Thomas Bros., CartoonStock.

ISSN 0333-3760

ISSN 2535-373X (online-utgave)

ISBN 978-82-7853-258-4 (trykt)

ISBN 978-82-7853-259-1 (pdf)

Norges musikkhøgskole

Boks 5190 Majorstua

0302 OSLO

Tel.: +47 23 36 70 00

E-post: post@nmh.no

nmh.no

Trykk: 07 Media, Oslo, 2019

Føreord

*Den fyrste song eg høyra fekk,
var mor sin song ved vogga;
dei mjuke ord til hjarta gjekk,
dei kunde gråten stogga.*

Sjølv fekk eg tidleg høyre mor sin song blande seg med andre sin song i vakre korklangar. Med ein far som var aktiv kordirigent, og ei mor som var fjellstøtt inventar på altrekkja, var eg ikkje gamle guten før eg blei teken med på korøvingar, konsertar og turar. Tidlege minne om synet av far min som myndig og humørfullt leiar og motiverer engasjerte korsongarar, blandar seg med minne om meg sjølv, sitjande ved mor mi sine bein, medan ho trygt og naturleg syng si stemme i det store koret.

I eit kor finst det mange stemmer. Stemmene kan synge, tie, kjefte, motivere, informere, feile, vekse, breste, høyrest for godt eller for lite, og smelte saman. Dei kan vere eit mylder av enkeltstemmer, eller ein samla klang. Om eg ser tilbake på prosessen dette avhandlingsarbeidet har vore gjennom, er det ikkje vanskeleg å sjå det metaforiske slektskapet. Den tidlege sjølvtiliten blei fort avløyst av nøling og feiling, og eg har veksla mellom å kjenne meg som ein myndig dirigent med full kontroll og overskot, og som ein dårleg førebudd songar som ikkje kan materialet som skal framførast. Men dette er ein del av prosessen, og sakte (litt saktare enn eg hadde planlagd) men sikkert har

mylderet av idear, tankar og refleksjonar samla seg til eit ferdig arbeid, ei gjennomarbeidd og godt førebudd framføring.

Somme av desse stemmene er naturleg å trekke fram i denne samanhengen. Først og fremst vil eg takke Brandalskoret, Cantando, Siréne og Ulstein mannskor for at eg fekk lov til å følgje og bli kjend med dykk. Det har vore eit privilegium. Ein spesiell takk til dei av dykk eg fekk lov til å intervju i samanheng med denne studien. Til saman har de danna eit spennande og frodig vindauge inn korkulturen på Søre Sunnmøre. Eg vonar dette arbeidet kan bidra med noko meningsfullt inn i den daglege men likevel fantastiske aktiviteten de bidrar til.

Eg vil på det varmaste takke Høgskulen i Volda som har støtta dette prosjektet, både gjennom stipend og ved å tilby flotte arbeidsforhold og fasilitetar. Eg har hatt stor nytte av tilknytninga til Norges musikkhøgskole (NMH) der eg tok doktorgradsutdanninga. Det har også vore givande å ta del på samlingar i regi av Grieg Research School (GRS), noko som har gitt meg interessante tilbakemeldingar på arbeidet mitt, samt nye, faglege impulsar. Sommaren 2012 blei doktorgradsarbeidet med meg til Trondheim, og dei siste åra har arbeidsplassen min vore NTNU. Takk til dykk for all tilrettelegging som har gjort det mogleg for meg å fullføre denne doktorgraden.

Gjennom perioden har eg også hatt glede av ei rekkje flotte kollegaer, medstipendiatar, administrative superheltar, medkoristar og samtalepartnarar som heile vegen har vore villige til å bidra med råd, reaksjonar og refleksjonar om alt frå det faglege til det personlege. Rettleiaren min, Jan Sverre Knudsen, professor ved fakultet for lærerutdanning og internasjonale studier, OsloMet – Storbyuniversitetet (tidlegare Høgskulen i Oslo og Akershus), har sjølv sagt vore ei viktig støtte gjennom heile arbeidet. Det har vore avgjerande å ha ein kyndig «dirigent» som har kunne synt meg kvar vegen går.

Eit doktorgradsarbeid skal gå føre seg parallelt med resten av eit liv, og somme tider har denne resten kravd prioritet. I slike situasjonar har det vore veldig godt å ha ein stor og nær familie. Om lag samtidig med oppstarten av doktorgrads-prosjektet blei dottera mi Rut Maria fødd. Ho har vakse opp i takt (og utakt) med avhandlinga, og har tolt så altfor godt ein far som til tider har måtta sitte bortgøymd bak bøker og datamaskin. Tusen takk for at du syng med stemma di på den måten berre du kan.

Til slutt vil eg takke foreldra mine som tidleg synte meg vegen til musikk og korsong. De har gitt meg så mykje. Dykkar stemmer vil alltid klinge i meg.

*Dei sulla meg so underleg,
so stilt og mjukt te sova;
dei synte meg ein fager veg
opp frå vår vesle stova.*

Frå *Den fyrste songen* (1877) av Per Sivle

Trondheim, desember 2018.

Samandrag

Medan *korsongen* står sterkt i Norden, er *forskning på kor* nesten usynleg eller i stor grad gøymd bak andre forskingstematiske innretningar (Geisler, 2010). Behovet for tilskot til dette feltet er derfor stort. Som ein konsekvens av ei kvalitativ orientering innanfor samfunnsvitskapane må prosessar og fenomen i verda skildrast og forståast før det kan utviklast teoriar og forklaringar knytt til dei (Kvale & Brinkmann, 2009). Eitt av måla for denne studien har derfor vore å skildre og forstå prosessane korfeltet består av, både på eit individuelt og sosialt nivå, men også korleis dette kan seie noko meir om samfunnet det eksisterer i.

Datamaterialet til denne studien består av ei kartleggingsundersøking av korfeltet på Søre Sunnmøre, observasjonsperiodar hjå fire kor, samt seksten kvalitative forskingsintervju. Analysen har hatt intervjumaterialet som primært utgangspunkt, der eg har nytta meg av ein stegvis deduktiv induktiv-metode (SDI) (Tjora, 2012). På bakgrunn av denne har eg identifisert fem sentrale tematikkar: (i) motivasjon, (ii) eigarskap, (iii) identitet, (iv) det sosiale fellesskapet, og (v) kor og samfunn. Desse tematikkane har blitt drøfta opp imot teori henta frå psykologi, sosialpsykologi, organisasjonspsykologi og sosiologi, og har skjedd på eit overordna teoretisk bakteppe bestående av perspektiv henta frå modernitetsteori samt teori om narrativ forskning.

Resultata frå studien er samla i konseptet *koret som spenningsfelt*, der fem spenningsfylte område, diskutert i dei ulike kapitla, til saman utgjer eit samansett *spenningsfelt*. I konstruksjonen av dette konseptet peikar eg på samanhengar mellom individ, sosial gruppe og samfunn, der også perspektiv henta frå modernitetsteori blir trekt inn. I konseptet går det fram at koret kan ha mange samtidige og ulike betydingar for medlemmane, der ulike vektleggingar av motivasjonsfaktorar, eigarskapsforhold, identitetsformer og gruppefunksjonar spelar ei rolle.

Nøkkelord: kor, song, motivasjon, identitet, psykologisk eigarskap, sosialt fellesskap, kordeltaking, spenningsfelt, modernitet, amatørmusikk

Summary

While choral *singing* is an activity that is thriving in the Nordic countries, choral *research* is more or less invisible or seems to hide behind other research orientations (Geisler, 2010). The need for contributions to this field is substantial. As a consequence of a qualitative orientation in the social sciences, processes and phenomena in the world need to be *described* and *understood* before the development of *theories* and *explanations* (Kvale & Brinkmann, 2009). One of the goals of this study has been to describe and understand the processes the choir field consists of, on the individual and social, as well as the societal level.

The data of the study consist of a mapping survey of the choir field in the region southern Sunnmøre, participant observation periods in four choirs, and sixteen qualitative research interviews. The analysis is primarily based on the interview material, and I have used the analysis method called stepwise deductive-inductive method (SDI) (Tjora, 2012). The analysis identifies five central themes: (i) motivation, (ii) ownership, (iii) identity, (iv) the social fellowship, and (v) choir and society. These themes have been discussed in relation to theory gathered from psychology, social psychology, organizational psychology and sociology, on a background consisting of modernity theory and narrative theory.

The results of the study are formulated in the concept of *the choir as a field of tension*, where five tension filled areas, discussed in the analysis chapters, constitute a complex *field of tension*. In the construction of this field I highlight some contact points between the individual, the social group and the society,

in which perspectives from modernity theory are included. This concept of *the choir as a field of tension* expresses the many parallel and different meanings the choir may have for its members, where varying emphases on motivational factors, ownerships, identity forms and group functions play a part.

Keywords: choir, song, motivation, identity, psychological ownership, social fellowship, community, choir participation, field of tension, modernity, local music

Innhald

	Føreord	iii
	Samandrag	vii
	Summary	ix
1	Innleiing	1
1.1	Mellom det små og det store	3
1.2	Å skildre og forstå	4
1.2.1	Problemformulering	6
1.2.2	Forskingsspørsmål	7
1.3	Omgrepsavklaringar	8
1.3.1	Menneska i studien	8
1.3.2	Kva er eit kor?	8
1.4	Avhandlinga si oppbygging	10

Del A

2	Tidlegare forskning	17
2.1	Norsk korlitteratur	19
2.2	Norsk korforsningslitteratur	20
2.2.1	Norske doktorgradsavhandlingar	20
2.2.2	Det større biletet	22
2.3	Nordiske og internasjonale bidrag	23
2.4	Eit fleirparadigmatisk forskingsfelt	24
2.5	Relevante forskingsbidrag	25
2.5.1	Motivasjon i kor	25
2.5.2	Kor, identitet og fellesskap	27
2.5.3	Kor og samfunn	29
2.6	Oppsummering	31
3	Teorigrunnlag	33
3.1	Overordna teoretiske perspektiv	35
3.1.1	Modernitet	37
3.1.2	Spenningsfelt	42
3.1.3	Narrativet	44
3.2	Operasjonell teori	47
3.2.1	Motivasjon og høgdepunktopplevingar	47
3.2.2	Psykologisk eigarskap	54
3.2.3	Identitet	56
3.2.4	Sosial- og gruppepsykologi	62
3.2.5	Sosial kapital	65
3.3	Oppsummering	69
4	Metodiske framgangsmåtar	75
4.1	Forskarrolla og lokale statusar	75
4.1.1	Statusar	76
4.2	Om val av metode	77
4.2.1	Metodetriangulering	79
4.2.2	Metodeval i ein forskingsprosess	79
4.2.3	Kvalitet i ein kvalitativ studie	81
4.2.4	Overføringsverdi	82
4.2.5	Metodeval og prosjektet sin overføringsverdi	83
4.2.6	Reliabilitet og validitet	85

4.3	Etikk, anonymitet og konfidensialitet	86
4.4	Generering av empiri	88
4.4.1	Kartleggingsundersøking	89
4.4.2	Utval	91
4.4.3	Presentasjon av kor og intervjupersonar	93
4.4.4	Deltakande observasjon	100
4.4.5	Det kvalitative forskingsintervju	105
4.5	Frå empiri til data	110
4.5.1	Etterarbeid og bruk av kartleggingsundersøkinga	110
4.5.2	Etterarbeid og bruk av feltnotat	111
4.5.3	Transkripsjon og bruk av intervjumaterialet	111
4.5.4	Teknologiske hjelpemiddel	114
4.6	Analyse	115
4.6.1	Justering av forskings spørsmål	116
4.6.2	Val av analysemetodar	116
4.6.3	SDI: Stegvis-deduktiv induktiv metode	118

Del B

5	Forskningsprosjektet	123
5.1	Søre Sunnmøre	123
5.2	Korsongen på Søre Sunnmøre	124
5.2.1	Utdrag frå kartleggingsundersøkinga	126
5.2.2	Oppstart og stiftingsår	126
5.2.3	Organisering og leing	127
5.2.4	Kategori, tal, kjønn og alder	127
5.2.5	Vurdering av storleik, tilstand og rekruttering	128
5.2.6	Repertoar	129
5.2.7	Med eller utan akkompagnement	130
5.2.8	Øvingar	130
5.2.9	Framføringar	131
5.2.10	Inntekt og økonomi	133
5.3	Oppsummering	134

6	Motivasjon	135
6.1	Å ta til i koret	137
6.1.1	Frå den potensielle kormedlemmen si side	137
6.1.2	Å oppsøke fellesskap	137
6.1.3	Korleis skal vi bli fleire?	142
6.2	Å bli i koret	146
6.2.1	Motivasjonsfaktorar – mellom det nære og det fjerne?	147
6.2.2	Nære motivasjonsfaktorar	148
6.2.3	Mellom nær og fjern	152
6.2.4	Fjerne motivasjonsfaktorar	154
6.2.5	Ein kontekstuell modell for motivasjon i kor	158
6.3	Oppsummering	161
7	Eigarskap	163
7.1	Formelt og psykologisk eigarskap	164
7.2	Vegar til psykologisk eigarskap i kor	165
7.3	Konsekvensar av psykologisk eigarskap	167
7.4	Å eige korklangen	168
7.4.1	Dirigenten sitt eigarskapsforhold til klangen	170
7.4.2	Klangparadokset	172
7.4.3	Vegen til eigarskap	173
7.5	Tradisjon og eigarskap	174
7.5.1	Å bli eitt med tradisjonen	176
7.5.2	Å eige tradisjonen	177
7.6	Restart og nullstilling	178
7.6.1	Det store grepet	179
7.6.2	Å bygge noko nytt	180
7.6.3	Eigarskapsvakuum	182
7.7	Kjerneverdi og visjon	183
7.7.1	Ein epoke tek slutt	185
7.7.2	Visjonen overlev	187
7.8	Kvar ligg eigarskapet?	187
7.9	Oppsummering	189

8	Identitet	191
8.1	Kven er eg?	192
8.1.1	Å vekse inn i koret	193
8.1.2	Dette er ikkje meg	195
8.2	Kven er vi?	196
8.2.1	Ambisjonsnivå	197
8.2.2	Alder	197
8.2.3	Kven er vi for kvarandre?	199
8.3	Kven er vi for andre?	200
8.3.1	Kven er vi ikkje?	202
8.4	Sjølvidentitetens refleksivitet	204
8.5	Oppsummering	206
9	Det sosiale fellesskapet	209
9.1	Koret som sosial gruppe	210
9.2	Interessefellesskapet: koret som sekundærgruppe	211
9.3	«Korfamilien»: koret som primærgruppe	212
9.3.1	Familie som inngang	213
9.3.2	Koret sin plass i kvardagen	215
9.3.3	Ekteskap, sysken og hjarteborn	218
9.3.4	«Besteforeldre» og tradisjon	222
9.4	Det som bind ein saman	224
9.4.1	Å vere saman	225
9.4.2	Det som bringar ein nærare kvarandre	228
9.5	Normer, gruppefunksjon og etiske system	234
9.5.1	Musikalske normer	235
9.5.2	Sosiale normer	235
9.5.3	Gruppefunksjon og etikk	238
9.6	«Det hender i dei beste familiar»	240
9.6.1	Intern lufting	241
9.6.2	Å seie frå	242
9.6.3	Å ikkje passe inn	244
9.6.4	Å slutte i koret	246
9.7	Det sosiale fellesskapets utfordringar	247
9.8	Oppsummering	248

10	Kor og samfunn	251
10.1	Indikatorar på sosial kapital	253
10.1.1	Tillit	254
10.1.2	Deltaking, interaksjon og lokal involvering	254
10.1.3	Nettverk og kontaktar	255
10.1.4	Medlemsskap i trusorganisasjonar	256
10.1.5	Delte normer og verdiar	256
10.1.6	Læring	257
10.1.7	Fellesskap	258
10.2	Ulike former for sosial kapital	259
10.2.1	Bonding og bridging	260
10.3	Eit samfunn i endring	262
10.3.1	«Under krigen så var det jo songkor overalt!»	263
10.3.2	Musikksmak, språk og generasjonskløft	264
10.3.3	«Den nye tid»	266
10.3.4	Korsong krev tid	268
10.4	Oppsummering	270
	 Del C	
11	Modellering	273
11.1	Mellom det nære og fjerne	274
11.2	Mellom mitt og vårt	276
11.3	Mellom det individuelle og kollektive	278
11.4	Mellom det primære og sekundære	280
11.5	Mellom fortid og framtid	281
12	Konklusjon	285
12.1	Koret som spenningsfelt	286
12.2	Sjølvstet i eit spenningsfelt	288
12.3	Spenningsfelt som metaforisk konsept	292
12.4	Vegen vidare og forslag til framtidig forskning	293
	 Referansar	295
	 Vedlegg	309

Figurar

Figur 1:	Oversikt over datamaterialet	109
Figur 2:	SDI-modellen (Tjora, 2012, s. 175)	119
Figur 3:	Stiftingsår for kora som var med i kartleggingsundersøkinga	126
Figur 4:	Aldersfordeling	127
Figur 5:	Aldersfordeling damekor/mannskor	128
Figur 6:	Oversikt over repertoar	129
Figur 7:	Med eller utan akkompagnement	130
Figur 8:	Kor med faste øvingsdagar	131
Figur 9:	Prosent av kor med denne typen framføringar	132
Figur 10:	Samla tal framføringar i løpet av året	133
Figur 11:	Mellom det nære og fjerne	275
Figur 12:	Mellom mitt og vårt	277
Figur 13:	Mellom det individuelle og kollektive	279
Figur 14:	Mellom det primære og sekundære	281
Figur 15:	Mellom fortid og framtid	283
Figur 16:	Koret som spenningsfelt	287

1 Innleiing

Det finst mange med mykje kunnskap om korsong i dette landet. Korarbeid går føre seg kvar einaste dag i mange formar, og mengda litteratur om kor- og songrelaterte emne er stadig veksande. Frå mi eiga erfaring frå eit aktivt korliv veit eg at det å vere involvert i eit kor, anten det er som songar, dirigent, styremedlem eller formann, kan vere intenst. Aktiviteten er ofte høg og skal tilpassast alt anna som skjer i livet og samfunnet elles. Det er stadig oppgåver som må utførast, og spørsmål som treng svar.

Etter å ha sunge i kor samanhengande i over 30 år har eg gjort meg nokre tankar om kva korsongen betyr for meg. Eg har mange interesser, men korsong står likevel fram som noko særskilt. Det er mange sider ved korsongen som er spennande. For min del har korsong ført meg til ei rekkje spennande land og kulturar, det har gitt storslagne musikalske opplevingar, og har latt meg føle at eg bidreg med noko som treffer andre menneske. Til ulike tider har nok desse sidene veksla om å få ha fokus. Men kanskje det viktigaste for meg er at korsong gir ei heilt eiga kjensle av vitalitet, ei kjensle av å dele noko særskilt med andre menneske. Det gir meningsfulle opplevingar der ein både må opne seg sjølv, og tole at andre gjer det.

I *Noter om musikk och hälsa* skriv Töres Theorell (2009) mellom anna om det å synge i kor. Gjennom kordeltaking rapporterer mange at positive kjensler aukar, medan negative kjensler minkar. Eldre menneske finn auka livsglede og fellesskap når dei får synge i kor, og mange som syng i kor rapporterer at

dei kjenner seg friskare enn kva gjennomsnittet gjer. Kvifor er det slik, spør Theorell? Kan det vere at sjuke folk ikkje syng i kor? Kan det vere at song aktiviserer det parasympatiske systemet og aukar produksjonen av visse hormon som oxytocin eller betaendorfin? Har korsongen ein sterk gruppeeffekt som verkar positivt, eller skapar fokuset som trengs for korsong ein pause frå kvardagslivets bekymringar? Kan det vere at ein som korsongar får vere med på kollektive utfordringar som skapar både spenning, risiko- og meistringskjensler? Finst det ein sterk kombinasjonseffekt av alt det som er nemnd ovanfor som skapar ein rask vitaliserande effekt – både psykologisk og biologisk – når ein tek til i eit kor? Men eit kor kan vere mange ulike saker, skriv Theorell vidare, og det er heilt klart at eit gospelkor, eit rehabiliteringskor eller eit alle-kan-synge-kor arbeider på andre måtar enn eit profesjonelt kor. Effektane av å syngje i ulike kor kan vere veldig forskjellige (s. 89–95).

For å kunne svare på desse spørsmåla er det eit anna og meir grunnleggjande spørsmål som må svarast på, nemleg *kva vil det seie å ta del i eit kor?* Er kordeltaking alltid det same, eller finst det grunnleggjande skilnader mellom ulike kor? Og finst det variasjonar i kor positiv eller negativ kordeltakinga er, om ein ser det over eit lengre tidsperspektiv? Er alle sider ved kordeltakinga av det gode, eller finst det element som spelar ei mindre positiv rolle i deltakarane sine liv?

Ein grunntanke eg har teke med meg inn i denne studien er at eit kor er ein fleksibel og dynamisk storleik som kan gå gjennom ei rekkje variasjonar på mange ulike nivå. Om ein kan tillate seg å snakke om eit kors liv, så vil eit slikt liv ha ulike fasar, samtidig som det finst ein slags kontinuitet som bind det saman. Men korleis kan ein skildre eit korliv? Kva faktorar skal ein gripe tak i for å kunne seie noko meningsfullt om eit så mangefasettert fenomen som organisert korverksemd?

Når eg no fekk sjansen til å fordjupe meg i eit forskingsarbeid på eit slikt nivå som dette, ynskte eg å utnytte fridomen eit avhandlingsbasert doktorgradsarbeid gir til å stille denne typen grunnleggjande spørsmål som det vanlegvis ikkje er rom for i ein hektisk kvardag. Ikkje minst har det vore ei målsetjing for meg å ha tid til å vente på svar. Det skal ikkje stikkast under stol at dette har vore ein utfordrande prosess, særleg i periodar der eg har sete med enorme mengder utfordroyd empiri i form av kartleggingsundersøking, observasjonsnotat og intervjutranskripsjonar. Men ambisjonane mine til prosjektet har fordra stort tolmod, og litt etter litt har datamaterialet avslørt nye sider ved noko eg i utgangspunktet trudde eg kjende veldig godt.

Eit slikt prosjekt, med ambisjonar om å bryte ny mark, må ta til ein stad. For å forstå meir om kva koraktiviteten betyr for folk, og få danna ny kunnskap, var det frå starten av naturleg for meg å planlegge eit kvalitativt orientert prosjekt. Frå oppveksten i Ørsta på Søre Sunnmøre har eg fått med meg eit stort nettverk og eit nært forhold til korsong og kortradisjon på denne kanten av landet, og med ein base hjå Høgskulen i Volda såg eg at mykje låg til rette for å gjennomføre eit slikt prosjekt i denne regionen. Som ei innleiing vil eg derfor få spenne opp lerretet denne studien har fått utfalde seg på, både generelt og meir spesifikt inn mot korverksemda.

1.1 Mellom det små og det store

I moderne sosiologisk teori finst det enkelte motsetnadspaar som har danna grunnlag for viktige teoretiske debattar. Det kanskje viktigaste motsetnadsparet er diskusjonen rundt aktør/struktur, og kven av desse som har *kausal forrang* i samfunnet. Er det aktøren sine handlingar som ligg til grunn for dei sosiale strukturane (ein «nedanfrå-og-opp»-ståstad), eller legg dei overindividuelle samfunnsstrukturane føringar for individets handlingar (ein «ovanfrå-og-ned»-ståstad)? Denne debatten har i stor grad handla om i kor stor grad aktør eller struktur skal vektleggast, samt om korleis ein skal forstå sjølve koplinga mellom aktør og struktur (Aakvaag, 2008, s. 30–31). Anthony Giddens (1984) sin *strukturasjonsteori* er eit forsøk på overskride denne dikotomien. Strukturasjonsteorien er basert på premissen at det konseptuelle skiljet mellom objektivisme, slik han kjem fram i mellom anna Talcott Parsons (1937) *The structure of social action*, og hermeneutikk- og fenomenologiinspirert subjektivisme, må rekonseptualiserast som ein dualitet – ein *strukturdualisme*. Med strukturdualisme meiner Giddens (1984) strukturen som medium og resultat av verksemda det rekursivt organiserer; dei strukturelle eigenskapane av sosiale system eksisterer ikkje på utsida av handlinga, men er kronisk delaktig i handlingas produksjon og reproduksjon (s. 374). Strukturasjon blir dermed struktureringa av sosiale forhold gjennom tid og rom i kraft av denne strukturdualiteten. Eit anna stikkord i denne samanhengen er *aktørskap* («agency»). *Aktørskap* er noko meir enn berre ei handling, og også noko meir enn aktør, intensjon eller rasjonell avgjersle. Med dette omgrepet freistar Giddens å samle den refleksive praksisen som blir utøvd i tid og rom. Denne praksisen overskrid aktøren si praktiske og diskursive forståing av handlinga, då ho inneber både uerkjende føresetnader og uintenderte konsekvensar som aktøren ikkje kan kjenne til.

Eit anna viktig motsetnadspaar er diskusjonen om kva som skal vere sosiologien sitt primære *analysenivå*. Skal sosiologar konsentrere seg om andlet-til-andlet-samhandling med lita utstrekning i tid og rom (mikronivå), eller skal dei studere overindividuelle sosiale system og institusjonar (makronivå)? Eit meir forsonande standpunkt i denne debatten plasserer seg i midten, og seier at ein bør studere samspelet mellom situasjon (mikro) og institusjon (makro) (Aakvaag, 2008, s. 30–31). Også her vil Giddens strukturasjonsteori vere hjelpsam med å løfte fram samanhengar mellom dei ulike nivåa, sjølv om innfallsvinkelen han nyttar gjerne tek utgangspunkt i eit makronivå, som i *The consequences of modernity* (Giddens, 1990) der målsetjinga er å gjennomføre ein institusjonell analyse av moderniteten.

Felles for desse motsetnadspara er at dei teiknar ein akse frå det små til det store, frå aktør, individ og situasjon, til struktur, sosiale system og institusjonar. Ulike plasseringar på denne aksen vil gjere at ein vektlegg ulike sider ved og perspektiv på fenomenet ein ynskjer å undersøke. Samtidig skriv Aakvaag (2008) at sjølve samhandlinga mellom desse ulike nivå er ein svært interessant innfallsvinkel for å forstå meir av korleis heilskapen ser ut. Eit kor består av ei rekkje individ, men inngår likevel gjerne i det offentlege samfunnsbiletet. Koret kan vere ein strukturerande faktor i bygda sitt kulturelle og rituelle liv, men også for enkeltpersonar knytt til det. I denne studien har eg derfor hatt som målsetjing å ikkje låse meg til noko fast analysenivå, men heller forsøke å synleggjere korverksemda langs heile aksen, i det små og i det store, men også, og kanskje særleg, i dei *spenningsfylte områda*¹ mellom dei. Dette har fått konsekvensar for sjølve designen av studien, for genereringa av empiri og for struktureringa av sjølve analysedelen.

1.2 Å skildre og forstå

Det er mange spørsmål som hadde vore interessante å stille når det gjeld korsong på Søre Sunnmøre. Det kunne til dømes vore spennande å sjå på korsongen i eit historisk perspektiv, korleis det heile starta og korleis det utvikla seg gjennom dei siste hundre åra. Det hadde vore interessant å ta føre seg viktige enkeltpersonar eller kor, og skildra kva påverknad desse har hatt på korkulturen lokalt, regionalt og nasjonalt. Men historiske og biografiske studiar er noko som allereie dominerer den eksisterande korlitteraturen, særleg i

1 Sjå kapittel 3.1.2

form av fest- og jubileumsskrift, samt dirigentbiografar og korportrett. Som doktorgradsstipendiat ynskte eg å gjennomføre eit prosjekt som vanskeleg let seg gjere utanfor dei akademiske institusjonane, og som potensielt kan tilføre noko nytt til det som må seiast å vere eit avgrensa tilfang av norsk korforskningslitteratur.² Men i kva ende skal ein ta til? I *Det kvalitative forskningsintervjuet* (Kvale & Brinkmann, 2009) står det mellom anna følgjande om ei dreining mot kvalitative metodar innanfor ei rekkje fagdisiplinar:

Kvalitative metoders popularitet bør ses i sammenheng med en kvalitativ orientering. I følge denne må prosesser og fenomener i verden beskrives før det kan utvikles teorier om dem, forstås før de kan forklares, og ses som konkrete kvaliteter før de kan behandles som abstrakte kvantiteter. (s. 31)

På bakgrunn av dette bør eit viktig fyrstesteg for eit ungt forskingsfelt vere å skildre og forstå kva prosessar og fenomen feltet består av, og den kanskje viktigaste delen av korverksemda er alle dei individa som nyttar tid og krefter på å vere med i kor. Det er blant desse størsteparten av korverksemda går føre seg, med terminlister, øvingar, styremøte, festar, turar, små framføringar og store konsertar. Det er blant desse at musikk blir øvd inn, tradisjonar overført, historier fortald, relasjonar blir knytte og opplevingar fortrengd eller mytifisert. I tillegg til alle kormedlemmane finst det sjølvsagt ei rekkje menneske som kjem i kontakt med korverksemda, som familiemedlemmar, vener, oppdragsgjevarar, kommunalt og kyrkjelege tilsette, og ikkje minst eit samansett publikum som av ulike årsaker kjem for å høyre på konsertar og framføringar. Til saman dannar dette eit stort bilete som inkluderer svært mange menneske, noko som mellom anna har ført til at eg i designen av denne studien har måtte gjort tøffe val for å avgrense meg i høve genereringa av empiri.

Eit av desse vala handlar om omfang. I utgangspunktet vurderte eg å inkludere korverksemda på heile Sunnmøre i studien, men etter å ha dykka djupare inn i kva dette ville innebere, forstod eg raskt behovet for å gjere nokre avgrensingar. Av omsyn til balansen mellom kvalitet, det vil seie potensialet for å ha tid nok til å bli kjend med feltet, og kvantitet, noko som inneber å ha eit felt med breidde og variasjon, landa eg derfor på å plassere studien geografisk på Søre Sunnmøre, og tidsmessig i prosjektets datagenereringsperiode frå 2009 til 2011.

2 Sjå kapittel 2.2

1.2.1 Problemformulering

Det har vore viktig for meg å finne spørsmål som er opne nok til å late det sær-egne med dette relativt unge forskingsfeltet få sjansen til å gjere seg gjeldande, utan å bli for dominert av eksisterande teoretiske føringar. Dette har gjort at eg i utarbeidinga av studiens problemformulering har forsøkt å kombinere eit avgrensa fokus med ei open haldning. Problemformuleringa for dette prosjektet har derfor fått følgjande form:

- **Kva betyr kordeltaking for individ og gruppe?**

I denne formuleringa ligg det nokre avgrensingar. Når det gjeld omgrepet *kordeltaking*, er eg interessert i kva dette omfattar, på eit konkret praktisk og innhaldsmessig nivå. Når det gjeld problemformuleringa sitt andre ledd, *individ og gruppe*, meiner eg med dette korsongarar, dirigentar og eventuelt andre som opplever seg som kormedlemmar, noko eg ynskjer å undersøke både på eit individuelt nivå og på eit gruppenivå. Ein kan ikkje snakke om kordeltaking utan at det også er snakk om ei gruppe, noko som gjer gruppeperspektivet heilt sentralt. Samtidig står koret i eit tett samspel med lokalsamfunnet det er ein del av, noko som gjer det relevant å også fokusere på dette i arbeidet med å finne svar på ei slik problemformulering.

I problemformuleringa spør eg om kva kordeltakinga *betyr*. Dette er eit opent spørsmål, noko som er med overlegg. Eit av måla mine har vore å ikkje styre fokuset til studien sine deltakarar mot bestemte tematikkar, men i større grad vektlegge deltakarperspektivet. Ynsket om å ikkje låse studien til noko bestemt analysenivå har fått konsekvensar for studiedesign, empirigenerering og for struktureringa av analysedelen. Til saman har dette, kombinert med problemformuleringa si form, lagt grunnlaget for kva forskningsspørsmål eg har gått inn prosjektet med.

Sjølv om eg har ynskt å ikkje låse meg til noko bestemt analysenivå, har det likevel vore viktig for meg å vere medviten korleis eg skal opne opp studien for dei ulike nivåa. Per Morten Schiefloe (2011) skriv om tre nivå som sosiologisk forskning og teoridanning operer på. I tillegg til mikro- og makronivå som eg allereie har nemnd, trekker Schiefloe fram mesonivået. Meso betyr *det som er imellom*, og vil i sosiologien ta for seg nivået mellom individ og samfunn. Dette kan vere sosiale system som organisasjonar, lokalsamfunn og sosiale nettverk. I tillegg til å studere sosiale fenomen på dei ulike nivåa, er ein i sosiologien oppteken av korleis forhold på mikro-, meso- og makronivå verkar inn på kvarandre

(s. 21). Det har derfor vore viktig for meg å formulere forskings spørsmål som løftar fram forhold på desse ulike nivåa.

1.2.2 Forskingsspørsmål

Forskingsspørsmåla kan definerast som *forskarens omgrepsmessige og teoretiske spørsmål knytt til forskningstemaet* (Kvale & Brinkmann, 2009, s. 323), og har som oppgåve å gjere problemformuleringa forskingsmessig operasjonell. I kvantitativt orientert forskning er det heilt avgjerande med ei klar utforming av forskings spørsmål før prosjektet startar opp, medan kvalitativt orienterte studiar ofte heller har ei eksplorerande (utforskande) tilnærming. I slike tilfelle vil utforminga av forskings spørsmåla kanskje ikkje vere heilt avklart før mot slutten av prosjektet, etter at feltarbeidet er gjort (Fangen, 2010, s. 34). For denne studien har sistnemnde framgangsmåte vore den aktuelle. Frå å ha gått inn i datagenereringa med eit veldig opent blikk, der eg hadde med meg ei lang liste av tematikkar eg ynskte å undersøke, vaks det i analyseprosessen fram enkelte hovudtematikkar som egna seg for teoretiske og/eller empiriske drøftingar. Forskingsspørsmåla er blitt til i dialog med denne prosessen, noko som er skildra nærare i kapittel 4.6. I avhandlinga sin resultat- analyse- og diskusjonsdel vil derfor følgjande forskings spørsmål bli forsøkt svart på:

- 1 **Kva motiverer til kordeltaking, og korleis påverkar konteksten korverksemda tilbyr motivasjonen til kordeltakarane?**
- 2 **Korleis utviklar kordeltakarane eigarskapskjensler til koret dei er med i, og kva påverknad har dette på korfelleskapet?**
- 3 **Korleis kan identitet i eit korfelleskap bli forstått?**
- 4 **Korleis opplever kordeltakarane koret som sosial gruppe?**
- 5 **I lys av Giddens (1990, 1991) sine teoriar knytt til modernitet, korleis opplever kordeltakarane forholdet mellom kor og samfunn?**

Til saman meiner eg at desse spørsmål vil gi høve til å undersøke studien si problemformulering frå ulike innfallsvinklar, og samtidig opne for å utforske kordeltaking på ulike analysenivå. Dette kan vidare skape eit grunnlag for å sjå på samanhengar mellom desse ulike nivå, noko som kan bidra til ei djupare forståing av studien sin tematikk.

1.3 Omgrepsavklaringar

Problemformuleringa spør om kva kordeltaking betyr for individ og gruppe, og kordeltakaren og korgruppa vil vere utgangspunkt for ei rekkje drøftingar og diskusjonar. Dette inneber at eg må vere medviten korleis eg forstår og nyttar desse omgrepa. Som ein del av avhandlinga si innleiing vil eg derfor avklare ordbruken knytt til menneska i studien, samt gi ein definisjon av omgrepet *kor*.

1.3.1 Menneska i studien

Ei spesifisering det er greitt å gjere tidleg i avhandlinga handlar om korleis eg omtalar menneska denne studien involverer. I forskingsspørsmåla nemner eg kordeltakaren, og i denne studien spelar kordeltakaren fleire roller, og kan bli omtalt på ulike måtar. Når eg skriv om *intervjupersonar* siktar eg til dei av studiens deltakarar som eg har gjennomført forskingsintervju med, der den tekstlege konteksten aktualiserer utsegner desse har kome med i intervjuet. Ved bruk av omgrepa *informant* og *studiedeltakar* siktar eg til personar som på ein eller annan måte har bidrege med relevant informasjon i forskingsarbeidet. Dette kan vere intervjupersonar, kormedlemmar, dirigentar, eller andre personar som eg har vore i kontakt med i tilknytning til denne studien. I tillegg nyttar mykje av metodelitteraturen omgrepet *informant*, noko som gjer at dette omgrepet vil bli brukt i drøftingar i kapittel 4 om metodiske framgangsmåtar. Med *kordeltakar* meiner eg som regel kormedlemmar og dirigentar i kora eg følgde i denne studien, men kan også sikte til den generelle kordeltakaren, det vil seie individ, først og fremst kormedlemmar, som deltek i korverksemd uavhengig av kva denne studien direkte tek føre seg.

1.3.2 Kva er eit kor?

Med omgrepet *kor* kan ein meine så mangt. Ordet kan inngå i setningar som «å syngje i kor», «å stå i kor», «å vere med i kor», «å kore», samt mange fleire. «Å syngje i kor» seier noko om aktiviteten der ein syng samtidig med andre, forhåpentlegvis i harmoni, utan at det treng å seie så mykje om kor stor grad av formell organisering som ligg bak. «Å syngje i kor» og «å syngje i lag» kan dermed likne på kvarandre, men betyr ikkje heilt det same. At noko skjer «i kor» skapar, i alle fall i mine øyre, forventingar om at det skal gå føre seg noko

fleirstemt. Når nokon syng i lag treng det ikkje bety dette. «Å stå i kor» seier noko meir. Aktiviteten som blir utført omfattar ikkje berre det at det blir sunge, men seier noko om at dette er noko som går føre seg over tid og er organisert. Det liknar på det «å stå i manntalet», «å stå i telefonkatalogen» eller eventuelt «å stå i kø». Å «stå i kor» minner dermed mest om det å vere medlem i eit kor, med alt dette inneber av historie og formelle plikter.

Korsong kan med bakgrunn i dette vere alt frå spontan fleirstemt song i ad hoc-samanhengar, til strengt regisserte hendingar som er ledd i ein større organisert aktivitet. Når det er sagt kan ein vere tilbøyeleg til å akseptere meir som korsong om det kjem frå ein liten barnegjeng på 4–6 år, enn om det er vaksne folk i sin beste alder. Dette heng saman med at ein lett knyt visse musikalske kvalitetar til kva korsong skal vere, kvalitetar som ein kan sjå gjennom fingrane på når det kjem til ungar eller andre med særskilte føresetnader. Korsong kan altså vere eit honnørord, eit namn ein premierar visse utføringar av fleirstemt song med.

Når eg skal greie ut om kva kor som finst på Søre Sunnmøre har eg nytta meg av følgjande definisjon: *eit kor er ei gruppe menneske som syng fleirstemt med ei viss grad av organisering.*

Dei to ledda eg har teke med i definisjonen som må spesifiserast, omhandlar fleirstemt song og organisering. Når det gjeld det fleirstemte elementet er dette noko som eg lempar litt på i høve dei minste barnekora. Dei får vere med sjølv om mykje av songen er unison. Når det gjeld organiseringsgrad varierer denne ganske mykje, men den største skilnaden ligg i det at medan visse kor er sjølvstendige organisasjonar, kan andre kor sjåast på som ein del av ein større aktivitet eller organisasjon. Dette gjeld i først og fremst kor som er tilknytt skular, bedrifter, kyrkjer, trussamfunn og andre organisasjonar. Innanfor denne kategorien vil ein likevel oppleve ganske stor variasjon i grada av sjølvstendig drift. I kartleggingsundersøkinga eg gjennomførte i tilknytning til denne studien svarte 42 % av kora at dei høyrde til denne kategorien, noko eg vil greie meir ut om i kapittel 5.2.

På ei anna side har eg forsøkt å la vere å definere kva eit kor er i for stor grad før eg tok til på analysen. Sjølv sagt har det vore interessant og viktig å klargjere mine egne tankar om kva som kvalifiserer som eit kor, om ikkje anna for å bli medviten kva fordommar og føringar eg har rundt dette emnet, for så å vere noko betre i stand til å frigjere meg frå dette. Men ved å la vere å konkludere for

bastant på dette spørsmålet, så har det vore spennande å la kormedlemmane sjølve få fylle dette omgrepet med innhald.

1.4 Avhandlinga si oppbygging

Denne avhandlinga er delt inn i tre. Del A (kapittel 1–4) tek føre seg tidlegare forskning, teorigrunnlag og metodiske tilnærmingar. Del B (kapittel 5–10) er avhandlinga sin hovuddel der datamaterialet blir presentert og diskutert med utgangspunkt i studien sine forskingsspørsmål og relevant teori. Denne delen av avhandlinga er strukturert som ei rørsle frå det små (mikronivå) til det store (makronivå), der eg har freista å syne korleis element som kjem fram i drøftingane frå dei ulike nivåa verkar inn på kvarandre. Det er viktig å understreke at diskusjon av resultat kjem integrert i kvart analysekapittel. I del C (kapittel 11–12) er studien sin problemformulering i fokus, og denne vil bli diskutert med utgangspunkt i funna frå del B. Eg vil no gi ei kort samanstilling av dei viktigaste trekka ved avhandlinga sine 12 kapittel.

Kapittel 1 presenterer studien sin idé og gir prosjektet i ei kvalitativ orientering. Studien si målsetjing og ambisjonsnivå blir uttrykt gjennom ei problemformulering, og operasjonalisert gjennom fem forskingsspørsmål. Kapittelet blir avslutta med avklaringar og definisjonar av sentrale omgrep i studien.

Kapittel 2 løftar fram studien sin relevans med bakgrunn i mellom anna Geisler (2010), og gir ei avklaring rundt det som kan kallast norsk korlitteratur. Vidare blir korforskningsbiletet utvida, og forstått som berar av fleire parallelle vitenskaplege skuledanningar side om side, med ulikt fokus. Korforskning blir skildra som eit felt prega av interdisiplinære framgangsmåtar og kombinasjonar av perspektiv på korpraksisar, noko som blir sett på som av stor verdi og relevans (Geisler & Johansson, 2014). Til saman kan feltet bli forstått som fleirparadigmatisk (Kjørup, 2008). I resten av dette kapittelet vil det bli greia ut om forskingsbidrag som meir direkte omhandlar denne studien sine tematikkar, som motivasjon i kor (Balsnes, 2009; Einarsdottir & Gudmundsdottir, 2016), kor, identitet og fellesskap (DeNora, 2006; Judd & Pooley, 2014; Ruud, 2013; Stewart & Lonsdale, 2016; Weinstein, Launay, Pearce, Dunbar & Stewart, 2016), samt kor og samfunn (Balsnes, 2009; Finnegan, 1989; Karlsen, 2007; Langston & Barrett, 2008).

I kapittel 3 blir studien sitt teoretiske grunnlag presentert. Denne presentasjonen er todelt, og kapittelet tek til med det som er studien sine overordna

teoretiske perspektiv. Modernitetsteori er ein sentral del av rammeverket for avhandlinga sin analysedel, og gjennomgangen i dette kapitlet vil ta føre seg teoriar av Giddens (1990, 1991), Putnam (2001) og Delanty (2010). Deretter vil det bli greia ut om konseptet spenningsfelt, der inspirasjon er henta frå teoriar av Hermans, Konopka, Oosterwegel og Zomer (2017), samt Lundberg, Malm og Ronström (2003). Desse teoretiske perspektiva vil også vere sentrale i diskusjonen i del C. Teori om narrativ forskning har spelt ei viktig rolle mellom anna i studiedesignen, og perspektiv frå Elliot (2005) og Frønes (2001) vil bli lagt fram for å illustrere dette. I kapitlet sin andre del vil det blir greia ut om operasjonell teori som er nytta i dei fem analysekapitla. Forskingsspørsmåla dannar utgangspunkt for analysekapitla, og teorigjennomgangen tek føre seg teoriar frå ulike fagtradisjonar knytt til motivasjon og høgdepunktopplevingar, psykologisk eigarskap, identitet, sosial- og gruppepsykologi, samt sosial kapital. Saman med gjennomgangen av tidlegare forskning i kapittel 2, vil desse teori-gjennomgangane danne utgangspunktet for diskusjonane som kjem i del B og C.

Kapittel 4 er ein gjennomgang av dei metodiske framgangsmåtane som er nytta i studien. Kapitlet tek til med ein refleksjon kring forskarrolla og ei drøfting av relevante element knytt til metodeval. Forskingsetiske vurderingar knytt til studien vil deretter bli greia ut om, før merksemda blir retta mot studien si empirigenerering, nærare bestemt ei kartleggingsundersøking, deltakande observasjon og forskingsintervju. Denne delen tek også føre seg utval av deltakarkor og intervjupersonar, og inneheld ein presentasjon av desse. Til sist i kapitlet kjem ein gjennomgang av arbeidet med empirien, og vala som er blitt gjort i høve etterarbeid, transkripsjon og analyse. Ein sentral analysemetode som er blitt nytta i denne studien er stegvis-deduktiv induktiv metode (Tjora, 2012), og særskild merksemd vil derfor bli gitt denne.

I kapittel 5 blir forskingsprosjektet presentert i form av utdrag frå ei kartleggingsundersøking av korverksemda på Søre Sunnmøre. Informasjon frå denne undersøkinga vil bli trekt inn i enkelte presentasjonar og diskusjonar i dei påfølgjande analysekapitla.

Kapittel 6 fokuserer på forskingsspørsmål 1, og tek utgangspunkt i ei forståing av at motivasjon i samanheng med frivillig korverksemd er underforska, og at det i tidlegare forskning er etablert ein forenklande dikotomi mellom det musikalske og det sosiale. Nyare forskingsbidrag (Stewart & Lonsdale, 2016) kan tyde på at eksisterande motivasjonsteoriar ikkje i stor nok grad tek høgde for den særskilde konteksten kordeltaking tilbyr, noko som til saman er motivasjonen for at det i dette kapitlet vil bli forsøkt utarbeidd ein motivasjonsmodell

som tek høgde for desse utfordringane. Motivasjon i kor blir i dette kapitlet belyst med utgangspunkt i definisjonar henta frå psykologisk teori, og tek føre seg motivasjon knytt til det å ta til i kor, samt kva som held ein i koret. Motivasjonsfaktorar blir sortert frå «nære» til «fjerne», og på slutten av kapitlet vil dette bli løfta inn i ein diskusjon om ein kontekstuell modell for motivasjon i kor. Diskusjonen sirklar også inn eit spenningsfylt område, der kordeltakarar må stille seg til ulike og til tider motstridande motivasjonsfaktorar, men også i spenninga mellom ein personleg motivasjonsprofil og eit kor sin særigne motivasjonskultur.

Forskingsspørsmål 2 dannar utgangspunkt for kapittel 7, og tek føre seg opplevinga av psykologisk eigarskap i kor med utgangspunkt i teoriar frå organisasjonspsykologi (Pierce, Kostova & Dirks, 2001). Eigarskap i kor eit perspektiv som nærast ikkje er å finne i eksisterande forskning, og dette kapitlet er derfor strukturert på ein annan måte enn dei andre analysekapitla. Medan operasjonell teori i stor grad er samla i kapittel 3.2, vil resultatpresentasjon og diskusjon i dette kapitlet bli integrert med ei utgreiing av den aktuelle teorien. Dette er gjort for å underbygge og argumentere for å bringe dette utradisjonelle perspektivet inn i korforskning. Kapitlet opnar med å undersøke den aktuelle teorien sin relevans for korverksemd, før den held fram med ei utlegging av teorien sine hovudpunkt. Resten av kapitlet tek tak i fire hendingar frå datamaterialet som illustrerer korleis eigarskapskjensler kan utvikle og ytre seg i kora i denne studien. Med utgangspunkt i den aktuelle teorien blir det argumentert for at grunnlaget for å utvikle psykologiske eigarskapskjensler for kor og for særskilde faktorar i dei er til stades, samt at måten eigarskapskjensler utviklar seg på, og kva desse eigarskapskjenslene er retta mot, får ei rekkje konsekvensar for medlemmar i kora. Dette biletet kan også bli forstått som eit spenningsfylt område knytt til ulike former for psykologisk eigarskap som eksisterer for einskilde faktorar i koret, eller for koret som heilskap.

Kapittel 8 gir seg i kast med forkingsspørsmål 3, og freistar å gi eit svar på korleis identitet i eit korfellesskap kan blir forstått. Tidlegare forking peikar på koret som ein stad som aktualiserer ulike identitetsforståingar, og i dette kapitlet blir to slike forståingar følgd opp. I første del av kapitlet blir det greia ut om hendingar frå datamaterialet som byggjer under intervjupersonane si oppleving av ein sjølvidentitet, og arbeidet ein som individ må gjennom for å halde fast på denne i eit korfellesskap. Vidare vil det bli løfta fram episodar som byggjer opp under ein opplevd gruppeidentitet, der også forholdet til andre «konkurrerande» grupper spelar ei rolle. Mot slutten av kapitlet blir

desse utgreiingane tekne inn i ein diskusjon som også inkluderer modernitetsperspektiv knytt til sjølvidentiteten sin refleksivitet (Giddens, 1991). På bakgrunn av dette teiknar det seg eit bilete der kordeltakarar må stå i eit spenningsfylt område mellom ulike identitetsforståingar.

I kapittel 9 blir forskingsspørsmål 4 forsøkt svart på, der koret som sosial gruppe blir undersøkt med utgangspunkt i teori henta frå sosial- og gruppepsykologi. Tidlegare korforskning har trekt fram kor viktig det sosiale fellesskapet kan vere for kordeltakarar, og då gjerne som ein faktor som må balanserast mot det musikalske. I datamaterialet til denne studien finst det haldepunkt for å forstå koret som sosial gruppe som berar av både primærgruppe- og sekundærgruppefunksjonar for medlemmane, og kapittelet sin første del vil bestå av ein gjennomgang der desse to forståingane av koret blir greidd ut om. Dette vil ende opp i ein diskusjon som ser at desse funksjonane fordrar eigne normer og etiske system, noko som kan skape utfordringar for koret sine medlemmar. Denne diskusjonen blir utvida i høve det Giddens (1991) kallar *reine forhold* («pure relationship»), som også er med på å skape eit spenningsfylt område der kordeltakarar må navigere i parallelle etiske system knytt til ulike forståingar av koret som sosial gruppe.

Kapittel 10 tek føre seg tematikkar knytt til kor og samfunn med utgangspunkt i forskingsspørsmål 5. Bakgrunnen for denne diskusjonen er Giddens (1990, 1991) sine teoriar om utfordringar knytt til moderniteten, og dei store endringane som samfunnet har gått gjennom i nær fortid. Kapittelet opnar med ein gjennomgang av datamaterialet i lys av teoriar kring sosial kapital (Putnam, 2001), og følgjer strukturen til ein studie av Langston og Barrett (2008). I andre del av dette kapittelet blir fokuset retta mot utfordringar intervjupersonane i denne studien opplever knytt til kor og samfunn, og dette blir diskutert opp imot mellom anna Delanty (2010) si *community*-forståing. Til slutt blir diskusjonen løfta inn i Giddens (1990, 1991) sitt konseptuelle rammeverk knytt til modernitet, og det blir skissert eit spenningsfylt område der koret sin tradisjonelle og historiske sterke posisjon blir utfordra av det moderne samfunnet.

Kapittel 11 er ei oppsummering og modellering av dei viktigaste funna frå del B, der det i tillegg vil bli fokusert på korleis element i fem ulike spenningsfylte område står i ein samanheng til kvarandre. Dette vil bli forsøkt forklart ved hjelp av termane indre og utvekslande dynamikk. Dei fem spenningsfylte områda er uttrykt i dei teoretiske konstruksjonane *mellom det nære og fjerne, mellom mitt og vårt, mellom det individuelle og kollektive, mellom det primære og sekundære, samt mellom fortid og framtid*.

I kapittel 12 blir det på nytt teke tak i studien si problemformulering og forskingsspørsmål, der funna frå del B blir framstilt i konseptet *koret som spenningsfelt*. Konseptet syner på den eine sida fem sentrale tematikkar for einskildmedlemmane i koret. Kvar for seg utgjer desse eit spenningsfylt område med ein eigen dynamikk, men som også står i samanheng med kvarandre. På den andre sida gir konseptet eit bilete av korleis eit kor er samansett av ei rekkje faktorar som er under gjensidig påverknad, og der dei ulike områda står i eit spenningsforhold til kvarandre og til omverda. På bakgrunn av dette rettast merksemda mot sjølvst sine utfordringar i moderniteten, der kordelta-kinga sine implikasjonar i samanheng med dette blir diskutert. Spenningsfelt som metaforisk konsept blir deretter diskutert med utgangspunkt i Lakoff og Johnson (2003), før det til slutt vil bli skissert nokre potensielle konsekvensar denne studien kan få for framtidig forskning innanfor feltet.

Etter referanselista kjem alle relevante vedlegg. Dette inneber (1) ei oversikt over norske hovudfags-, master- og studentoppgåver om korrelaterede emne, (2) godkjenning frå NSD, (3, 5-7) informasjon og samtykkeerklæringar, (4) liste over spørsmål i kartleggingsundersøkinga, samt (8) intervjuguide.

DEL A

Tidlegare forskning, teorigrunnlag og metodiske framgangsmåtar

2 Tidlegare forskning

I den omfattande korforskningsbibliografien *Kölforskning. En bibliografi* skildrar Ursula Geisler (2010) utgjevinga på følgjande vis:

Bibliografien er inte tänkt att i sig vara en forskningspublikation på körforskningens område eftersom man ännu knappast kan tala om ett sådant. Det befinner sig ännu i sin linda både som akademiskt ämne och institutionellt. (s. 2)

Forskning på kor er eit felt ein knapt kan snakke om, skriv Geisler. Medan *korsongen* står sterkt i Sverige er sjølve *korforskninga* nesten usynleg eller gøymd bak andre forskningstematiske innretningar (som musikkpedagogiske, vokalmusikalske, (musikk-)sosiologiske, akustiske osv.). Mykje det same biletet kan ein finne i Noreg. Korsong er svært populært, og tal frå Norsk kulturbarometer 2016 frå SSB syner at mellom 2 og 4 % av folkesetnaden i Noreg syng i kor eller songgruppe.³ Likevel kan ein ikkje seie at korsong har innteke akademia i stor

3 Eit tal som går att i ulike publikasjonar er at om lag 200.000 nordmenn syng i kor. Eit døme på dette Berit Øksnes Gjerløw si opning av korkonferansen i Bergen september 2005. Her seier ho at det må finst om lag 6000 kor i Noreg, og at Norsk kulturbarometer frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) i år 2000 konkluderte med at 5 %, dvs. om lag 200.000 nordmenn syng i kor. Det same talet finn ein i innleiinga til Anne Haugland Balsnes (2009) si avhandling, der ho refererer til SSB i år 2000, der 8 % har svart positivt på om dei er aktive i kor/orkester eller liknande, og at ein utifrå dette har estimert at 5 % av desse sannsynlegvis syng i kor (noko ho skildrar som eit edrueleg estimat). Etter e-postutveksling med Odd Vaage i SSB (15. mars 2018) har eg fått tala for kor mange som har svara at dei er «aktive i kor eller sanggruppe» i . Vekta andel for åra 1991, 1997 og 2004 låg på 4 %, medan talet for 2016 var 2 %. Det er vanskeleg å

grad, og i Noreg finst det ved utgangen av 2018 berre tre doktoravhandlingar som tek føre seg korverksemd.

Med utgangspunkt i det omfattande globale søket etter korforsningslitteratur har Geisler samla resultat i fem kategoriar. Desse kategoriane er (1) kor allment, (2) korhistorie og korsosiologi, (3) korpedagogikk, (4) kormusikk, og (5) kor og drama, litteratur og film. Kategoriane 2–4 utgjer hovuddelen av bibliografien med over 1000 titlar kvar. På bakgrunn av problemformuleringa til prosjektet mitt er det fyrst og fremst kategori to, om korhistorie og korsosiologi, som har vore mest nærliggande for meg å leite i for å finne relevant korforsningslitteratur. Kategori tre, om korpedagogikk, har også vore interessant i og med at denne inkluderer forskningslitteratur om kor og helse.

Men sidan korforsningsfeltet med Geislers ord framleis er i sin «linda», kan det vere naudsynt å også sjå andre stadar etter inspirasjon og rettleiing. Denne avhandlninga vil dermed bli eit av dei tidlege bidraga til eit forskningsfelt som enno ikkje heilt har funne fotfestet. Eit kapittel som skal presentere tidlegare forskning på området vil dermed få ein oppdagande karakter, meir enn ein posisjonierende. Ein kan også spørje seg om det er behov for å meisle ut ein eigen identitet for norsk korforskning/korforskning generelt, eller om ein greier seg fint med å vere gøymd bak andre forskningstematiske innretningar, slik Geisler skriv.

Geisler (2010) sin korforsningsbibliografi har gitt denne studien eit godt utgangspunkt når det kjem til søk etter relevant litteratur. Enkelte område har likevel vore naudsynt å gjennomføre meir omfattande søk på, særleg i høve norsk korlitteratur, og langs med analyseprosessen har det også dukka opp nye tematikkar som har kravd nye søk. Søkeprosessen har såleis vore todelt, der det innleiande litteratursøket har hatt ein kartleggingsfunksjon, medan det i neste omgang har vore meir fokusert inn mot det for denne studien meir relevante område. I utgangspunktet nytta eg BIBSYS/Oria⁴, då dette gir ei stor mengde treff frå dei fleste databasar som også inkluderer studentoppgåver frå norske utdanningsinstitusjonar. Etter kvart har eg gjort meir spesifikke søk inn mot

skjöne kvifor kordeltakinga skulle bli halvert frå 2004 til 2016, så noko av denne variasjonen kan ha med statistiske variasjonar å gjere. Med eit konfidensintervall på 1 % i kvar retning er det likevel rimeleg å tru at mellom 2 og 4 % av nordmenn syng i kor i dag.

4 Sjå <https://www.oria.no> eller <https://www.bibsys.no> (15. november 2018)

enkeltdatabasar, som Idunn⁵, JSTOR⁶, ERIC⁷, Scopus⁸, Google Scholar⁹ og Web of Science¹⁰. Ei avgrensing i søket har vore språk, då eg berre har nytta norske og engelske søkeord. Viktige søkeord har sjølvsagt vore «kor*» og «choir*», etter kvart supplert med søkeord som har fokusert og justert inn mot visse tematikkar: «motivasjon», «motivation», «eierskap», «eigarskap», «ownership», «identitet», «identity», «felleskap», «community». Viktige tilskot og innfallsvinklar til litteraturtilfanget kjem også frå å lese andre forskingsbidrag, samt deltaking på konferansar og seminar.

I den første delen av dette kapittelet (kapittel 2.1–2.4) vil eg å ta til med ei avklaring rundt kva som kan kallast norsk korlitteratur. Deretter vil eg skildre det norske korforskingfeltet, og vurdere kva som karakteriserer bidrag som allereie eksisterer her til lands. Nokre av desse vil eg trekke linjer frå til mitt prosjekt, medan andre vil det vere naturleg å avgrense seg til. I forlenginga av dette vil eg løfte blikket og trekke inn nokre nordiske og internasjonale korforskingbidrag. Til saman kan denne delen summerast opp som eit *fleirparadigmatisk forskingsfelt*. På bakgrunn av dette vil eg i andre del av dette kapittelet (kapittel 2.5) løfte fram forskning som går direkte på denne studiens tematikkar, der eg også trekker inn forskingsbidrag henta utanfrå korforskingfeltet.

2.1 Norsk korlitteratur

Om ein ser bort frå kormusikk og -notar, kan norsk korlitteratur grovinnndelast i kategoriane (i) *historisk korlitteratur*, (ii) *pedagogisk korlitteratur* og (iii) *vitskapleg korlitteratur*. Når det gjeld den *historiske korlitteraturen* så finst det ein gamal og sterk tradisjon knytt til det å markere kor sine merkedagar med fest- og jubileumsskrift, og berre ein liten del av desse er å finne i biblioteka sine register. I denne kategorien vil eg også plassere historiske skrifter om koraktivitet i byar, bygder, regionar, i visse tidsrom, om songarforbund, samt dirigentbiografiar. Sett frå eit historieforskningsperspektiv vil mykje av denne litteraturen kvalifisere til å bli kalla forskingslitteratur, men måten denne litteraturen er blitt til på gjer at det er vanskeleg å bedømme han. Ofte er desse

5 Sjå <https://www.idunn.no> (15. november 2018)

6 Sjå <https://www.jstor.org> (15. november 2018)

7 Sjå <https://eric.ed.gov> (15. november 2018)

8 Sjå <https://www.scopus.com> (15. november 2018)

9 Sjå <https://scholar.google.no> (15. november 2018)

10 Sjå <https://apps.webofknowledge.com> (15. november 2018)

skriftene utjevne privat, og formålet er som regel å hylle framfor å kritisk framstille historiske fakta. Når det er sagt vil denne type litteratur utan tvil vere ei gullgruve av historiske kjelder for interesserte forskarar.

I kategori nummer to, *pedagogisk korlitteratur*, vil eg plassere skrifter som enten har ei metodisk, didaktisk eller pedagogisk vinkling knytt til korleiing eller anna korarbeid. Det som karakteriserer litteraturen i denne kategorien er at han er matnyttig og er skriven for å kunne nyttast av dirigentar, korsongarar og personar som på eine eller andre måten arbeider med kor og korsong. Dette går att i titlane, der litteraturen gjerne blir kalla handbøker, rettleiingar, innføringar, lærebøker og liknande. Dette er skrifter som er produserte for det verkelege liv, og kan ikkje kallast forskingslitteratur. Sjølv om kunnskapen som er formidla i denne litteraturen på svært mange felt er heilt framifrå, oppfyller han likevel ikkje krav til vitskapleg framgangsmåte. Visse bidrag i denne kategorien tenderer likevel i retning av å kunne bli kalla forskingslitteratur.

2.2 Norsk korforsningslitteratur

I den tredje kategorien, *vitskapleg korlitteratur*, plasserer eg litteratur som i stor grad er blitt til i det akademiske systemet, enten i form av doktorgradsavhandlingar, hovudfags- eller masteroppgåver, artiklar, samt ei rekkje korrelaterte studentoppgåver. Det er også først og fremst her eg finn det eg i denne samanhengen vel å kalle *norsk korforsningslitteratur*. Her finn ein også att dei same forskningstematiske tyngdepunkta som Geisler (2010) trekker fram i korforsningsbibliografien hennar, med ei overvekt av arbeid i kategoriene korhistorie og korsosiologi, korpedagogikk, samt kormusikk og helse.

2.2.1 Norske doktorgradsavhandlingar

For å ta til med det som utan tvil kan kallast korforsningslitteratur har det som sagt blitt publisert tre arbeid på doktorgradsnivå med korrelatert tematikk. Den første er Anne Jorunn Kydland (1995) si doktorgradsavhandling om norsk studentsong på 1800-talet. Det skulle gå nesten 15 år før den neste kom ut, og då i form av Anne Haugland Balsnes (2009) si avhandling *Å lære i kor: Belcanto som praksisfellesskap*, og i 2013 disputerte Dag Jansson (2013) med avhandlinga *Musical leadership: the choral conductor as sensemaker and liberator*. Desse tre

avhandlingane illustrerer samtidig noko av den variasjonen som korforskning kan utfalde seg med, både når det gjeld tematikk og metodisk framgangsmåte.

Balsnes (2009) si avhandling er den som det er mest nærliggande for meg å samanlikne meg med. Prosjektet hennar er designa som ein casestudie, med eit spesielt fokus på aktørane sin synsvinkel. Eit utgangspunkt for Balsnes er at læring i kor ikkje berre handlar om musikk, men at kordeltaking kan implisere ei rekkje andre ikkje-musikalske kunnskapar, haldningar, ferdigheiter og verdiar (s. 21). Wenger og Nake (2004) sitt konsept *praksisfellesskap* står sentralt for Balsnes, der ho nyttar det for å løfte fram enkelte sentrale tema som *læring, identitetsarbeid, forhandling og meining*. Avhandling til Balsnes har heilt klart vore ei viktig inspirasjonskjelde for denne studien, men eg har også valt å gjere nokre ting grunnleggande annleis. I staden for ein casestudie med eitt kor har eg valt å gjennomføre feltarbeid hjå fire kor. Årsaken til dette er ynsket om å ha eit breiare datatilfang, der moglegheita for å samanlikne dei ulike deltakarkora mellom anna kan gjere det lettare å få auge på det som Giddens (1984) kallar den *gjensidige felleskunnskapen* («mutual knowledge»), som ikkje er direkte tilgjengeleg for aktørane sitt medvit. Eit anna sentralt element i Balsnes (2009) sin studie er at ho sjølv er dirigent for koret ho gjennomfører ein casestudie på. I tillegg til å gi ein eineståande tilgang til delar av datamaterialet, bringer dette også inn ei rekkje metodiske og etiske utfordringar, noko Balsnes gjer godt greie for i avhandlinga si. Sjølv har eg valt deltakarkor og ikkje sjølv har hatt eit så personleg forhold til, noko som i mine auge har gitt andre type tilgangar og eit anna fokus i dei metodiske vurderingane. Desse punkta kjem eg nærare tilbake til i kapittel 4 om metodiske framgangsmåtar. Valet av *praksisfellesskap* som konseptuelt utgangspunkt gir ei klar retning og ei teoretisk strukturering av Balsnes sine analysar. Som alle teoretiske perspektiv vil dette løfte fram visse sider ved datamaterialet, og skjule andre. Balsnes kjem berre indirekte inn på motivasjon som tema, sjølv om innhaldet i studien hennar, særleg i avhandlingas del III om det sosiale samspelet og IV om den musikalske samklengen, tek opp mange av dei same trådane som eg gjer i denne avhandlinga sitt sjette kapittel om motivasjon. Når eg i denne studien har valt å gjere motivasjon til eit viktig tema er dette fordi eg opplever at ein slik innfallsvinkel løftar fram sentrale aspekt ved kordeltakarane si oppleving, samtidig som det gir meg høve til å argumentere for visse samanhengar mellom bestemte motivasjonsfaktorar og andre sider ved dei ulike koras aktivitet.

2.2.2 Det større biletet

I tillegg til desse doktorgradsavhandlingane, har eg registrert 48 hovudfags- og masteroppgåver om korrelaterte emne, fordelt på åtte utdanningsinstitusjonar i Noreg der dei fleste er levert ved Universitetet i Oslo (UiO) og ved Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU), samt 19 andre studentoppgåver på relativt høgt nivå.¹¹ Desse studentoppgåvene er primært skrivne i samband med korleis hovudfag på Norges musikkhøgskole (NMH) og prosjektoppgåver i musikkpedagogikk ved Universitetet i Stavanger (UiS). Oppgåver på dette nivået er ikkje fagfelleurdert, men eit blick på desse kan likevel vere nyttig for å danne seg eit større bilete av kva som rører seg i det norske korforskningsfeltet. Vidare vil eg skissere nokre fokus eg ser i desse arbeida, og gi eit kortfatta oppsummering av biletet dette skapar av tyngdepunkta i norsk korforskning.

Eit historisk-sosiologisk fokus

Dei mange historiske arbeida i denne kategorien løftar fram *dirigentar, enkeltkor, kortradisjonar* og liknande, og gir eit samansett bilete av både nasjonale og lokale aktørar i det norske korlivet. Saman med Kydland (1995) si doktoravhandling utgjer desse ein slags skule innanfor korforskninga der ein ser korfeltet i samanheng med den tida og samfunnet det eksisterte i. Det er gjerne dei store historiske linjene i høve den sosiale og kulturelle omverda som her blir interessante, medan ein ikkje stiller spørsmål med korleis koret fungerer «innover». Koret si rolle i samfunnet peikar vidare mot det sosiologiske perspektivet, som til dømes *rammevilkår og generell kordrift*, der korets forhold til større eller mindre samfunnsstruktur står sentralt. Denne koplinga blir også understrekt av Geisler (2010) ved at ho i bibliografien sin samlar historiske og sosiologiske korforskningsarbeid i same kategori.

Musikalsk praksis eller menneskelege prosessar?

Geisler skil mellom kategoriane korpedagogikk (som inkluderer helserelaterte forskningsbidrag) og kormusikk, men grensene mellom desse kategoriane er ikkje så klare. Svært mange av dei norske arbeida på hovudfags-/master-/studentoppgåvenivå er i desse kategoriane. Doktorgradsavhandlingane til Balsnes (2009) og Jansson (2013) vender både blikket innover mot sjølve koret, og ser på korleis einskildindividua og gruppene arbeider i fellesskap frå ei rekkje ulike

¹¹ Ei tematisert oversikt over desse er å finne som vedlegg (1)

perspektiv. Eit element som er med på å nansere denne meir innovervende skuledanninga er skilnaden i vektlegginga av det menneskelege aspektet. Er fokuset på sjølve korpraksisen og den musikalske aktiviteten, eller er mennesket i koret det førande for forskingsaktiviteten?

Alt etter kva fokus ein har vil dette føre til ganske ulik type korforskning, noko som underbygger oppfatninga av at det i det norske korforskningsfeltet eksisterer fleire samtidige skular som vektlegg element som *samfunn*, *musikalsk praksis* og *menneskelege prosessar* ulikt.

2.3 Nordiske og internasjonale bidrag

*Körcentrum Syd*¹² ligg under Musikhögskolan i Malmö, Konstnärliga fakulteten ved Lunds universitet, og er eit samarbeid mellom Musikhögskolan i Malmö, Odeum, Musik i Syd og Svenska kyrkan. Ei av målsetjingane med dette initiativet er å stimulere til forskning og forskarutdanning med kunstnariske, musikkpedagogiske og musikkvitskapelege fokus på korområdet. Den allereie omtalte korforskningsbibliografien til Geisler (2010), *Körforskning. En bibliografi* blei satt saman på oppdrag av Körcentrum Syd, medan Karin Johansson (2015) har bidratt med publikasjonen *A cappella – tjugofem körledares röster*. Dei siste åra har også to svenske PhD-arbeid blitt til i tilknytning til dette nettverket. Pia Bygdéus (2015) si avhandling *Medierande verktyg i körledarpraktik* er ein studie av arbeidsmåtar og handling i korleiiing med barn og unge, medan Sverker Zadig (2017) sitt artikkelbaserte PhD-arbeid *Ledarna i kören. Vokala samarbeten mellan körsångare* fokuserer på dei uformelle leiarane i koret.

Geisler og Johansson står også bak det internasjonale forskingsnettverket *Choir in Focus* som på bakgrunn av nettverket sine konferansar mellom anna har resultert i tre korforskningsantologiar (Geisler & Johansson, 2010, 2011, 2014). Til saman syner desse antologiane eit bilete av aktuell europeisk korforskning, der kortematikken blir opplyst frå ei rekkje ulike sider. Den siste av desse antologiane understreker dette mangfaldet ved å ha som målsetjing å reflektere «both the diversity of and the relationship between historical and contemporary choral practices» (Geisler & Johansson, 2014, s. 1), der bidragsytarane deler synet på at interdisiplinære framgangsmåtar og kombinasjonar av perspektiv på korpraksisar er relevant og av stor verdi for alle aktørane i feltet.

12 Sjå <https://www.korcentrumsyd.lu.se> (27. september 2018)

Eit anna interessant nordisk bidrag er publisert i artikkelen «The role of choral singing in the lives of amateur choral singers in Iceland» av Einarsdottir og Gudmundsdottir (2016). I eit korforskningsfelt dominert av kvalitative studiar, står denne studien, saman med Weinstein, Launay, Pearce, Dunbar og Stewarts (2016) artikkel «Singing and social bonding: changes in connectivity and pain threshold as a function of group size», samt Stewart og Lonsdales (2016) artikkel «It's better together: the psychological benefits of singing in a choir», for innfallsvinklar basert på kvantitativ metode. I tillegg til å bidra med annan type kunnskap, er denne typen studiar viktige i den større forskingsmessige dialogen innanfor korforskningsfeltet. Gjennom godt funderte kvantitative studiar får ein testa ut kor brukbart det eksisterande kvalitative og teoretiske rammeverket er, noko som vidare kan avdekke behov for ytterlegare kvalitativt orienterte forskingsarbeid innanfor feltet, noko som i neste omgang kan føre til meir målretta og relevante kvantitative studiar.

2.4 Eit fleirparadigmatisk forskingsfelt

Ei oppsummering av det eg til no har nemnd syner eit norsk forskingsfelt der det eksisterer fleire parallelle skuledanningar side om side, der fokuset vekslar mellom å vere på samfunn, musikalsk praksis og menneskelege prosessar. På liknande vis hevdar bidragsytarane knytt det internasjonale forskingsnettverket *Choir in Focus* at korforskinga er prega av interdisiplinære framgangsmåtar og kombinasjonar av perspektiv på korpraksisar. Dette poenget kan illustrerast av at det i eit korforskningsfelt prega av kvalitative tilnærmingar, også eksisterer ei rekkje arbeid som baserer seg på kvantitative metodar. Denne pluralismen i fokus og metodiske framgangsmåtar blir ikkje sett på som eit problem i korforskningsfeltet, men tvert imot som av stor verdi og relevans (Geisler & Johansson, 2014).

Søren Kjørup (2008) argumenterer for at denne situasjonen i humanistisk vitskap kan bli forstått som *fleirparadigmatisk*, det vil seie at det eksisterer vitskaplege paradigma side om side der ulike innfallsvinklar blir nytta for å belyse stadig nye sider ved samansette fenomen, utført av eit rikt og stort forskingsfellesskap med forskjellige bakgrunnar (s. 105–109 (I)). I dette fleirparadigmatiske forskingsfeltet vil denne studien først og fremst vektlegge dei menneskelege prosessane i kordeltakinga. Samtidig vil målet om å forstå korverksemda på ulike sosiologiske analysenivå, blant anna i lys av Giddens

(1990, 1991) sine modernitetsteoriar, løfte fram spenningar og utfordringar ved kordeltakinga i høve samfunnet ho inngår i.

2.5 Relevante forskingsbidrag

I denne studien har eg ikkje hatt motførestillingar mot å hente inspirasjon frå dei mange ulike vitenskaplege tradisjonane i feltet, sjølv om studien sin identitet er prega av ei vektlegging av korsosnologi med eit fokus på deltakarperspektivet. Forskingsspørsmåla eg stilte i kapittel 1.2.2 aktualiserer likefullt visse tematikkar som i større eller mindre grad er behandla i forskingslitteratur tidlegare. Desse tematikkane er *motivasjon*, *eigarskap*, *identitet*, *felleskap* og *samfunn*. I resten av dette kapitlet vil eg greie kort ut om nokre forskingsbidrag som er med på å danne bakgrunn for analysane i del B. Eg ikkje lukkast i å finne tidlegare forskning som spesifikt tek føre seg eigarskapskjensler i kor, noko som gjer at denne tematikken ikkje vil bli greia ut om i dette kapitlet. Dette avhandlingsarbeidet vil vere eit av dei første som nyttar dette perspektivet i møte med korverksemda.

2.5.1 Motivasjon i kor

Det finst ei rekkje artiklar om motivasjon og kor om ein søker på relevante internasjonale databasar, men desse handlar i stor grad om korleis ein som dirigent og musikk lærar kan skape motivasjon for korsong på utdanningsinstitusjonar i USA.¹³ Sjølv om mange av desse tek opp fleire interessante aspekt, er den pedagogiske agendaen så sterk og den kulturelle konteksten så pass spesifikk at eg har valt å sjå bort frå denne typen materiale. Enkelte artiklar tek derimot opp motivasjon i kor på ein meir relevant måte for denne studien. I denne gjennomgangen vil eg også somme stadar referere til masteroppgåver. Årsaken til dette er først og fremst å synleggjere kva fokus arbeida i dette forskingsfeltet har, og masteroppgåvene vil såleis fungere som illustrasjonar på dette.

Visse motivasjonsfaktorar kan verke openbare. I kapittel 2.3 nemnde eg Einarsdottir og Gudmundsdottir (2016) og deira studie om korsongens rolle i den islandske amatørkorsongarens liv. Målet med studien var å leite etter

13 Sjå til dømes Stamer (1999) og Sichivitsa (2003).

svar på kva som motiverer islandske korsongarar til bruke fritida i kor, samt kva som var dei viktigaste aspekta av dette. 205 korsongarar frå 10 amatørkor fylte anonymt ut eit 34-dels spørjeskjema i løpet av korets pause. I tillegg til å svare på spørsmål om viktige personlege og sosiale aspekt i kordeltakinga deira, ga dei også informasjon om mellom anna kjønn, alder, utdanning og tidlegare musikk- og korerfaring. Studien syner mellom anna at å *synge*, ikkje overraskande, var det viktigaste personlege aspektet for deltakarane. For dei med lite generell og/eller musikalsk utdanningsbakgrunn var kordeltakinga også viktig for sjølvkjensla, medan fleire kvinner, samt menneske med høgare utdanningsbakgrunn, såg på kordeltakinga som ein arena for kreativitet. Musikken som motivasjonsfaktor får sentral plass også hjå Balsnes (2009) og Schjelderup (2005).

På ei anna side løftar dei fleste korstudiar fram det *sosiale fellesskapet* som ein sentral motivasjonsfaktor for medlemmane (Hollen, 2010; Lindland, 2011), medan ei rekkje andre trekker fram dei positive effektane korsong har for gruppekjensler (Follestad, 2013; Myrmel, 2007; Weinstein et al., 2016). Eit anna interessant funn hjå Einarsdottir og Gudmundsdottir (2016) var at ein stor majoritet av deltakarane såg på korets sosiale liv som viktigaste aspektet ved koret – til og med viktigare enn repertoar og dirigentens evner, medan kordeltaking som ei samfunnsplikt ikkje blei sett på som viktig samanlikna med andre aspekt. Ein annan artikkel som bringar inn motivasjon i samheng med kordeltaking er Stewart og Lonsdales (2016) artikkel «It’s better together: the psychological benefits of singing in a choir». Sjølv om denne komparative studiens mål var å undersøke velværeeffektar av kordeltaking, er det teoretiske rammeverket basert på mellom anna sjølvbestemmingsteori (Ryan & Deci, 2000), noko som aktualiserer ulike formar for motivasjon (indre og ytre) samt tilbyr ein modell for kva sosiale og psykologiske forhold som må vere til stades for at sjølvbestemte og indre former for motivasjon er mest sannsynleg.¹⁴ Nokre av funna er mellom anna at kormedlemmar erfarte ein lågare grad av autonomi enn dei andre gruppene som deltok i studien (medlemmar av idrettslag og solosongarar), medan gruppedlemskapet i seg sjølv var ein viktigare årsak til psykologisk velvære enn kva sjølve synginga var.

Bidraga eg har nemnd over løftar fram fleire viktige poeng knytt til motivasjon for deltaking i kor. Noko dei alle poengterer, på den eine eller andre måten, er at songen på den eine sida, og det sosiale fellesskapet på den andre, spelar viktige roller for motivasjonen til kormedlemmar. Det å skulle kombinere

14 Sjå kapittel 3.2.1.

desse to faktorane nemner også Balsnes (2009) som ein sentral tematikk: «Korvirksomheten må hele tiden balansere mellom disse to dimensjonene for at folk skal trives» (s. 236–237), og ho hevdar vidare at den musikalske samklangen er avhengig av det sosiale samspelet. Noko eg saknar i desse forskingsbidraga er at desse poenga blir sett i eit vidare perspektiv, der dei ulike motivasjonsfaktorane i større grad blir satt i samanheng med den spesifikke konteksten dei eksisterer i. Kva faktorar påverkar motivasjonen hjå den enkelte kormedlem, og kva har måten motivasjon artar seg på å seie for det enkelte kor? Finst det ein samanheng mellom dei motivasjonsfaktorane som kordeltakarane løftar fram som viktige og andre sider ved korverksemda dei er ein del av? Ei utfordring eg føler ligg i den eksisterande forskinga knytt til motivasjon i kor er den etablerte dikotomien mellom det musikalske og det sosiale, og denne tematikken kan ha godt av å bli utfordra frå andre innfallsvinklar.

2.5.2 Kor, identitet og fellesskap

Tia DeNora (2006) skriv om sjølvidentitet som eit todelt foretak, der ein på den eine sida presenterer eit sjølv til andre, og på den andre presenterer eit sjølv til seg sjølv, det vil seie «the ability to mobilize and hold on to a coherent image of 'who one knows one is'» (s. 141). I denne samanhengen spelar musikk ei viktig rolle som ein reiskap i den refleksive prosessen for å hugse/konstruere kven ein er, som ein teknologi for å spinne den tilsynelatande samanhengande forteljinga om kven ein er. Musikalsk materiale er aktive ingrediensar i identitetsarbeid, i korleis respondentar «finn seg sjølv» i musikalske strukturar. Sjølvidentitet kan bli utarbeidd med utgangspunkt i dei vilkåra og mønstra som musikken tilbyr. Ein av respondentane hennar song altstemme i eit kor, og reflekterte over korleis hennar rolle som «fyll»-stemme, i motsetnad til sopran og tenor, hang saman med musikalske preferansar for dei mørke og saftige akkordane, som igjen stod i ein samanheng med kven ho opplevde seg sjølv som i livet («the me in life») – ein medlem av gruppa som gjorde det som trongst utan å søke seg inn rampelyset (s. 145–146).

At det å synge saman fører ein nærare kvarandre er eitt av funna som kjem fram i artikkelen «Singing and social bonding: changes in connectivity and pain threshold as a function of group size» (Weinstein et al., 2016). Basert på informasjon frå amatørsongarar som møtttest både i mindre kor (mellom 20 til 80 medlemmar) og eit stort kor samansett av fleire småkor (232 deltakarar), var eit av funna at opplevinga av å vere inkludert, mellommenneskeleg

kontakt, positive kjensler, samt frigjeringa av endorfinar, auka etter gjennomført korøving. Funnet av at å synge saman fostrar sosial nærleik, også i store grupper der individa ikkje kjenner kvarandre, er konsistent med eit evolusjonært syn som vektlegg musikken si rolle i sosial bonding, særleg når det kjem til å skape større bindekraftige grupper.

Even Ruud (2013) skriv i *Musikk og identitet* om korleis vi nyttar musikk til sjølvdefinering og sosial posisjonering. Viktige identitetsmarkørar som kjønn, etnisitet og fellesskap med jamaldra blir kommunisert gjennom musikk på ulikt vis. Når det gjeld opplevinga av nært fellesskap trekker Ruud fram koret som eit sterkt døme. Koret blir ifølgje Ruud «en symbolsk opplevelse av fellesskap hvor alle følger sin individuelle røst, sine følelser, samtidig som de formidler en felles opplevelse og felles verdier. Koret blir et symbol på en god løsning på det noen ganger problematiske forholdet mellom individ og gruppe» (s. 187).

I artikkelen «The psychological benefits of participating in group singing for members of the general public» presenterer Judd og Pooley (2014) resultatane frå ein studie designa for å utforska kva meining og tyding gruppesynging har for allmenta. På bakgrunn av 10 kvalitative forskingsintervju blei det utvikla tre tematikkar med åtte undertematikkar. Dei tre hovud- og undertematikkane blei samla under titlane *individuelle faktorar* (psykologiske, musikalske, fysiske), *gruppefaktorar* (ethos, gruppedynamikk), og *medierande faktorar* (tidlegare erfaringar, kortype og musikalsk leiarskap). Eit interessant funn er at studiens deltakarar kunne fortelje om både sterke individuelle (intrapersonelle) opplevingar, samtidig som dei kunne reflektere over korleis opplevingar gjort som korgruppe (interpersonelle) påverka dei. Koret som gruppe stod fram som ein unik organisme med ein særeigen dynamikk som var avhengig av nett dei individa ho bestod av og relasjonane mellom dei.

Om ein ser alle desse forskingsbidraga i samanheng, så løftar desse mellom anna fram to distinkte opplevingar av kordeltaking, både som individ knytt til sjølvvet, og som gruppe knytt til det sosiale fellesskapet. Dette skapar eit forskingsmessig bakteppe for å sjå på nærare på korleis kormedlemmar steller seg til desse to opplevingane av identitet, og samtidig korleis dette spelar inn på opplevinga av koret som sosial gruppe.

Om ein går utover forskingslitteratur knytt til korverksemd, så er identitet eit av dei heilt sentrale teoretiske omgrepa i Sidsel Karlsen (2007) si avhandling *The music festival as an arena for learning*. Med denne avhandlinga set Karlsen fokuset på korleis konstruksjonen av musikkidentitetar blir påverka

hjá deltakarar og publikum på ein musikkfestival. Karlsen baserer prosjektet sitt på tidlegare festival- og musikkpedagogisk forskning, og har eit teoretisk utgangspunkt som gjer at studien får tydelege trekk av narrativ forskning. Gjennom å nytte seg av musikk sosiologisk teori, og teoriar kring sosiokulturell læring, freistar ho å skildre den nære samanhengen mellom musikk og identitet. Metodisk er studien designa som ein casestudie supplert med intervju og spørjeundersøkingar. Karlsen konkluderer blant anna med at ein musikkfestival har spesifikke innverknader både på individplan og på samfunnsplan, samt at det føregår læring som kan uttrykkast gjennom termene å lære musikk, å lære om musikk og å lære via musikk. Eit anna viktig utgangspunkt for Karlsen er modernitetsteori. Dette rammeverket gjer det mogleg å løfte fram identitetsutvikling i dagens samfunn, og samtidig kaste lys på andre aspekt ved høgmoderniteten som ho finn att i musikkfestivalen, som dialektikken mellom det lokale og det globale og utleiringa («disembedding») av sosiale institusjonar. Sjølv vektlegg eg ikkje læringsaspektet i den grad Karlsen gjer, men har funne det nyttig å inkludere både narrativitet og modernitetsteori i drøftinga av identitet i kor.

2.5.3 Kor og samfunn

Det finst fleire innfallsvinklar til forholdet mellom kor og samfunn. Balsnes (2009) diskuterer i avhandlinga si i kor stor grad medlemskapet i koret er med på å skape ein lokal identitet til koristane. Koret står fram som ein viktig faktor for lokal tilknytning, både for kormedlemmane, men også for lokalsamfunnet. Koret er ein viktig kulturfaktor i kommunen, og kan også seiast å ha hatt kulturpolitisk betydning (s. 151–152).

Ruth Finnegan (1989) skriv om si eiga forskning på amatørmusikklivet i Milton Keynes, England, at ho ynskjer å avdekke og reflektere over nokre fundamentale dimensjonar ved det lokale musikklivet, samt over stillinga denne aktiviteten har i det urbane livet og meir generelt i kulturelle tradisjonar. Det ligg nemleg konsistente men dynamiske strukturar til grunn for denne aktiviteten, skriv Finnegan. Gjennom denne aktiviteten, som inngår i eit usynleg men organisert system, bidreg ei rekkje individ til endring og kontinuitet i engelsk musikkliv (s. 4). Finnegan skriv vidare at ho ikkje ynskjer å fokusere på berre ein musikktradisjon. Eit slikt val inneber mindre plass til å diskutere kvar enkelt tradisjon, men opnar samtidig for ein komparativ framgangsmåte i arbeidet med dei ulike tradisjonane sine likskapar og ulikskapar. Ho nyttar seg likevel av

visse meir inngåande døme, som i kapittelet «Working at it: organization and administration in music groups – the case of the Sherwood Choir» (s. 236–254). Med dette dømet ynskjer ho å vise kva det inneber av engasjement, arbeid og andre tilhøve som må til for at eit kor skal eksistere. Ved å skildre detaljert store delar av den faktiske aktiviteten til koret freistar ho å syne kor omfattande denne aktiviteten eigentleg er, eit omfang som ho hevdar har vore neglisjert i forskingsmiljø tidlegare.

Som Finnegan (1989) ynskjer eg å legge an eit breiare perspektiv i høve musikk slik det står fram i det lokale amatørmusikklivet enn det som tradisjonelt sett har vore vanleg innanfor den musikkvitskaplege tradisjonen. Likevel skil mitt prosjekt seg frå Finnegan sitt på fleire måtar. For det fyrste fordjuper eg meg i ein spesifikk musikalsk tradisjon, nemleg kortradisjonen. Grunngevinga mi for dette ligg til dels i den merkbare posisjonen kortradisjonen har og har hatt på Sunnmøre, og dels i at eg i større grad ynskjer å fokusere på forholdet mellom denne aktiviteten og identitets- og meningsdanninga hjå dei som er ein del av han. Eg trur likevel at det innanfor denne tradisjonen vil vere mogleg å finne kontrastar og mangfald som opnar for ein komparativ framgangsmåte, og at behovet for å ha andre «musikalske verder» å samanlikne med ikkje er like stort. Finnegan (1989) plasserer også kormusikken i det ho kallar «the classical music world» (s. 33–38), noko som godt kan vere treffande for Milton Keynes på 1980-talet, men som ikkje treffer like godt på Søre Sunnmøre i dag. Andre forhold Finnegan trekker fram er derimot svært interessante, som den problematiseringa ho gjer i forhold til omgrepa «profesjonell» og «amatør», ei problematisering som også er aktuell i mitt prosjekt.

Det finst også andre interessante forskingsbidrag som fokuserer på sosial kapital i kor. Ved å leite etter indikatorar på sosial kapital i eit lokalt kor i Tasmania konkluderer Langston og Barrett (2008) mellom anna med at kor og liknande organisasjonar er sterke lokalressursar, avgjerande i skapinga av sosial kapital som er positivt for heile lokalsamfunnet. Dei løftar også fram ein til no lite kjend indikator, nemleg fellesskap («*fellowship*»). Når det gjeld korleis ein skal undersøke sosial kapital i eit datamateriale finst det fleire innfallsvinklar. Balsnes (2009) vel i avhandlinga si om koret Belcanto å løfte fram element som ho meiner, med bakgrunn i Anthony P. Cohen (1985), er med på å konstruere fellesskapet på eit symbolsk plan. Desse elementa er korets namn, vedtektene, kven som faktisk er med i koret, livsstilsrelaterte tema, øvingslokalet, innslag som koret sitt *Ord for dagen*, ulike arenaer for deltaking, og kven ein samarbeider med. Tanken er at desse elementa står fram som symbol på

både eit kollektiv og individuelt plan, noko som gir rom for individuell tolking, men samtidig bidrar med ei slags felles «maske» medlemmane i koret kan stille seg bak, med all sin heterogenitet. Balsnes (2009) ynskjer å syne korleis dei ulike elementa ved korpraksisen kan trekke i bonding- eller bridgingretning (s. 197–198).

Guro Schjelderup (2005) si masteroppgåve «*Det er gøy*»: en undersøkelse av motiver for å synge i kor tek utgangspunkt i ein norsk røyndom, og målet med ho er å skape større medvit rundt ønsket om å drive med musikk og kor, noko som kan hjelpe dirigentar, pedagogar og andre deltakarar til å gjere bevisste val som legg til rette for å få meir ut av aktiviteten. Schjelderup plukkar mellom anna opp omgrepet *pathway* frå Finnegan (1989), samt *bonding* og *bridging* frå Putnam (2001) i ein diskusjon om sosial kapital. Det interessante med denne oppgåva er linken Schjelderup lagar mellom Finnegan og Putnam, mellom amatørmusikkens skjulte strukturar i samfunnet, og former for sosial kapital. Som Balsnes (2009) finn også eg dette som ein konstruktiv innfallsvinkel til å forstå visse sider ved korverksemda.

Til saman peikar desse forskingsbidraga på ulike måtar koret kan spele ei rolle i lokalsamfunnet, både gjennom å vere ein faktor for lokal tilknytning, gjennom å strukturere kvardagslivet til kordeltakarane, men også gjennom å bidra i utviklinga av ulike typar for sosial kapital. I denne avhandlinga ser eg på desse tematikkane i lys Giddens (1990, 1991) sine teoriar knytt til modernitet, noko eg vonar kan løfte diskusjonen rundt kor og samfunn opp på eit høgare nivå, og på denne måten få auge på andre sider ved korverksemda.

2.6 Oppsummering

I dette kapittelet har eg med utgangspunkt i Geisler (2010) sin korforskningsbibliografi presentert nokre sentrale bidrag frå det norske korforskningsfeltet. På bakgrunn av dette har eg trekt inn nokre nordiske og internasjonale forskingsbidrag, og synt at dette til saman kan summerast opp som eit fleirparadigmatisk forskningsfelt, der denne pluralismen i fokus og metodiske framgangsmåtar ikkje blir sett på som eit problem, men tvert imot som av stor verdi og relevans (Geisler & Johansson, 2014). Ein konsekvens av dette er at eksisterande korforskningslitteratur er svært mangfaldig, og tilbyr eit vell av interessante perspektiv som kan nyttast i møte med denne studien sine forskingstematikkar. Dette medfører at ein gjennomgang av relevante forskingsbidrag vil famne om

bidrag frå til dels svært ulike fagtradisjonar, men som eg likevel har freista å trekke nokre samlande konklusjonar frå.

Mykje av eksisterande forskning gjort på motivasjon i kor trekker fram to faktorar som dei viktigaste, med song og musikk på den eine sida, og det sosiale fellesskapet på den andre (Balsnes, 2009; Einarsdóttir & Gudmundsdóttir, 2016; Stewart & Lonsdale, 2016; Weinstein et al., 2016). Denne binære forståinga er lett å kjenne att også i denne studien sitt datamateriale, og er ei naturleg og openbar inndeling av korleis kordeltakarar opplever det å drive kor. På ei anna side kan denne etablerte dikotomien gjere det vanskeleg å få auge på nyansar i dette biletet. Noko eg saknar i eksisterande forskning er at motivasjonsfaktorar for kordeltaking i større grad blir sett i samheng med den særskilde konteksten dei blir til i, og som samtidig utfordrar den etablerte dikotomien mellom det musikalske og det sosiale.

Mange forskingsbidrag som tek føre seg identitet i kor, løftar fram to distinkte identitetsopplevingar. På den eine sida blir kordeltakinga ein stad der ein som individ må finne sin plass i eit fellesskap, der sjølvidentiteten blir forsterka og utfordra (DeNora, 2006; Ruud, 2013). På den andre sida skapar kordeltaking sterke fellesskapskjensler der opplevinga av å vere ein del av ei gruppe står sentralt (Judd & Pooley, 2014; Weinstein et al., 2016). Desse to identitetsopplevingane peikar på ein potensielt utfordrande situasjon for kordeltakarar, og er ein tematikk eg finn forskingsmessig interessant. Modernitetsteori set identitetsperspektivet i samheng med samfunnsmessige utfordringar, noko mellom anna Karlsen (2007) utforskar i avhandlinga si om musikkfestivalar. Ein slik innfallsvinkel vil også eg forfølge i denne avhandlinga.

Samfunnsperspektivet blir i korforskning løfta fram på ulike måtar. Balsnes (2009) og Finnegan (1989) peikar mellom anna på koret som ein faktor for lokal tilknytning, og som strukturerande for kvardagslivet til kordeltakarane. Eit anna perspektiv er knytt til koret si rolle i utviklinga av ulike typar sosial kapital (Balsnes, 2009; Langston & Barrett, 2008). Til saman teiknar desse bidraga eit bilete av koret som ein viktig samfunnsmessig aktør, der koret spelar ei viktig rolle for deltakarane i måten dei interagerer med samfunnet på. Dette perspektivet ser eg på som heilt sentralt for å forstå kordeltaking på eit meso- og makronivå.

3 Teorigrunnlag

I eit prosjekt som dette vil bruken av teori gjere seg gjeldande på mange forskjellige måtar og til ulike tider. Ved starten vil ein gjere seg nokre refleksjonar om kvar ein står vitskapsteoretisk og -filosofisk. Dette handlar mellom anna om å gjere seg kjend med kva fagtradisjon ein står i, og om å vere oppdatert på kva dei rådande faglege diskursane innanfor det aktuelle feltet handlar om, både nasjonalt og internasjonalt. Sjølv har eg ein bakgrunn frå ein humanistisk fagtradisjon med ein mastergrad i musikkvitskap. Termen *New Musicology*, som ikkje er så veldig ny lenger, har blitt nytta om musikkvitskaplege arbeid frå 1970-talet som i hovudsak har det til felles at dei skil seg frå tradisjonell musikkvitskap slik han blei utøvd i første del av 1900-talet. Utan å gå for mykje inn i diskusjonen rundt denne termen, har konsekvensen vore at ein innanfor musikkvitskapen i mykje større grad hentar teoretisk og metodisk inspirasjon frå andre fagdisiplinar, som antropologi, sosiologi, kulturstudiar, kjønnsstudiar og ei rekkje andre (Cook & Everist, 1999, s. viii–xii; Ruud, 2016, s. 18), og det er heller ikkje uvanleg å finne arbeid som kombinerer fleire metodiske og teoretiske innfallsvinklar. Dette har også hatt sin effekt om ein ser på korleis forskning på kor har utvikla seg, eit felt som kan skildrast som fleirparadigmatisk.

Som forskar med ein bakgrunn frå ein teoretisk og metodisk mangfaldig musikkvitskapleg tradisjon, stilt overfor eit fleirparadigmatisk forskingsfelt i sin barndom som fram til no i stor grad har vore gøymd bak andre forskingstematisk innretningar, har eg derfor følt ein stor fagleg fridom. Eit kvalitativt

orientert prosjekt inneber at merksemda rettast mot dei kulturelle, daglegdagse og situerte aspekta ved menneskeleg tenking, læring, kunnskap, handling og vår måte å forstå oss sjølv som personar på (Kvale & Brinkmann, 2009, s. 31). Når det kjem til val av teori presenterer Thomas Hylland Eriksen (2004) eit interessant perspektiv i bokkapittelet «To beskrivelser er bedre enn én» i boka *Røtter og føtter: identitet i en omskiftelig tid*. Sjølv om utgangspunktet til Eriksen er den evige diskusjonen mellom arv og miljø, natur og kultur, er svaret han kjem til at som oftast er to skildringar betre enn ei. Det er vanskeleg å hevde at ein ved å halde seg strengt til det eine ytterpunktet er noko nærare sanninga enn om ein held seg til det andre. Ulike vitskaplege innfallsvinklar stiller ulike spørsmål, og ved å forsøke å svare på desse ulike spørsmåla får ein eit rikare og meir samansett svar enn om ein er tru mot ein særskild vitskapleg tenkjemåte. Eit liknande perspektiv ligg til grunn for termen *teoretisk triangulering*, der ein kan la fleire perspektiv og hypotesar inngå i eit rammeverk for dataanalyse. Teoretisk triangulering kan vere særleg nyttig i forskingsfelt som syner ein høg grad av teoretisk inkoherens, der metoden kan brukast for å utvide det teoretiske rammeverket i analyseprosessen. Denzin (1989) foreslår at ein med utgangspunkt i ei omfattande liste over alle moglege teoretiske tolkingar av eit visst fenomen gjennomfører datagenereringa, for så å «teste» dei potensielle teoriperspektiva på empirien. Dei perspektiva som ikkje gir mening i møte med empirien kvitter ein seg med, medan resten inngår i eit nyformulert teoretisk tolkingsrammeverk (s. 237–241). Hammersley og Atkinson (2007) argumenterer også for eit slikt syn, og hevdar at ein bør «use whatever resources available which help to make sense of the data» (s. 165–166).

Såleis har eg i dette prosjektet freista å stille litt ulike spørsmål, frå det individuelle til det sosiale og det kulturelle. Teori som gir innspel på desse ulike nivåa har blitt henta frå forskjellige vitskaplege tradisjonar, som til dømes psykologi, sosialpsykologi, organisasjonspsykologi, samfunnsvitskap, kulturteori, sosiologi, antropologi og pedagogisk teori. Desse teoretiske innspela blir ikkje kasta utover som ein haug av upusla puslespelbrikker, men blir forsøkt brukt på ein måte «that map and make sense of the phenomena [...] that addresses all of the empirical materials» (Denzin, 1989, s. 241). Vonleg vil kvart kapittel utgjere ein konsistent tematisk og teoretisk del kvar for seg, samtidig som at avhandlinga samla sett vil gi eit større bilete, der djupna i og samanhengane mellom dei ulike nivåa og tematikkane utgjir ein viktig del.

I dette kapittelet vil eg derfor gå gjennom og greie ut om dei viktigaste teoretiske perspektiva som er nytta i studien. Eg vil ta til med det eg ser på som studien

sine overordna teoretiske perspektiv, nemleg modernitetsteori, teori knytt til spenningsfelt, samt teori om narrativ forskning. Deretter vil eg ta føre meg teori som er nytta i dei fem analysekapitla. Kwart analysekapittel tek utgangspunkt i kvart sitt forskingsspørsmål, der ein eller fleire tematikkar som har vakse fram gjennom eit empirinært arbeid skildra i metodekapittelet, blir diskutert. Eg har freista å organisere kapitla slik at dei i stor grad beveger seg frå eit individuelt personleg nivå (mikro), via det sosiale og kollektive (meso), til eit kulturelt og samfunnsmessig nivå (makro). Heilt vasstette skott mellom desse er det likevel ikkje mogleg, eller ynskjeleg, å oppnå, men i hovudsak forsøker eg å la kapittel 6 om motivasjon halde seg på eit mikronivå, kapittel 7–9, om eigarskap, identitet og det sosiale fellesskapet, på eit mesonivå, medan makroperspektivet først og fremst blir løfta fram i kapittel 10 om kor og samfunn. Denne teorigjennomgangen vil danne grunnlag for analysane og diskusjonane i del B og C, sjølv om det i somme av kapitla vil vere naturleg å dykke djupare ned i dei aktuelle teoriane som ein del av drøftinga.

3.1 Overordna teoretiske perspektiv

Det teoretiske mangfaldet i den musikkvitskaplege tradisjonen gir på den eine sida stor fagleg fridom. På den andre sida kan det vere overveldande å ha så mykje å velje i av moglege teoretiske innfallsvinklar. Avhandlinga sin tittel, «Koret som spenningsfelt», kan føre tankane i retning den franske sosiologen og antropologen Pierre Bourdieu, og hans relasjonelle og disposisjonelle vitskapsfilosofi bygd rundt omgrepa *habitus*, felt og kapital (Bourdieu, 1997, s. 11–12). Bourdieu har hatt stor påverknad på forskjellige grupper i den akademiske verda, og ein finn att hans bidrag både hjå utdanningsforskarar (sjå til dømes Burnard, Hofvander Trulsson og Söderman (2015)), antropologar/etnologar, så vel som hjå kultursosiologar (Bourdieu & Wacquant, 1996, s. 18–19). Rammeverket Bourdieu tilbyr er utan tvil i stand til å ta opp i seg mange av dei same tematikkane eg har teke føre meg i denne avhandlinga, og hadde heilt klart vore ein farbar veg.¹⁵ Når eg har valt å ikkje nytte meg av Bourdieu sine teoriar i

15 Fleire av dei sentrale tematikkane eg tek føre meg i denne studien kan finne gjenklang i Bourdieu sitt omfattande rammeverk. *Habitus*-konseptet står sentralt hjå Bourdieu, både som ein del av løysinga på aktør/struktur-problemet, men også som ein måte å forstå menneskeleg handling og identitetstutvikling på. Det må likevel seiast at Bourdieu avgrensar aktøren si rolle i denne samanhengen, og gir dei strukturelle elementa større vekt, noko mellom anna Aakvaag (2008, s. 166–167) påpeikar. I denne studien har eg i staden teke utgangspunkt i identitetskonseptet, og har dermed plassert meg nærare aktøren i dette biletet (sjå kapittel 3.2.3).

denne avhandlinga er det mellom anna på grunn av dei grunnleggande kritiske perspektiva i dette rammeverket. Som konfliktteoretikar ynskte Bourdieu å avdekke skjulte og misforståtte formar for makt og dominans i samfunnslivet, med eit spesielt fokus på mennesket sin klasseposisjon (Aakvaag, 2008, s. 148). Som eg skreiv i kapittel 1.2.1 har innstillinga mi til denne studien vore å late det særleine med dette relativt unge forskingsfeltet få sjansen til å gjere seg gjeldande, utan å bli for dominert av eksisterande teori. Mi vurdering er at eit så omfattande teoretisk rammeverk som det Bourdieu tilbyr, vil legge for sterke føringar for analysen, særleg med tanke på perspektiv knytt til makt og dominans. Når det er sagt er Bourdieu sine bidrag absolutt til stades i denne studien, ikkje minst gjennom sosial kapital-konseptet¹⁶, men også indirekte gjennom forskarar som Robert Putnam og Tia DeNora.

I staden for dette har eg valt å la studien få bli prega av overordna teori som i større grad opnar for eit teoretisk mangfald i analysane. Ein konsekvens av dette er at dei ulike analysekapitla vil bli prega av ulike teoretiske innfallsvinklar, der målet er at diskusjonane i større grad får løfta fram det særleine knytt til desse tematikkane. Dette kjem eg tilbake til i kapittel 3.2 om operasjonell teori. Oppgåva til dei overordna teoretiske perspektiva i denne studien er såleis å skape eit rammeverk som både gir ei viss retning, men samtidig er opent nok til å romme mangfaldet av operasjonell teori nytta i analysane. I dette kapitlet vil eg derfor ta til med å trekke fram tre overordna teoretiske perspektiv som på kvar sin måte er viktige i dette rammeverket.

Modernitetsteori dannar grunnlaget for studien sitt overordna teoretiske rammeverk. Korverksemda eg har freista å skildre eksisterer i eit moderne vestleg samfunn, og modernitetens moglegheiter og utfordringar for sosiale institusjonar og individ har vore ein av dei viktigaste tematikkane i sosiologisk forskning det siste hundreåret. Visse innsikter henta frå dette teoretiske feltet ser eg på som fruktbare i arbeidet med å forstå situasjonen til kor og kormedlemmar. Eg

Giddens (1991) tillegg det refleksive sjølvet større verdi enn kva Bourdieu gjer, noko som i denne samanhengen opnar opp for ein annan type diskusjon knytt til denne tematikken. Bourdieu sine *sosiale felt* står også i ein openbar metaforisk slektskap til *spenningsfelt*-konseptet eg nyttar i denne studien (sjå kapittel 3.1.2). Sosiale felt er uløseleg knytt til fordelinga av ulike formar for makt (eller kapital) mellom dei aktørane og institusjonane som utfyller posisjonane i feltet. Dette definerer posisjonane sine objektive relasjonar til andre posisjonar i feltet (dominans, underkasting, homologi osv.) (Bourdieu & Wacquant, 1996, s. 84–85). Valet av det meir udefinerte spenningsfeltskonseptet framfor Bourdieus sosiale felt, opnar for ei vektlegging av andre element, noko som i mine auge legg til rette for større sensitivitet i høve denne studien sitt datamateriale.

16 Sjå kapittel 3.2.5.

vil deretter greie ut om teori knytt til *spenningsfelt* («fields of tension») sidan denne tematikken gjennom analysesprosessen har utvikla seg til å bli eit viktig perspektiv for kvart av dei fem analysekapitla, og for avhandlingsarbeidet samla sett. Styrken til dette konseptet er at det er i stand til å romme innsikter henta frå ulike analysenivå, og samtidig uttrykker noko om samanhengar mellom elementa ein vel å inkludere i det. Konseptet er opent og formbart, og vil vere utgangspunkt for den konkluderande drøftinga i del C. Til slutt vil trekke fram nokre perspektiv henta frå *teori om narrativ forskning*, då dette var ei viktig inspirasjonskjelde heilt i starten av prosjektet i samheng med utviklinga av datagenereringsdelen. Narrativitet blir her oppfatta som sentralt i måten mennesket skapar meining i kvardagen på, og ligg til grunn for analysen sitt fokus på utsegner og forteljingar frå intervjupersonane.

3.1.1 Modernitet

From the beginning, the number one problem of modern social science has been modernity itself: that historically unprecedented amalgam of new practices and institutional forms (science, technology, industrial production, urbanization), of new ways of living (individualism, secularization, instrumental rationality); and new forms of malaise (alienation, meaninglessness, a sense of impending social dissolution). (Taylor, 2004, s. 1)

På denne måten opnar Charles Taylor (2004) boka *Modern social imaginaries*, og erkjenner samtidig utfordringa samfunnsvitskapane har og har hatt med å gjere greie for kva *moderniteten* har å seie for samfunnets institusjonar og praksisar, livsformer og utfordringar. Eit viktig poeng Taylor tek tak i er at det her ikkje er snakk om *eitt* fenomen, men *multiple modernitetar*. I dette ligg det ei forståing av at ikkje-vestlege kulturar kan ha blitt modernisert på sine eigne og unike måtar, og dermed ikkje kan bli forstått på bakgrunn av generell teori utvikla utifrå ein vestleg røyndom (s. 1).

Ein kan også stille spørsmål med omgrepet i seg sjølv. I *We have never been modern* identifiserer Bruno Latour (1993) det han kallar ein dobbel asymmetri i bruken av ordet *moderne*. På den eine sida står det for eit brot i tida, der *moderne, modernisering, og modernitet* blir brukt som ein kontrast til ei arkaisk og stabil fortid. På den andre sida blir det brukt for å kåre vinnarar og taparar i ein kamp mellom det gamle og det moderne. Problemet oppstår når ein ikkje lenger med overtyding kan nytte adjektivet *moderne* på desse måtane, men stiller spørsmål med den doble oppgåva av dominerings på den eine sida og frigjerings på den andre. Denne forvirringa, skriv Latour, har utgangspunkt i to

sett av totalt ulike moderne praksisar som må vere skilde frå kvarandre for å bevare funksjonen, men som no har teke til å bli blanda saman. Det eine praksissetet («work of translation») skapar hybridar av natur og kultur, nettverk som bringar saman alt frå «the chemistry of the upper atmosphere, scientific and industrial strategies, the preoccupations of heads of state, the anxieties of ecologists» (s. 11). Det andre praksissetet («work of purification») skapar to distinkt separerte ontologiske soner med det menneskelege/kulturelle på den eine sida, og det ikkje-menneskelege/naturlege på den andre sida. Dette praksissetet, det kritiske prosjektet, etablerer ei deling mellom ei naturleg verd som alltid har eksistert, eit samfunn med føreseielege og stabile interesser, og ein diskurs som er uavhengig av både tilvising og samfunn. Å vere moderne vil seie å måtte halde fast ved desse dikotomiane og sjå på kvar av praksissetta kvar for seg. Men så fort ein vender merksemda mot båe desse praksissetta samtidig stoppar ein med eitt å ha vore moderne – «we stop having been modern». Dette heng saman med ei retrospektiv innsikt i at dikotomiane er tilsynelatande – dei to praksissetta har alltid allereie vore i funksjon samtidig. Desse innsiktene får ifølgje Latour ei rekkje konsekvensar i høve korleis ein ser på mellom anna fortid, framtid, relativisme, dominerings, imperialisme, falskt medvit, synkretisme med meir.

Mykje av teoretiseringa rundt modernitet har likefullt skjedd med utgangspunkt i ein vestleg røyndom, og omgrepet modernitet spelar ei sentral rolle i arbeida til fleire av dei viktigaste samfunnsforskarane dette siste hundreåret. Med tanke på Latour sine innendingar knytt til modernitetskonseptet er det derfor viktig å vere tydeleg på korleis ein vel å nytte dette omgrepet, samt å rotfeste bruken i den aktuelle konteksten. Latour si vektlegging av hybride nettverk er også eit argument for å la denne konteksten spenne om ulike sosiologiske nivå og kjelder, noko eg har freista å gjere i denne studien.

I *The consequences of modernity* tek Giddens (1990) eit oppgjær med trongen til å tre eit narrativ over mennesket si historie. Modernitet, skriv Giddens, refererer til modusar av sosialt liv eller organisasjonar som oppstod i Europa frå 1600-talet og framover, og som meir eller mindre blei dominerande over heile verda. Problemet med å freiste å forstå moderniteten på bakgrunn av utviklingslæra er at det ikkje tek omsyn til det Giddens kallar *modernitetens diskontinuistiske karakter*. Med dette meiner Giddens at dei moderne sosiale institusjonane på somme måtar er unike med ei distinkt form som skil dei frå alle tidlegare former for sosial orden. Dette hevdar han med utgangspunkt i særleg tre kjenneteikn ved moderne sosiale institusjonar. Det første kjenneteiknet er sjølve

endringstempoet («pace of change») som pregar den moderne epoken, både når det gjeld den teknologiske utviklinga, men også i andre sfærar. Det andre kjenneteiknet er *endringssomfanget* («scope of change»), noko som heng saman med globaliseringa og måten sosiale transformasjonar spreier seg over heile verda på ein heilt ny måte enn tidlegare. Eit tredje kjenneteikn er *dei moderne institusjonanes vesen*, noko som inneber at det eksisterer institusjonar som rett og slett ikkje fanst tidlegare. Enkelte institusjonar har også endra seg drastisk i høve tidlegare tider, som til dømes byen og den moderne urbaniseringa. Desse kjenneteikna skapar ein særeigen situasjon med ein heilt eigen dynamikk (s. 5–6).

Denne tematikken følgjer Giddens (1991) opp mellom anna i boka *Modernity and self-identity: self and society in the late modern age*. Moderniteten ytrar seg på to nivå, skriv Giddens. Dei moderne institusjonane skil seg som sagt frå alle tidlegare former for sosial orden med omsyn til dynamikk, forholdet til tradisjon, og globalisering. Men det er ikkje berre på dette overordna («extensional») nivået moderniteten ytrar seg. Kvardagslivet og dei mest personlege opplevingar («intentional») blir også radikalt påverka av dette, noko som også inneber korleis vi opplever oss sjølv. Samanhengane mellom desse to stadig meir samanknytte nivåa, som i seg sjølv er eit kjennemerke på moderniteten, er det Giddens ynskjer undersøke nærare.

Når det gjeld det overordna nivået, så finst det ei rekkje interessante teoretiske og empiriske arbeid som har freista å sjå på korleis moderne sosiale institusjonar og forhold har utvikla seg. Eit av desse arbeida er *Community* av Gerard Delanty (2010). Konseptet *community* har ei lang historie som strekker seg tilbake til Ferdinand Tönnies (1855–1936) og distinksjonen hans mellom omgrepa «Gemeinschaft» (på engelsk «community») og «Gesellschaft» (på engelsk «civil society»). Men Delanty hevdar at *community* må blir forstått på ein ny måte i dag. Dagens kommunikasjonssamfunn opnar for nye typar *community*, noko som set gamle former under press.

Det moderne livs utfordringar er også utgangspunktet for Putnam (2001) si bok *Bowling alone: the collapse and revival of American community*. Putnam sitt utgangspunkt er at sosiale nettverk har verdi, noko som er uttrykt i konseptet *sosial kapital*¹⁷. Gjennom eit imponerende empirisk arbeid syner Putnam korleis det sosialt organiserte engasjementet har endra seg drastisk dei siste tiåra i USA, eller som Putnam sjølv uttrykker det:

17 Sjå kapittel 3.2.5.

[f]or the first two-thirds of the twentieth century a powerful tide bore Americans into ever deeper engagement in the life of their communities, but a few decades ago – silently, without warning – that tide reversed and we were overtaken by a treacherous rip current. Without at first noticing, we have been pulled apart from one another and from our communities over the last third of the century. (s. 27)

Årsakene til desse endringane er mange, men den viktigaste grunnen er ifølgje Putnam det sakte men konstante generasjonsskiftet frå den særskilt involverte krigsgenerasjonen («the long civic generation») til mindre sosialt engasjerte barn og barnebarn. Utan å romantisere den sosiale effekten av den andre verdskrigen kjem han ikkje utanom dette som den viktigaste faktoren i den negative utviklinga av sosial kapital. Andre årsakar til lågare sosialt engasjement er tids- og økonomipress, framveksten av forstadar med påfølgjande pendling, og ikkje minst effekten av elektronisk underhaldning som i stor grad har privatisert fritidsaktivitetar (s. 283–284). Viktige nyansar i dette biletet kjem fram gjennom bruken av sosial kapitalteori, noko som syner korleis ulike typar sosialt engasjement verkar på ulike måtar. Putnam sin studie involverer utviklinga til ei rekkje sosiale institusjonar, men han tillegg likevel det enkelte individ stor makt. For å gjenreise det amerikanske fellesskapet inn i det 21. hundreåret må dette skje gjennom både kollektive og individuelle initiativ. Ikkje minst er dette ifølgje Putnam eit personleg ansvar for alle amerikanarar, noko han formulerer i følgjande utfordring:

Let us find ways to ensure that by 2010 the level of civic engagement among Americans then coming of age in all parts of our society will match that of their grandparents when they were that same age, and that at the same time bridging social capital will be substantially greater than it was in their grandparents' era. (s. 403–404)

Putnam legg dermed stor vekt på det personlege ansvaret og makta ein har til å endre sosiale institusjonar og praksisar, utan at han i større grad gjer noko forsøk på å syne korleis individets sjølvforståing og evne til handling har endra seg i moderne tid. Om ein går tilbake til Giddens (1991), så forsøker han å skildre korleis moderniteten ytrar seg også på eit underordna personleg nivå, med utgangspunkt i modernitetens *posttradisjonelle karakter*. Dette inneber at den tryggleiken som tradisjon og vane tidlegare kunne tilby, er blitt erstatta av ein eksistensiell *tvil*. Denne forma for tvil, som ytrar seg gjennom dei moderne institusjonane, heng saman med det mylderet av autoritetar som ein har i dagens samfunn, eller høgmoderniteten som Giddens kallar det. Den aukande globaliseringa påverkar mellom anna forholdet til *tid og rom*. På den eine sida skapar kommunikasjonssamfunnet ei meir einskapleg verd der globale

hendingar kan påverke ein lokalt, mykje på grunn av eit felles opplevingsrammeverk for tid og rom, men på den andre fører det til nye former for fragmentering og oppsplitting. I dette posttradisjonelle landskapet, på ein bakgrunn av nye former for medierte opplevingar, blir sjølvidentitet eit refleksivt prosjekt. Sjølvvet som refleksivt prosjekt, som består av å halde saman koherente men samtidig stadig reviderte biografiske narrativ, finn stad i ein kontekst av multiple val filtrert gjennom abstrakte system. Di meir tradisjon tapar terreng, og di meir kvardagslivet er rekonstituert som eit dialektisk samspel mellom det lokale og det globale, blir individet tvunge til å forhandle mellom eit mangfald av *livsstilsval*. Livsstilsvalet, som ikkje er avhengig av klasse eller materiell overflod, er stadig viktigare i samansetninga av sjølvidentitet og dagleg aktivitet (s. 2–5).

Å leve i ei høgmoderne verd medfører diverse distinkte spenningar og vanskar knytt til sjølvvet. Desse spenningane, som Giddens (1991) framstiller som ei rekkje dilemma («dilemmas of the self») (s. 188–201), må på ein eller annan måte løysast om ein skal bevare eit koherent narrativ om sjølvidentiteten eins. Desse dilemma er:

- 1 *Foreining mot fragmentering*: Det refleksive prosjektet knytt til sjølvvet inkorporerer fleirfaldige kontekstuelle hendingar og former for mediert oppleving, noko ein må finne ein kurs gjennom.
- 2 *Maktesløyse mot appropriasjon*: Livsstilsalternativa som moderniteten gjer tilgjengeleg tilbyr mange høve for appropriasjon, men skapar også ei kjensle av maktesløyse og manglande kontroll.
- 3 *Autoritet mot utryggleik/tvil*: i ein røyndom der det ikkje finst nokon endeleg autoritet (som tradisjon, religion osv.), må det refleksive prosjektet knytt til sjølvvet finne ein veg mellom forplikting og utryggleik.
- 4 *Personalisert mot kommodifisert erfaring*: narrativet om sjølvvet må bli konstruert i ein situasjon der personleg appropriasjon er prega av standardiserte påverknader på forbruk.

Bak desse dilemma, og under dei grundigaste prosessar knytt til livsstilsval, ligg trusselen om *personleg meiningsløyse*. Utan å gå for djupt inn i denne materien, så understreker Giddens (1991) kor viktig *rutiniserte aktivitetar* i kombinasjon med ein grunnleggjande tillit er for å oppretthalde ei kjensle av ontologisk tryggleik: «[p]otentially disturbing existential questions are defused by the controlled nature of day-to-day activities within internally referential systems» (s. 202).

I denne studien er svært mange av desse tematikkane aktuelle på ulike måtar. I eit modernitetsperspektiv er det mellom anna interessant å sjå korleis sjølv forholdet til tradisjon som autoritet ytrar seg på eit individuelt nivå hjå studiedeltakarane. Utfordringar med å halde saman eit levedyktig kor i eit samfunn fullt av potensielle livsstilsval er også noko som var oppe i dagen for fleire av dei eg snakka med, samtidig som tematikken også inngår i ein kontinuerleg sjølvrefleksjon for dei fleste av kormedlemmane. Ikkje minst er røyndomen til mange av studiens deltakarar prega av spenningar, der ulike behov, både individuelle og kollektive, trekker i forskjellige retningar. Dette spenningsfylte området uttrykker noko om det å stå i eit refleksivt prosjekt knytt til sjølv, der koret spelar ei svært viktig rolle som ein del av eit livsstilsval ein sjølv er med å påverke.

Modernitetsperspektivet vil dermed ligge som eit overordna teoretisk perspektiv gjennom avhandlingas analysedel. Eg vil likevel tillate meg å forlate dette overordna perspektivet i somme av analysekapitla, og heller nytte annan teori for trengje djupare inn tematikkane som eg ynskjer å belyse. Eg vil derimot ta opp att denne tråden i del C, og freiste å løfte innsikter frå analysekapitla opp i ein avsluttande diskusjon som også tek opp modernitetsperspektivet med utgangspunkt i det som har blitt presentert i dette kapitlet.

3.1.2 Spenningsfelt

Omgrepet *spenningsfelt* eller «fields of tension» er blitt nytta i ulike fagtradisjonar for å løfte fram ulike poeng. Lundberg, Malm og Ronström (2003) skriv mellom anna om spenningsfelt i det moderne musikklivet frå ein sosiologisk innfallsvinkel. På bakgrunn av ei rekkje motstridande tendensar innan musikalske fenomen stiller han opp seks spenningsfelt mellom tolv polar. Desse spenningsfelta er *homogenitet–diversitet*, *rein–blanda*, *global–lokal*, *stor tradisjon–liten tradisjon*, *kollektiv–individuell*, *mediert–direkte/levande*. Mellom to (eller fleire) motstridande maktkjelder oppstår det straumar av ulik styrke i ulike retningar, som til saman skapar desse ei *energisfære*. Ei energisfære, beståande av eitt eller fleire spenningsfelt, skapar ein modell over miljøet til eit musikalsk fenomen. Alt etter kor stor påverknad polane i dei ulike spenningsfelta har på det musikalske fenomenet, blir det ført med straumen i ei eller anna retning gjennom energisfæren, noko som etter kvart fører til ei endring av det musikalske fenomenet (s. 63).

Utgangspunktet for boka er ei undersøking av *musikalske fenomen* i ein multi-kulturell kvardag, der eit musikalsk fenomen blir definert som:

[C]ategories within the area of music, from the musical life of entire world regions and countries to clearly defined types/forms of music, types of ensembles, repertoires, etc. Within every musical phenomenon there exist specific examples, i.e. different pieces of music of a certain musical type/form and different individual ensembles of a particular kind, e.g. symphony orchestras. (Lundberg et al., 2003, s. 63)

Ein anna bruk av omgrepet *spenningsfelt* tek utgangspunkt i ein psykologisk fagtradisjon knytt til teoriar om det *dialogiske sjølv* (Hermans, Kempen & Van Loon, 1992). Hermans er også hovudforfattar for artikkelen «Fields of tension in a boundary-crossing world: towards a democratic organization of the self» (Hermans et al., 2017). I denne artikkelen blir det undersøkt korleis det demokratiske samfunnet kan fungere som metafor for å forstå arbeidsmåten til eit dialogisk sjølv i ei globalisert og grensekryssande verd. Sjølvet blir her framstilt som utvida i høve det sosiale og samfunnsmessige miljøet, og består av spenningsfelt der ein multiplisitet av sjølv-posisjonar er involvert i prosessane knytt til posisjonering og kontraposisjonering, samt i sosiale maktforhold (s. 505). Det demokratiske sjølvet blir definert som ein dynamisk multiplisitet og diversitet av eg-posisjonar (td. eg som profesjonell, eg som far, eg som tilhengjar av eit politisk parti) i sinnets landskap. Sinnet er i seg sjølv koplå saman med sinnet til andre menneske (td. kollegaer, born, motstandarar) som fungerer som *andre eg-posisjonar* i det utvida sjølv-omenet. Mellom desse eg-posisjonane strekk det seg spenningsfelt som forklart over, der ein ikkje berre kan bevege seg mellom ulike eg-posisjonar, men der det også oppstår nye posisjonar og posisjonskoalisjonar som ikkje var der før ei symbolmediert utveksling og samarbeid mellom ulike posisjonar gjekk føre seg (s. 511). Vidare i artikkelen nyttar forfattarane tre perspektiv for å utforske korleis metaforen om eit demokratisk sjølv kan nyttast for å forstå identitetsprosessar som går føre seg spenningsfelt. Desse tre perspektiva tek utgangspunkt i multikulturelle, multietniske, og transkjønna identitetar, då alle desse er plassert i spenningsfelt som tilbyr:

potentials of adaption and function of spaces for the construction of new and hybrid identities. At the same time, they entail the risk of identity confusion and maladaption. The concurrence of adaption and maladaption signifies the “tension” aspect of the contact zones between multiple cultural, racial and gender identities. (Hermans et al., 2017, s. 511)

I denne studien har eg henta inspirasjon frå både desse forståingane når det gjeld bruken av spenningsfelt som eit overordna organiserande perspektiv. Både Lundberg et al. (2003) og Hermans et al. (2017) skildrar situasjonar der

ulike posisjonar eller polar står i eit motsetningsforhold til kvarandre, og der det mellom desse eksisterer eit spenningsfelt som opnar for ei rørsle, utvikling, konflikt eller nyskaping. Medan Lundberg held seg på eit overordna samfunnsmessig nivå og skisserer spenningsfelt mellom ulike polar, kategoriar og eigenskapar i musikalske fenomen, tek Hermans utgangspunkt i det dialogiske sjølvet for å skildre spenningar i identitetsutvikling, posisjonering og kontraposisjonering inne i individet. Eg har tidlegare skildra analysedelen av denne studien som ei rørsle frå eit mikro- til eit makronivå, og har nytta meg av perspektiv henta frå både psykologisk, antropologisk og sosiologisk teori. På fleire av desse nivåa skildrar intervjupersonane ein røyndom prega av spenningar mellom ulike lag og posisjonar, der feltet ein står i ikkje er lett å definere som ein statisk kategori. Å skildre denne røyndomen som spenningsfelt opnar for ei dynamisk forståing av kva det vil seie å vere ein del av eit kor, som også let ulike individuelle opplevingar få plass i eit rikt sosialt og musikalsk fellesskap. På bakgrunn av dette vil eg kome tilbake til ei oppsummering og ein samlande diskusjon knytt til *koret som spenningsfelt* i del C.

3.1.3 Narrativet

Ei interesse for måten vi som menneske skapar og forstår mening i livet gjennom å setje hendingar og opplevingar inn i samanheng, førte meg i retning av teori om narrativ forskning. Denne vektlegginga finn ein mellom anna i humanistisk og samfunnsvitskapleg forskning, der diverse metodologiske og konseptuelle «vendingar», inkludert den lingvistiske og den kulturelle, har ført til ei fornya interesse i forteljing som både forskingsprosess og -produkt (Barrett & Stauffer, 2009, s. 1; Elliott, 2005, s. 5–7).

Omgrepet «narrativ» er blitt forsøkt nytta og tilpassa mange ulike idear og teoriar. Det er mellom anna blitt sett på som forteljing, som form for kunnskap og konstruksjon av mening, samt som forskingsmetode. I boka *Narrative inquiry in music education: troubling certainty*, ynskjer Barrett og Stauffer (2009) å syne korleis bruken av narrativ har utvikla seg til i dag å danne grunnlaget for etablerte forskingsmetodar i pedagogisk forskning (s. 7). Eit viktig poeng i denne samanhengen er at «forteljing» kan fungere som ei relasjonell form for å konstruere og presentere mening. Dette inneber for det første å sjå på narrativet som å samtidig vere ein presenterande, representerande og meningsskapande prosess. For det andre krev det at forskaren som nyttar seg av narrative metodar

må reflektere over sine egne disposisjonar og dei verdiane og fordommane ein bringer med seg inn i forskingsprosessen (s. 10).

I boka *Using narrative in social research* trekker Jane Elliott (2005) fram ein definisjon av Hinchman og Hinchman om kva eit narrativ er:

Narratives (stories) in the human sciences should be defined provisionally as discourses with a clear sequential order that connect events in a meaningful way for a definite audience and thus offer insights about the world and/or people's experience of it. (Hinchman & Hinchman, 1997, s. xvi)

Elliott (2005) festar seg ved tre hovudpoeng ved denne definisjonen. Eit narrativ vil ha (1) *ein klar kronologi*, (2) *vere meningsfullt*, og (3) *vere sosialt* på den måten at det er produsert med tanke på eit publikum. For å aktualisere narrativ metode tek ho føre seg desse tre poenga og ser på kva rolle dei spelar i sosiologisk forskning på eit meir generelt grunnlag.

For det første kjem den veksande vitskaplege merksemda om den temporære dimensjonen mellom anna til syne ved den stadig aukande mengda arbeid rundt konseptet «Life Course». Kroneksempelen på dette er ifølgje Elliott arbeida til Glen Elder frå USA på 1970-talet. For det andre finst det ein lang humanistisk tradisjon innan sosiologi som legg vekt på å forstå meininga i oppførselen og erfaringane til dei involverte individa. For det tredje har forståinga av korleis sosiologisk forskning går føre seg i ein sosial dimensjon blitt større dei siste tjue åra. Det er mellom anna blitt sett nærare på kva rolle intervjuaren spelar i arbeidet med å konstruere, og ikkje berre samle, biografisk materiale frå intervjupersonane (Elliott, 2005, s. 3–4).

I forskingsprosjektet mitt kan dei same tre hovudpoenga vere med på å lyse opp noko av det som eg ser på som svært viktige tema. For det første er eg ute etter å forstå korleis kordeltakarane finn meining i koraktiviteten sin. Eg er også interessert i korleis kordeltakinga har påverka liva deira i eit lengre *tidsperspektiv*. Sist, men ikkje minst er kordeltaking ein sosial aktivitet, noko som mellom anna gjer det interessant å sjå på forholdet mellom individ sine historier. Eit anna tema som eg er oppteken av, og som eg diskuterer i kapittel 4 om metodiske framgangsmåtar, er kva rolle eg sjølv spelar som forskar i ein kultur som eg på mange måtar høyrer til. Det er derfor viktig å vere merksam på korleis eg sjølv «hjelper til» i arbeidet med å konstruere narrativa som intervjupersonane kjem med.

Å leggje til rette for ein konstruksjon av narrativ i intervju er ein måte å få intervjupersonane mine til å kondensere opplevingane sine til handterlege

storleikar. Ved å be dei fortelje om konkrete døme frå opplevingane sine blir dei nøydde til å setje dei ulike episodane i rekkjefølgje, samtidig som dei må organisere dei på ein måte som gir mening. Dei vil heilt naturleg forsøke å leggje fram episodane som om dei heng saman på ein logisk måte. På denne måten vil narrativa dei gir meg innehalde mykje informasjon, lagt fram på ein måte som underbygger den interne logikken i dei. Dei vil innehalde intervju-personane sine perspektiv på korleis desse hendingane står i forhold til kvarandre – det vil seie ei rekkje årsak/verknad-samanhengar. Det må seiest at intervju-personane i varierende grad vil vere klar over at dei er nøydde til å forenkle røyndomen når dei skal leggje fram svara sine i eit intervju. Det vil derfor vere feil å påstå at den kondenserte røyndomsoppfatninga narrativa deira er uttrykk for, samtidig uttrykker kompleksiteten som den «verkelege» verda består av. Kombinert med informasjon som er samla gjennom deltakande observasjon og i kartleggingsundersøkinga, trur eg likevel dette til saman gir eit godt og breitt datagrunnlag for den vidare analysen. Det narrative intervjuet vil eg kome tilbake til i kapittel 4.4.5.

Omgrep som *nøkkelforteljing* og *dominerande forteljing* som Ivar Frønes (2001) skriv om i boka si *Handling, kultur og mening* er ein annan måte narrativt inspirert teori er aktuell, men då på eit makronivå. Ei *nøkkelforteljing* kan bli forstått som skildringar av prosessar som seier noko essensielt om den kulturen dei er ein del av. Medan *nøkkelforteljingar* gjerne har ein mytisk karakter, gir ei *dominerande forteljing* relativt detaljerte bilete av viktige prosessar relatert til faktiske forhold. Eit interessant perspektiv her er korleis ein i eit samfunn i endring kan kome til å oppleve ein ubalanse mellom dei dominerande forteljingane om *koret*, og dei faktiske moglegheitene kordeltakinga fører med seg. *Anomi* (mangel på normer) vil i ein slik samanheng kunne bestå i at menneske vert stilt overfor forteljingar dei ikkje kan realisere, eller overfor forteljingar som berre strekk seg vidare, utan eit avgrensa endepunkt som fortel at no er ein tilfreds (s. 108–111).

Eit døme på denne typen forteljingar i denne avhandlinga er å finne i kapittel 10 om kor og samfunn. Med utgangspunkt i ein del utsegner frå intervju-personar, kombinert med data frå kartleggingsundersøkinga, teiknar det seg eit bilete av eit samfunn i endring. Dominerande forteljingar om kor som vitale kulturelle nav i lokalsamfunnet vert utfordra av sviktande rekruttering, forelding og nedleggingar. Nøkkelforteljinga om den sterke sunnmørske kortradisjonen vert utfordra av ein travel kvardag fylt med tilbod som for mange fortrenger koret som den naturlege fritidsaktiviteten og kulturberaren. Å vere berar av ein slik

tradisjon kan gi forventingar som kan vere vanskelege å realisere. Samtidig finst det stadige døme på korinitiativ som løftar både individ og lokalsamfunn, og det totale bilete er absolutt samansett.

3.2 Operasjonell teori

Forskingsspørsmåla i denne studien vender merksemda mot tematikkane *motivasjon, eigarskap, identitet, fellesskap og samfunn*. Som eg nemnde i kapittel 1.2.2 har forkingsspørsmåla blitt til i dialog med analyseprosessen, der enkelte hovudtematikkar som egna seg for teoretiske og/eller empiriske drøftingar har vakse fram. Kwart analysekapittel har som formål å undersøke kvart sitt forkingsspørsmål, og teori som kan nyttast for å løfte fram interessante perspektiv og gi mening til datamaterialet i dei ulike kapitla er blitt trekt inn.

3.2.1 Motivasjon og høgdepunktopplevingar

Anthony E. Kemp (1997) peikar på at forking innanfor det problematiske området *menneskeleg motivasjon*, særleg i samanheng med kunstnariske aktivitetar, er i ein tidleg fase, og kan vise seg å vere svært viktig i arbeidet med å utvikle ei klarare forståing av mennesket sitt behov for og driv til musikalske og andre kunstnariske aktivitetar. I denne studien har eg valt å plassere det teoretiske utgangspunktet for kapittel 6 om motivasjon i ein psykologisk fagtradisjon. Gunn Imsen (2014) skriv at motivasjon handlar om:

hvordan følelser, tanker og fornuft tvinner seg sammen og gir farge og glød til de handlingene vi utfører. Det ligger følelser og forventninger forut for en aktivitet, de følger med mens vi utfører aktiviteten, og de legger seg som et slør rundt erindringen om handlingen. (s. 293)

Motivasjon står derfor heilt sentralt når det kjem til det å forstå menneskeleg åtferd. Vidare definerer ho motivasjon som det som *forårsakar aktiviteten* hjå individet, det som *held denne aktiviteten ved like*, og det som *gir han mål og mening*. Eller som Kjell Magne Håkonsen (2009) skriv det: «Motivasjon er et samlebegrep for de krefter som igangsetter og vedlikeholder atferd og gir atferden retning» (s. 88).

Både desse definisjonane av motivasjon er tredelt:

- 1 Det forårsakar aktiviteten/set i gong åtferda.
- 2 Det held aktiviteten ved like.
- 3 Det gir aktiviteten mål og meining/gir åtferda retning.

Motivasjon kan også bli delt inn i ein *energikomponent* og ein *retningskomponent* (Renolen, 2008, s. 41), eller i ein *kvantitativ* eller *kvalitativ* dimensjon (Lillemyr, 2007), der *energikomponenten* og den *kvantitative dimensjonen* omfattar dei to fyrste punkta, medan *retningskomponenten* og den *kvalitative dimensjonen* peikar på det tredje punktet. Men vegen vidare frå denne type definisjon er ikkje enkel. «The set of human motivations is a pie that can be sliced any number of ways» (Elster, 2007, s. 65).

Sjølvbestemmingsteori (SDT)

Ei grunnleggjande inndeling av ulike motivasjonstypar er å skilje mellom *indre* («intrinsic») og *ytre* («extrinsic») motivasjon, ei inndeling som er ein sentral del av Ryan og Deci (2000) *sjølvbestemmingsteori* («self-determination theory»). Sjølvbestemmingsteorien (SDT) er ein organismisk metateori som tek utgangspunkt i menneskets naturlege ressursar for personleg utvikling og sjølvregulering. Menneskenaturen på sitt beste er nysgjerrig, vital og sjølvmotivert. På den andre sida kan mennesket også vere apatisk, framandgjord og uansvarleg. SDT freistar å undersøke grunnlaget og naturen til dei ibuande veksttendensane og medfødde psykologiske behova som er basisen for sjølvmotivasjon og personleg integrasjon, og samtidig avdekke kva forhold som fostrar denne typen positive vekstprosessar. Tre grunnleggjande psykologiske behov står fram som essensielle i denne basisen: *behov for kompetanse/meistring*, *behov for fellesskap/relasjonar*, samt *behov for autonomi*. Ifølgje teorien kan dei fleste omkringliggjande faktorar som hindrar sjølvmotivasjon, sosial funksjon og personleg velvære sporast tilbake til problem med desse grunnleggjande psykologiske behova, medan ei tilfredsstilling av dei vil fremme indre motivasjon. Indre (eller naturleg) motivasjon finn stad når årsaken til ei handling er å oppnå indre tilfredsstilling, eller når ein engasjerer seg i ein aktivitet for aktivitetens skuld, og ikkje for å oppnå noko uavhengig av aktiviteten (s. 68–69).

Men ikkje all type motivasjon er indre styrt, og for å kunne greie ut om ulike former for ytre (eller kunstig) motivasjon har Ryan og Deci (2000) utvikla ein underteori kalla *organismisk integrasjonsteori* (OIT). Ifølgje OIT finst det eit sjølvbestemmingskontinuum mellom amotivasjon på den eine sida og indre

motivasjon på den andre. I dette kontinuumet finst det fire typar ytre motivasjon inndelt etter graden av autonomitet: *ytre regulering*, *introjeksjon*, *identifisering* og *integring*. Større grad av internalisering fører til mange positive effektar, som «more behavioral effectiveness, greater volitional persistence, enhanced subjective well-being, and better assimilation of the individual within his or her social group» (s. 73). Også her spelar dei tre grunnleggjande psykologiske behova ei essensiell rolle, og ifølgje OIT er behovet for fellesskap/relasjonar hovudårsaken til ytre motivert oppførsel. Eit fellesskap som støtter opp om dette behovet vil med andre ord gjere internalisering av ytre motivert oppførsel meir sannsynleg. I den nemnde artikkelen av Stewart og Lonsdale (2016) inngår sjølvbestemmingsteori (SDT) som ein del av det teoretiske rammeverket. I tillegg til å nytte SDT for å undersøke prosessar som påverka deltakarane som individ, brukte dei også konseptet *entativitet* for å forstå eventuelle velvære-effektar av det å vere medlem i ei gruppe. Eitt av funna deira har eg allereie nemnd. Om ein samanliknar effekten av synging og gruppemedlemskap, så står gruppemedlemskapet fram som viktigare for det opplevde velværet til kordeltakarne. Kordeltakarar rapporterte om ei sterkare kjensle av entativitet enn dei andre gruppene i denne komparative studien, det vil seie at dei erfarte gruppemedlemskapet deira som meiningsfullt eller «ekte». Eit overraskande funn tok føre seg motivasjonen til medlemmane av dei tre gruppene i studien (korsongarar, solosongarar og lagsportdeltakarar). I forkant var det forventa at kor- og solosongarane ville rapportere om høgare indre motivasjon enn lagsportdeltakarane, sidan synging fokuserer mindre på å vinne og sigre over ein motstandar. Studien synte derimot at lagsportdeltakarane rapporterte signifikant høgare på identifisert regulering enn dei andre gruppene, noko som tyder på at lagsportdeltakarane er meir indre motivert enn bae gruppene av songarar. Eit tredje funn er også med på nyansere det totale biletet. Dei grunnleggjande psykologiske behova som blir sett på som sentrale i SDT er som sagt behovet for *kompetanse/meistring*, behovet for *fellesskap/relasjonar*, samt behovet for *autonomi*. Av dei tre gruppene i studien rapporterte kordeltakarne om lågast oppleving av autonomi, noko som ifølgje Ryan og Deci (2000) kan medverke til mindre grad av sjølvmotivasjon, sosial funksjon og personleg velvære. På grunn av korsongens kollektive preg og felles musikalske målsetjingar, er stor grad av autonomi hjå kvar enkel kordeltakarne heller ikkje ønskeleg. Likevel rapporterte altså kordeltakarne (saman med lagsportdeltakarane) om signifikante høgare nivå av velvære enn solosongarane. Kva rolle spelar då autonomi i denne samanhengen? Stewart og Lonsdale (2016) foreslår at mangelen på autonomi moglegvis blir kompensert for av andre psykologiske variablar (til

dømes entativitet, fellesskap/relasjonar eller kompetanse), og peikar ut dette som eit område for framtidig forskning (s. 1250).

Sjølv om dette teoretiske rammeverket er interessant, så er det likevel eit forenkla perspektiv på eit svært komplekst fenomen. Mange aktivitetar vi engasjerer oss i er både indre og ytre motiverte (Renolen, 2008, s. 42–44). Eit kor legg føringar for korleis ulike motivasjonsfaktorar får utfalde seg, mellom anna ved eit sterkt fokus på gruppa der forventingar om å innrette seg etter gruppas musikalske og sosiale normer medfører mindre grad av autonomi. Kva konsekvensar får dette for kordeltakarane si erfaring av indre og ytre motivasjon? Og kva rolle spelar den spesifikke konteksten som kormedlemmane står i for vektlegginga og opplevinga av ulike motivasjonsfaktorar? Spørsmålet blir då om sjølvbestemmingsteori, der indre og ytre motivasjon spelar ei sentral rolle, tek nok omsyn til den spesifikke konteksten eit kor bidrar med for deltakarane sin motivasjon, og kva type psykologisk variabel som i tilfelle kompensere for den relativt låge graden av autonomi? Er velværet som kordeltakarar føler avhengig av opplevd entativitet i gruppa, og kva rolle spelar sjølve songen i dette? Finst det andre perspektiv som på ein betre måte fangar opp korleis kordeltakarar opplever ulike motivasjonsfaktorar, og som samtidig tek høgde for den svært sentrale rolla det sosiale fellesskapet spelar? Kan motivasjonspuslespelbrikkene puslast på ein annan måte?

Motivasjon som behov

I SDT spelar grunnleggjande psykologiske behov ei sentral rolle i fasilliteringa av sjølvmotivasjon, men menneskeleg behov og motivasjon kan også bli sett i ein meir direkte samanheng. I essayet «A theory of human motivation» presenterer Abraham H. Maslow (1943) det velkjende behovshierarkiet, også omtalt som behovspyramiden. Dette består av fysiologiske behov («the "physiological" needs»), tryggleiksbehov («the safety needs»), sosiale behov («the love needs»), behov for respekt og beundring («the esteem needs»), samt behov for sjølvrealisering («the need for self-actualisation»). Desse behova er ordna hierarkisk, det vil seie at når behova på eit nivå er møtt, vil organismen av seg sjølv rette seg mot behov på eit anna og høgare nivå. På same måte vil ein plutselig mangel på eit lågare nivå, som til dømes mangel på mat eller søvn, krevje forrang framfor det å kjenne seg trygg. Maslow skil mellom *mangelbehov* og *vekstbehov*, der mangelbehov er dei som verkar motiverande når organismen manglar noko, medan vekstbehova handlar om sjølvrealisering, vekst og utvikling (Jerlang et al., 2008, s. 279; Maslow, 1962, s. 24–25; Renolen, 2008, s. 46–47). Desse skil

seg frå kvarandre også på den måten at berre mangelbehova kan bli fullt ut tilfredsstilte, noko som gjer at dei sluttar å verke motiverande. «The perfectly healthy, normal, fortunate man has no sex needs or hunger needs, or needs for safety, or for love, or for prestige, or self-esteem, except in stray moments of quickly passing threat» (Maslow, 1970a, s. 57). Eit menneskes motivasjonsliv kan vere meir eller mindre prega av mangelbehov eller vekstbehov, der vekst går føre seg heile tida. Det er ikkje slik at dei lågareliggande behova må vere komplett oppfylt før ein tek til å tenkje på å aktualisere seg sjølv – poenget er kva behov som pregar livet, og korleis dette påverkar psyken eins. Ein annan skilnad mellom mangel- og vekstbehov er kva som skjer når dei blir oppfylte. Oppfylte mangelbehov hindrar sjukdom, medan etterkomming av vekstbehov skapar det Maslow kallar «positiv helse». Behova for tryggleik, sosialt samkvem, kjærleik, respekt og beundring har også det ved seg at dei er avhengige av andre menneske, dvs. omgjevnadane, for å kunne bli oppfylt. Personar drivne av desse behova vil derfor vere meir avhengige av ein kontekst som tilbyr dette (Maslow, 1962, s. 24–33). Eit anna viktig poeng er at det finst enkelte føresetnader som må vere på plass for at dei grunnleggjande behova skal bli tilfredsstillt. Truslar mot desse føresetnadane vil bli oppfatta som truslar mot behova, og vil setje i gong forsvarsreaksjonar. Om ein til dømes opplever at vilkåra for tryggleik eller det sosiale fellesskapet står i fare, vil dette krevje prioritet på liknande måte som om ein opplevde utryggleik eller manglande sosial kontakt (Maslow, 1970a, s. 47).

Høgdepunktopplevingar og det transpersonlege rom

Maslow (1970b) er også kjend for arbeida sine om *høgdepunktopplevingar* eller *kulminasjonsopplevingar* («peak experiences»). Ei høgdepunktoppleving er ei medvitstilstand som består av intens merksemd, særskild innsikt, og ekstremt positive affektar (salig fredskjensle eller ekstase). Under ei høgdepunktoppleving kan eit individ føle at det mister kjensle for tid og rom, og at det transcenderer kvardagslege rammer. Høgdepunktopplevingar kan oppstå gjennom ei rekkje menneskelege aktivitetar og interaksjonar, men nokre av dei mest vanlege er å føde eit barn, å vere forelder, kjærleiksforhold, naturopplevingar, estetiske og mystiske opplevingar, intellektuelle innsikter, og atletiske prestasjonar. Etter ei slik oppleving kan individet vere overttydd om at det har teke til seg unik kunnskap om seg sjølv og verda, og at det er blitt forandra. Det kan også oppleve eit meir positivt sjølvbilete, auka kreativitet og spontanitet, ei overttyding om at livet er ein verdi i seg sjølv, og eit ynskje om å

oppleve eit tilsvarande høgdepunkt på ny (Singer, 2000). I denne studiens data finst det også ei rekkje utsegner som går i retning av det som her er skildra som høgdepunktopplevingar, og desse blir trekt fram som viktige element ved kordeltakinga. Alle menneske har ifølgje Maslow (1968) evne til å oppleve høgdepunktopplevingar, men desse kan variere i styrke og frekvens, og heng saman med kva andre typar behov som pregar livet. Årsaken til å inkludere høgdepunktopplevingar i eit kapittel om motivasjon er at desse står ut som svært betydingsfulle opplevingar blant deltakarane i denne studien, og noko dei fortel om for å gjere forståeleg kvifor dei er med i kor. Eg kjem ikkje til å diskutere sjølve omgrepet høgdepunktoppleving noko nærare, heller ikkje gå inn på overlappingsproblematikken i høve omgrep som «flow» (Csikszentmihalyi, 2008) og «peak performance».

For Maslow (1962) var høgdepunktopplevingar også ein særskild god inngang til identitet. Menneske i høgdepunktopplevingar er *mest* deira identitet, *nærast* deira ekte sjølv, og data henta frå slike opplevingar er dermed særskild reine og lite forureina. Ein annan effekt av høgdepunktopplevingar er ifølgje Maslow ein auke evne til å smelte saman med verda, å bli eitt med musikken og menneska rundt ein (s. 98–99).

Even Ruud (2013) skriv at ein i det *det transpersonlige rom* søker noko som er forankra utanfor ein sjølv, i noko grensesprengande, noko bortanfor dei nære tids- og romdimensjonane. Dette vil av mange bli opplevd som å vere ein del av noko større, ein heilskap, ein samanheng. Ruud understreker at noko som var felles for mange av dei grensutvidande musikkopplevingane i undersøkinga hans, var korleis kjenslene kom i fokus for opplevinga. Denne gruppa av kjensler trekker personen ut av kvardagsmedvitet og mot ein utvida røyndom, der emosjonar som «beundring», «ærefrykt» og «ei særleg stemning» kan transformerast til opplevinga av å bli løfta opp og ut, sveve, stå overfor noko «sterkt og uforståeleg», «stort og opphøgd» (s. 251–252). Liknande skildringar dukka også opp i denne studiens datamateriale. Eit anna poeng Ruud trekker fram er at desse kjenslene er intensjonale, dei peikar mot verdier. Dei er med på å synleggjere verdier, samtidig som meining vert tilført kjenslene gjennom dei diskursane som sluttar og krinsar om kjenslene. Med andre ord vil høgdepunktopplevingane kunne peike mot den kulturelle konteksten dei oppstår i, og dermed fortelje noko om dei sentrale verdiane og diskursane i koret.

Motivasjon i kontekst

For motivasjon er jo også berre ein liten del av det store biletet. Dette blir godt illustrert gjennom Ruth Finnegan (1989) sitt konsept «pathways». Dei *stigane* («pathways») som eksisterer i eit samfunn legg føringar for dei vala vi gjer, rett og slett fordi dei er ein så viktig del av måten vi som menneske strukturer kvardagen og livet vårt på. Eg har tidlegare nemnd Giddens (1984) og hans strukturasjonsteori, der dei strukturelle eigenskapane av sosiale system er kronisk delaktig i handlinga sin produksjon og reproduksjon (s. 374). På liknande måte forankrar Bourdieu «vala» aktøren tek (standpunkt) i forholdet mellom sosiale posisjonar og disposisjonar (habitus), eller sagt på ein annan måte så kjem rommet for sosiale posisjonar til uttrykk i rommet for standpunkt *via* rommet for disposisjonar (Bourdieu, Østerberg, Prieur & Barth, 1995, s. 33–36). Motivasjon som danning av meining blir til gjennom å ta del i eit felt, og inneber eit ynskje om ei optimalisering av verdiane i feltet. Motivasjon er forankra i eit handlingsfelt, i ein sosial og kulturell kontekst, og det er derfor viktig å hugse på at nett den *konteksten* intervjupersonane i denne studien står i er med på å påverke korleis motivasjonen deira ytrar seg (Frønes, 2001, s. 55). Til saman peikar desse perspektiva på at handling (og dermed også motivasjon) må bli forstått på bakgrunn av den konteksten han står i.¹⁸

Ein sentral del av konteksten for intervjupersonane i denne studien er sjølv sagt kordeltakinga deira. Gjennom denne står dei i ein større sosial og kulturell kontekst, der verdimønster og komplekse kodar legg føringar for korleis motivasjonen artar seg, samt kva ein er motivert for. Å undersøke motivasjon hjå menneske i ein bestemt kontekst, der ein også er bevisst det særeigne med nett denne konteksten, kan derfor forhåpentlegvis gi ei betre og djupare forståing.

Fokuset på konteksten si betyding for motivasjon har ført til at eg i kapittel 6 har valt å skissere ein eigen motivasjonsmodell der eg lanserer omgrep som *personleg motivasjonsprofil*, *motivasjonskultur*, samt *nær og fjern motivasjon*. Ein kormedlem sin motivasjonsprofil er i større eller mindre grad prega av nære eller fjerne motivasjonsfaktorar, medan eit kors motivasjonskultur er prega av dei motivasjonsfaktorane som er dominerande blant koret sine medlemmar. Kormedlemmen vil på denne måten stå i eit *spenningsfylt område* prega av

18 I Bourdieu sin vitskapsfilosofi har «motivasjon» i tradisjonell forstand ikkje nokon sentral plass. Denne filosofien for menneskeleg handling bryt med omgrep som «motivasjon», «subjekt», «aktør» og «rolle», men fokuserer i større grad på relasjonen og den gjensidige påverknaden mellom dei objektive strukturane (felt) og dei kroppsleggjorte strukturane (habitus) (Bourdieu, 1997, s. 12).

både eins personlege motivasjonsprofil, men også av korets motivasjonskultur. Målsetjinga mi er at denne motivasjonsmodellen får fram noko attkjenneleg og treffande for personar som er med i kor, og som samtidig tek omsyn til at motivasjon i samanheng med kordeltaking ikkje nødvendigvis er identisk med motivasjon i andre kontekstar. Å utvikle modellar som løftar fram noko av det særleine med kor er også eit av delmåla for denne studien. I arbeidet med motivasjon er ein nøydd til å lene seg på teoriar og modellar. Motivasjon i seg sjølv er usynleg, det synlege er handlingane våre eller fråværet av dei.

3.2.2 Psykologisk eigarskap

Så langt eg kan sjå er ikkje koplinga korsong og eigarskap blitt behandla i nokon større grad i korforsningslitteratur tidlegare. Eit fagfelt som derimot har arbeidd mykje med denne slags tematikk er organisasjonspsykologi. I «Toward a theory of psychological ownership in organizations» skriv Jon L. Pierce, Tatiana Kostova og Kurt T. Dirks (2001) mellom anna at «[u]nder certain conditions, organizational members can develop feelings of ownership toward the organization and various organizational factors» (s. 298).¹⁹ Det å kjenne eigarskap er ein viktig del av den menneskelege tilstanden, hevdar dei. Menneske kan utvikle eigarskapskjensler til ei rekkje objekt, både materielle og immaterielle, noko som har viktige konsekvensar for oppførsel, kjensler og den psykologiske tilstanden vår. Om slike kjensler eksisterer for eit kor, eller for ulike faktorar i koret, så kan dette seie oss noko om kva det betyr å vere medlem i eit.

Sjølv om mykje av forskinga som er gjort innan organisasjonspsykologi tek føre seg den arbeidsrelaterte arenaen, kan argumenta som blir satt fram i denne artikkelen også vere relevante for andre organisasjonsformer. For det første så femnar artikkelen breitt. I tillegg til organisasjonspsykologi, baserer forfattarane seg på eit stort kjeldetilfang frå mellom anna sosiologi, filosofi og psykologi, og hevdar mellom anna at sjølv om psykologisk eigarskap generelt sett blir opplevd for fysiske objekt, så kan det også bli følt for ikkje-fysiske entitetar, som idear, kunstnariske kreasjonar, og andre menneske. For det andre så er det ikkje så enkelt å skilje mellom ein arbeidsrelatert og ein ikkje-arbeidsrelatert organisasjon. Å vere medlem i eit kor kan stå i kontrast til å vere tilsett, då det er noko du gjer på fritida fordi du har lyst. Men du kan også vere tilsett i eit kor

19 For ein breiare diskusjon rundt psykologisk eigarskap i organisasjonar, sjå Pierce, J. L. & Jussila, I. (2011).

– dei fleste dirigentar er det. Skilnadane mellom desse typane organisasjonar er ikkje alltid så openbare. For det tredje finn eg både positive og negative effektar av psykologisk eigarskap, slik dei er skildra i artikkelen, i datamaterialet. Til saman fører dette til at det gir meining å nytte desse teoriane her.

Forfattarane av artikkelen diskuterer grenseproblematikk og relevans i høve potensielle mål for psykologisk eigarskap. Dei hevdar at målet må vere synleg og attraktivt for individets interesse og merksemd. Målet må også ha visse karakteristikkar som let individet oppfylle tre grunnleggjande menneskelege motiv, der kvart av dei fasiliterer utviklinga av psykologisk eigarskap meir enn å direkte vere årsaken til at dette oppstår. Desse hovudmotiva er:

- *Virkeevne og påverknadskraft* («efficacy and effectance») – det å kjenne at ein utgjer ein skilnad, og at handlingane eins påverkar miljøet rundt ein, fører til eigarskapskjensle.
- *Sjølvidentitet* («self-identity») – eignelutar kan vere symbolske uttrykk for sjølv, sidan dei er tett knytt saman med sjølvidentitet og individualitet. Gjennom interaksjon med objekt ein kjenner eigarskapsforhold til, kombinert med refleksjon over kva desse objekta betyr, kan ein få definert og samtidig uttrykt noko om seg sjølv til andre.
- *Å høyre til* («having a place») – det å høyre til ein stad, det å ha ein «heim», er ein sentral del av det å vere eit menneske – det går frå å vere ein stad til å bli ein del av oss.

Dei måla som samtidig oppfyller fleire motiv og/eller oppfyller motiva i stor grad har potensiale til ei djupare form for eigarskapskjensle, sidan desse opnar for eit nærare forhold til sjølv (Pierce et al., 2001, s. 299–301). Desse eigarskapsrøtene («roots to ownership»), som forfattarane kallar det, ekskluderer ikkje organisasjonar som kor. Om noko, så gjer dei heller koret til eit meir passande mål å utvikle psykologisk eigarskap til enn det mange jobbar er.

Vidare hevdar artikkelforfattarane at det eksisterer vegar til psykologisk eigarskap («routes to psychological ownership»), noko dei formulerer i tre proposisjonar. Her peikar dei på samanhengar mellom visse forhold ein organisasjonsmedlem kan oppleve og utviklinga av psykologisk eigarskap. Desse forholda er *opplevinga av kontroll, intim kjennskap, og personleg investering*. Desse ulike formene for opparbeidd psykologisk eigarskap kan få ulike effektar, avhengig av visse faktorar. Somme av desse effektane er ei kjensle av rettar og ansvar, ein motstand mot eller oppslutning om endringar, samt visse dysfunksjonelle

effektar. Desse dysfunksjonelle effektane kan vere ein motstand mot å gi frå seg makt eller informasjon, sabotasje, stress, frustrasjon, framandgjerung, og andre plager (Pierce et al., 2001, s. 301–308). I denne studien har det vore interessant å nytte denne teorien i møte med enkelte episodar intervjupersonane fortalde om. Det å føle psykologisk eigarskap kan vere knytt til ulike faktorar i kora, noko som kan få forskjellige effektar i møte med bestemte utfordringar.

3.2.3 Identitet

Termen *identitet* er velbrukt innanfor retningar som utviklingspsykologi, personlegdomspsykologi, sosialpsykologi så vel som i visse område av sosiologien. Sjølv om termen i alle desse retningane vert brukt om måtar menneske definerer seg sjølv, har ulike teoriar og intellektuelle tradisjonar skapt ein myriade av konsept og konnotasjonar. Det er derfor ikkje mogleg å gi ein enkel definisjon av identitet. I staden har vi med å gjere eit spekter av fenomen som går inn under denne paraplytermen (Deaux, 2000, s. 222). I dette spekteret finn ein retningar som fokuserer på identitet som ein indre og subjektiv prosess, medan andre retningar fyrst og fremst legg vekt på identitet som eit produkt av større strukturar og system i samfunnet. Sjølv om samanhengen mellom individ og samfunn er til stades hjå dei aller fleste retningane, vil ulik vektlegging løfte fram forskjellige poeng.

Sjølvidentitet og det indre rom

Sjølvidentitet har ifølgje Giddens (1991) tre karakteristikkar. For det første har ein person med ei høveleg stabil sjølvidentitetskjenning ei oppleving av ein biografisk kontinuitet som vedkomande evnar å refleksivt fatte samt kommunisere til andre. For det andre har ein også etablert eit forsvarsverk som «filtrerer ut» farar som i prinsippet kan true sjølvintegriteten. For det tredje vil eit slikt individ oppleve integriteten som givande, og inneha sjølvrespekt nok til å oppretthalde ei kjensle av eit levande sjølv. Ein persons identitet er dermed ikkje å finne i oppførselen hennar, eller reaksjonen frå andre, men i «the capacity to keep a particular narrative going» (s. 54). Refleksiviteten kjem inn i biletet då individet stadig må integrere hendingar som går føre seg i omverda, og sortere desse inn i den pågåande forteljinga om sjølv.

Even Ruud (2013) diskuterer i *Musikk og identitet* ulike måtar å forstå omgrepet identitet på. I staden for å krinse inn identitet ved å skildre dimensjonar ved

personlegdom og særtrekk ved haldningar eller «karakter» slik ein gjer i sosial- og personlegdomspsykologien, vel han å bestemme identitet i ein subjektiv, fenomenologisk forstand. Forstått på denne måten er identitet ein del av vår indre, opplevde merksemd mot oss sjølv, ei «identitetskjenle». Identitet handlar meir om individets kjenle av «å vere den same», og peikar vidare mot opplevinga av kontinuitet i sjølvoppfatning og å vere forskjellig frå andre (s. 52). Ruud støttar seg mellom anna på Fitzgerald (1993) si forståing av identitet. Fitzgerald definerer identitet som «*the academic metaphor for self-in-context*», og ser på konseptet som multidimensjonalt: det kryssar nærmast alle akademiske grenser, og inkluderer perspektiv frå mental helse, etnisitet, kjønn, utdanning, sosial konflikt og forandring. Identitetsmodellen Fitzgerald presenterer er eit forsøk på å integrere kommunikasjon slik han artar seg både mellom individ og mellom grupper, «thus dealing with the “microworld” of interpersonal communication and the “macroworld” of mediated mass communication» (s. 3). Både desse nivå er naudsynte for ei fullstendig forståing av menneskelege forhold. Fokuset er å forstå slagkrafta sosiale og kulturelle faktorar har på mellommenneskeleg interaksjon, og særleg korleis identitet er avgjerande i kommunikasjonssituasjonar mellom menneske og på tvers av kulturar.

Kontekstane for sjølvvet kan med andre ord vere både historiske, biologiske, kulturelle eller sosiale. Om ein vidare forstår *sjølvvet* som noko prosessuelt, der individet heile tida må filtrere og kode opplevingsinformasjon frå seg sjølv, sin eigen kropp, og ut frå korleis ein blir oppfatta av andre, ser ein at studiet av identitet ligg i å bestemme den delen av individets kontekst som har betydning for identitetsdanninga (Ruud, 2013, s. 57).

«[I]dentitet» er ikke gitt oss én gang for alle, en indre kjerne vi bærer med oss gjennom hele livet. Snarere er «identitet» noe vi skaper gjennom de historiene vi forteller om oss selv ut fra viktige minner om opplevelser som har berørt oss. Ved å velge blant disse minnene og ved å sette dem sammen på nytt skaper vi et bilde av oss selv hvor vi føler sammenheng, kontinuitet og mening i livsforløpet. Det er med andre ord musikkopplevelsene våre som danner utgangspunktet for et identitetsarbeid, snarere enn musikken som sådan. (Ruud, 2013, s. 15–16)

Det er interessant korleis Ruud dreg inn musikkopplevingar som ein sentral del av konteksten i eit individ sitt identitetsarbeid. Ruud sitt prosjekt er å fange den «musikalske» sjølvkonstruksjonen i alle sine dimensjonar, og strukturerer dette i fire rom. I tillegg til det transpersonlege rom og tida og stadens rom, opererer Ruud med det personlege rom og det sosiale rom. Med det personlege

rom syner Ruud korleis musikkopplevingar er sentrale i ei rekkje identitetsdannande opplevingar, og kan spele ei viktig rolle både ved å skape innhald til dei opplevingane som sjølv definerer seg utifrå, samt når det kjem til å avgrense seg sjølv overfor andre. På vegen fram mot *eit indre rom*, som Ruud kallar det, er han innom musikkens rolle i relasjonsdanning og kommunikasjon, kjenslemedvit, kroppsoppleving, fantasi, samt kompetanse og sjølvoppleving. Dette indre rommet kan synest å vere heilt sentralt i forståinga av identitetsdanning, og skapar føresetnadane for alle dei posisjoneringane vi måtte foreta overfor andre menneske, til stad og tid (s. 100).

Rolleteori og multiple identitetar

Eit interessant perspektiv ved opplevinga av å ha ein slags inste kjerne, eit slags «sant sjølv» der ein blir møtt og stadfest, er at det har ein motpart, eit slags «falskt sjølv». Denne type forteljingar dukkar særleg opp der individet får kjensla av at musikkprosjektet ikkje er eit eige val. Gjennom musikk kan ein også få kjensla av å bli misoppfatta, eller å vere i ein identitet som ikkje er eins eigen (Ruud, 2013, s. 101–103). Denne type opplevingar resonnerer med noko som kom fram i intervju i denne studien, nemleg «skurret» som kan oppstå i møtet mellom individ og kollektiv i eit kor. Ved sida av å ha ein eigen identitet, vil ein som kormedlem, i større eller mindre grad, oppleve å dele identitet med dei andre i koret, ein slags gruppeidentitet. Dette poenget kjem fram i den sosiologiske tradisjonen etter George Herbert Mead. I *Symbolic interactionism: perspective and method* skriv Herbert Blumer (1986) at teorien om symbolsk interaksjonisme kviler på tre premiss. Den første premissen er at personar oppfører seg mot ting på basis av kva meining tinga har for dei. Desse tinga kan vere alt frå fysiske objekt som tre eller stolar, andre menneske, som ei mor eller ein betjent, menneskekategori, som vener eller fiendar, institusjonar, som skular eller styresmakter, aktivitetar med meir. Den andre premissen er at tinga si meining veks ut av sosial interaksjon. Den tredje er at desse meinigane er handsama og modifisert gjennom ein tolkingsprosess personen nyttar i møte med tingen (s. 2). Frå eit identitetsperspektiv står dette for ei ganske anna vinkling, der identiteten veks fram gjennom sosial interaksjon med andre menneske basert på konteksten og kva funksjon eller rolle ein har, eller blir tolka til å ha av andre. Ein konsekvens av dette er mellom anna at ein person kan ha fleire identitetar, samtidig som ein også kan dele identitet med andre. Desse multiple identitetane kan vere ganske forskjellige frå kvarandre, og kan

medføre eit sett med moglegheiter og problemstillingar, alt etter kva kontekst ein står i (Deaux, 2000).

Ifølgje Biddle (1986) handlar rolleteori om eit av dei viktigaste trekka ved sosialt liv, nemleg karakteristiske åtferdsmønster eller roller. Rolleteori forklarar roller ved å gå utifrå at personar er «members of *social positions* and hold *expectations* for their own behaviours and those of other persons» (s. 67). Dette perspektivet kan forklare kvifor personar oppfører seg ulikt men likevel føreseieleg avhengig av sosial identitet og situasjon. Det er ifølgje Biddle særleg tre konsept rolleteori har fest seg ved: (i) mønster og karakteristisk sosial åtferd, (ii) roller eller identitetar som er påtatt av dei sosiale deltakarane, og (iii) script eller forventingar for åtferd som er forstått av alle og halde fast ved av dei som har rollene (s. 68). I artikkelen «Identity theory and social identity theory» freistar Stets og Burke (2000), frå eit sosialpsykologisk perspektiv, å legge til rette for ein generell teori om sjølvst gjennom samanlikne *identitetsteori* med sitt fokus på *roller*, og *sosial identitetsteori* med sitt fokus på *kategoriar og grupper*. I bådteoriane blir sjølvst sett på som reflektivt på den måten at det kan sjå seg sjølv som eit objekt, og kan kategorisere, klassifisere og namngje seg sjølv på visse måtar i høve andre sosiale kategoriar og klassifikasjonar. Denne prosessen blir kalla *sjølvkategorisering* i sosial identitetsteori og *identifikasjon* i identitetsteori, og det er gjennom denne at ein identitet blir forma. Skilnadane i desse to teoriane må i hovudsak bli forstått som ulike vektleggingar, og ikkje som ulikskapar i type, og det er med bakgrunn i dette at hypotesen om ein generell teori om sjølvst kan bli utarbeidd (s. 224–225).

Det dialogiske sjølvst

Ein tredje innfallsvinkel tek utgangspunkt i ein psykologisk fagtradisjon og er særleg knytt til teorian om det *dialogiske sjølvst* slik det er presentert i mellom anna artikkelen «The dialogical self: beyond individualism and rationalism» av Hermans, Kempen og van Loon (1992). I denne artikkelen blir det hevda at *sjølvst*, sett frå eit konstruksjonistisk perspektiv, kan bli oppfatta som grunnleggjande *dialogisk*, og på denne måten transcendere dei kulturelle avgrensingane gitt av *individualisme* på den eine sida og *rasjonalisme* på den andre. *Sjølvst*, forstått som ein dialogisk forteljar («dialogical narrator»), er (a) *romleg organisert og kroppsleggjort*, samt (b) *sosialt* på den måten at andre ikkje er på utsida men på innsida av sjølvstrukturen, noko som vidare resulterer i ein multiplisitet av dialogisk interagerande sjølv (s. 23). Det dialogiske sjølvst, i kontrast til det individualistiske sjølvst, er basert på premisen at same person kan ha

fleire ulike eg-posisjonar. Ein eg-posisjon kan vere samd, usamd, kan forstå, misforstå, protestere, motseie, spørje, og også latterleggjere andre eg-posisjonar. Dette konseptet er også ein reaksjon på det vestlege idealet om sjølvstet som eit sentralisert og balansert struktur. Ulike eg-posisjonar representerer ulike ankringspunkt med evne til å organisere andre eg-posisjonar på eit gitt tidspunkt (s. 29).

Kollektivitet, kategorisering og gruppeidentifikasjon

Richard Jenkins (2008) gir i boka *Social identity* ein generell definisjon av identitet frå ein sosiologisk innfallsvinkel, og han trekker fram korleis identitet gjer seg gjeldande på både eit individuelt og kollektivt nivå:

As a very basic starting point, identity is the human capacity – rooted in language – to know "who's who" (and hence "what's what"). This involves knowing who we are, knowing who others are, them knowing who we are, us knowing who they think we are, and so on: a multi-dimensional classification or mapping of the human world and our places in it, as individuals and as members of collectives. (s. 5)

Det klaraste biletet på kollektivitet er likskap mellom eit mangfald av personar. Når det gjeld kollektivitet skil Jenkins (2008) mellom grupper og kategoriar. Dette er ikkje to formar for kollektivitet, men *ulike måtar å sjå på interaksjon på*. Medan ein kategori blir definert som ein klasse viss natur og samansetning er bestemt av personen som definerer kategorien (*kollektiv ekstern definisjon*), blir ei gruppe definert av relasjonen mellom medlemmane (*kollektiv intern definisjon*). Medlemmane av ein kategori kan altså vere uforvarande om at dei høyrer til denne, og om at kategorien i heile tatt eksisterer. Når det gjeld grupper, så skapar vi sjølv gruppeidentitet ved å trekke på identifikasjonar av likskapar og ulikskapar i vårt forhold til andre. Vårt sjølvmedvitne gruppe-medlemskap vil vidare anerkjenne andre medlemmar og skape relasjonar til dei. Kategorisering (kollektiv ekstern definisjon) og gruppeidentifikasjon (kollektiv intern definisjon) må bli sett i samanheng, då det eksisterer eit dialektisk forhold mellom dei (s. 106–111). Utviklinga av gruppeidentitet i eit kor heng såleis saman med korleis ein oppfattar likskapar og ulikskapar til andre kor, samtidig som kategoriseringa av andre korgrupper blir gjort på bakgrunn av gruppeidentiteten ein har opparbeidd seg i koret ein er medlem i.

Eit anna skilje går mellom *medlemsgrupper* og *referansegrupper*. Medlemsgruppe er ei gruppe ein sjølv er medlem av, medan ei referansegruppe, som kan vere positiv eller negativ, er psykologisk signifikant for menneske sine haldningar

og oppførsel. Ei referansegruppe kan ha ulike funksjonar. Den *normative funksjonen* inneber at ein orienterer tankar, kjensler og åtferd etter normene i gruppa, medan den *komparative funksjonen* gjer at ein samanliknar seg med og nyttar referansegruppa som rettesnor for eiga åtferd. Den komparative funksjonen kan mellom anna forklare visse avvik frå medlemsgruppa sine normer og verdiar, då personen er sterkare påverka av ei referansegruppe enn av medlemsgruppa (Underlid, 1997, s. 17). Ein treng ikkje vere medlem av ei referansegruppe for å late seg påverke av ho, men om medlemsgruppa og den positive referansegruppa fell saman vil dette føre til *sosialt validert konformitet* (Hogg & Vaughan, 2011, s. 237).

Innanfor antropologien har definisjon av gruppeidentitet vore eit viktig men også problematisk område. Fredrik Barth (1969) sitt svar på dette er å fokusere på at etniske grupper er «categories of ascription and identification by the actors themselves» (s. 10). I staden for å vektlegge rase, kultur eller språk som definerande «objektive» faktorar, let han aktørane sine eigne subjektive meiningar få vere avgjerande for kva element som definerer ei gruppes identitet. Dette inneber i neste omgang ei auka merksemd knytt til sosiale grenser («social boundaries») og arbeidet som blir gjort for å halde desse grensene ved like (s. 15).

Kritikk av identitetsomgrepet

I denne avhandlinga har eg som sagt valt å nytte ulike former av identitetsomgrepet for å nærme meg ei forståing av eit av dei spenningsfylte områda kormedlemmar står i. Beverly Diamond (2007) spør i artikkelen «The music of modern indigeneity: from identity to alliance studies» om identitet er eit fruktbart konsept å ta utgangspunkt i når ein spør korleis globalisering og modernitet har påverka urfolkemusikk og -utøvarar sin postkoloniale posisjon? «Identitet» som konsept, skriv Diamond, er ofte regulert av noko som kan bli kalla *herskardiskurs* («patron discourse»), definert som eit sett av normative forventingar og måtar å lytte på. Denne herskardiskursen slepp berre til minoritetsgrupper sine stemmer og kulturelle praksisar i den grad diskursen lukkast i å fange dei i allereie tilgjengeleggjorte kategoriar. Maktforholda har tradisjonelt vore ekstremt skeive i denne diskursen, noko som gjer at minoritetsgruppene sitt høve til å påverke diskursen er svært avgrensa. Som eit alternativ til dette foreslår Diamond det ho kallar *alliansestudiar* («alliance studies») som eit rammeverk for å forstå urfolks modernitet. I alliansestudiar kan ein sjå på korleis nedarva konsept og sosiale relasjonar er innarbeidd i

det noverande. Det kan søke samanhengar til stadar, eller til sosiale nettverk, noko som i neste omgang rettar merksemda mot element som genreutvikling, teknologiske medierande verktøy, språkval, siteringspraksisar, og tematikkar knytt til tilgang og eigarskap (s. 171–173).

Sjølv om identitet som konsept i visse kontekstar kan vere avgrensande og legge føringar for måten feltet ein søker å forstå står fram på, vonar eg likevel at eg i denne avhandlinga har fått nytta det på ein måte som løftar fram noko særlege og talande for den situasjonen kormedlemmane står i. Noko av det Diamond (2007) etterlyser, som å rette merksemd mot sosiale nettverk og relasjonar, har eg forsøkt å følge opp ved å også undersøke andre sider ved feltet, som i kapittel 9 om det sosiale fellesskapet samt i kapittel 10 om korets forhold til samfunnet. I denne studien sitt datamateriale har eg funne det mest relevant å løfte fram to sider ved identitetskonseptet, med *sjølvidentitet/personleg identitet* på den eine sida og *gruppeidentitet/kollektiv identitet* på den andre. Ved å konsentrere meg om desse to formene for identitet har eg forsøkt å synleggjere eit spenningsforhold som fleire av studiens deltakarar har fortald om, der ulike aktivitetar og opplevingar dreg i ulike retningar. Eit interessant bidrag i denne samanhengen er den allereie nemnde artikkelen av Stets og Burke (2000). I tillegg til identitetsteori knytt til roller og sosial identitetsteori, trekker Stets og Burke fram *personleg identitet* som eit viktig perspektiv i arbeidet med å utvikle ein generell teori om sjølvet. Den personlege identiteten er det settet av meiningar som er knytt til og opprettheld sjølvet som eit individ, og opererer på tvers av ulike roller og situasjonar. I situasjonar der meiningane og forventingane assosiert med ein rolleidentitet kjem i konflikt med meiningane knytt til den personlege identiteten, kan individet handle på ein måte som bryt med rolleidentiteten for å halde fast ved den personlege identiteten. Om ein greier å integrere desse ulike identitesbasane og syne korleis dei opererer samtidig kan ein adressere «the degree to which individuals are constrained by structural expectations (tied to group and role identities) or have some choice in their enactment (through person identities)» (s. 229).

3.2.4 Sosial- og gruppepsykologi

Ei *sosial gruppe* kan avgrensast mot *aggregat* og mot *organisasjon*, der aggregat er ei tilfeldig samling menneske på ein bestemt stad, medan ein organisasjon oftast er samansett av ei rekkje grupper, og er så stor at få eller ingen av kjenneteikna på ei sosial gruppe passar (Raaheim, 2002, s. 12; Underlid, 1997, s. 15).

Om ein ser nærare på kva som kjenneteiknar ei sosial gruppe, så uttrykker ulike definisjonar ulike fokus. Hogg og Vaughan (2011) gir ein definisjon som fangar opp mange av dei viktigaste kjenneteikna:

A group is two or more individuals in face-to-face interaction, each aware of his or her membership in the group, each aware of the others who belong to the group, and each aware of their positive interdependence as they strive to achieve mutual goals. (Johnson & Johnson, 1987, s. 8 i Hogg & Vaughan, 2011, s. 274)

Underlid (1997) dreg i tillegg fram at det vil oppstå ein *struktur* i alle grupper, samt at ulike *roller* og bestemte *normer* kan identifiserast (s. 14–15). Men ein slik definisjon kan stemme på så mangt, og femnar om alt frå nære familiegrupperingar til kor, amatør fotballag, og ufrivillige arbeidsutval. Men somme grupper betyr meir for oss enn andre, og kan i periodar spele ei viktig rolle i liva våre. Ein vanleg distinksjon i sosialpsykologien som peikar på dette, er skiljet mellom *primærgrupper*²¹ og *sekundærgrupper* (Ilstad, 2004, s. 127; Renolen, 2008, s. 215; Raaheim, 2002, s. 18–19; Underlid, 1997, s. 16).

Ei *primærgruppe* pregar individet på ein svært djuptgripande måte, og familien vert rekna som den viktigaste primærgruppa i samfunnet vårt. Primærgruppa kan ha mykje å seie for sjølvbilete, identitet, personlegdom, trivsel, verdiorientering og anna. Ho har gjerne få medlemmar, men desse har meir eller mindre kontinuerleg og direkte kontakt mellom seg. Det er snakk om nære samband og intimt samarbeid, andlet til andlet. Medlemmane er gjerne sterkt kjenslemessig involvert, og ein omtalar gjerne gruppa som «vi» til skilnad frå personar utanfor gruppa. Samværet er gjerne eit mål i seg sjølv. Det er ingen klar, hierarkisk struktur, og den sosiale kontrollen er uformell (Raaheim, 2002, s. 18–21; Underlid, 1997, s. 16). Etter ei viss tid vil det stabilisere seg eit sett med roller blant gruppemedlemmane, og utviklinga av felles kjenneteikn vil gjere at gruppa skil seg stadig meir ut frå andre grupper (Gjøsund & Huseby, 2009, s. 20–21).

Ei *sekundærgruppe* er noko vanskelegare å avgrense, men blir gjerne definert i kontrast til primærgrupper. Sekundærgrupper er gjerne større enn primærgrupper, og samholdet er meir basert på felles interesser enn på personlege band. Kontakten er meir sporadisk, og samværsformene er meir formaliserte og strukturerte. Det eksisterer som oftast ein klar hierarkisk struktur, den sosiale

20 Det finst litt ulike meningar om minimumsstorleiken for å kalle noko ei gruppe er to eller tre. Sjå Underlid (1997).

21 Omgrepet primærgruppe blei formulert av Charles Cooley i 1909.

kontrollen er institusjonalisert, og den kjenslemessige involveringa er ikkje så sterk (Gjøsund & Huseby, 2009, s. 29; Raaheim, 2002, s. 18–19; Underlid, 1997, s. 16). Underlid (1997) påpeikar at kjenneteikna på ei sekundærgruppe er meir vage enn for ei primærgruppe, noko som opnar for at denne typen «arenaer» kan bryte litt med definisjonen på ei sosial gruppe. Sekundærgrupper har nok ikkje den same kjenslemessige påverknadskrafta som primærgrupper har, men dei kan likevel vere ei sær s viktig kjelde til sosial påverknad (s. 16).

Gjøsund og Huseby (2009) forklarar skilnaden mellom primær- og sekundærgrupper som at primærgrupper er sekundærgrupper med noko *ekstra*. Nokre viktige kjenneteikn med både primær- og sekundærgrupper er at gruppe-medlemmane jobbar saman mot eitt eller fleire mål, og at det utviklar seg eit sett normer mellom medlemmane. Desse kjenneteikna føreset ikkje så tette forhold mellom medlemmane av gruppa. I primærgrupper vil det i tillegg etter ei viss tid stabilisere seg eit sett med roller blant, og utvikle seg eit nettverk av gjensidig tiltrekking mellom medlemmane. Gruppa vil også skilje seg stadig meir ut frå andre grupper grunna felles kjenneteikn. Desse kjenneteikna kjem fyrst og fremst til syne i samspelet mellom gruppemedlemmane, noko som betyr at det er *forholdet den enkelte medlem har til gruppa* som avgjer om ho kan karakteriserast som ei sekundær- eller primærgruppe (s. 29–30).

I boka *Nærhet og distanse: grunnlag, verdier og etiske teorier i arbeid med mennesker* argumenterer Henriksen og Vetlesen (2006) for å bygge på psykologiske teoriar i arbeidet med etikk. Psykologiske teoriar gir vel så stor innsikt i dei ulike sidene ved eit menneskes personlege og moralske utvikling som den tradisjonelle moralfilosofien, og særskilt når det kjem til dei *kjenslemessige* aspekta ved ei slik utvikling (s. 12). Som menneske er ein på eit grunnleggjande nivå sårbar, avhengig av andre, skjør og dødeleg. Alle desse trekka ved menneskelivet er noko som vi ikkje har makt til å rokke ved eller velje bort. Desse trekka, sjølv om dei djupast sett er grunnleggjande vilkår ved det å vere eit menneske, er likevel ikkje noko vi som regel reagerer positivt på å bli mint på. I ein vestleg kulturkrins er autonomi, sjølvstyre, ein høgt verdsatt verdi. Vegen frå nyfødd og avhengig av andre sin omsorg, til vaksen, fri og uavhengig blir sett på som eit førebilete. Når vi av ein eller annan grunn, gjennom sjukdom, tap av inntekt, nettverk og familie, blir mint på dei sårbare sidene ved livet, kan dette også bli sett på som ein brest i idealet om autonomi. Samtidig er det i slike situasjonar vi også kan bli mottakarar av andre sin *omsorg*. Omsorg er eit uttrykk for andre sin kjærleik, og er svaret, responsen, på andre si sårbarheit. Når ein elskar eit anna menneske kan ein ikkje tenkje seg livet utan vedkomande, og ein vil trå til

for å hjelpe (s. 76–81). Dei fleste av oss opplever dette særleg i samanheng med vår eigen nære familie, der ein kan kjenne seg i eit «skjebnefellesskap» saman med dei andre familiemedlemmane. Sjukdom som råkar ein i familien råkar alle, og for dei aller fleste er det veldig unaturleg å ikkje stille opp. På denne måten er vi knytt opp i eit etisk system styrt av nære band og opplevinga av at andre er sårbare og avhengige av oss. Vi styrer ikkje etter reglar, men handlar fordi vi ikkje klarer å la vere. På ei anna side skriv Henriksen og Vetlesen skriv at ei *plikt* ofte har tre kjenneteikn. For det fyrste er den noko absolutt, den stiller overfor eit krav det ikkje er mogleg å sjå bort frå. For det andre kan den vanlegvis formulerast i ein regel eller norm. For det tredje skal den hjelpe oss med å få tak i kva som er rett å gjere. Pliktetikken skil seg frå andre typar etikk ved at han ikkje inkluderer andre verdiar og gode som grunnlag for handling (s. 162).

Eit interessant poeng Giddens (1991) løftar fram er det han kallar «transformation of intimacy». Særleg viktig i denne samanhengen er framveksten av det han kallar *reine forhold* («pure relationship») som prototypisk for nye sfærar i det personlege liv. I eit reint forhold har eksterne kriterium blitt oppløyste, noko som betyr at forholdet eksisterer på grunn av fordelane dette forholdet kan gi. Tillit i eit reint forhold er eine og åleine eit resultat av gjensidig forplikting, og kan derfor ikkje vere forankra i kriterium utanfor forholdet i seg sjølv, som til dømes slektskap eller sosiale og tradisjonelle forpliktingar (s. 6). I denne studien har eg mellom anna sett på kva rolle koret som sosialt fellesskap spelar for deltakarane, noko som aktualiserer dette særtrekket. I koret skjer det nettopp ein type gjensidig forplikting, noko som mellom anna kjem til uttrykk i korets meir eller mindre medvitne normer og verdiar.

3.2.5 Sosial kapital

Sosial kapitalteori peikar på den samla verdien som ligg i sosiale nettverk og normene for resiprositet og tillit som følgjer av desse. Sosial kapital har både eit individuelt og kollektivt aspekt – eit privat og eit offentleg andlet. Individ kan inngå relasjonar som fremmar eins eigne interesser – til dømes kan eit stort sosialt nettverk vere hjelpsam når ein skal finne seg jobb. Det kan også spele ei viktig rolle når ein treng hjelp til noko, søker venskap, forhold eller generell støtte. Men ikkje all kostnaden og goda frå sosial kapital går til det individet som sjølv bidreg til han. Eit samfunn rikt på sosial kapital, eit godt «samankopla» samfunn, gir innbyggjarane føremonar uavhengig av om dei sjølv har eit stort eller lite sosialt nettverk. Om eit nabolag opplever lite kriminalitet

på grunn av at nabofellesskapet ser etter husa til kvarandre, vil også eit individ som ikkje investerer i å pleie det sosiale nettverket med naboane nyte godt av dette. Sosial kapital kan såleis vere både eit «privat» og «offentleg» gode (Putnam, 2001, s. 20).

Det som skjer i smågrupper er svært viktig for medlemmane av dei, men det er også viktig utifrå eit samfunnsperspektiv. Dei sikrar «overleveringa» av samfunnet sine normer og verdier til nye generasjonar, og er eit viktig middel for å oppnå sosial kontroll over individ. Dei rommar mekanismar for korleis ein tek avgjersler og løyser problem som storsamfunnet og organisasjonar ikkje kan ta vare på. Mange av dei problema og utfordringane kvar og ein av oss ber på oppstår og manifesterer seg i smågrupper, men kan også finne løysingane sine der (Underlid, 1997, s. 5). Eit samfunn rikt på sosial kapital gir innbyggjarane føremonar uavhengig av om dei sjølv har eit stort eller lite sosialt nettverk. Men Putnam (2001) åttvarar også mot å sjå på sosial kapital i eit einseitig positivt lys. Sosiale nettverk og dei assosierte resiprositetsnormene er vanlegvis eit gode for dei på innsida av nettverket, men dei eksterne effektane av sosial kapital er ikkje alltid positive. Sosial kapital kan understøtte kriminelle og antisosiale handlingar som elles ikkje hadde vore moglege. På same måte som andre typar kapital, kan sosial kapital bli retta mot vonde og antisosiale føremål. Det er derfor viktig å undersøke korleis dei positive konsekvensane av sosial kapital – gjensidig støtte, samarbeid, tillit, institusjonell effektivitet – kan bli maksimert og dei negative manifestasjonane – sekterisme, etnosentrisme, korrupsjon – minimert (s. 21–22).

Eit annan viktig dimensjon ved sosial kapital er distinksjonen mellom *bridging* (eller inklusiv) og *bonding* (eller eksklusiv). Kort fortald er *bonding* ein form for sosial kapital som ser innover og forsterkar eksklusive identitetar og homogene grupper. *Bonding* bygger opp under spesifikk resiprositet og mobiliserande solidaritet, og fungerer som ein slags «sosiologisk superlim». Dette betyr mellom anna at det samtidig som å skape sterk inngruppelojalitet og «sterke band», kan skape sterk utgruppeantagonisme. *Bridging* på si side ser utover, og byggjer nettverk på tvers av sosiale ulikskapar. Ved å danne denne typen «svake band» som strekk seg ut av eins eigne personlege sirklar, skapar ein andre typar nettverk, verdifulle ved til dømes jobbsøking eller på leit etter politiske allierte. Denne typen sosial kapital kan skape breiare identitetar og resiprositet, og fungerer som eit «sosiologisk WD-40». Det må også seiast grupper samtidig kan «bonde» og «bridge» langs ulike sosiale dimensjonar, det vil seie at dei til dømes kan byggje bru over sosiale skiljelinjer knytt til alder,

klasse og arbeidsbakgrunn, men vere sterkt homogene i høve religion. Om ei gruppe utviklar *bonding* og *bridging* er derfor ikkje snakk om anten-eller, men meir graderte dimensjonar som gjer at ein kan samanlikne ulike typar sosial kapital (Putnam, 2001, s. 22–23)

I artikkelen «Capitalizing on community music: a case study of the manifestation of social capital in a community choir» har Thomas W. Langston og Margaret S. Barrett (2008) som mål å undersøke korleis sosial kapital ytrar seg i eit lokalt kor i Tasmania. I tillegg til *bonding* og *bridging* trekker Langston og Barrett fram *linking* som ein tredje form sosial kapital kan ha. *Linking* vektlegg dei vertikale forholda mellom organisasjonar og «menneske med makt», i til dømes politisk eller finansielt relevante posisjonar. Med utgangspunkt i eit breitt tilfang av kvalitative data som inkluderte forskingsintervju med 27 kormedlemmar, og ved hjelp av ein narrativ analyseteknikk henta frå Polkinghorne (1995), undersøker Langston og Barrett (2008) korleis ei rekkje indikatorar på sosial kapital kjem fram i narrativa til kormedlemmane. Desse indikatorane inkluderer tillit, delta-king, interaksjon, lokal involvering, venskap, samarbeid, medverknad, nettverk, forpliking og resiprositet, tillitsbasert engasjement, delte normer og verdjar, læring, samt ein til så langt nærmast ignorert indikator – *fellesskap* («fellowship»). I artikkelen konkluderer dei med at kor og liknande organisasjonar er sterke lokalressursar, avgjerande i skapinga av sosial kapital som er positivt for heile lokalsamfunnet. Denne artikkelen er særleg interessant sidan den løftar fram sosial kapital i ein korsamheng. Det er slåande kor atkje mykje av diskusjonen i denne artikkelen er, trass i at det aktuelle koret held til på andre sida av kloden. Ved å sjå på datamaterialet frå denne studien i lys av sosial kapitalteori blir enkelte aspekt ved koraktiviteten synlegare. Ikkje minst er det interessant å sjå på somme av utfordringane intervjupersonar rapportere om i lys av formane *bonding*, *bridging* og *linking*. Det er også nærliggande å sjå ei rekkje tematikkar opp mot indikatorar for sosial kapital slik Langston og Barrett (2008) har gjort i sin artikkel – dette gjeld ikkje minst for indikatoren *fellesskap* som dei anbefalar det blir gjort meir forskning på, og som til ein viss grad fell saman med *det sosiale fellesskapet* i kor.

Men forskning på sosial kapital kan også nyttast til å fortelje ei anna historie. I *Bowling alone* undersøker Putnam (2001) korleis ulike former for sosial kapital har utvikla seg i det amerikanske samfunnet det siste hundreåret. Ved å lene seg på ein imponerende mengd statistiske data syner han korleis menneske i USA dei siste tiåra er blitt stadig meir fråkopla familie, vener, naboar og demokratiske strukturar. Denne storforteljinga minner om utsegner som fleire av

intervjupersonane i denne studien kom med, der korsongarar opplevde at samfunnet hadde endra seg over tid – noko som igjen fekk konsekvensar for kordrifta.

Community og tilhørse

Gerard Delanty (2010) fortel ei parallell historie, men nyttar konseptet *community* framfor sosial kapital. *Community* er eit omgrep det er litt vanskeleg å finne ei god norsk omsetjing for. Medan ein på engelsk tradisjonelt har skilt mellom *society* og *community*, der *society* har stått for det meir generelle og upersonlege storsamfunnet, har *community* vore brukt om eit visst sett av sosiale relasjonar basert på noko som deltakarane har til felles – vanlegvis ei delt kjensle av identitet. Ferdinand Tönnies, som eg skreiv om i kapittel 3.1.1, vert vanlegvis sett på som grunnleggaren av *community*-teorien. Han freista han å syne korleis vi i overgangen frå det rurale til det urban-industrielle samfunnet stod i fare for å miste dei formene for fellesskap som hørte til i pre-industrielle samfunnet. Denne forma for fellesskap var prega av høg grad av personleg intimitet, emosjonell djupne, moralsk forplikting, samanhengskraft og kontinuitet over tid. *Community* blei på denne måten satt fram som eit ideal for «det gode samfunn» (Scott, 2014). Ifølgje Delanty (2010) er *community* no i endring grunna større sosiale transformasjonar som har brakt med seg nye kulturelle og politiske erfaringar og levemåtar. Somme av desse transformasjonane i verda i dag har ein stor påverknad på ideen om *community* som har blitt eit høgaktuelt tema i nyare sosial og politisk teori. Utviklingar knytt til kosmopolitisme, postmodernisme, globalisme, migrasjon og internettet har utfordra konseptet *community* i klassisk sosiologi og «community studies» (s. x i introduksjonen).

Delanty (2010) skriv at den moderne tidsalderen ikkje berre har vore prega av fridom, individualisme og fornuft, men også ein nyutsprungen hang for «the cosy world of community, belonging and solidarity, where the individual could feel at home in an otherwise homeless and increasingly insecure world» (s. 150). Ideen om *community* inneheld ein kritikk av status quo, som eit alternativ til samfunn og stat. På ein slik måte kan *community* oppfattast som eit uttrykk for ei søking etter noko som er øydelagd av moderniteten: ein jakt på ei tapt fortid som kanskje aldri har eksistert. Men i dagens samfunn må *community* bli forstått på ein ny måte, hevdar Delanty. Kjensla av å høyre til er i det moderne samfunnet prega av nye måtar å kommunisere på, noko som skapar ustabile, flytande, veldig opne og sterkt individualiserte grupper. Desse nye formane for

community er mindre geografisk bundne enn før, og skapar nye moglegheiter for å høyre til, frå det lokale til det nasjonale og transnasjonale. Di større *community*, di meir avhengig vil det vere av kommunikasjon. Individet er ikkje knytt til berre ein *community*, men kan høyre til mange og til dels overlappende grupper. Det finst mange moglegheiter for å bli med i og forlate grupper, noko som kan føre til mangel på kontinuitet over tid, samtidig som dei nye sosiale banda tenderer til å famne globalt på grunn av at medierte og indirekte sosiale relasjonar blir stadig meir viktige (s. 151–153). Dette synet på moderne *community* gir nokre interessante perspektiv i møtet med utsegner fleire av intervjupersonane i denne studien kom med.

3.3 Oppsummering

I dette kapitlet har eg greia kort ut ein musikkvitskapleg fagtradisjonen som i stor grad har henta teoretisk og metodisk inspirasjon frå andre fagdisiplinar, som antropologi, sosiologi, kulturstudiar, kjønnsstudiar og ei rekkje andre. Det er ikkje uvanleg å finne arbeid som kombinerer fleire metodiske og teoretiske innfallsvinklar. Denne teoretisk-eklektiske måten å møte forskingstematikkar på finn støtte frå fleire hald (Eriksen, 2004; Hammersley & Atkinson, 2007), der mellom anna teoretisk triangulering kan vere særleg nyttig i forskingsfelt som syner ein høg grad av teoretisk inkoherens (Denzin, 1989).

Vidare har eg i dette kapitlet gått gjennom det som er studiens sine overordna teoretiske perspektiv. Modernitet er eit utfordrande konsept og har vore gjenstand for kritikk (Latour & Porter, 1993; Taylor, 2004). Det derfor viktig å vere tydeleg på korleis ein vel å nytte dette omgrepet, samt å rotfeste bruken i den aktuelle konteksten. Giddens (1990) forstår modernitet som modusar av sosialt liv eller organisasjonar som oppstod i Europa frå 1600-talet og framover, uttrykt som modernitetens diskontinuistiske karakter. Dette syner seg gjennom endringstempoet, endringsomfanget og dei moderne institusjonane sitt vesen. Til saman skapar desse ein sær eigen situasjon med ein eigen dynamikk (s. 5–6). Modernitet kan ytre seg på to nivå, der det overordna nivået flettar seg saman med kvardagsliv og dei mest personlege opplevingar (Giddens, 1991). Måten det moderne samfunnet ytrar seg på dette overordna nivået kan bli forsøkt forstått gjennom teoriar knytt til *community* (Delanty, 2010) og gjennom å studere endringar i eit samfunn sitt forhold i sosial kapital (Putnam, 2001). Giddens (1991) identifiserer fire dilemma som uttrykker spenningar og vanskar knytt

til sjølvvet i ei høgmoderne verd (s. 202). Dette perspektivet finn gjenklang i røyndomen til mange av denne studien sine deltakarar, der ulike behov, både individuelle og kollektive, trekker i forskjellige retningar.

Måten spenningsfelt blir nytta i denne studien hentar inspirasjon frå ulike fagtradisjonar. Felles for både Lundberg et al. (2003) og Hermans et al. (1992), er at dei skildrar situasjonar der det eksisterer eit spenningsfelt som opnar for ei rørsle, utvikling, konflikt eller nyskaping. På fleire nivå skildrar intervju-personane i denne studien ein røyndom prega av spenningar mellom ulike lag og posisjonar. Spenningsfeltmetaforen opnar for ei dynamisk forståing av kva korverksemd inneber.

Det narrative perspektivet i denne studien kjem fram på fleire måtar og ulike nivå. På den eine sida handlar dette om korleis intervju-personane i samarbeid med meg som forskar konstruerer forteljingar i eit forsøk på å kondensere røyndomsoppfatningar til handterlege storleikar, noko som mellom anna har påverka intervjudesignen. På ei anna side uttrykker omgrep som *nøkkelforteljing* og *dominerande forteljing* noko om førestillingar vi menneske har om den kulturen vi er ein del av (Frønes, 2001).

I analysekapitla i del B er det blitt nytta ei rekkje teoretiske tilnærmingar. Frå ein psykologisk fagtradisjon kan motivasjon bli forstått som det forårsakar aktiviteten/set i gong åtferda, det som held aktiviteten ved like, og det som gir aktiviteten mål og meining/gir åtferda retning (Håkonsen, 2009, s. 88; Imsen, 2014, s. 293). Menneskeleg motivasjon kan bli undersøkt frå alle desse innfallsvinklane. Sjølvbestemmingsteorien (SDT) er ein organismisk metateori som tek utgangspunkt i mennesket sine naturlege ressursar for personleg utvikling og sjølvregulering (Ryan & Deci, 2000). I tillegg til indre motivasjon finst det fire typar ytre motivasjon inndelt etter graden av autonomitet. Det er blitt stilt spørsmålsteikn med kva rolle autonomi spelar for utviklinga av motivasjon for kordeltakarar, der det ein ikkje finn den forventa samanhengen mellom grad av autonomi og opplevd velvære (Stewart & Lonsdale, 2016). Mangelen på autonomi kan moglegvis blir kompensert for av andre psykologiske variablar (til dømes entativitet, fellesskap/relasjonar eller kompetanse), og dette er peika ut som eit område for framtidig forskning (2016, s. 1250). Motivasjon kan også bli forstått som behov, som i Maslow (1943) sitt behovshierarki. Plutselege manglar på eit grunnleggande nivå, som til dømes mangel på mat eller søvn, vil krevje forrang framfor det å kjenne seg trygg. Det same vil skje ved truslar mot føresetnader som må vere på plass for at dei grunnleggjande behova skal bli tilfredsstilt. Truslar mot desse føresetnadane vil bli oppfatta som truslar mot

behova, og vil setje i gong forsvarsreaksjonar (Maslow, 1970a, s. 47). Forstått i ein korsamheng kan dette bety at truslar mot det sosiale fellesskapet vil krevje prioritet framfor det å realisere seg sjølv. Høgdepunktopplevingar kan vere motivasjonsfaktorar i seg sjølv, men kan også vere ein særskild god inngang til identitet, og gir samtidig ein auke evne til å smelte saman med verda, å bli eitt med musikken og menneska rundt ein (Maslow, 1962, s. 98–99). Ruud (2013) hevdar på si side at høgdepunktopplevingar kan peike mot den kulturelle konteksten dei oppstår i, og dermed fortelje noko om dei sentrale verdiane og diskursane i koret. Både Giddens (1984) og Finnegan (1989) peikar på at konteksten spelar ei viktig rolle når ein skal forstå menneskeleg handling og motivasjon. Bourdieu (1995) forankrar «vala» aktøren tek (standpunkt) i forholdet mellom sosiale posisjonar og disposisjonar (habitus). Alle desse perspektiva peikar på, kvart på sitt vis, at motivasjon må bli forstått på bakgrunn av tilhøyrande konteksten. Til saman legg denne gjennomgangen av ulike teoretiske innfallsvinklar til motivasjon grunnlaget for at eg i denne avhandlinga vil foreslå ein kontekstuell modell for motivasjon i kor.

Psykologisk eigarskap i samanheng med kor er det uråd å finne noko tidlegare forskning om. Det å kjenne eigarskap er ein viktig del av den menneskelege tilstanden, og har viktige konsekvensar for oppførsel, kjensler og den psykologiske tilstanden vår. Koret har potensiale til ei djupare form for eigarskapskjensle, sidan desse let individet oppfylle tre grunnleggjande menneskelege motiv: virkeevne og påverknadskraft, sjølvidentitet, og det å høyre til. Det eksisterer vegar til psykologisk eigarskap som avhengig av visse faktorar kan få ulike effektar, både funksjonelle og dysfunksjonelle (Pierce et al., 2001).

Identitet kan bli forstått på ei rekkje måtar, der visse retningar fokuserer på identitet som ein indre og subjektiv prosess, medan andre retningar fyrst og fremst legg vekt på identitet som eit produkt av større strukturar og system i samfunnet. Sjølvidentitet kan bli definert som «the capacity to keep a particular narrative going» (Giddens, 1991, s. 54), eller som individet si kjensle av «å vere den same», å oppleve kontinuitet i sjølvoppfatning og å vere forskjellig frå andre (Ruud, 2013, s. 52). Gruppeidentitet kan bli forstått som at identiteten veks fram gjennom sosial interaksjon med andre menneske basert på konteksten og kva funksjon eller rolle ein har, eller blir tolka til å ha av andre. Ein konsekvens av dette er mellom anna at ein person kan ha fleire identitetar, samtidig som ein også kan dele identitet med andre (Deaux, 2000). Sjølvvet, sett frå eit konstruksjonistisk perspektiv, kan også bli oppfatta som grunnleggjande dialogisk, og på denne måten transcendere dei kulturelle avgrensingane gitt av individualisme

på den eine sida og rasjonalisme på den andre. Det dialogiske sjølvet, er basert på premissen at same person kan ha fleire ulike eg-posisjonar (Hermans et al., 1992). Kategorisering (kollektiv ekstern definisjon) og gruppeidentifikasjon (kollektiv intern definisjon) må bli sett i samanheng, då det eksisterer eit dialektisk forhold mellom dei (Jenkins, 2008, s. 106–111). Utviklinga av gruppeidentitet heng såleis saman med korleis ein oppfattar likskapar og ulikskapar til andre grupper. Identitetskonseptet har også motteke kritikk på grunn av det ofte er regulert av ein herskardiskurs (Diamond, 2007). Samla sett finst det haldepunkt for å undersøke to sider ved identitetskonseptet, med sjølvidentitet/personleg identitet på den eine sida og gruppeidentitet/kollektiv identitet på den andre. Desse to formene for identitet kan synleggjere spenningsforhold, der ulike aktivitetar og opplevingar dreg i ulike retningar.

Ein vanleg distinksjon i sosialpsykologien er skiljet mellom primærgrupper og sekundærgrupper (Ilstad, 2004, s. 127; Renolen, 2008, s. 215; Raaheim, 2002, s. 18–19; Underlid, 1997, s. 16). Ei primærgruppe pregar individet på ein svært djuptgripande måte, medan sekundærgrupper gjerne er større enn primærgrupper, og samhaldet er meir basert på felles interesser enn på personlege band. Det er forholdet den enkelte medlem har til gruppa som avgjer om ho kan karakteriserast som ei sekundær- eller primærgruppe (Gjøsund & Huseby, 2009, s. 29–30). I familieforhold er mennesket vanlegvis knytt opp i eit etisk system styrt av nære band og opplevinga av at andre er sårbare og avhengige av ein. I kontrast til dette er ei plikt noko absolutt, kan vanlegvis formulerast i ein regel eller norm, og skal den hjelpe oss med å få tak i kva som er rett å gjere. Pliktetikken skil seg frå andre typar etikk ved at han ikkje inkluderer andre verdiar og gode som grunnlag for handling (Henriksen & Vetlesen, 2006, s. 162).

Sosial kapitalteori peikar på den samla verdien som ligg i sosiale nettverk. *Bonding*, *bridging* og *linking* er formar for sosial kapital som fungerer på ulike måtar. Om ei gruppe utviklar ulike formar for sosial kapital er derfor ikkje snakk om anten-eller, men meir graderte dimensjonar som gjer at ein kan samanlikne ulike typar sosial kapital (Putnam, 2001, s. 22–23). *Community* kan oppfattast som eit uttrykk for ei søking etter noko som er øydelagd av moderniteten. Samtidig finst det i det moderne samfunnet nye måtar å kommunisere på, noko som skapar ustabile, flytande, veldig opne og sterkt individualiserte grupper. Desse nye formane for *community* er mindre geografisk bundne enn før, og skapar nye moglegheiter for å høyre til, frå det lokale til det nasjonale og transnasjonale (Delanty, 2010, s. 151–153).

Til saman dannar dette det teoretiske grunnlaget for diskusjonane i del B og C. I analysekapitla vil eg i diskusjonane i størst mogleg grad syne til teorikapitlet, men enkelte stadar vil eg gjengi utdrag frå teoriar der eg ser på dette som naudsynt for argumentasjonen.

4 Metodiske framgangsmåtar

I dette kapittelet vil eg gå gjennom metodevala eg har gjort i samanheng med generering og analyse av empiri/data. Fyrst vil eg ta opp nokre tema knytt til forskarrolla, metodeval, triangulering, overføringsverdi og kvalitet, før eg gå nærare inn på dei ulike fasane av prosjektet og dei metodevala eg har gjort undervegs.

4.1 Forskarrolla og lokale statusar

Sjølv er eg oppvaksen i sunnmørsbygda Ørsta, med sysken, foreldre og beste-foreldre som har vore aktive i kor, både som songarar og dirigentar. I dag syng eg blant anna i blandakoret Skruk, som dei fleste på Sunnmøre kjenner til. Medan eg var stipendiat og lærar på Høgskulen i Volda, og som deltakar i det lokale musikklivet som dirigent, fiolinist og songar, hadde mange eit forhold til meg som person. Alt dette kunne i varierende grad påverka forventingane folk hadde i møte med meg. Eg var ein av dei «innfødde», men også på somme vis ein representant for det folk ser på som ein «profesjonell». Når eg i tillegg hadde ikledd meg rolla som forskar, ei rolle som kan verke framand for mange, kunne dette ha vore med på å påverke informasjonen som eg har fått del i. Det er slik mogleg at nokre av informantane kan ha pynta på opplevingane sine for å gjere dei meir interessante, medan nokre kan ha tenkt at det har vore unødvendig å fortelje meg ting sidan eg var ein av dei.

4.1.1 Statusar

Aase og Fossåskaret (2007) skriv om relasjonen forskaren må etablere i høve dei han skal samhandle med. Relasjonar vert etablerte mellom statusar i eit statussett, som gjer det mogleg for samhandlingspartane å stille rolleforventingar til kvarandre. Ein vellukka deltakande observasjon er for det fyrste avhengig av at forskaren har lukkast i å etablere relasjonar til intervjupersonane, og for det andre at han har eit reflektert forhold til den statusen han vert tildelt og til si eiga rolleutforming (s. 61).

For min del har eg hatt fleire moglege statusar i møte med forskingsfeltet mitt. Eg har til dømes kunne hatt statusar som son til foreldra og bror til syskena mine, klassekamerat, kompis, frikyrkjemann, korsongar, fiolinist, lærar, høgskuletilsett og forskar. Om eg kjem på ei korøving som korsongar, og plutseleg skiftar om til å vere forskar, kan dette gjere folk usikre på kva dei kan forvente av meg. Det same gjeld om eg kjem som forskar, og med eitt oppfører meg som ein korsongar. Når dette er sagt ser eg ikkje på det som noko ulempe at eg har hatt høve til å ha desse ulike statusane, for dei har også vore hjelpsame i arbeidet med å utforme ei gunstig forskarrolle.

Det å ha høve til å ha ei rekkje ulike statusar kan vere ein fordel når ein forskar på heimstaden sin. Dei lokale statusane mine kan gi meg innpass hjå dei som eg ynskjer å forske på. Sidan statusen som forskar for dei fleste er ein ukjend storleik, vil eg som innehavar av lokale statusar vere i stand til å skape relasjonar på ein naturleg måte, som liknar meir på relasjonar folk flest er vane med frå kvardagen sin.

Aase og Fossåskaret (2007) understrekar likevel at det kan vere viktig å tone ned dei lokale statusane sine til fordel for ein forskarstatus etter kvart som relasjonane kjem til. Det kan verke meiningslaust for ein sambygding å forklare meg ting «eg burde vite». Men ved å etablere ei forståing av forskarrolla hjå dei eg søker kontakt med, kan dette opne for ei anna type reflektering over den kvardagslege praksisen dei er inne i. Dei særskilte utfordringane mine ved å ha ei rekkje lokale statusar, kan derfor også vere ein døroppnar for relasjonskaping i forskingsfeltet.

4.2 Om val av metode

Ifølgje nynorskordboka er metode definert på følgjande vis:

metode m1 (gr methodos, eigentleg 'det å følgje ein viss veg mot eit mål'; av meta- (2) og -ode) systematisk framgangsmåte naturmetode / munn-mot-munn-metoden / vitskapleg metode / innføre nye metodar i undervisninga. («Nynorskordboka», 2018)

Dei fleste metodelærebooker peikar på at målet avgjerande for val av metode. Det er sjølvsagt mogleg å finne mange andre inngangar til korfeltet på Søre Sunnmøre enn den eg har valt. Kombinasjonen av kjennskapen min til tidlegare forskning på dette feltet, prosjektets problemstilling og forskingsspørsmål, samt refleksjonar over metodiske utfordringar ved å forske på eigen heimstad, har vore avgjerande for dei metodevala eg har gjort.

Valet av metode for generering av empiri ligg i ein kombinasjon av kvalitative metodiske tilnærmingar. På bakgrunn av ei kartleggingsundersøking har eg gjennomført feltarbeid hjå fire lokale kor på Søre Sunnmøre. I feltarbeidet har eg kombinert deltakande observasjon med halvstrukturerte forskingsintervju som har blitt gjennomførte i etterkant av observasjonsperiodane. Intervjupersonane har vore dirigentar, personar frå korets styre og vanlege medlemmar. I enkelte tilfelle har dette blitt supplert med tilgjengelege dokument vedrørande koret si drift (strategiar, styrepapir, historiske skriv o.l.). Kvale og Brinkmann (2009) skriv i boka *Det kvalitative forskningsintervju* om heile prosessen frå førebuing til analysing, og tek også føre seg utfordringane knytt til validering av intervjumaterialet, noko eg har hatt fokus på heilt frå starten av prosjektet.

Katrine Fangen (2010) skildrar forholdet mellom deltaking og observasjon som ein gradvis overgang, der dei ulike nivåa av deltaking i det aktuelle miljøet blir problematisert med utgangspunkt i blant anna Hans Skjervheim og Jürgen Habermas sine teoriar. Det er ikkje eit ideal å vere fullstendig observatør utan forkunnskap til forskingsfeltet. Idealet er å gå inn i feltet med eit opent sinn, men samtidig med kunnskap nok til å nærme seg feltet på ein god måte (s. 14, 47). Cato Wadel (2014) skriv at noko av utfordringa ved å skulle gjere feltarbeid på eigen kultur er at mange av dei grunnleggjande verdiane våre og store delar av den kulturelle kunnskapen vår, er uuttalt og umedvite (s. 26–27). Giddens (1984) skildrar denne gjensidige felleskunnskapen («mutual knowledge») som «not directly accessible to the consciousness of actors» (s. 4). Denne typen kunnskap er for det meste av praktisk karakter: den er innebygd i evna til å «halde fram» innanfor rammene av det sosiale livs rutinar. Den gjensidige felleskunnskapen

hjelper feltarbeidaren til å forstå det han observerer. Samtidig kan dette føre til at ein ikkje klarer å sjå eller setje ord på viktig informasjon om kva som utgjer særpreget ved denne kulturen, sidan denne kunnskapen er så sjølvsgagt.

Som eg nemnde i innleiinga av dette kapittelet, tok eg med meg mykje for-kunnskap og forventingar inn i feltet. Sidan eg til dei grader var involvert i den kulturen eg ynskte å forske på, var det viktig for meg å gjere nokre grep som gjorde meg i betre i stand til å sjå det sjølvsgagte i kjende situasjonar, og samtidig klare å setje ord på og stille spørsmål ved element i den gjensidige felleskunnskapen Giddens talar om. I denne samanhengen skil Giddens mellom diskursiv og praktisk medvit, der aktøren (i dette tilfellet meg sjølv) stort sett har bruk for den praktiske typen i møte med omverda. Det praktiske medvitet kan gjennom refleksiv sosialisering og læringsopplevingar bli gjort eksplisitt og gå i retning av diskursivt medvit, ei språkleg formulering av reglar, motiva-sjonar og årsakar bak handling (Giddens, 1984, s. 4–7). Desse grepa bestod for min del av følgjande punkt:

- 1 Tenkje gjennom mine egne oppfatningar og fordommar knytt til feltet i forkant av empirigenereringa. Dette innebar særleg å setje ord på kva eg forventa å finne i feltarbeid og i intervju, og reflektere kritisk over kvifor eg hadde nettopp slike forventingar, samt kva føresetnader som måtte ligge til grunn for at desse forventingane skulle bli oppfylte.
- 2 Designe og gjennomføre ei kartleggingsundersøking i feltet. Dette følte eg var viktig for å ha ein annan type kunnskapsbase å støtte meg til, ikkje minst i høve metodetriangulering.
- 3 Finne ei passende grad av deltaking under feltarbeidet, som opna for både ei god innleving i det som skjedde, men også nok distanse til at eg kunne stille spørsmål med det kormedlemmane tok for gitt.
- 4 Gi god informasjon både ved innleiinga av feltarbeidet og intervjuet. Med god informasjon meiner å skape ei forståing av kva eg var interessert i, det vil seie at det ikkje var naudsynt å «sile» informasjon så strengt då eg var interessert i høyre *deira* historie.
- 5 Skrive rikhaldige feltnotat som inneheldt «sjølvsgagt» informasjon om standard aktivitetar, og som også inkluderte undringar og tankeinnfall eg fekk under observasjonane.
- 6 Gjennomføre intervjuet på ein måte som opna for at intervjupersonane i størst mogleg grad fekk sleppe til med sine personlege perspektiv, mellom anna ved å oppmuntre til *forteljande* svar.
- 7 Gi meg sjølv nok tid til å fordøye materialet samt å få det på avstand.

- 8 Gjennomføre ein grundig og empirinær analyse som minskar effekten av at «eg berre ser det eg ser etter».

Til saman vonar eg desse grepa, kombinert med ei reflektert haldning til utfordringane ved å forske på eigen kultur, har gjort meg i stand til å løfte fram mykje av det særeigne med feltet eg undersøkte.

4.2.1 Metodetriangulering

Både Hammersley og Atkinson (2007), Thagaard (2013) og Fangen (2010) skriv om triangulering som eit middel for validering og sikring av resultat. I tillegg til respondentvalidering (som i effekt er ein form for triangulering), teoritriangulering og triangulering ved hjelp av fleire forskarblikk i ei forskargruppe, er metodetriangulering ei vanleg form. Metodetriangulering inneber at ein samanliknar data produsert gjennom ulike innsamlingsteknikkar (Hammersley & Atkinson, 2007, s. 183–184). Medan Thagaard (2013) trekker fram at å kombinere kvalitative og kvantitative metodar kan gi fordelar på grunn av det gir ulike type data innanfor same forskingsprosjekt (s. 18), skriv Fangen (2010) om den verdifulle informasjonen som kan ligge i det å kombinere tolkingar frå deltakande observasjon med intervjuresultat. Intervju kan dermed nyttast for å belyse dei observasjonane som er blitt gjorde, medan observasjonane også kan vere med på å forklare påstandar og meiningar som kjem fram gjennom eit intervju (s. 171). Om ein opplever eit avvik mellom observasjon og intervjuresultat kan dette også vere svært verdifull informasjon, som kan bli tydeleggjort gjennom metodetriangulering. I dette prosjektet har både desse innfallsvinklane til triangulering vore aktuelle. Ikkje minst har kartleggingsundersøkinga som eg gjennomførte i forkant av observasjonsperiodane vore ein nyttig kunnskapsbase å møte påstandar og refleksjonar frå intervjupersonane med. Inntrykka frå observasjonsperiodane har også utgjort ein viktig del av bakgrunnen for å forstå informasjon frå intervjuet eg gjennomførte.

4.2.2 Metodeval i ein forskingsprosess

Valet av problemstilling og forskings spørsmål, samt definisjon av omgrep og forskingsfelt, har vore viktige for val av metode. Kvale og Brinkmann (2009) skriv om dette at: «temaets karakter har forrang og bør diktere hvilke metoder som brukes. Vi bør overveie hva vi ønsker å vite, før vi bestemmer hvordan vi

vil innhente denne kunnskapen» (s. 306). Ein kan dermed bli freista til å sjå på metodevala som noko underordna forskingsobjektet sitt vesen, og at det eigentlege metodevalet berre er ein konsekvens av at ein utfører ein kreativ definisjon og avgrensing av forskingsobjektet. Men om ein ser nærare på korleis metodeval eigentleg skjer, så er ikkje realiteten heilt slik.

I gjennomføringa av eit forskingsprosjekt gjer ein mange val. Mange av desse er ein rimeleg medviten i utgangspunktet, medan mange av vala blir ein klar over fyrst i etterkant. Nokre val blir ein aldri klar over at ein har gjort, noko som i for seg er heilt greitt – om ein skulle gå å grunne på alle val ein gjer i alle situasjonar vil det fort gå utover framgangen til prosjektet. Men mange av vala er som sagt ganske medvitne. Eg har til dømes bestemt meg for eit felt eg ynskjer å forske på, eg har freista å formulere ei problemstilling, og eg har måtte gjort ein del tøffe val om kva eg ikkje har ynskt å gå i djupna på, sjølv om det kan verke forlokkande og interessant. Dette gjeld til dømes historiske perspektiv knytt til kortradisjon og dirigentbiografiar. Eg har også bestemt meg for visse metodar som eg meiner er godt eigna for å finne den informasjonen eg er ute etter, og gjort ein del førebuingar i høve desse metodane. I etterkant kan det sjå ut som om mange av desse vala har vore nøye planlagde og målretta, men når sant skal seiast har røyndomen bore preg av pragmatiske og delvis medvitne val, gjort av både meg og av andre i samarbeid.

Det er heller ikkje slik at dette har skjedd i ei viss rekkjefølgje. Eg visste til dømes tidleg at eg hadde lyst å gjennomføre eit prosjekt basert på kvalitative metodar, noko som gir visse føringar for kva problemstillingar og framgangsmåtar som er «interessante». Eg byrja også tidleg å lese meg opp på sosiologisk og psykologisk teori, noko som har vore med på å rette fokuset mitt mot visse måtar å sjå samfunn og menneskeleg samhandling på. Til saman har dette ført til ei tilnærming mellom det eg har gjort, lest og tenkt, og mi forståing av desse handlingane, der valet av metode har vore ei kreativ handling gjort i samspel med denne tilnærminga.

Ein annan måte å forklare dette på vil vere å seie at eg gjennom oppstartingsfasen har skaffa meg innsikt i ein metodologisk tradisjon, noko som har gjort meg i stand til å sette i gong eit forskingsprosjekt som kan bli evaluert og kritisert i den vitskaplege tradisjonen eg opererer innanfor. Men dette underslår ikkje faktumet at ein gjennom val av metode også gjer nokre avgjerande val i høve korleis ein ynskjer å forstå forskingsfeltet eins. Nokre vil kalle dette eit verdival, og litteratur om kvalitativ metode kan gi visse haldepunkt for ei slik forståing. I *Systematikk og innlevelse* skriv Tove Thagaard (2013), med

referanse til metodikarar som Denzin & Lincoln, Neuman, Repstad og Grønmo, at kvalitative metodar søker å gå i djupna og vektlegg tyding, dei inneber å framheve prosessar og mening som ikkje kan målast i kvantitet eller frekvens, dei omhandlar prosessar som tolkast i lys av den konteksten dei inngår i, og dei søker ei forståing av sosiale fenomen, anten ved ein nær relasjon til informantane ved intervju eller observasjon, eller ved analysar av tekster og visuelle uttrykksformer (s. 17–18). Metodevala mine er gjort nettopp for å oppnå dette, fordi det er dette eg synest er interessant i møte med eit ungt forskingsfelt.

4.2.3 Kvalitet i ein kvalitativ studie

Når ein skal diskutere kvaliteten i ein studie er det vanleg å nytte dei tre kriteria *reliabilitet* (pålitelegheit), *validitet* (gyldigheit) og *generaliserbarheit* (Kvale & Brinkmann, 2009, s. 202; Tjora, 2012, s. 246). Sjølv om desse omgrepa i utgangspunktet har vore nytta for å vurdere kvaliteten i kvantitativt orienterte forskingsprosjekt, har dei også etablert seg innanfor kvalitativt orientert forskning, men då med eit noko anna innhald. På grunn av at desse omgrepa har utspring i ein kvantitativt orientert forskningstradisjon, har bruken av dei i kvalitative studiar blitt problematisert. I staden for desse er dei derfor blitt foreslått erstatta med omgrep som *truverd*, *avhengigheit*, *bekreftbarheit*, og *overførbarheit* (Fangen, 2010, s. 236–237; Thagaard, 2013, s. 22–23; Tjora, 2012, s. 202). Postholm (2005) trekker fram *forståing* som eit nyttig omgrep å bruke i kvalitativ forskning, der målet med ein studie først og fremst handlar om å nå fram til ei større forståing av forskingsfeltet. Kvaliteten på forskinga handlar dermed om i kor stor grad forskaren klarer å synleggjere korleis denne forståinga blir utvikla i samspel med alle impliserte partar, settingen som blir undersøkt, og på bakgrunn av studiens fokus og hovudspørsmål (s. 130–131).

Generaliserbarheit er knytt til forskingas gyldigheitsområde utanfor dei einingane som faktisk er undersøkt (Tjora, 2012, s. 202). I somme prosjekt ser ein bort frå temaet generalisering. Målet med slike prosjekt kan vere å gå djupt inn i ei spesifikk problemstilling eller å finne ei løysing på eit konkret problem, der ein ikkje har ambisjonar eller ynskje om at resultatet skal gå utover det undersøkte tilfellet (Tjora, 2012, s. 208). I tråd med postmodernistisk tankegods er både søkinga etter universell kunnskap og trua på det individuelle og unike byta ut med ei vektlegging av kunnskapens mangfald og kontekstavhengigheit, noko som inneber ei rørsle frå *generalisering* til *kontekstualisering*. Dette inneber at ein i kvalitativ forskning har hatt behov for å redefinere kva generalisering tyder

(Kvale & Brinkmann, 2009, s. 264–265; Tjora, 2012, s. 207). Tjora (2012) skisserer tre former for generalisering, som kvar på sin måte møter kravet forskinga har til gyldigheit utanfor det undersøkte område. *Naturalistisk generalisering* inneber ein rapportert detaljrikdom som gjer at lesaren sjølv kan vurdere om resultatata har gyldigheit utover rapporten sitt tema. *Moderat generalisering* betyr at forskaren sjølv skildrar situasjonar der forskingsresultat kan vere gyldige. *Konseptuell generalisering* inneheld utviklinga av konsept, typologiar eller teoriar som vil ha relevans for andre tilfelle enn det som er blitt studert (s. 208–209). Det er denne type generalisering som er målsetjinga for SDI-modellen som eg mellom anna har nytta i dette prosjektet, og som blir forklart nærmare i kapittel 4.6.3.

Thagaard (2013) og Fangen (2010) argumenterer for at *overførbarheit* er eit nyttig omgrep å bruke for å skildre målsetjinga for enkelte kvalitative studiar. Som sagt vil ikkje dette vere målet for kvalitative studiar som har som formål å skildre, ikkje analysere, ein spesifikk samanheng. I denne studien har eg derimot hatt som ambisjon at resultatata skal kunne vere overførbare til liknande samanhengar og situasjonar, noko Thagaard (2013) skildrar på følgjande vis:

Overførbarhet kan betegnes som en rekontekstualisering når den teoretiske forståelsen som er knyttet til et enkelt prosjekt, settes inn i en videre sammenheng. På den måten kan en enkelt undersøkelse bidra til en mer generell teoretisk forståelse hvor sosiale fenomener og ikke enkeltstående situasjoner er i fokus. (s. 210–211)

Tjora (2012) på si side er bekymra for at bruken av *overførbarheit* i staden for *generalisering* kan medføre ei innsnevring av kva form for generalisering ein kan tenkje seg frå kvalitative studiar, ei bekymring som mellom anna er noko av motivasjonen til utviklinga av SDI-modellen (s. 209). Eg har likevel valt å nytte omgrepet *overføringsverdi* i den vidare diskusjonen knytt til studien sin kvalitet, då dette gir gode høve til å diskutere relevante element i denne studien.

4.2.4 Overføringsverdi

Thagaard (2013) knyter *overførbarheit* til to forståingar. På den eine sida kan *overførbarheit* knytast til at ei tolking vekker gjenklang hjå lesarar med kjennskap til dei fenomena som vert studert. På den andre sida handlar det om at den forståinga ein forskar utviklar innanfor ramma av eit enkelt prosjekt, også kan vere relevant i andre situasjonar. I dette tilfellet må forskaren «argumentere for de betingelsene som bidrar til at en tolkning basert på studier i én

sammenheng også kan ha relevans i andre sammenhenger» (s. 194). Om eg som forskar ynskjer å sikre overføringsverdien til resultatata frå studien min, må eg argumentere for visse vilkår som gjer at dei eventuelle resultatata frå studien også kan ha relevans i andre samanhengar.

Når ein sjølv nyttar seg av tidlegare forskning skjer dette gjerne på to måtar. Den eine måten handlar om å ha god kjennskap til det feltet og den tradisjonen ein sjølv er innanfor. Ved å kjenne til kva andre er komne fram til kan ein vere effektiv ved å bygge vidare på eksisterande kunnskap, samt ein kan posisjonere forskinga si i forhold til anna forskning. Ein annan måte å nytte seg av tidlegare forskning er ved å nytte han originalt. Ved å sjå nye bruksmåtar av eldre resultat kan ein auke overføringsverdien til resultatata frå tidlegare forskning. Med andre ord er ikkje overføringsverdien alltid kjend i det eit forskingsprosjekt er over. Dei resultatata ein sit med kan nyttast på nye måtar og dermed få ein annan og større overføringsverdi. På same vis kan det sjølv sagt vere at nye funn slår beina under tidlegare funn, og på den måten reduserer overføringsverdien til resultatata frå tidlegare forskingsprosjekt.

Det er vanskeleg å vite korleis resultatata frå denne studien kan bli nytta i framtida. Derfor blir det meir naturleg å diskutere korleis ein gjennom gode metodeval kan hindre å minske overføringsverdien til resultatata i studien. Målet må dermed bli å syne kva faktorar som kan redusere overføringsverdien, og syne korleis ein gjennom gode val kan minske påverknaden av slike faktorar. Når Thagaard (2013) talar om vilkår som gjer resultat relevante i nye samanhengar, trur eg ho syner til dei grepa ein som forskar gjer for å unngå nettopp desse faktorane. Det er med andre ord snakk å gjennomføre prosjektet på ein god og tilfredsstillande måte som reduserer faren for at andre kan trekke forskingshandverket i tvil.

4.2.5 Metodeval og prosjektet sin overføringsverdi

Eg har altså gjort ei rekkje val som har vore med å forme metodane eg har nytta i dette forskingsprosjektet. Desse vala var kreative handlingar som stod i eit dynamisk samspel med den prosessen eg var inne i. Når eg har valt å gjennomføre ei kartleggingsundersøking, feltarbeid, utføre intervju og delta-kande observasjon, samt analysere relevante dokument, er dette ikkje berre store, prinsipielle val. Det har også vore akkompagnert av ein mengde små meir eller mindre medvitne val. Det som til sjuande og sist er med på å bestemme kvaliteten på denne delen av prosjektet, er om eg i stand til å greie ut, på ein

gjennomsiktig og etterretteleg måte, kvifor eg har gjort dei vala eg har gjort og prøve å bli mest mogleg medviten grunnane til at ting blei som det har blitt. Eg er også nøydd til å kunne argumentere for at dei vala eg har gjort er vitskapleg haldbare, eventuelt kunne vere i stand til å imøtegå argument som trekker vala mine i tvil. Eg vil lenger nede i kapittelet gå meir detaljert inn på dei ulike metodevala eg har gjort i dei ulike fasane av prosjektet, men først vil eg greie kort ut om nokre punkt som eg vonar er med på å klargjere utgangspunktet og rammene rundt den metodiske strukturen i prosjektet.

For det fyrste har eg gjort nokre strukturelle grep i høve forskingsfeltet mitt. Då ein i dag i samfunnsforskning ikkje lenger er ute etter å finne «den eine sanninga» om sosiale og samfunnsmessige forhold, er ein meir interessert i å belyse og forstå delar av samfunnet på nye og interessante måtar. Å gjere strukturende grep er ein kreativ del av forskingsprosessen som opnar visse dører og stengjer andre. Det viktigaste er uansett å vere klar over dei strukturane og mønstra ein innordnar funna sine etter, og ikkje tru at ein er i stand til å gi uttømmmande forklaringar. Dei strukturende grepa eg har gjort vil etter mi meining ikkje minke resultat sin overføringsverdi, men heller gjere dei meir handterlege for både meg andre som ynskjer å nytte mine forskingsresultat.

For det andre har eg forsøkt å synleggjere denne studiens forhold til relevante forskningstradisjonar. Forskingsaktivitet vil alltid vere bygd på ei viss mengd fordommar og taus kunnskap, og ein god kjennskap til tidlegare forskning kan vere med på å minke denne mengda. Kjennskap til tidlegare forskning kan også vere med på å gjere nye forskingsprosjekt relevante, då dei kan vere meir målretta. Det å stå i ein forskningstradisjon kan også vere med på gjere forskingsresultat lettare tilgjengeleg og meir forståeleg. Særleg når det kjem til bruk av omgrep, språk og metodar vil ein i visse tradisjonar ha forståingar som meir eller mindre taust er ein viktig del grunnlaget for å kunne dele forskingsresultat mellom seg. Utan denne kjennskapen vil ein kunne risikere å blande omgrepsbruk og språklege storleikar frå ulike tradisjonar, noko som igjen kan skape tvil om korleis forskingsresultata skal bli forstått. Eg vonar eg har vist ein viss kjennskap til tidlegare forskning, og trur dette også kan vere eit viktig grep for å unngå å redusere overføringsverdien til eventuelle resultat eg er komen fram til i dette prosjektet.

For det tredje har eg teke stilling til eit tema som har vore debattert i vitskaplege krinsar, nemleg forholdet mellom forskar og informant, eller nærare bestemt utfordringa ved å forske på eigen kultur. Utan å ha argumentert uttømmmande for dette temaet vil eg med bakgrunn i blant andre Aase og Fossåskaret (2007),

Wadel (2014) og Thagaard (2013) kunne seie at det ikkje lenger er noko ideal å vere totalt uforståande i møte med feltet. Det som kan svekke overføringsverdien i slike tilfelle er eit ureflektert forhold til sine egne fordommar og lokale statusar. Denne refleksjonen er noko som ein må ta med seg gjennom heile forskingsprosessen, og følgjeleg vonar eg at eg har fått ein god start ved å vere var dette temaet allereie i oppstartinga av prosjektet.

For det fjerde er metodevala mine basert på etablerte og velprøvde forskingsmetodar frå vitale vitskaplege tradisjonar. Valet av deltakande observasjon kombinert med intervju gir meg høve til å følgje ein praksis frå «innsida», samtidig som det gir meg høve til å nyttegjere meg av den kontakten dei lokale statusane mine kan opne for i forskingsfeltet mitt. Viktigast av alt er det likevel å vere klar over kva type informasjonsskaping ein opnar for gjennom dei metodevala ein gjer. Funna frå ein forskingsaktivitet basert på desse metodane vil, så langt eg kan sjå, ha ein overføringsverdi til liknande fenomen og samfunnsmessige forhold. Overføringsverdien minkar ikkje så lenge eg er tydeleg med kva situasjon og under kva forhold resultatene er blitt til i. Men valet av desse metodane vil ikkje ha nokon verdi om ikkje det finst ein aksept i vitskaplege miljø for at dei er brukbare for å skaffe kunnskap med overføringsverdi. Dette heng saman med om forskinga er av god kvalitet, og om metodane er utført på ein måte som tek vare på denne kvaliteten.

4.2.6 Reliabilitet og validitet

Faglitteraturen om kvalitativ metode representerer ulike synspunkt på kva dimensjonar som er relevante for å studere kvaliteten på forskinga. Wadel (2014) skriv at kvalitativt orienterte forskarar i fyrste rekke er ute etter observasjonar som er informantkontrollerte, er oppnådde ved deltakande observasjon, og skjer på lågaste abstraksjonsnivå. Eit kvalitetsteikn på forskingsmetoden blir dermed om dei tilfredsstillar desse krava (s. 190). Thagaard (2013) trekker fram Corbin og Strauss sitt omgrep *truverd*, samt understrekar at resultat frå ulike studiar kan bekrefte kvarandre om dei blir vurderte utifrå dei vilkåra som tolkingane baserer seg på (s. 193–194). Pål Repstad (2007) skriv at omgrepa *reliabilitet* og *validitet* er gode og innarbeidde uttrykk for å skildre kvaliteten på ein studie. Han understrekar likevel at det er viktig å nytte desse omgrepa med fornuft, sidan ein til dømes vanlegvis meiner at reliabiliteten er høg når ulike observasjonar gjer dei same registreringane når dei undersøker det same fenomenet. Dette blir sjølvstundom litt vanskeleg når fenomenet er sterkt

kontekstavhengig, men kan løysast ved at ein inkluderer ei kontekstuell tolking av registreringane (s. 135). Kort og godt handlar desse uttrykka om at ein skal vere påliteleg, nøyaktig og grundig, samt at ein stiller seg kritisk spørjande til om ein ved dei framgangsmåtane ein har valt får svar som kan nyttast til å svare på forskingsspørsmåla eins. Kravet blir dermed at ein må gjennomføre eit godt handverk, frå start til slutt, og at ein har metodar for å sikre dette (Kvale & Brinkmann, 2009, s. 253–264).

Å velje ein eller fleire metodar påverkar mange element i eit forskingsprosjekt, frå strukturerande grep av forskingsfeltet, til problemstilling, og i seinare fasar også tolking av data. Overføringsverdien til dei resultata ein sit att med etter eit avslutta prosjekt kan ein ikkje vite nøyaktig, men ein kan sørgje for å gi tilstrekkeleg med informasjon rundt alle ledd i studien slik at forskingsmiljøet sine krav til validitet og reliabilitet blir innfridde. Det som slår meg som det viktigaste for å oppnå høg overføringsverdi er, som Repstad (2007) skriv, at «[e]n viktig del av forskningsprosessen består i å vurdere kritisk kvaliteten på den forskning man har utført. Dette er en vurdering som bør skje løpende under hele prosjektets gang» (s. 134–135). Metodevala mine er dermed noko som påverkar designen av heile studien, nok som stiller høge krav til at eg heile tida tek høgde for den dynamiske forma eit slikt forskingsprosjekt har. Berre ved å vere klar over kva konsekvensar den stadige kunnskapsutviklinga har for studien sin dynamiske form, kan ein vere i stand til å stille dei rette kritiske spørsmåla «løpende under hele prosjektets gang». Dette kan bidra til at ein er i stand til å argumentere for dei vilkåra som gjer at resultata frå studien også kan ha relevans i andre samanhengar, og dermed ein god overføringsverdi.

4.3 Etikk, anonymitet og konfidensialitet

Dette prosjektet er tilrådd av Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste A/S under tittelen «Korkultur på Søre Sunnmøre». Av endringar som er komne til etter den originale godkjenninga, er ein endringssøknad i samanheng med at eg bestemte meg for å inkludere kartleggingsundersøkinga, samt at datoen for avslutting og anonymisering av datamaterialet er søkt og godkjend utsatt etter kvart som eg såg at eg trengde meir tid for å fullføre prosjektet.²²

²² Sjå vedlegg (2).

Kvale (2009, s. 80–81) skriv at etiske problemstillingar pregar heile forløpet i ei intervjuundersøking, og grupperer desse problemstillingane i sju forskingsstadium. Når det gjeld etiske problemstillingar i samanheng med *tematiseringa*, som ei vurdering av prosjektets vitskapelege verdi samt omsyn til den eventuelle forbetring av den menneskelege situasjonen som blir utforska, har eg skrive om dette i kapittel 1. Når det gjeld *planlegginga* av prosjektet skriv Kvale at dette omhandlar å innhente intervjupersonane sitt informerte samtykke til å delta i studien, sikre konfidensialitet, samt vurdere kva moglege konsekvensar studien kan ha for intervjupersonane. Alle kora fekk tilsendt eit informasjonsskriv i forkant av observasjonsperiodane der eg informerte om prosjektet, samt anonymitet, konfidensialitet, høve til å trekke seg frå studien med meir. Den same prosedyren gjennomførte eg med alle intervjupersonane i forkant av intervjuet. Skjema for informert samtykke blei returnert i signert tilstand for trygg oppbevaring.²³ Oppbevaring av dokument og lydfiler som inneheldt sensitiv og identifiserbar informasjon har vore bevart trygt på ekstern harddisk låst inne på kontor eller privat. I arbeidet med analysen har rettleiar fått lese utdrag som ikkje har vore anonymisert, men ikkje informasjon som eg har vurdert som sensitiv. Det må også seiast at eg grunna prosjektets tematikk i stor grad har unngått sensitive personopplysingar. Når eg likevel har teke dette på høgste alvor er det fordi ei av målsetjingane med prosjektet har vore å auke sjansen for at alle sider ved kordeltakinga, også dei mindre positive, har fått sleppe til. I *intervjusituasjonen* opna eg med å la intervjupersonen få lese gjennom informasjonsskrivet, samt informerte og samtalte om dei ulike punkta. Dette gjorde eg for å vere sikker på at intervjupersonen forstod kva samtykkeerklæringa innebar. Det var også eit poeng for meg å understreke punktet om anonymisering og konfidensialitet, då eg eg håpte at dette vil føre til at intervjupersonen opna seg også om tema som ikkje høyrer til i ein «normal» samtale om korsong.

Det etiske omsynet i høve *transkripsjon* av intervjuet vil eg kome tilbake til seinare i kapittelet, men sidan eg nytta meg av eksterne ressursar til store delar av denne jobben, er det viktig å understreke at dette var eit profesjonelt firma der kontrakten innebar konfidensialitet på linje med den eg lovde intervjupersonane i studien. Når det gjeld *analysing*, *verifisering* og *rapportering* er det etiske hovudpoenget til Kvale at ein ikkje må misbruke intervjuet til å framstille korkje enkeltpersonar eller tema i eit lys som ikkje kan forsvarast ut ifrå meningsinnhaldet i intervjuet. Det er også mi vurderinga at den ferdige

23 Teksten til informasjons- og samtykkeerklæringane er å finne som vedlegg (3, 5–7).

rapporten ikkje vil ha uheldige konsekvensar for korkje intervjupersonane, kora eller feltet som heilskap.

Når det gjeld konfidensialitet i forskinga vil dette seie at ein ikkje skal offentleggjere data som kan avsløre den personlege identiteten til dei ein skriv om. I kvalitativ forskning fokuserer ein vanlegvis på enkeltpersonar når ein skriv. Ein vanleg måte å sikre konfidensialitet på i ein forskingspublikasjon er å endre personnamn, stadnamn, organisasjonsnamn og anna som kan avsløre enkeltpersonars identitet (Fangen, 2010, s. 196). I denne studien har eg valt å endre personnamn og alder på alle intervjupersonane, men behalde dei originale stadnamna samt namna på kora eg følgde. Dette var ikkje ei avgjersle eg tok lett på, og eg vil kort forklare noko av bakgrunnen for at eg landa på dette. For det første ga alle kora eg inviterte med i studien uttrykk for at det å bli plukka ut til å vere med var noko positivt, og noko dei uttrykte stoltheit og glede over. Det varte heller ikkje lenge før det var vidt kjend i kormiljøet kva kor som var med i studien. For det andre er det mi vurdering at informasjonen eg fekk tilgang til gjennom observasjonsperiodar og intervju i overveldande grad er av ein positiv og lite sensitiv art. I dei få tilfella der eg har opplevd at informasjon i intervju og observasjonsperiodar har vore sensitiv, har dette vore uproblematisk å anonymisere i tekst. Dette har eg gjort først og fremst ved å fjerne informasjon om intervjupersonen, og latt utsegna få stå utan avsendar. For det tredje handlar dette om kunnskapsformidling. Gjennom å bevare kor- og stadnamn føler eg at eg får formidla noko meir om tilknytning, historie og tradisjon enn om eg hadde byta ut namna på kora med til dømes kor 1, 2 og 3. Å lage generiske namn i staden for dei originale vil heller ikkje fungere, og hadde fort nærma seg parodisjangeren. For dei med inngåande kjennskap til miljøet vil det derfor i enkelte tilfelle vere mogleg å kjenne att kven sine stemmer dei får høyre i denne avhandlinga. Samla sett vurderer eg det likevel dit at vinsten av dette valet i stor grad overgår eventuelle ulemper, om i det heile tatt er nokon ulemper, dei involverte i studien kan oppleve.

4.4 Generering av empiri

Kvalitativt orientert forskning har krystallisert seg i ein særeigen forskingspraksis som antropologar og sosiologar kallar *feltarbeid*. Kort fortald inneber feltarbeid at forskarar oppheld seg blant dei folka dei vil studere i deira naturlege omgjevnader, der ein freistar å observere direkte, samt ta del i, den samhandlinga

som finn stad mellom folk (Wadel et al., 2014, s. 17). I denne studien har eg valt ein kombinasjon av kvalitativt orienterte forskingsmetodar, nærare bestemt deltakande observasjon, halvstruktureerte forskingsintervju, i enkelte tilfelle supplert med tilgjengelege dokument om koret si drift. I tillegg til dette har eg også gjennomført ei kartleggingsundersøking som har fungert som eit viktig grunnlag for mellom anna utval av observasjonskor til studien. Ei av dei store utfordringane ved forskning generelt handlar om korleis ein skal avgrense det empiriske arbeidet, skriv Tjora (2012, s. 34), og i dette prosjektet har eg til tider følt at eg har pressa grensene for nettopp dette. Med eit så pass stort empiri-tilfang har dette både teke mykje tid samt stilt store krav til analysearbeidet. Dette har likefullt vore eit medvite val, der eg har freista ta på alvor den opne forma til problemformuleringa.

I kapitlet som følgjer vil eg greie ut om planlegging og gjennomføring av empirigenereringa, og diskutere metodiske val eg gjorde i samanheng med dette. Eg vil presentere dei ulike empirigenereringsfasane i kronologisk rekkefølge, då dei alle har vore ein viktig del av grunnlaget for neste fase.

4.4.1 Kartleggingsundersøking

I utgangspunktet hadde eg ikkje planlagd at prosjektet skulle inkludere ei kartleggingsundersøking, men under arbeidet med studiedesignen kom eg til at denne type informasjon var avgjerande for somme av vala eg skulle ta i dei neste fasane av prosjektet. Det var særleg med omsyn til utvalet av observasjonskor å inkludere i studien at eg fann det naudsynt å ha ei betre oversikt over feltet, noko eg kjem tilbake til i neste kapittel. For meg låg det også ein tanke om at eg med eit slikt grunnlag ville ha ein bakgrunn som eg seinare kunne nytte til å setje informasjonen frå intervjupersonane inn i eit større perspektiv. Ved å ha det eine auge på det landskapet som kartleggingsundersøkinga skisserte, kunne eg få ei større forståing av kvar i dette landskapet intervjupersonane plasserte seg sjølve i intervjuet. Eg var ikkje ute etter å avdekke «feilaktige oppfatningar» om korkulturen på Søre Sunnmøre, men fann det interessant å sjå i kor stor grad synspunkta til intervjupersonane var i harmoni med landskapet eller om det var andre årsaker som var viktigare i utforminga og danninga var røyndomsforståinga deira.

Studiens kartleggingsundersøking inneheldt to delar. Den første delen bestod av ei månadslang ringerunde, der målet var å skaffe meg ei oversikt over all

korverksemd på Søre Sunnmøre, samt skaffe ein kontaktperson i alle kora. Som eit utgangspunkt tok eg kontakt med ei rekkje kor eg kjende til frå før, samt med dirigentar, kantorar, kulturskulerektorar, musikarar og fleire, og bad desse fortelje om alle kora dei kjende til i nærområdet sitt. Etter kvart som eg fekk stadfesta at desse kora var aktive, førde eg dette koret opp på lista. Alle eg snakka med fekk også spørsmål om dei kjende til fleire kor enn dei eg hadde på lista, og stadig dukka det opp nye spor eg kunne følgje opp. På eit tidspunkt tok dei nye tipsa slutt, og eg såg meg fornøgd med den lista eg sat med. I fleire av desse samtalane blei det også naudsynt å diskutere kva eit kor eigentleg er, og kva som må til for å kalle noko eit kor. Mange av dei eg snakka med ynskte også å fortelje om kor som hadde eksistert tidlegare, og det var tydeleg at for fleire var det framleis sterke kjensler involvert når ein snakka om nedlagde kor. Denne undersøkinga viste seg å vere svært nyttig på mange måtar. I tillegg til primæroppgåva som var å danne meg ei oversikt over kor på Søre Sunnmøre, fekk eg også ein uformell prat med mange i feltet om korverksemd, noko som hjelpte meg med å utvide perspektivet mitt. Denne prosessen gjorde også at eg blei nøydd til å tenkje gjennom og gjennomføre ein del val, til dømes om kva tips skulle eg følgje opp, og kva eg skulle la ligge. Kvar går grensa mellom spelmannslag og kor, eller lovsonsgruppe og kor? Ofte hadde dei eg snakka med meiningar sjølv om det dei dreiv på med kunne kallast kor eller ikkje, og som regel tok eg deira meining til følgje.

Del to bestod av utvikling og gjennomføring av ei nettbasert kartleggingsundersøking, der kontaktpersonen for kvart kor svara på ei rekkje spørsmål om koret si historie og aktivitet. Kartleggingsundersøkinga blei laga i nettløysinga Questback²⁴, og bestod av 69 spørsmål, der respondenten måtte svare med årstal, mengder, avhukingar, fritekst, samt velje mellom alternativ og påstandar.²⁵ Undersøkinga var dynamisk, det vil seie at respondenten fekk oppfølgingsspørsmål basert på tidlegare svar. Invitasjonen til undersøkinga gjekk ut til alle kontaktpersonane mine, som på førehand var klarert over telefon. Dei blei oppmoda om å samrå med andre i koret om spørsmål dei var usikre på. For respondentar som ikkje hadde tilgang til nettløysing, gjennomførte eg undersøkinga i form av telefonintervju, og etter nokre månader hadde eg tilbakemeldingar frå alle kora. Den nettbaserte undersøkinga var open mellom 11. mars og 31. juli 2011.

24 Sjå kapittel 3.5.4

25 Sjå vedlegg (4).

Det må seiast at informasjonen som kjem fram i denne kartlegginga ikkje er kvalitetskontrollert opp imot andre kjelder, og at eg ikkje kan gå god for all faktainformasjonen som respondentane har gitt. Sjølv om eg i samråd med alle kora eg var i kontakt med kom fram til ein respondent som var sett på som godt egna til å svare på spørsmåla, så er det ingen garanti for at vedkomande har hatt korrekt faktakunnskap om alle sider ved koret han/ho var medlem i. Det må derfor understrekast at informasjonen som kjem fram er ein kormedlem, eventuelt i samråd med andre kormedlemmar, sine personlege vurderingar og refleksjonar rundt korets drift og tilstand.

4.4.2 Utval

I den svært rike floraen av kor på Søre Sunnmøre er det mange «blomar» som kunne ha vore plukka. Ein finn dei gamle kora, dei på over 100 år, med ei historisk ryggrad som står seg gjennom kva det skal vere, ein finn dei ambisiøse kora, med notesterke songarar med musikalsk overskot til å gjere dei «vanskelege» stykka. Dei religiøst funderte kora inngår i eit heilskapleg og viktig arbeid i diverse stats- og frikyrkjelege samanhengar, og over heile regionen finn ein dei humørfylte og lettbeinte kora, med snert og viktige møteplassfunksjonar. Kvart kor har større eller mindre innslag av ei rekkje eigenskapar, og med ei rekkje ulike funksjonar som er viktige i ulike samanhengar. Samtidig inngår alle kora i ein større samanheng, om det er sosialt, organisatorisk, geografisk, økonomisk, religiøst og musikalsk. Men fyrst og fremst består kora av ei rekkje individ som gjer ein innsats, som songarar, dirigentar, leiarar, PR-ansvarlege, sekretærar, prosjektansvarlege, initiativtakar mm.

Å gjere eit utval av dei mange aktive kora på Søre Sunnmøre var ikkje enkelt. Det handla fyrst og fremst om kva type bukett eg ynskte å ta med meg inn i analysen. Alle kor opplever både høgdepunkt og stordomstid, samt overgangar og utfordringar i løpet av eit korliv. Å plukke eit kor som på visse område opplever motgang kan syne noko viktig om korleis noko slikt verkar inn på både individ og lokalsamfunn, medan ein velfødd og ungdommeleg nyutsprungen knapp får ein til å heve blikket, løfte brystkassa og kjenne engasjement og glede bruse gjennom kroppen. Kor er baa delar, og held seg stort sett ein stad i mellom desse ytterpunkta.

Eg ynskte i utgangspunktet å gjere eit strategisk utval (Flyvbjerg, 2006, s. 229–233), det vil seie å velje kor som representerte ulike sider ved korkulturen. På

denne måten kunne eg sørge for at empirien inneheld ei viss breidde. Men det er også mogleg å gå for breitt ut. Skulle eg velje å inkludere barnekor til dømes? Eller eit kor som høyrde til eit religiøst fellesskap? I og med at kor kan vere så mangt, og ha grunnleggjande ulike føresetnader, bestemte eg meg for å avgrense utvalet til *sjølvstendig drivne vaksenkor*, det vil seie ikkje kor som er ein del av ein større organisasjon, som kyrkjekor, bedriftskor eller liknande, eller leilegheitskor som blir mobilisert til visst høve. I denne gruppa følte eg det var enklare å finne kor som var samanliknbare, og samtidig forenkla dette det metodiske arbeidet. Å inkludere barnekor hadde til dømes medført ytterlegare etiske vurderingar knytt til samtykke og anonymitet, medan eit kyrkjekor hadde aktualisert nye tematikkar som forholdet mellom kor og trusorganisasjon.

Innanfor gruppa av sjølvstendig drivne vaksenkor hadde eg likevel veldig mange å velje i. Etter ein del vurdering kom eg fram til ei rekkje faktorar som eg ynskte å ha representert i utvalet. Premissa for det strategiske utvalet blei derfor som følgjer:

- ikkje noko kor eg sjølv hadde eit veldig nært forhold til (for å forenkla det metodiske arbeidet)
- eit mannskor
- eit damekor
- eit blandakor
- eit «gamalt» kor (dvs. som har lang historie)
- eit ungt kor (dvs. som nyleg var stifta)
- eit kor i «medvind»
- eit kor som står i ein overgangsperiode
- eit kor med høgt musikalsk ambisjonsnivå
- kor frå ulike delar av Søre Sunnmøre

På bakgrunn av desse premissa kom eg etter kvart fram til fire kor som til saman dekkja alle faktorene, og tok kontakt for å presentere prosjektet. I mange studiar er utvalet eit problematisk punkt. Det er ofte vanskeleg for forskaren å få tilgang, og det som var meint som eit strategisk utval vert ofte eit strategisk ikkje-val, då ein er nøydd til å ta dei få som faktisk går med på å vere med i ein studie. Slik var det ikkje her. Alle kora eg spurde svarte ja ved første førespurnad, og var i tillegg svært positive.

4.4.3 Presentasjon av kor og intervjupersonar

I denne delen vil eg kort presentere dei fire kora og dei 16 intervjupersonane som takka ja til bli ein del av studien. Eg har ikkje teke på meg å gi eit fullstendig bilete av dei enkelte kora, til det er historia, tradisjonen og kulturen dei ber på altfor rik. Sidan eit kor kan endre seg mykje frå år til år, avhengig av ei rekkje faktorar, kan det godt hende at det har skjedd store endringar sidan eg fekk vere på besøk hjå dei. Desse presentasjonane er derfor baserte på avgrensa utklipp frå eit kors verksemd, der meininga er å gi visse fakta om kora, samt eit lite innblikk dei inntrykka eg fekk frå å følgje dei. Eg vil også seie litt om kvifor eg valde akkurat desse kora. Når det gjeld intervjupersonane vil eg skrive nokre få ord om dei, og litt om årsaken til at dei er med i utvalet. Når eg seinare i resultat- og analysekapitla referer til desse, vil eg der føye til eventuell naudsynt tilleggsinformasjon om kvar enkelt.

Brandalskoret

Eg kom om lag kl. 20.00 og parkerte ved skulen. Folk kom leande og gåande. Inne i gangen helste ein av kormedlemmane på meg. Ho visste (antok) at eg skulle forske på dei. Inne helste eg på Fredrik (dirigenten) og leiar i koret. To bassar stakk av garde for å kopiere notar.

Kl. 20.07: Fredrik tok ordet, snakka litt og introduserte meg. Eg fortalde litt om meg sjølv og om prosjektet mitt. Det blei litt tullete, kanskje ikkje seriøst nok? Men tonen var god. Det blei opna for at alle kunne stille spørsmål, begge vegar. Koret sat i ein gymsal i ein halvsirkel. Framfor koret stod eit elektrisk piano. Dei var 13 kvinner og 8 menn, men blei etter kvart 15 kvinner og 10 menn.

[Observasjonsnotat, Brandal skule, 24. mars 2011]

Brandalskoret hadde dei sju siste åra vore på ei reise. Med eit godtfungerande sosialt fellesskap på plass, følte dei tida var komen for å gjere noko med det musikalske. På dette tidspunktet blei Fredrik engasjert som ny dirigent, og han blei gitt eit oppdrag: *Løft det musikalske!*

Blandakoret Brandalskoret blei stifta i 1999 og er tilknytt Norges korforbund. Koret har vekevisе øvingar på Brandal skule, med medlemmar frå nærområdet, mest frå Hareid men også andre kommunar. Koret har til saman 33 medlemmar, der dei absolutt fleste er mellom 40–59 år. Det var nesten dobbelt så mange kvinner som menn med i koret. I løpet av eit normalt aktivitetsår opptrer koret om lag sju gongar. Datamaterialet blei samla i perioden 24. mars til 16. juni 2011 og består av observasjonsnotat frå sju øvingar, ei mindre framføring og ein konsert.

Årsaken til at eg valde Brandalskoret var at eg hadde oppfatta at dette koret var i «medvind». Som eit relativt ungt kor hadde dei siste åra fått eit musikalsk løft, mykje på grunn av dirigenten sin. Fleire kjennarar i kormiljøet skrytte av korets utvikling, og mange meinte at det var eit godt døme på korleis eit godt kor kunne låte, noko som tydde på eit relativt høgt musikalsk ambisjonsnivå. Dei var også eit døme på eit relativt ungt kor, og det heldt til på Brandal i Hareid kommune.

Som det kjem fram frå observasjonsnotatet var tonen god frå første stund, og korøvingane var ei blanding av konsentrert jobbing og munter stemning. Kommenterarar sat laust, og folk var raske med å henge seg på kvarandre sine initiativ. Fleire medlemmar fortalde meg kor godt miljø dei hadde, noko som stemde overeins med mi oppleving. Det gjekk ikkje mange øvingane før eg følte meg inkludert, og at dette var ein god plass å vere. Dirigenten tok mykje plass på øvingane, både musikalsk og sosialt, og det verka som om han «kringkasta på same bølglengd» som resten av koret. Han var likevel ikkje redd for å seie klart ifrå når han ikkje var fornøgd, og i løpet av ei øving kunne det vanke både skryt og skjenn. Humoren inneheldt både sjølvironi og snert, men samtidig var det tydeleg at kormedlemmane brydde seg om kvarandre og synte omsorg. Perioden eg følgde dei skulle også vise seg å vere den siste med den dåverande dirigenten. Etter å ha hatt dei i sju år, følte han det var på tide å gi seg. Det å skulle miste dirigenten var noko som prega fleire av kormedlemmane, og var også noko som blei teke opp i dei påfølgande intervju.

Etter at observasjonsperioden var slutt kom tida for å velje ut intervjupersonar. I tillegg til dirigenten Fredrik (rundt 40 år), intervjuar eg Inga (rundt 80 år), Even (rundt 50 år) og Susanna (rundt 40 år), to kvinner og to menn. Inga var den klart eldste i koret, og hadde flytta til Brandal frå austlandet for mange år sidan. Ho var pensjonert, men aktiv i lokalmiljøet og engasjert på mange vis. På øvingane synta stor ho innsatsvilje, og uttrykte samtidig ei takksemnd over at ho fekk vere med, trass den høge alderen. I tillegg til å sørge for variasjon i alderssamansetninga av utvalet, bringa Inga inn innflyttarperspektivet, samt det å vere pensjonert frå arbeid. Even hadde rolla som materialansvarleg i koret, og synta elles stort engasjement, både når det gjaldt songen, men også når det gjaldt å møte opp presist og gjere det som burde gjerast i koret. I dette koret fekk eg også kontakt med ei som nyleg hadde slutta i koret, nemleg Susanna. Ved å stå litt utanfor kunne ho kanskje tillate seg å sjå litt annleis på aktiviteten, og eg vona at ho kunne bidra med eit interessant perspektiv, som ei som hadde prioritert bort koret.

Cantando

Ingeborg byrja med å fortelje ei historie. Ho hadde hatt barnekor. «Å, det var så spennande å ha dei ungane». Historia blei avrunda med: «Nei, høyr på meg kor eg tyt og pratar!». Oppvarminga tok til om lag kl. 19.40. Livleg, festleg, kropp, uhøgtideleg. Ingeborg var svært aktiv og tydeleg. Prata mykje. I dag fokuserte ho mykje på rørsle, bevegelse i musikken: «Musikken skal ein plass, står aldri stille!» Ingeborg sa namna høgt på dei som kom litt seint: «Nei, [namn på mannleg korsongar], så kjekt å sjå deg igjen!», i det han kom listande inn i takt med ei av oppvarmingsøvingane, med eit lurt blick i retning ei av altane i raud kjole. Koret var oppstilt i halvsirkel, frå venstre til høgre, sopranar, bassar, tenorar og altar. Oppvarmingsøvingane blei akkompagnert av Ingeborg sine entusiastiske kommentarar: «Supert! Kjempebra!»

Kl. 19.52: Ingeborg sette i gong ein vamp i bassen, og utvida med stemmevise overstemmer. Teksten var noko som «Everybody singing a song». Ein glavamp. Ingeborg improviserte på toppen, (demonstrerte overskot og sjølvtilitt). Mia og Marian (oppvarmingsøving). Ingeborg avbraut øvinga med tekniske innspel. «Cluet i kor er ikkje å synge så sterkt, men å lytte, å vere der! Høyrer de vifta no?» (Ingeborg refererte til ei vifte på veggen som var merkbar tidlegare i oppvarminga). Ein bass repliserte: «Ho er avslått!» etterfølgd av latter i koret. Roa – roa – legato og staccato. Ingeborg held fram å avbryte med tekniske innspel.

[Observasjonsnotat, Barstadvik forsamlingshus, Samhald, 16. november 2010]

I nær fortid fanst det ei rekkje kor på denne sida av fjorden i Ørsta kommune, og bygdene Barstadvik, Nordre Vartdal, Vartdal og Håvoll kunne skilte med eitt eller fleire kor kvar. Dei siste tiåra har aktiviteten gått nedover, og siste tiåret var det berre to kor som heldt ut, Songlaget Bard frå Barstadvik og Vartdal blandakor frå Vartdal. Desse to tradisjonsrike kora hadde i lang tid stått i eit lett og jovialt rivaliseringsforhold til kvarandre, der Vartdal blandakor har vore ein slags storebror. Så, ein dag i 2010 kom dagen då ein ikkje såg noko anna løysing enn at desse to «rivalane» måtte gjere eit drastisk val – halde fram i motbør og stadig minkande medlemstal, eller slå saman innsatsen og starte eit nytt kor saman. Valet fell på det siste, og dette nye koret fekk namnet *Cantando*.

Cantando er eit blandakor som blei stifta i 2010. Koret er i praksis altså ei samanslåing av dei to kora Songlaget Bard og Vartdal blandakor. Koret er tilknytt Norges korforbund, og har vekevis øvingar, på litt ulike stadar på Nørestranda i Ørsta kommune. Koret har om lag 38 medlemmar, der flesteparten er kvinner. Eg fekk følgje Cantando frå 16. november til 11. desember 2010, og datamaterialet består av observasjonsnotat frå fem øvingar, eitt styremøte, ei dobbelframføring og ei juleavslutning.

Situasjonen Cantando stod i var ein av årsakene til at eg ynskte å ha dei med i denne studien. Frå å vere to kor, med kvar sin identitet knytt til to småbygdar,

to dirigentar, ulike øvingslokale og unike tradisjonar, skulle dei no starte med blanke ark i eit nytt kor. Men kor blanke var desse arka, eigentleg? Og korleis var det for medlemmane å takle ei slik omstilling? På den eine sida var dette eit heilt nystarta kor, men samtidig hadde alle medlemmane med seg tradisjonar frå dei to nedlagde kora.

Det var eit par ting som var litt usikkert i Cantando. For det første var dei jo nyleg slått saman, og alle medlemmane hadde vore gjennom nedlegging og nystarting. Dessutan hadde dei opplevd litt ustabilitet i høve dirigent, og Ingeborg var kome inn att for ikkje så lenge sidan, noko som fleire eg snakka med var veldig glade for. Øvingslokalet på Vartdal var under oppussing, og dette gjorde at dei måtte reise litt meir rundt på øving enn vanleg. Dei fleste av kormedlemmane var i aldersgruppa 40–59 år, om lag ein fjerdedel hadde passert 60, og berre ei av medlemmane var under 40 år. Midt oppe i dette stod Ingeborg. Ho var sikker, vital og overstrøymande. Ho delte villig av seg sjølv, og var open og direkte. Koret derimot verka litt forsiktig. Om dette handla om at dei faktisk var litt reserverte, eller om det rett og slett var at kontrasten til Ingeborgs veremåte gjorde at dei verka litt spake, er ikkje godt å seie. I løpet av perioden eg følgde dei fekk eg uansett lære å kjenne eit kor med mange spennande personar som hadde mykje å kome med både musikalsk og sosialt, men der det også verka som om den sosiale dynamikken i det nye samanslegne koret enno ikkje hadde satt seg.

I dette koret spurde eg dirigenten Ingeborg (rundt 40 år), Emil (rundt 70 år), Ola (rundt 65 år) og Anna (rundt 50 år) om dei ville la seg intervjuje. Ola hadde bakgrunn frå Songlaget Bard, og hadde stått på med dei til siste slutt. No sat han i styret for Cantando. Emil var ein av fleire som hadde hatt lange periodar i baa kora, men som hadde vore tydeleg på at tida var komen for kora å slå seg saman. I tillegg var Emil aktiv som kulturformidlar på fritida. Historia til Anna var annleis enn til dei fleste andre i koret. For få år sidan hadde ho og mannen flytta til Vartdal frå utlandet, der meininga var å flytte tilbake att etter eitt år. Slik skulle det ikkje bli, og medlemsskapet i koret hadde spelt ei viktig rolle for den avgjersla. Anna sitt perspektiv, som innflyttar frå eit anna land, var eit unikt tilskot til utvalet, noko eg vil kome tilbake til seinare i avhandlinga.

Siréne

Espen: «Vi summar litt».. Koret syng på mm frå «I don't know how to love him» frå Jesus Christ Superstar. Linda og to andre delar handkrem. Dei ser at eg legger merke til det, og eg tullet skriv i boka mi med alvorleg mine.. (Litt tullung med

rollene våre – dei observerte og observatøren). Følte at stemninga blei lett og god etterpå. Koret har litt behov for å tulle med meg. Det blei blant anna referert til den store stolknucken min i Larsnes kyrkje. Sara er blid. Ler og verkar veldig trygg.

Espen instruerer: «Alle vokalar fram» – «trutmann». Linda og to andre drikk kaffi – dei lagar litt styr – (ikkje redde for å ta litt plass). Espen: «Syng kromatisk skala». Alle kjenner ordet. «Syng heiltone» – og alle veit kva dette tyder. (Avansert kunnskap i gruppa. Sist øving snakka eg med Espen. Alle kan notar. Høgt nivå). Espen nyttar også ord som «jonisk skala» – (vanleg dur-skala). Teknisk fokus i dag.

Espen gir koret vanskelege øvingar. Noko er ukjend. (Litt utypisk?). Sara får hjelp av ein av dei rutinerte sopranane. Så syng denne sopranen feil, og skuldar på Espen sin utydelege uttale. Med smil. Espen seier at artikulasjonen alltid har vore hans svake side. «Det er derfor eg prøver å uttrykke meg gjennom dykk», med glimt i auget.

[Observasjonsnotat, Haddal grendahus, 10. mai 2010]

Siréne er eit damekor som blei stifta i 1995 av korets dirigent. Koret er tilknytt Norges Sangerforbund, og har vekevisse øvingar. Siréne har 16 medlemmar mellom 18 og 51 år, der dei fleste er mellom 20 og 40 år. Medlemsmassen er svært stabil og dei fleste av medlemmane har vore med lenge. Rekruttering er heller ikkje noko problem, men det er heller ikkje noko mål å vere fleire enn 16 stykk. Koret rekrutterer frå fleire kringliggande kommunar. Koret syng primært klassisk musikk, men har også ein del repertoar frå spirituals, folke-musikk, samtidsmusikk og religiøs musikk. Ein del av repertoaret er norsk/nordiskspråkleg. Koret syng hovudsakleg a capella, har ikkje øvingshelger, har godt og jamt oppmøte på øvingane som altererer mellom å finne stad i Gursken i Sande kommune og Haddal i Ulstein kommune. Dei deltek ofte i konkurransar, held eigne konsertar, reiser på turnéar og tek enkeltståande songoppdrag. Til saman har dei rundt 15 framføringar i året. Dei har faste konsertkle i nyansar av kvitt. Medlemmane betaler ikkje kontingent, men koret får inntekter gjennom honorar og billettsal. Datamaterialet mitt består av observasjonsnotat frå sju øvingar, eitt styremøte og ei lydinnspelingsamling, samla inn i perioden 12. april 2010 til 30. juni 2010.

Siréne var eit av ikkje så mange damekor på Søre Sunnmøre, men det var også eit av dei få på Søre Sunnmøre som deltek på korkonkurransar. For å bli med måtte ein gjennom prøvesong, og det var berre plass til eit visst tal songarar i koret. Dette vitna om eit høgt musikalsk ambisjonsnivå. Kombinasjonen av damekor, høge ambisjonar og relativ låg alder på medlemmane gjorde at dette var eit spennande kor å ha med i utvalet.

Siréne var Espen sitt hjartebarn. Det var han som stifta det i 1995, og heilt frå starten av hadde han visse tankar om korleis han ville at koret skulle drivast, samt korleis og kva dei skulle syngje. Og det må også seiast at han hadde lukkast med dette, sjølv om han hadde måtte jobbe litt i motbør i det lokale kormiljøet for å få det til. Med seg i koret hadde han også ein kjerne av songarar som hadde vore med så å seie heilt frå starten. Koret heldt eit høgt nivå, og song avansert og krevjande musikk. Ikkje minst hadde dei hevda seg i internasjonale konkurransar. Det blei etter kvart tydeleg at det låg ein sterk arbeids- og oppmøtemoral planta i denne korkulturen, noko som songarar frå den omtala kjernen gjerne tok på seg å kommunisere. På ein måte danna dette to tyngdepunkt i koret, Espen som dirigent og musikalsk leiar, og koret si kjerne som også hadde ein betydeleg autoritet, om enn på ein annan måte. Dette var ein velprøvd dynamikk som fungerte godt.

I dette koret ynskte eg å ha med, i tillegg til dirigenten Espen (rundt 55 år), nokon frå det eg opplevde som «den harde kjernen», og valet fall derfor på Linda (i underkant av 40 år). Ho hadde vore med i koret heilt frå starten, og var ein av dei som gjerne kom med meiningar og kommentarar under øvingane. Som ein slags motvekt til det langsiktige perspektivet Linda kunne bidra med, spurde eg også Sara (rundt 25 år) om ho ville stille til intervju. Sara var den ferskaste i koret, og kunne fortelje litt om korleis det var å kome som ny inn i eit ambisiøst damekor. Sonja (rundt 40 år) opplevde eg som ei litt anna type enn desse to, men veldig snakkesalig og lett å få kontakt med. Ho sat dessutan i det som likna eit slags korstyre. Til saman følte eg desse utgjorde eit interessant utval frå dette koret.

Ulstein mannskor

Eg møtte opp om lag kl. 19.25. To karar stod i oppgangen. Dei introduserte seg som andrebasar. Den eine av dei hadde eg vore i kontakt med tidlegare, han var sekretær i koret. Eg stod og småprata ei stund medan folk kom, og prøvde å helse på flest mogleg og introdusere meg sjølv. Kl. 19.30 gjekk vi inn i salen der øvinga skulle vere. Mange tok kontakt og prøvde å finne ut kven eg var. I og med at Eiksund er eit lokalt klingande namn var det mange som freista å nøste opp kva slekt eg stamma frå. Dirigenten Truls tok imot meg. Ein kar tok meg til sides og informerte meg om tradisjon, han fekk også presentert seg sjølv (dette var Karl, som tydelegvis hadde ei ganske sentral rolle i koret. Han stod fram som veldig tydeleg og markert). Folk rigga spontant opp stolar og gjorde klart til øving.

Kl. 19.43: Oppvarminga tok til. Alle samla seg på scena på lang rekke og maserte skuldrane til kvarandre. Elles var det mange kjende oppvarmingsøvingar

(F-S-SH, måa-måa-måa, Tarantella). Kl. 19.51: Oppvarminga over (etter ganske kort tid). Roleg småprat. Eg kunne i småpraten høyre nokre referansar til Johan H. Grimstad. Folk kjenner slekta til kvarandre. Eg fekk med meg at nokre mangla i dag, og dette blei forklart i at mannskapet i koret kom frå eit maritimt miljø – mange var ute med båt. Truls informerte. Det blei ikkje sagt spesifikt noko om meg. Dette var allereie avklart i koret, det stod til og med på planen at eg skulle kome.

[Observasjonsnotat, Ulstein vidaregåande skule, 14. mars 2011]

Starten på Ulstein mannskor kan sporast heilt tilbake til 1884, same år som at parlamentarismen blei innført i Noreg. Med så djupe røter er det ikkje rart at det også følgjer med mange langvarige tradisjonar. Når dei aller fleste songarane også er nærare 70 år, finst det mange historier og minne som ligg klare til å entre småpraten når høvet skulle by seg. Samtidig er det noko særskilt som skjer når godt vaksne menn kjem saman, og humor kombinert med sleivspark og kjenslefulle utbrot kan plutselig treffe ein midt i andletet.

Ulstein mannskor er tilknytt Norges korforbund. Koret har vekevisse øvingar på Ulstein vidaregåande skule, og består av 26 songarar der dei fleste er i aldersgruppa 60–79 år. Sjølv om snittalderen i koret er ganske høg, er aktiviteten ikkje noko lågare av denne grunn. Heile 25 framføringar stod Ulstein mannskor for i løpet av året, og desse inneheldt både eigne konsertar, enkeltstående songoppdrag og deltaking på gudstenester. Koret syng mest a capella, og repertoaret består av mykje kabaret/revy-materiale, i tillegg til religiøs og norsk-/nordiskspråklege songar. Datamaterialet er samla i perioden 14. mars til 9. juni 2011, og består av observasjonsnotat frå sju øvingar, ein Islandskveld, ein konsert, to framføringar (innslag på andre konsertar), samt eit innslag på eit korstemne. Ulstein mannskor er eit av dei eldste kora på Søre Sunnmøre, med lange tradisjonar kombinert med høgt aktivitetsnivå. Saman med dei tre andre kora sørger dette koret for at alle premissa for det strategiske utvalet blei oppfylt.

Noko av det første som skjedde meg då eg dukka opp på Ulstein vidaregåande skule, var at eg blei møtt av ein ivrig korsongar som gjerne ville informere meg om Ulstein mannskors historie. Ikkje berre uttrykte han kor viktig tradisjonane i dette koret var, men demonstrerte samtidig at han sat på mykje kunnskap om emnet. No hadde eg rett nok valt dette koret på grunn av den lange historia, men at det skulle bli servert så tidleg i måltidet var likevel overraskande. Etter kvart skulle det likevel syne seg at Ulstein mannskor hadde mykje meir å by på enn historie og tradisjon. Ikkje berre var koret åstad for eit sprekt om enn noko aldrande miljø, det synte seg også at aktivitetsnivået var veldig høgt. Berre

i løpet av den vesle tida eg fekk følgje dei, deltok koret på ei rekkje oppdrag, og heile vegen skjedde dette på eit relativt profesjonelt vis. Det var tydeleg at Ulstein mannskor som organisasjon hadde mange strengar å spele på, og spele det gjorde dei. Men enkelte utfordringar hadde dei også. Ikkje berre var det utfordrande å rekruttere nye songarar til koret, dei sterke personlegdomane som allereie song der måtte også greie å fungere godt saman.

Truls hadde dirigert Ulstein mannskor i fleire år. No var han i overkant av 60 år, og hadde ingen planar om å gi seg. Egon (rundt 65 år) hadde nyleg pensjonert seg, og syntest det var stas å få nytte litt av fritida si på mannskoret. Det var noko godt med det fellesskapet der, kanskje særleg no etter at han var pensjonert. Eg blei tidleg introdusert for Karl (rundt 75 år), og han hadde mykje kunnskap og sterke meiningar om det meste i koret. Ikkje berre hadde han vore med ein mannsalder, han hadde vore aktiv i styre og komitear over lang tid. Då var saken ein noko anna med Vemund (rundt 50 år). Vemund hadde ei eiga historie å fortelje frå sitt eige liv, og mannskoret var noko han fyrst hadde teke til med i vaksen alder. Det å vere ein del av koret betydde mykje for han på mange måtar, og perspektivet hans på å vere ein del av Ulstein mannskor var veldig fint å få med i utvalet.

4.4.4 Deltakande observasjon

Eit av dei grunnleggjande særtrekka ved feltarbeid er at ein nyttar metodar som er godt eigna til skaffe data om samhandling, til å utvikle relasjonelle omgrep og samhandlingsteoriar, og til å setje fram relasjonelle og prosessuelle forklaringar. Metoden som eignar seg best til dette er *deltakande observasjon* (Wadel et al., 2014, s. 19–20). Denne metoden inneber at ein i ei viss tid følgjer menneska ein studerer, og at ein deltek saman med dei i deira samanhengar. Ved å vere til stades i menneska sine ulike samanhengar, kan ein skrive om feltet med ei langt større innleving og kjennskap enn om ein berre studerer ved hjelp av meir utvendige metodar, utan noko direkte samhandling mellom forskaren og informantane (Fangen, 2010, s. 9).

Eg skreiv tidlegare om forskarrolla og problemstillingar knytt til det å ha eit sett lokale statusar i forskingsfeltet. Men det å finne den rette graden av deltaking i feltet kan vere utfordrande, eller som Fangen (2010) skriv: «[...] du må finne din posisjon på balansevippen mellom deltagelse og analytisk distanse» (s. 72). Idealet er ikkje å oppnå fullstendig deltaking, skriv ho vidare,

men snarare å søke den graden av deltaking som gir mest fyllestgjerrande data. Fangen skil mellom ei rekkje observasjonsposisjonar ein kan ha. Desse er: *delvis deltakande observatør*, *fullt deltakande observatør*, *ikkje-deltakande observatør*, *ikkje-observerande deltakar* («go native»), og ei *intervenerande deltakarrolle*. Alle desse posisjonane inneber visse måtar å te seg på i møte med forskingsfeltet, og spanner frå rein observasjon utan samhandling, til full deltaking og medvitne «brot» med feltets samhandling. På bakgrunn av det eg skreiv tidlegare om forskarrolla og lokale statusar, var det for min del eit mål å ta ein posisjon som *delvis deltakande observatør*, og det er måten eg fylte denne rolla på eg vil greie ut om vidare.

Det første møtet

I forkant av observasjonsperiodane hadde eg gjort avtaler med styret i koret eller dirigent, der ein representant frå koret hadde signert samtykkeerklæringa på vegne av koret. I somme av kora var songarane informerte om prosjektet før eg dukka opp, medan i andre kor blei det ei lita overrasking, der eg måtte introdusere meg raskt for fleire songarar før øvinga tok til. I alle kora blei eg på eit tidspunkt presentert, og fekk sjølv ordet der eg fekk fortelje kort om prosjektet og kvifor eg var der. Eg fortalde litt om kva dei kunne forvente av meg, og at alt eg noterte ville vere konfidensielt. Sjølv om det var spennande å treffe alle dei nye menneska eg skulle observere i perioden framover, følte eg meg likevel veldig godt motteken. For min del freista eg å vere venleg, roleg, ta lite plass, men likevel vere sosialt fleksibel. Om dirigenten eller songarar i koret spøkte og kom med kommentarar, prøvde eg til ein viss grad å følgje opp med same tonen. Som erfaren korsongar var korøvingssituasjonen svært attkjenneleg, og når det første møtet var over, glei eg raskt på plass i ein tilbaketrekt posisjon, og let koret halde fram slik dei ynskte.

Rolla mi som delvis deltakande observatør

Så vidt eg veit var kora sine møte med meg det første møtet dei hadde hatt med ein korforskar. Korleis dei skulle forstå rolla mi var derfor ikkje sjølv sagt. På den eine sida var eg ein relativt ung og korinteressert mann, og når dei etter kvart fekk nyss i at eg sjølv song i opp til fleire kor kom spørsmålet om eg ikkje skulle bli med å synge i koret når eg likevel var der. I dette oppfatta eg eit forsøk på å tildele meg ei rolle som *songar*, eller som kormedlem. For meg var dette ikkje ynskjeleg av fleire grunnar. Sjølv om det å synge med hadde gitt meg ei

endå sterkare innsideoppleving av å vere med i koret, var eg uroleg for at eg gjennom eit slikt grep hadde påverka den sosiale dynamikken i koret i for stor grad, samtidig som eg frykta at det kunne ha komplisert forholdet i høve dirigent og medsongarar. Å vere taus observatør under øvinga ga meg også større overskot til å få med meg all aktivitet, noko eg ikkje hadde makta om eg skulle konsentrert meg å synge med i koret. Etter kvart som observasjonsperiodane gjekk, følte eg likevel at det vaks fram ein aksept av at eg ikkje var der som songar, og at det ikkje blei opplevd som dårleg gjort å ikkje stille opp og synge om det til tider var litt tynt i stemmerekkene. Under øvingane blei eg derfor sitjande og notere undervegs medan koret gjennomførte normalaktiviteten sin.

På den andre sida fekk eg fleire gongar opplevinga av at songarar og dirigentar sette eit er-lik-teikn mellom det å vere forskar og det å vere *ekspert*. Ikkje sjeldan, særleg i starten av observasjonsperiodane, fann dirigenten det for godt å i plenum spørje meg om musikalske eller tekniske spørsmål. Utan å vere sikker på dette handla om deira opplevinga av rolla mi som forskar, eller om det hang saman med ein kjennskap til den musikalske bakgrunnen min, forsøkte eg i alle tilfelle å tone ned dette ved å anten svare forsiktig, eller å forklare litt om at eg hadde for stor respekt for dirigentens arbeid til å blande meg inn i slikt. Sjølv om eg i fleire tilfelle følte eg hadde mykje eg kunne bidra med i det musikalske arbeidet, hadde dette vore eit for sterkt inngrep i korets sosiale samspel. Det var også viktig for meg å ikkje forstyrre eventuelle roller eller posisjonar kormedlemmane og dirigenten hadde i koret, noko eg frykta kunne skje om eg spreidde om meg med musikalsk ekspertise.

Slike situasjonar, både der eg blei forsøkt inkludert som songar eller spurd til råds som ekspert, følte eg var *gylne augneblick* der eg fekk vere med på å definere forskarrolla mi. Det kunne vere utfordrande å finne den rette balansen mellom å vere imøtekomande samtidig som eg var avvisande til initiativa, men gjennom dette konstante posisjoneringsarbeidet følte eg at eg etter kvart skapte meg ei forståing i dei ulike kormiljøa om kven eg var som forskar.

Eg deltok altså ikkje som songar eller som hjelpe-dirigert på øvingane, men prøvde til ein viss grad å ta del i pausar og uformelle treffpunkt før og etter øving og framføringar. Også her var det viktig for meg å ikkje vere for dominerande, men prøve å finne samværsmåtar der folk fekk lyst til å syne meg korleis dei pla ha det. Likevel var det litt spennande i dei første pausane, og enkelte vog nok orda sine ekstra godt når eg var til stades. Men etter kvart, og i litt ulikt tempo, fekk eg inntrykk av at det at eg var til stades var sosialt akseptert i kora.

Observasjonsperiodane

Til saman følgde eg kora i 9 månader, der lengda på kvar periode var avhengig av kor mykje aktivitet som gjekk føre seg i den perioden. Å vite kva tid eg hadde observert nok var ikkje enkelt, men var eit val eg gjorde med omsyn til fleire faktorar. For det første hadde eg satt av ei viss tid til denne delen av prosjektet, og måtte avgrense meg til dette. For det andre opplevde eg etter kvart at eg i større eller mindre grad var blitt akseptert som ein del av «normaltilstanden», og at folk sleppte seg meir lause enn dei kanskje gjorde i starten. Eit tredje og viktig punkt var at eg gjennom periodane hadde blitt betre kjend med mange i kora, og skaffa meg eit grunnlag for kven eg ville plukke ut til intervju, noko eg vil kome tilbake til i neste kapittel.

Fokuset for feltnotata

Eg noterte medan koret dreiv på med sine hovudaktivitetar under øving og konsert. Eg gjekk ikkje rundt med notatblokk i pausar, men såg heller på dette som eit høve til å bli kjend med folk, og gjere dei vande med meg. Om eg observerte eller fekk høyre noko interessant som eg ynskte å ta vare på i pausane, noterte eg dette ned så godt eg kunne ved første høve. Feltnotata blei innleia med stad og tidspunkt, og for kvar ny hending som eg valde å skrive ned noterte eg samtidig klokkeslett. På denne måten kunne eg i etterkant sjå kor lenge dei ulike aktivitetane varte.

Eg hadde som utgangspunkt ikkje bestemt meg for nokon særskilte faktorar eg ville sjå etter, men let likevel nokre på førehand bestemte tematikkar til ein viss grad vere styrande for kva eg noterte. For det første var eg ute etter å skaffe meg eit oversiktsbilete av kva eit kor er, noko som naturleg nok heng saman med kva kordeltakinga består av. Desse spørsmåla ligg bak notat om til dømes innhaldet i korøvingar og pausar, oppvarmingar, småprat, oppførsel, dirigentens rolle, reaksjonar og kommentarar. Eg noterte meg også korleis dei ulike kora arbeidde med musikk, og kva dirigentar og songarar fokuserte på ved dette. Kva rolle musikken spelte i korøvingane var spennande å følgje på fleire måtar, også fordi det sa noko om kva kordeltakarar opplevde som viktig i koret. Etter kvart som observasjonsperiodane utspann seg fekk eg eit inntrykk av kva verdiar og normer som hadde etablert seg i dei ulike kora, noko som blei ekstra tydeleg i reaksjonar på normbrot. Det hende til dømes at folk kom for seint, og i fleire av kora var dette noko som blei kommentert, både i småprat mellom songarar, men også i plenum av dirigent og styremedlemmar. I slike

tilfelle, der ein rørte bort i nokre uskrivne reglar i koret, synest eg å merke at noko stod på spel – dette var viktig! Som ein deltakande observatør følte eg at eg til tider fekk vere ein del av nokre kollektive reaksjonar, der songarar typisk såg på kvarandre, slo ut i spontant småprat, eller blei stille. Det var ikkje berre ved norm- eller verdibrot at kormedlemmar reagerte. Somme tider kom det fram at enkeltmedlemmar hadde opplevd noko dramatisk i sine private liv, og det var rørende å sjå korleis fleire i koret støtta opp og synte omsorg i slike situasjonar. Denne type episodar var interessante då dei seier noko om kva type gruppe eit kor er, og om det finst noko særeige med det sosiale korfellesskapet. Spørsmålet om kven som eig eit kor førte også at eg beit meg merke i enkelte hendingar og visse type oppførslar i koret. Etter kvart fekk eg ei kjensle av at ulike kormedlemmar hadde bestemte roller i det sosiale fellesskapet, der somme uttrykte sterkare enn andre korleis ting var eller burde vere. Etter at eg hadde gjennomført intervjuet såg eg ein del av desse notata i eit noko anna lys, der perspektivet rundt psykologisk eigarskap blei aktualisert. I enkelte samanhengar, som under konsertar, korkafear og framføringar, fekk eg oppleve koret som ein offentleg aktør. I etterkant av desse hendingane var eg særleg merksam på korleis kordeltakarane opplevde forholdet mellom koret sitt og samfunnet, og noterte meg kommentarar og oppførsel som eg følte opplyste denne sida ved koraktiviteten.

Sjølve teksten i feltnotata er samansett av skildringar, tankar eg gjorde meg, vurderingar og refleksjonar over mi eiga rolle, sitat, samt spørsmål om ting eg lurte på. Feltnotata blei på mange måtar ei slags dagbok som hjelpte meg til å reflektere over ulike sider ved forskingsprosessen. Eg følte også at det å skrive ned alt dette hjelpte meg til å halde den analytiske distansen til feltet, og minte meg heile tida på å også ha eit utsideblikk på det eg opplevde.

Av empirimengda utgjer feltnotata 57 tetskrivne A4-sider, og inneheld notat frå totalt 26 øvingar, to styremøte, tre konsertar, ein temakveld, ei juleavslutning, eit korstemne, tre mindre framføringar, samt ei lydinnspelingsamling. I observasjonsperiodane freista eg å følgje alt av aktivitet som koret var involvert i, men har ingen garantiar for kor typisk denne perioden var for koret. Eg følte likevel at eg i løpet av desse periodane fekk del i viktige sider ved korverksemda i kora eg følgde.

4.4.5 Det kvalitative forskningsintervju

Kvale (2009) skriv om det kvalitative forskningsintervjuet at det «søker å forstå verden sett fra intervjupersonenes side. Å få fram betydningen av folks erfaringer og å avdekke deres opplevelse av verden, forut for vitenskapelige forklaringer, er et mål» (s. 21). Men dette er vanskeleg å gjere skikkeleg, skriv Kvale vidare. Forskingsintervjuet inneber ei kultivering av samtaleferdigheiter, ferdigheiter som dei fleste av oss allereie har i kraft av vår evne til å stille spørsmål. Forskingsintervjuet byggjer på samtalar i dagleglivet, og er ein profesjonell samtale. I dette ligg det eit lite paradoks. Samtidig som ein søker å forstå verda sett frå intervjupersonane si side, blir kunnskapen i eit intervju konstruert i samspel mellom intervjuaren og den intervjuua. Som intervjuar kan ein derfor spele ei potensielt stor rolle i konstruksjonen av denne kunnskapen, noko som også medfører eit stort ansvar. Om målet er å få fram betydninga av folks erfaringar og deira oppleving av verda må ein vere svært medviten i kor stor grad ein som intervjuar påverkar den intervjuua i ulike retningar. Ein skal ikkje underslå makta ein har som intervjuar til å påverke den intervjuua, både gjennom å stille leiande spørsmål, ved å unngå å ta opp tema, og ved å reagere verbalt og nonverbalt på svar. Men denne typen problematikk har fått eit overdrive fokus, skriv Kvale (2009, s. 183–184). Prosjektets orienterande forskingsspørsmål bestemmer kva slags svar ein får. Det viktigaste er ikkje å unngå leiande spørsmål, men å erkjenne spørsmålets verknad og forsøke å gjere forskingsspørsmåla tydelege. Dermed får lesaren høve til å evaluere spørsmålas betydning for forskingsfunna, og til å vurdere funnas validitet.

Avgjersla om å inkludere intervju som ein sentral del av denne studiens empiri blei teken svært tidleg. Dette valet handla både om kva type kunnskap eg var interessert i, men også om kor godt egna denne metoden for datagenerering er til å løfte fram denne typen kunnskap. I innleiinga nemnde eg studien si problemstilling og forskingsspørsmål, og eg har freista å syne korleis eg ynskte å nytte feltarbeid som eit middel til å forstå meir av desse problemstillingane. I førebuingane til intervjuua valde eg ein litt annan og meir konkret strategi. I ein tidleg fase i utarbeidinga av intervjuguiden skisserte eg ei rekkje tematikkar som eg ynskte å vere ekstra var for i intervjuua. Tanken min var at eg ved å late desse vere langt framme i mitt eige medvit, ville kunne merke om den eg intervjuua nærma seg desse tematikkane. Om intervjusamtala tillét det kunne eg følgje opp denne tråden, og oppmuntre den eg intervjuua til å bli i den aktuelle tematikken litt lenger før vi gjekk vidare. Dei interessante tematikkane var som følgjer:

- Forteljingar som belyser forholdet mellom individ og kollektiv.
- Forteljingar om opplevingar som har gjort stort inntrykk.
- Forteljingar om opplevd endring av eit eller fleire forhold i koret.
- Forteljingar om opplevd endring av eit eller fleire forhold i seg sjølv.
- Forteljingar som knyt saman musikk og andre fenomen (som til dømes sosiale forhold, verdiar, innstilling, haldningsendring) – hendingar som har påverka klangen i koret.
- Forteljingar som illustrerer kva koret handlar om for intervjupersonen.
- Forteljingar som illustrerer «kormoralen». Kva er «typisk» for dette koret?

På bakgrunn av dette utarbeidde eg ein intervjuguide med 10 spørsmål, somme av dei med eventuelle oppfølgingsspørsmål.²⁶ Eg ynskte i utgangspunktet å late intervjua likne på ein samtale mellom to interesserte individ, og var derfor førebudd på å endre rekkjefølgje samt eventuelt droppe spørsmål om dette kjendes meir naturleg. Det viste seg likevel at det i intervjua stort sett var uproblematisk å vere innoom alle spørsmåla eg hadde førebudd innan den tidsramma eg såg føre meg. Sidan eg i observasjonsperiodane hadde fått vore med i fleire gruppesamtalar om diverse korrelaterete tema, såg eg ikkje behovet for å gjennomføre intervju med grupper, men har halde meg til enkeltintervju.

Narrative intervju

Tematikkane som eg har skissert over er alle innleia med «forteljingar om». Som eg skreiv om i kapittel 3.1.3 var narrativitet eit perspektiv som eg tidleg var interessert i, og noko eg såg på som ein fruktbar innfallsvinkel til intervjua. Narrative intervju fokuserer på dei historiene intervjupersonane fortel, på handlingane i og oppbygginga av forteljingane. Historiene kan dukke spontant opp under intervjuet, eller bli kalla fram av intervjuaren (Kvale & Brinkmann, 2009, s. 165–167). Eg ynskte å stimulere til at intervjupersonane sjølv fekk fortelje mest mogleg, og nesten alle spørsmåla eg stilte var derfor av forma «kan du fortelje litt om...», «kjem du på nokre hendingar...», «har du opplevd noko du kan skildre...», og «kan du hugse...». Som Kvale skriv kan narrative intervju tene mange forskjellige formål. For det første kan ei forteljing syne til bestemte episodar eller eit handlingsforløp av betydning for forteljaren. For det andre kan

²⁶ Intervjuguiden er å finne i vedlegg (8)

forteljinga handle om livshistoria til den intervjuar, sett i aktøren sitt perspektiv. For det tredje har ein erindringsintervjuet, der temaet går utover personens eiga historie og dekkjer ei felles historie. Alle desse formåla gir meining i denne studien, og kan på ulikt vis bidra til auka forståing på dei ulike analysenivå som skildra i innleiinga.

Utval av intervjupersonar

Gjennom observasjonsperiodane danna eg meg eit inntrykk av koret og kor-medlemmane, og på bakgrunn av dette plukka eg ut fire personar frå kvart kor som eg meinte kunne vere gode intervjupersonar. Dirigenten står i ei særstilling i alle kor, og har derfor gjerne eit noko anna perspektiv på korverksemda enn dei andre kor-medlemmane. På grunn av dette tok eg med dirigenten frå alle dei fire kora eg følgde. Når det gjaldt valet av dei andre intervjupersonane utarbeidde eg etter kvart nokre utvalskriterier som eg følte ville gi interessante innblikk i kora. For det første ynskte eg at ulike perspektiv skulle vere representerte, og søkte derfor etter variasjon i parameter som alder, kjønn, kor lenge vedkomande hadde vore i koret, arbeids- og utdanningsbakgrunn, organisasjonsengasjement i koret og liknande. For det andre ynskte eg også nokon som ikkje lenger var med i koret, men som hadde valt å slutte. For det tredje fekk eg i løpet av observasjonsperiodane nokre innblikk i enkeltskjebnar i koret som eg følte kunne gi nokre særreignede perspektiv, og som eg ynskte å følgje opp nærare. Sidan eit forskingsintervju kan seiast å vere ein kunnskapskonstruksjon utført av intervjuar og den intervjuar i samarbeid, var det også viktig for meg å finne folk som eg trudde eg kunne kommunisere godt med. Dette punktet følte eg likevel ikkje var av så stor betydning, då eg stort sett følte at eg kom fint overeins med dei aller fleste i kora. På bakgrunn av dette var det mange gode val eg kunne ha gjort, men måtte likevel avgrense meg til 16 stykk. Intervjuar var planlagt å vare mellom 60–90 minutt, og eg følte allereie at eg nærma meg ei slags smertegrense i høve mengd. Ein nærmare presentasjon av intervjupersonane kjem i neste kapittel.

Gjennomføring av intervjuar

Alle intervjupersonane var positive til å stille til intervju, og alle intervjuar blei gjennomført anten heime hjå dei, på arbeidsplassen eller i samanheng med ærend ute frå heimen i tidsrommet november 2010 til oktober 2011. I alle tilfella

tok intervjuet stad på ein plass der intervjupersonane kjende seg på heimebane, noko som eg vona ville føre til ein meir avslappa intervjusituasjon.

Ved innleiinga av kvart intervju informerte eg om bakgrunnen for prosjektet, samt opplyste om at eg kom til gjere lydopptak av intervjuet, og om konfidensialitet og anonymitet. Når intervjupersonen følte seg klar til å starte intervjuet, skrudde eg på lydopptakaren. Det første spørsmålet eg stilte var å be den intervjuet om å fortelje om seg sjølv og sitt forhold til musikk. Tanken med dette var å syne at eg var interessert i vedkomande, men også å late den intervjuet få fortelje om noko som han eller ho var komfortable med å snakke fritt om. På denne måten kom vi raskt inn i ein god flyt i intervjuet, og det gjekk stort sett greit å la samtalen som sprang ut av dei ulike spørsmåla få gå av seg sjølv. Om eg følte vi rørte bort i meir vanskelege tema freista eg forsiktig å følgje opp dette, men ynskte ikkje å skape ei ubehageleg stemning. I enkelte situasjonar følte eg likevel det var rett å minne om at dette var eit forskingsintervju, og ikkje ein normal samtale, og dette var særleg i samanheng med spørsmål om eventuelle konflikter i koret. Når vi kom inn på denne typen tema, gjentok eg gjerne forskarrolla mi, og dei forplikingane eg hadde til konfidensialitet og anonymitet. Eg sa også ifrå om at eg ikkje var interessert i å misbruke denne typen informasjon, og heller ikkje ynskte å framstille nokon i eit dårleg lys. Årsaken til at eg også var interessert i dei meir utfordrande sidene ved kordeltakinga var at eg hadde som målsetjing å skape meg eit mest mogleg realistisk bilete av kva korverksemda innebar, på både godt og vondt. Med denne innfallsvinkelen opplevde eg i dei aller fleste tilfella at intervjupersonane slappa godt av, og opna seg også om denne typen problematikkar. Det skal også seiast at denne typen informasjon utgjer ein svært liten del av totalbiletet.

På generell basis opplevde eg alle intervjusituasjonane som gode stunder, der vi hadde fått delt ei interessant samtale om eit tema som betydde noko for oss. Eg følte at eg stor sett klarte å treffe ein balanse mellom det å oppmuntre til snakke om visse tematikkar, og det å late intervjupersonen få reflektere sjølv og dele av sine opplevingar. Eg har også sett på intervjuet som den mest sentrale delen av empirien.

Type	Mengd/innhald	Data
Nettbasert kartleggingsundersøking	90 kor deltok i kartleggingsundersøkinga, der ein representant svarte på vegne av kvart kor. Undersøkinga bestod av 69 spørsmål om koret si historie, aktivitet og tilstand (sjå vedlegg (4)).	Tal- og tekstmateriale frå 90 respondentar. Hovudformålet med kartleggingsundersøkinga var å skaffe ei oversikt over koraktiviteten på Søre Sunnmøre. Dette har gitt interessant informasjon i seg sjølv, men har også bidrege med kontekst og perspektiv for resten av datamaterialet.
Deltakande observasjon	Siréne <i>12. april til 30. juni 2010</i> I løpet av perioden var eg med på sju øvingar, ei lydinnspelingsamling og eitt styremøte.	57 A4-sider feltnotat. Feltnotata frå alle observasjonsperiodane er samansett av skildringar, tankar eg gjorde meg, vurderingar og refleksjonar over rolla mi, sitat, samt spørsmål om ting eg lurte på. Dei reinskrivne feltnotata blei lagt inn i NVivo og har såleis vore lett tilgjengeleg under analysearbeidet. Hovudformålet med denne delen av datamaterialet har vore å skape ein kontekst og forståingsbakgrunn for intervju og den påfølgjande analysen.
	Cantando <i>16. november til 11. desember 2010</i> I løpet av perioden var eg med på fem øvingar, eitt styremøte, ei dobbel framføring samt ei juleavslutning.	
	Ulstein mannskor <i>14. mars til 9. juni 2011</i> I løpet av perioden var eg med på sju øvingar, ein Islandskveld, ein konsert, to mindre framføringar, samt ei deltaking på eit korstemne.	
	Brandalskoret <i>24. mars til 16. juni 2011</i> I løpet av perioden var eg med på sju øvingar, ei mindre framføring og ein konsert.	
Kvalitative intervju	16 enkeltintervju, fire intervju frå kvart av dei fire deltakarkora. Intervjuguiden bestod av 10 spørsmål som er å finne som vedlegg (8).	Over 22 timar lydopptak / 379 A4-sider med transkripsjonar. Intervjumaterialet har vore den mest sentrale delen av empirien og har danna utgangspunkt for analysearbeidet gjort ved hjelp av SDI-metoden (sjå kapittel 4.6.3).

Figur 1: Oversikt over datamaterialet

4.5 Frå empiri til data

Empirien til denne studien inneheld 90 svar på ei nettbasert kartleggingsundersøking, feltnotat frå observasjonar hjå dei fire kora, samt lydopptak frå 16 intervju. Men empirisk råmateriale treng å bli gjort eit arbeid på før det kan bli til data som kan analyserast. Vidare vil eg skrive om etterarbeid og bruk av kartleggingsundersøkinga og feltnotata, samt greie ut om transkripsjon og bruk av intervjumaterialet. Eg vil også gå gjennom kva teknologiske hjelpemiddel eg har nytta meg av i denne prosessen.

4.5.1 Etterarbeid og bruk av kartleggingsundersøkinga

Som ein del av etterarbeidet knytt til kartleggingsundersøkinga gjekk eg gjennom alle svara slik dei var blitt gitte. Denne kontrollen innebar fyrst og fremst reformatering av enkelte svar og ei vurdering av om respondentens svar var usannsynlege, og kunne vere resultat av feiltrykk. I dei tilfella svaret verka usannsynleg, uklart eller openbart var feil tok eg anten kontakt med respondenten for ein dobbelsjekk av svaret, eller kontrollerte svaret opp mot andre tilgjengelege kjelder.²⁷ Til slutt hadde eg ein ferdig formartert database som kunne nyttast til å hente ut informasjon på ulikt vis, som i tal, grafar og liknande.

Resultata frå denne kartleggingsundersøkinga er ikkje kvalitetskontrollert opp imot andre kjelder, og eg ikkje kan gå god for all faktainformasjonen som respondentane har gitt. På den andre sida har eg ingen grunn til å tru at informasjonen ikkje stemmer, og vil i enkelte parti i analysen nytte talmateriale frå denne for å illustrere og klargjere enkelte argumentasjonar. Ho har også hjulpet meg med å danne meg ei betre forståing av korleis korlandskapet på Søre Sunnmøre ser ut, både i høve kva talet på og kva typar kor som er aktive, men også om ei rekkje faktorar som alderssamansetting, repertoar, organiseringsform, tilknytning og mykje meir. Eg har ikkje valt å publisere alle resultat frå kartleggingsundersøkinga i denne avhandlinga, men vil presentere utdrag frå ulike delar av ho i kapittel 5.

²⁷ Disse kjeldene kunne vere internett, andre personar med kjennskap til temaet eller liknande.

4.5.2 Etterarbeid og bruk av feltnotat

Feltnotata var notert for hand i diverse notatbøker, og inneheldt også ei rekkje spørsmål og merknader til oppfølging. Som ein regel freista eg å få ført inn feltnotat på data kort tid etter besøket var gjennomført. I samanheng med dette kunne eg også følgje opp spørsmåla og merknadane eg hadde ført opp. Innføringa gjorde at eg fekk repetert observasjonane, samt reflektert over betydinga til enkelthendingar. Eit siste steg var å legge inn dei digitaliserte feltnotata i analyseprogrammet NVivo²⁸. Her kunne eg raskt søke gjennom notata etter stikkord og omgrep som eg ynskte å sjå nærare på.

Feltnotata har spelt ei viktig rolle på mange forskjellige måtar. Ikkje minst var dei avgjerande i arbeidet med utval av intervjupersonar, dei har også vore ei viktig støtte i arbeidet med å danne meg eit heilskapsinntrykk av korverksemda på Søre Sunnmøre samt dei enkelte kora. Spørsmål som blei notert i feltnotata dukka opp att i intervju, og eg opplevde at informasjon frå feltnotata blei ein slags sparringspartner, både i intervjusituasjonar, men også i analysearbeidet. Observasjonsperiodane og feltnotata har vore ein heilt sentral del av det kunnskapsgrunnlaget eg har gjennomført analysane på, men dei har ikkje spelt hovudrolla. Eg ser på intervjudelen som den viktigaste delen av datagrunnlaget for analysane, noko som gjer at det er intervju, og fyrst og fremst syner til i avhandlinga sin resultat- og analysedel. Men som ei hovudrolle ikkje gir mykje meining utan ei rammeforteljing, bidreg feltnotata med viktig, og somme stader essensiell, forståingsbakgrunn for argumentasjonen i dei ulike analysekapitla.

4.5.3 Transkripsjon og bruk av intervjumaterialet

Alle intervju som eg gjennomførte blei tekne opp med lydopptakar. Det å ha eit lydopptak av eit intervju gir tilgang til ei rekkje lydlege faktorar som er vanskeleg å gjengi i tekst, men det vil framleis vere redusert i høve opplevinga av å sitje og gjennomføre sjølve intervjuet. I normale samtalar er talen gjerne akkompagnert av andletsuttrykk, gestikulasjon og ein generell kontekst som alt kan vere med å gi ei utvida forståing av orda som blir sagt. Det å skulle redusere ei levande samtale til tekstform er derfor inga enkel oppgåve, og som Kvale og Brinkmann (2009) skriv vil transkripsjonar alltid vere «svekkede, dekontekstualiserte gjengivelser av direkte intervjusamtaler» (s. 187). Likevel

28 Sjå kapittel 4.5.4 om teknologiske hjelpemiddel.

er kvaliteten på transkripsjonen noko som sjeldan blir diskutert i kvalitativ forskingslitteratur (s. 186).

Som middel til å oppnå god transkripsjonskvalitet nemner Kvale (2009) enkelte tema som bør tenkjast gjennom i forkant. Desse tema er *tid og ressursar til transkripsjon, kven som skal utføre transkripsjonen, og ein transkripsjonsprosedyre*.

I utgangspunktet hadde eg tenkt å transkribere alle intervjua sjølv. Tanken var at eg gjennom denne prosessen ville få eit nærare forhold til alle intervjua, noko eg vona kunne vere ein fordel når eg skulle ta til med analysen. Eg utarbeidde nokre få retningslinjer for korleis eg ynskte å gjennomføre transkripsjonen, men vurderte også at eg kunne ta val fortløpande undervegs. Empirimaterialet inneheldt 16 intervju, noko som til saman utgjorde over 22 timar med lydopptak. Det skulle snart vise seg at det blei knapt med tid til denne jobben, då eg også arbeidde parallelt med andre delar av prosjektet. Etter å ha transkribert delar av materialet sjølv, innsåg eg etter kvart at eg måtte setje bort denne jobben, og eg sette bort resten av denne jobben til firmaet Emendo²⁹ som spesialiserte seg i mellom anna transkripsjon av intervju.

Saman med lydfilene sende eg instruksar på korleis eg ynskte transkripsjonen utført. Eit viktig utgangspunkt for desse instruksane var planane eg hadde for handsaming av transkripsjonane. I analyseprogrammet Nvivo kunne eg importere ein mengde ulike datakjelder. Ei av moglegheitene her var import og kopling av lydfiler og transkripsjon, noko som i mine auge gjorde ein fullstendig lydleg transkripsjon overflødig. Om eg kom til eit parti i intervjutranskripsjonen der eg var usikker på kva intervjupersonen meinte, kunne eg med eit tastetrykk gå rett til lydkjelda for ein dobbelsjekk. Eg ynskte derfor at transkripsjonen skulle vere i formell, skriftleg stil, det vil seie at det ikkje var naudsynt å ta med alle fyllord og nølelydar som det lett blir mykje av i reflekterande intervju. Latter ynskte eg å ha med, og dette er i sitata markert i klammeparentes. Elles ville eg ha transkripsjonen på nynorsk, då dette er målforma for denne avhandlinga. Eit anna viktig punkt var tidskoding, då dette var naudsynt for å få til den korrekte koplinga mot lydfile i NVivo.

Sjølv med ein relativt grundig transkripsjonsprosedyre var behovet for redigering av transkripsjonane relativt stort. Særleg nynorsken synte seg å vere eit problem, og eg måtte nytte mykje tid på reinskriving. Enkelte av intervju trengde også ein del redigering i høve tidskoding. Det blei også klart at intervju var blitt transkribert av ulike personar, og desse hadde gjort litt ulike val.

²⁹ Sjå <http://www.emendoo.no> (28. oktober 2017)

Reinskriwinga av transkripsjonsteksten skjedde i to steg. Eg gjekk først gjennom alle transkripsjonane i dokumentfilene og retta opp formatering av tidskodane samt det meste av språklege feil til ein akseptabel standard. Når eg seinare i prosessen fekk bruk for å nytte sitat, gjorde eg ein ny kontroll opp imot lydfilene, og fekk på denne måten gått grundigare gjennom det særskilde partiet.

Som eit utgangspunkt er alle intervjusitata i ei tilnærma munnleg nynorsk form, bortsett frå hjå ein av intervjupersonane med bakgrunn frå austlandet. Då talemålet til denne personen låg nært bokmål, og sjølv innflyttarbakgrunnen blei eit tema under intervjuet, fann eg det mest naturleg at desse sitata er på tilnærma bokmål. Fleire av intervjupersonane sine sitat har tydelege innslag av dialekt, og i desse tilfella har eg for det meste valt dei orda som ligg nærast dialekten. Elles har fokuset mitt vore å få fram meininga til intervjupersonane best mogleg, framfor at alle vendingar, lydar og uttrykksmåtar er heilt autentiske. Eg har derfor i stor grad redigert bort feilsnakk, gjentakingar, og freista å setje saman setningar som i rein transkribert form ikkje heng saman. Strengt ordrette transkripsjonar av munnleg språk kan verke merkeleg usamanhengande og barnlege, og det å velje å transkribere dei i retning av meir formelt språk er også eit etisk val i høve korleis ein framstiller intervjupersonane.

Når det gjeld anonymisering av materialet har eg som sagt valt å endre namn og alder på intervjupersonane i transkripsjonane. I tillegg har eg redigert bort namn på andre kormedlemmar som blir refererte til, anten ved å endre på syntaksen eller ved å erstatte namnet med eit pronomen.

Redigeringa av transkripsjonane har vore ein lærerik prosess for min del, og det har vore veldig godt å ha lydfilene lett tilgjengeleg i denne delen av arbeidet. Lydfilene har heile tida vore ein siste kontrollinstans for transkripsjonane. Kvale (2009) skriv at spørsmålet ein bør stille seg er: «Hva er en nyttig transkripsjon for min forskning?» (s. 194). Eg har ikkje hatt ambisjonar om å gjennomføre nokon grundig lingvistisk analyse, og har derfor valt bort ein strengt ordrett transkripsjon. Eg har i staden freista å legge meg på eit nivå der intervjupersonane sine historier og meiningar kjem tydeleg fram, i ein meir idealisert litterær stil. Sitat og parafraseringar frå intervjuet vil alltid vere henta frå større samanhengar, og i analyseprosessen har det alltid vore mogleg for meg å kontrollsjekke transkripsjonane opp imot lydfilene. Forhåpentlegvis har dette vore med å sikre ein god bruk av intervjumaterialet.

Intervjusitat må som sagt alltid bli forstått utifrå konteksten, men dei vil også alltid bli brukt i ein spesifikk samanheng. Somme av sitata i denne studien

illustrerer mange poeng samtidig, og er aktuelle i ulike delar av avhandlinga. I slike situasjonar har eg valt å bruke sitatet fleire gongar. På eine sida kan lesaren oppleve dette som gjentakning, men målsetjinga mi har vore å nytte sitata i ulike tankerekkjeer med delvis overlappende tematikkar. Eg vonar dette valet har vore med på å gi dei ulike analysekapitla ein formmessig heilskap.

4.5.4 Teknologiske hjelpemiddel

I tillegg til datamaskin, nettressursar og normal teksthandsamingsprogramvare inkludert referansesystemet EndNote³⁰, har eg nytta meg av noko teknisk utstyr samt spesialprogramvare i ulike fasar av prosjektet. I denne delen vil eg kort greie ut om desse, og seie litt om mi erfaring med dei i denne studien.

Lydopptak

Til lydopptaka nytta eg ein liten og diskre digital opptakar som fungerte veldig godt til dette bruket. I eitt av intervju hadde eg gløymd opptakaren, og nytta derfor mobiltelefonen til å gjere opptaket. I etterkant av kvart intervju overførte eg lydfila til datamaskina og sletta ho frå minnekortet i lydopptakaren/telefonen. Bruk av lydopptakar i intervju var uproblematisk for min del, og eg opplevde ikkje at det skapte noko ubehag hjå intervjupersonane.

QuestBack

QuestBack³¹ var ein nettressurs som var tilgjengeleg for meg gjennom tilsetjingsforholdet ved Høgskulen i Volda. Moglegheitene i denne nettressursen var mange, og det var enkelt å designe eit spørjeskjema tilpassa mine behov. Spørsmåla respondenten skulle svare på var av ulik art, og spørjeskjemaet var utforma dynamisk, slik at ein berre svarte på dei spørsmåla som var relevante basert på tidlegare svar. Etter at spørjeskjemaet var ferdig designa og testa, kunne det publiserast og distribuerast som ei nettlenkje. Svara frå spørjeskjemaet kunne eksporterast som mellom anna Microsoft Excel³²-fil, og var enkelt å nytte i arbeidet for mellom anna å framstille dei store linjene i korverksemda på Søre Sunnmøre.

30 Sjå <http://endnote.com> (28. oktober 2017)

31 Sjå <https://www.questback.com/no/> (19. august 2017)

32 Sjå <https://products.office.com/nb-no/excel> (28. oktober 2017)

NVivo

NVivo³³ er ein programvare som støttar kvalitativ og mixed methods-forskning. Det er designa for å hjelpe til med å organisere, analysere og gi innsikt i ustrukturerte eller kvalitative data som intervju, surveyundersøkingar, artiklar, sosiale media- eller nettinnhald. Moglegheitene i denne programvaren er svært mange, og for meg var dette ein stad eg kunne samle all data på ein stad. Med alt samla var det mogleg å gjennomføre samtidige søk i alle datatypene, og leite etter omgrep og ord som eg var interessert i. Programvaren var også særst godt egna til å gjennomføre koding av datamaterialet, og eg valde å gjere dette med intervjumaterialet mitt. Som eg har skrive over var det også mogleg å kople transkripsjonar med lydfile, noko som i mine auge auka kvaliteten på transkripsjonane samt bruken av dei.

4.6 Analyse

Å skilje mellom feltarbeid og analyse av materialet er i realiteten eit kunstig skilje, sidan analyse av materialet går føre seg frå første stund i ein feltarbeidsstudie (Fangen, 2010, s. 208; Hammersley & Atkinson, 2007, s. 158). Wadel (2014) skildrar kvalitativt orientert forskning som ein «runddans» mellom teori/hypotesar, metode og data medan ein driv feltarbeid, der ei endring i eitt av desse elementa vil påverke dei andre (s. 135–136). Kor systematisk dette skjer i ulike typar prosjekt kan variere, og eg har tidlegare skrive om korleis eg på eit tidspunkt i prosessen såg behovet for å inkludere ei kartleggingsundersøking i datamaterialet. I mitt tilfelle er det klart at det gjekk føre seg ein konstant refleksjon langs med empirigenereringa. Refleksjonane fekk ofte form av spørsmål og påstandar som eg skreiv ned, anten direkte i feltnotata eller i eit eige dokument. Når eg såg meg ferdig med empirigenereringa, og tok til med å organisere og analysere dataet, blei desse spørsmåla og påstandane «spor» som eg freiste å følgje opp ved å leite i empirien. Somme av desse spora var fruktbare, medan andre synt seg å ikkje føre nokon stad. Likevel følte eg behov for ein gjennomført metode i analysefasen, då eg ikkje ynskte at prosjektet skulle ende opp «som en samling (i beste fall sorterte) anekdoter» (Tjora, 2012, s. 174).

33 Sjå <http://www.qsrinternational.com/what-is-nvivo> (19. august 2017)

4.6.1 Justering av forskingsspørsmål

Ein del av denne «runddansen» er å kritisk reflektere over det som er studien si problemformulering og forskingsspørsmål. Etter å ha gått inn i feltarbeids- og datagenereringsprosessen med ein rekkje tankar og tematikkar eg fann interessante, var eg stadig på leit etter «nøklar» for å forstå meir av forskingsfeltet. I analyseprosessen, som eg vil skildre nærare i kapittel 4.6.3, kom eg etter kvart fram til eit utval kategoriar som verka egna til å få ut potensialet i empirien. På dette tidspunktet tok desse kategoriane på mange måtar styringa over analyseprosessen, og førte til at eg justerte forskingsspørsmåla for å kome empiri og analyse i møte. Dette kan skildrast som ein dialog mellom empiri, analyse og teori, der målet blei å finne gode og operasjonaliserande forskingsspørsmål, egna til å trenge inn i det datamaterialet hadde starta å syne meg. Utarbeiding av gode forskingsspørsmål har vore ein utfordrande og svært lærerik prosess, og for meg har dette i stor grad handla om å erkjenne integriteten i analyseprosessen.

4.6.2 Val av analysemetodar

Det finst mange moglege metodar for å analysere kvalitativt datamateriale. Hammersley og Atkinson (2007) tek utgangspunkt i ei grundig nærlesing av datamaterialet, som resulterer i kodar og indeksar som vidare kan føre til ein streng kategorisering av feltnotat som grunnlag for systematisk kodearbeid og analyse. Dei skriv at ein kan ta til med breie, deskriptive kategoriar som til dømes sorterer materialet ut frå bestemte typar menneske, stadar, aktivitetar eller tema. Eit utsnitt kan sorterast under fleire kategoriar. Etter kvart kan ein dele opp teksten i ei rekkje delar, som ein så grupperer på ny under tematiske overskrifter. Ei potensiell slagside ved denne måte å kode datamaterialet på er at ein gir eit gitt sett av kategoriar mykje makt, og gjer det lett å oversjå andre viktige tema som ikkje på førehand har vore definert. Ein annan innfallsvinkel er derfor å stykke opp materialet i relativt små delar ved første kodifisering, kvar med sin kategori. Seinare kan ein lese materialet på nytt, og velje større kategoriar som samlar fleire av dei små som har noko til felles. Ein anna framgangsmåte for å kodifisere feltnotat er den som blir sett i samanheng med *grounded theory*. Målet her å utvikle teori induktivt gjennom å konstruere kategoriar basert på ei nærlesing av datamaterialet, for så å fastlegge kategoriens eigenskapar. Deretter blir det formulert hypotesar om samanhengar mellom

kategoriane, og til slutt blir alle delane integrert i eit heilskapleg omgrepssystem. Prosedyren er komparativ på den måten at det blir gjort samanlikningar på tvers av situasjonar, for så å bli slutta induktivt til generaliseringar om den typiske situasjonen som blir studert. Denne framgangsmåten kan vere svært omfattande, og har motteke kritikk av fleire grunnar. Kritiske og hermeneutiske analysevinklingar kan falle bort i ei *grounded theory*-tilnærming, og det einsidige og ateoretiske fokuset på empiriteksten kan føre til at mange sentrale og interessante forskingsspørsmål ikkje blir analyserte (Fangen, 2010, s. 111–114; Hammersley & Atkinson, 2007, s. 161–171).

Kvale (2009) fokuserer på tre analyseformer for intervjumateriale, nemleg meiningsanalyse, språkleg analyse, og teoretisk analyse. Men før ein bestemmer seg analyseform, skriv Kvale, må ein finne svaret på kva som skal undersøkast, og kvifor (s. 197–201). Når det gjeld kva analyseform som er best egna for å finne svar på undersøkingas kva og kvifor, har eg valt ei svært open tilnærming. I den seine fasen av analysen har eg derfor henta inspirasjon frå alle dei tre analyseformene som Kvale skildrar. I kapittel 6 om motivasjon har eg kombinert meiningsanalyse med ein teoretisk analyse, medan eg i kapittel 7 har basert meg på ein spesifikk organisasjonspsykologisk teori om psykologisk eigarskap. I kapittel 9 om det sosiale fellesskapet har eg mellom anna festa meg ved nokre gjennomgåande språklege trekk ved datamaterialet knytt til familien, og kombinert dette med psykologisk teori. Gjennom heile resultat- og analysedelen har eg forsøkt å trekke inn dei analyseformene som eg har følt har kunne opplyse dei spesifikke tema som kapittelet har handla om, og har samtidig freista å vere i nær kontakt med empirien ved å stadig ta utgangspunkt i denne.

I den tidlege fasen av analysen har eg valt ein heilt annan strategi. I problemformuleringa står det at eg ynskjer å undersøke kva kordeltakinga betyr for individ og gruppe. Innfallsvinkelen min til dette var som sagt å la studiens deltakarar i størst mogleg grad få vektlegge kva kordeltakinga betyr for nettopp dei, og har derfor ikkje gått inn i analysen med nokon ferdige kategoriar eller tematikkar. Det har absolutt vore tematikkar og problemstillingar som eg har vore interessert i å undersøke, særleg i intervju, men eg har likevel forsøkt å vere så open som mogleg for kva intervjupersonane har vektlagd i svara sine. Eg ynskte å ta datamaterialet på alvor, og ville unngå å la mine fordommar og meiningar vere for styrande i korleis eg nytta empirien. Ein analysemetode som eg følte kunne hjelpe meg med dette var det som blir kalla *stegvis-deduktiv induktiv metode*, eller i kortform *SDI* (Tjora, 2012). I denne empirinære analysemetoden lagar ein kodar med utgangspunkt i omgrep som allereie finst

i datamaterialet. Med dette som startpunkt er målet å steg for steg bevege seg oppover til utviklinga av kategoriar, konsept og teori. Vidare i dette kapitlet vil eg greie ut om denne analysemetoden, samt mine erfaringar med å nytte ho i denne studien.

4.6.3 SDI: Stegvis-deduktiv induktiv metode

Studien sitt intervjumateriale var det eg fann mest interessant, og best eigna som eit grunnlag for å finne svar på studiens problemformulering. Når eg no tok til med tidlege fasen av analysen³⁴, valde eg derfor å nytte studien sitt intervjumateriale som utgangspunkt.

I den stegvis-deduktive induktive metoden arbeider ein i etappar frå *rådata* til *konsept* eller *teoriar*. Det *induktive* i metoden er å forstå som den oppovergåande prosessen, det vil seie at ein jobbar frå data mot teori. Det *deduktive* vil seie at ein heile tida kontrollerer frå det meir teoretiske til det meir empiriske. I praksis vil ein kunne vere på ulike stadium i SDI-modellen samtidig av eit prosjekt. Modellen er utvikla med eit ideal om å ta ut potensialet i den empirien ein har generert, noko som føreset ein samvitsfull empirinær førstefase i analysemetoden.

Tidlegare har eg skrive om generering og omarbeiding av rådata, og vil derfor gå rett inn på koding (med tekstnære merkelappar) slik det kjem fram av modellen. Analysedatadokumentet i denne samanhengen var som sagt intervju-transkripsjonane. Ved gjennomgangen av intervju-transkripsjonane oppretta eg kodar til avsnitt og mindre tekstutsnitt basert på innhald og omgrep i teksten. Om dei kodane eg allereie hadde generert kunne nyttast på nye avsnitt og utsnitt, gjorde eg dette, og lagde elles nye kodar ved behov. På denne måten auka talet på kodar etter kvart som nye element i intervju dukka opp. Målet med kodane var at dei skulle vere så tekstnære som mogleg, og ikkje basert på eksisterande teori, hypotesar, forskingsspørsmål eller frå planlagde tema. Tjora (2012) skriv at ein bør rekne med å ende opp med ei liste på mellom 30–100 kodar for eit datamaterialet tilsvarande 10–15 forskingsintervju. I mitt tilfelle enda eg opp med 259, noko som ligg langt over det Tjora rår til. Dette vart delvis gjort


34 I denne delen av teksten nyttar eg *analysemetoden* når eg omtalar SDI, og kan derfor greie ut om ulike fasar av denne analysemetoden. Når eg derimot skriv om tidleg og sein fase av *analysen*, siktar eg med dette til den totale analyseprosessen for denne studien, noko som omfattar både SDI-delen samt bruken av konsept og teoriar slik det gjort i resultat- og analysekapitla.

med vilje. Sidan eg var uerfaren med denne analysemetoden, syntest eg det var vanskeleg å vurdere kor generelle kodane skulle vere. For å vere sikker på å bevare det empirinære, som Tjora understreker er svært viktig, valde eg derfor i tvilstilfelle å opprette nye kodar framfor opne formuleringar. Mi vurdering var at prisen eg måtte betale for dette var ein meir omfattande og arbeidskrevjande neste fase i analysemetoden, og at det ikkje ville svekke analysen under eitt.

Arbeidet med kategoriseringa blei derfor ganske omfattande. Målet med denne fasen av SDI-metoden

er å samle dei kodane som er relevante for

problemstillinga i grupper. På grunn av at det no er problemstillinga, og ikkje empirien, som bestemmer kva som er relevant, kan ein på dette punktet utelate ei rekkje kodar. Denne grupperinga skjedde for min del gradvis. Eg samla først kodane som omtala noko av det same i mange små grupper, før eg gjentok prosessen og samla smågruppene under større tema. På vegen utelet eg enkelte kodar og kodegrupper som ikkje passa under dei større temaoverskriftene. Tjora (2012) skriv at målet med kategoriseringa er å kome fram til 3–6 tema



Figur 2: SDI-modellen (Tjora, 2012, s. 175)

som både tek ut potensialet i empirien og svarar på (eventuelt justerer) forskingsspørsmåla, og etter å ha gjennomført denne fasen sat eg att med fem kategoriar eg opplevde som tyngdepunkt i empirien.

Dei fem kategoriane var *motivasjon, eigarskap, identitet, det sosiale fellesskapet, samt kor og samfunn*. Innanfor kvar av desse kategoriane hadde eg eit vell av interessante perspektiv og refleksjonar frå intervjupersonane som belyste studien si problemstilling, og som ga nye tankar om kva forskingsspørsmål som på best mogleg vis var egna til å undersøke desse. I tillegg til intervjumaterialet hadde eg eit frodig bakteppe av informasjon frå kartleggingsundersøkinga og feltnotata, noko som eg følte gjorde meg godt rusta til å bevege meg inn i dei siste fasane av analysen.

Tjora (2012) skriv om den neste fasen i SDI-metoden at ein frå og med dette stadiet let det teoretiske ta større styring. På dette stadiet skal ein med blikk på hovudtematikane frå førre fase, og med relevante teoriar og perspektiv i bakhovudet, spørje: Kva er det dette handlar om? Finst det ein meir generell merkelapp på det (fenomenet eller problemet) vi no forstår? Finst det teoretiske bidrag som allereie omtalar det eller som på annan måte er relevante? (s. 186). På dette punktet har eg valt å gå tilbake til Kvale (2009), og hans tre former for analyse. Som eg skreiv i kapittel 3 om studien sitt teorigrunnlag, så har eg i dette prosjektet freista å stille litt ulike spørsmål, frå det individuelle til det sosiale og det kulturelle. Teori er blitt henta frå forskjellige vitenskaplege tradisjonar, og brukt på ulikt vis i eit forsøk på å løfte fram dei ulike tematikkane sin eigenart, slik det har stått fram i denne studien sitt datamateriale.

Mot slutten av analyseprosessen har teori spelt ei anna rolle, særleg der eg opplever at empirien har meir ved seg enn kva eg har fått fram gjennom den teoretiske diskusjonen av studien sine hovudtematikkar. Ein er her kome til dei siste stega i den stegvis-deduktive induktive metoden, med utviklinga av nye konsept og modellar. Eit slikt bidrag i denne studien er knytt til ein vidare diskusjon av motivasjonstematikken der eg ser behovet for utviklinga av ein *kontekstuell modell for motivasjon i kor*. I avhandlinga sin konklusjon vil eg også leggje fram konseptet om *koret som spenningsfelt*, noko som også må bli forstått som ei nyvinning innanfor dette forskingsfeltet.

DEL B

Resultatpresentasjon, analyse og diskusjon

5 Forskingsprosjektet

I denne delen av avhandlinga er det på tide å ynskje velkomen til Søre Sunnmøre, og til korfeltet slik det arta seg på tidspunktet for empirigenereringa. Eg vil ta til med å gi nokre fakta om Søre Sunnmøre, før eg går over til nokre resultat frå den omtala kartleggingsundersøkinga.

5.1 Søre Sunnmøre

Søre Sunnmøre består av kommunane Vanylven, Sande, Herøy, Hareid, Volda, Ørsta og Ulstein. Det samla folketalet i desse kommunane per 1. kvartal 2017 var 48219. Det er ikkje uvanleg å skilje mellom Ytre Søre Sunnmøre (Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid), og Indre Søre Sunnmøre (Ørsta og Volda). Etter at Eiksundsambandet (ein undersjøisk tunnel) blei opna i 2008 har det vore vegforbinding (i staden for ferje) mellom indre og ytre, noko som har gjort pendling og flyt av arbeidskraft enklare. Per dags dato er det berre tilkomsten til Vanylven som er i form av ferjeforbinding. Eit særtrekk ved området er ein relativt heftig natur, med høge fjelltindar som går over i djupe fjordar og skjergard.

Det er mykje likt mellom kommunane på Søre Sunnmøre, med enkelte lokale skilnader, særleg innanfor næringsliv. Næringslivet i ytre har vore dominert av den maritime industrien, med hjørnesteinsbedrifter som Ulstein Group, Kleven,

Rolls-Royce Marine, Island Offshore og Jets AS. I tillegg er fiske og jordbruk viktig. I Ørsta er næringslivet dominert av fiske, jordbruk og industri, der mellom anna Tussa kraftverk bidrar til å gjere kommunen til ein mellomstor kraftkommune. Volda skil seg ut som regionens «skulebygd» og har mellom anna hatt lærarutdanning allereie frå 1861. I tillegg bidrar sjukehuset i Volda til mange arbeidsplassar innan helse.

Om lag 80 % av busetnaden på Søre Sunnmøre er medlemmar i Den norske kyrkja, og i tillegg er det eit aktivt frikyrkjeleg liv. Når det gjeld utgifter til kultursektoren, ligg kommunane på rundt 1548 kroner per innbyggjar, nøyaktig 600 kroner under landssnittet på 2148 kroner. Her skil Herøy seg ut med 2292 kroner per innbyggjar i den eine retninga, medan Volda og Sande med høvesvis 1100 og 1137 kroner i den andre. Alle kommunane har kulturskuletilbod for barn og unge. Her ligg Sande kommune på topp med 36,2 %, medan Ørsta ligg nedst med eit tilbod til berre 14,9 %.³⁵

Kulturlivet i regionen er samanliknbart med det ein finn andre stadar i landet. Både kor-, korps- og orkestermiljøet er aktivt, og ikkje minst finst det mange festivalar og årlege stemne der både profesjonelle og lokale krefter tek del. Av festivalar kan ein mellom anna nemne Den norske dokumentarfilmfestivalen, Veka i Volda, X2festivalen, Sunnmøre kammermusikkfestival, kunstivalen «Go With the Flø», Skjemtegaukfestivalen, Smak av Ulstein, Trebåtfestivalen, Kong Arthur-spelet, Maritime dagar i Gjersvika, Dei nynorske festspela, Indiefjord, Naturfestivalen, Trandalblues, Hjørundfjorddagane, Fosnavåg Rock, Herøyspelet Kongens Ring og Vanylvsråkk. I tillegg kjem all aktivitet knytt til lokale konsert- og kulturhus, kultur dagar, private initiativ med meir. Utan å ha noko komplett oversikt over alt som går føre seg på Søre Sunnmøre, er det sjølvsagt litt farleg å lage ei slikt liste, men det illustrerer om ikkje anna ein stor og variert aktivitet innan kulturfeltet.

5.2 Korsongen på Søre Sunnmøre

Korsongen på Søre Sunnmøre har ei rik og mangfaldig historie, og for mange aktive korsongarar spelar denne rike tradisjonen ei viktig rolle. Ein vanleg reaksjon når eg snakka med folk om prosjektet mitt, var å anta at prosjektet handla om kortradisjon. Som eg skreiv i kapittel 2.1, finst det mykje fest- og jubileumsskrifter om kora, samt ei rekkje historiske skrifter om koraktivitet

³⁵ Statistisk sentralbyrå per 1. kvartal 2017.

i byar, bygder, regionar, i visse tidsrom, om songarforbund, samt dirigent-biografar. Dirigent og komponist Johan H. Grimstad (2000) si bok *Korsong på Sunnmøre* i høve Sunnmøre Korforbund sitt hundreårsjubileum, er ei av fleire skildringar som har freista å dokumentere kva denne aktiviteten gjekk ut på, samtidig som det har vore med på å skildre grunnlaget for dagens korarbeid. Kor frå Sunnmøre har også til ei viss grad hausta heider for songen sin. Gjennom ei årrekkje gjorde Sunnmøre kristelege mannskor, med mellom andre Johan H. Grimstad i spissen, fleire plateinnspelningar og blei spelt mykje på nasjonal radio. Med kordirigent Per Oddvar «Prots» Hildre i spissen vann Det Norske Kammerkor Spellemannsprisen i open klasse i 1986, medan han saman med blandakoret Skruk, i tillegg til ei omfattande turnéverksemd og mange internasjonale samarbeid, har gitt ut over 20 plater. Dei siste åra har eit anna fenomen gjort seg gjeldande, der kordirigent Svein Eiksund har stått i spissen for ei rekkje «samklang»-prosjekt. Desse prosjekta har samla korsongarar frå heile regionen i samanheng med opninga av regionale knytepunkt, som Eiksundsambandet og Kvivsvegen (eit vegprosjekt som bind saman og kortar ned transporttida mellom Søre Sunnmøre og Nordfjord).


Men korkulturen på Søre Sunnmøre er ikkje berre historie – han er i høgste grad eit levande og vitalt fenomen som engasjerer tusenvis av unge og gamle på vekevis basis. Det er denne sida ved korkulturen eg har hatt eit ynskje om forstå meir av, og med min bakgrunn meinte eg at eg stod i ein god posisjon for å gjere nettopp dette. Eg gjekk inn i prosjektet med tankar og kunnskap om korleis korfeltet såg ut på Søre Sunnmøre, men så snart eg byrja å tenkje over alle vala eg stod overfor i prosjektet, melde det seg eit behov for å vite meir. Godt funderte val er ikkje betre enn det fundamentet dei er gjort på, og eg innsåg raskt at grunnlaget mitt for å til dømes gjere eit godt strategisk utval av kor eg ville ha med i studien var for dårleg. Ved gjennomgang av tilgjengeleg korlitteratur, noko som også inkluderte medlemsinformasjon frå ei rekkje kor- og songforbund, såg eg også at det ikkje eksisterte informasjon som i tilstrekkeleg grad kunne gi meg eit slikt oversiktsbilete som eg var ute etter. Inspirert av mellom anna *The hidden musicians: music-making in an English town* (Finnegan, 1989), gjennomførde eg derfor ei kartleggingsundersøking av korverksemda på Søre Sunnmøre. Sjølv om denne kartleggingsundersøkinga fyrst og fremst var tenkt som ein måte å skaffe meg eit godt utgangspunkt, viste det seg at svara eg fekk blei svært interessante og noko som eg har nytta i ulike delar av prosjektet.

5.2.1 Utdrag frå kartleggingsundersøkinga

Alle kora eg fekk nyss om og kontakt med, i alt 90 stykk, blei med i kartleggingsundersøkinga. Ein del korliknande konstellasjonar var ikkje med blant dei 90, anten fordi dei sjølve ikkje syntest dei var eit kor eller fordi aktiviteten var så laber at dei ikkje kunne forsvare statusen som eit aktivt kor. Det er viktig å understreke at det var berre aktive kor som eg tok med i undersøkinga. Kor som var nedlagt eller «på is» tok eg ikkje med. Representantar frå kora tok deretter del i ei nettbasert kartleggingsundersøking, og i tillegg gjennomførte eg somme undersøkingar over telefon. Vidare vil eg presentere nokre utdrag frå denne undersøkinga.

5.2.2 Oppstart og stiftingsår

Det tidlegaste stiftingsåret som var oppgitt i kartleggingsundersøkinga var 1874. Av dei 90 kora var 80 blitt stifta etter 1965.



Figur 3: Stiftingsår for kora som var med i kartleggingsundersøkinga

23 av kora kunne også informere om at dei hadde ein «forløpar», dvs. at dei var blitt til ved at kor hadde slått seg saman, eller at dei var blitt stifta på basisen av nedlagde kor. 1995 og 2010 toppa statistikken med sju nystiftingar, medan «gjennomsnittskoret» hadde stiftingsåret sitt i 1986.


5.2.3 Organisering og leiing

Over 42 % av kora var knytte til ei verksemd (bedrift, kyrkje, klubb, lag, organisasjon, skule mm.), medan 60 % var organiserte i eit forbund. Berre av 2 % av kora nytta seg ikkje av ein musikalsk leiar, medan rundt 19 % av kora organiserte seg utan å ha eit styre. Dei aller fleste kora, heile 94 %, hadde likevel ein leiar.

5.2.4 Kategori, tal, kjønn og alder


På Søre Sunnmøre bur det ifølgje SSB 48 219 personar per 1. kvartal 2017. Om ein legg saman talet på kormedlemmar som kora i undersøkinga gav, blir dette talet 2444. No hender det at visse aktive korsongarar gjerne er med i meir enn eitt kor, så det reelle talet på einskilde korsongarar er noko mindre. Likevel vil prosentdelen av korsongarar på Søre Sunnmøre ligge rundt 5 %, noko som ligg høgare enn landssnittet på mellom 2 og 4 %.

Dei 90 kora i undersøkinga fordelte seg på 69 blandakor (inkludert blanda barne- og ungdomskor), 9 damekor (inkludert jentekor) og 12 mannskor (inkludert gutekor). 27 % av kormedlemmane var barn under 12 år, medan nærare 10 % var ungdommar frå 13 til 19 år. Både desse gruppene hadde ei klar overvekt av jenter. I aldersgruppa 20–39 år fann ein 9 % av songarane, medan den største gruppa var dei mellom 40 og 59 år med 32 %. Frå 60 til 79 år fann ein 20 % av songarane, medan dei over 80 år utgjorde ei lita gruppe på under 1 %.



Figur 4: Aldersfordeling

gjeld kjønnsfordeling var det ein klar tendens til at kvinnene dominerte i dei yngre aldersgruppene, medan det jamna seg ut di eldre ein blei.



Figur 5: Aldersfordeling damekor/mannskor

Om ein ser på mannskor og damekor kan ein sjå at det å synge i kjønnshomogene kor var mest populært for yngre kvinner og eldre menn, medan det om lag er like populært i aldersgruppa 40–59 år. Figur 5 syner talet på songarar i dame- og mannskor fordelt på ulike aldersgrupper.


5.2.5 Vurdering av storleik, tilstand og rekruttering

I kartleggingsundersøkinga blei representanten spurd om å vurdere kva tilstand koret var i vedrørande rekruttering, stabilitet og storleik. 13 % vurderte det til at dei var for få i koret, 71 % meinte dei var mange nok, men at ein godt kunne vere fleire, medan nærare 16 % hadde det talet songarar dei ynskte. Representanten blei også spurd om å vurdere korleis det stod til med utviklinga av medlemsmassen, dvs. om ein blei fleire eller færre. Her kunne nesten 17 % rapportere at ein blei fleire, over 62 % hadde eit stabilt tal songarar, medan 21 % opplevde at dei blei færre. Elles kunne om lag 13 % melde om eit stort gjennomtrekk av songarar, 60 % om eit nokså stabilt klientell, medan over 27 % sjeldan opplevde at nokon slutta.

Det å rekruttere nye songarar var relativt lett for nærare 19 % av kora i undersøkinga. 51 % av kora fekk rekruttert nye songarar av og til, medan 30 % syntest det var vanskeleg å lokke nye songarar inn i koret. Når det gjaldt kvar ein leitte etter nye songarar, rapporterte 1 % (det vil seie eitt kor) at det rekrutterte nasjonalt, 30 % rekrutterte interkommunalt (frå fleire kommunar), i underkant av 27 % frå heile kommunen, medan over 42 % kor fann nye songarar lokalt i bygda eller grenda.

5.2.6 Repertoar

I undersøkinga fekk representanten ta stilling til i kor stor grad ei rekkje genrar var ein del av korets repertoar. Visse av kategoriane overlappar kvarandre, men svara syner likevel korleis visse genrar dominerer korrepertoaret på Søre Sunnmøre. Som det går fram av figur 6 er norsk-/nordiskspråkleg og religiøs




Figur 6: Oversikt over repertoar

musikk svært dominerande, medan klassisk, populær/jazz og kabaret/revy utgjer ein mindre del av repertoaret.

5.2.7 Med eller utan akkompagnement

Eitt av spørsmåla gjekk på i kor stor grad kora song med eller utan akkompagnement.




Figur 7: Med eller utan akkompagnement

I diagrammet kan ein sjå at dei fleste kora varierer akkompagnementsbruken, medan nærare 8 % av kora syng berre a capella-musikk utan akkompagnement.

5.2.8 Øvingar

Alle kor må øve, men korleis blir denne øvinga organisert? Nesten 89 % svarte at dei hadde fast øvingsdag. 60 % av kora hadde øving ein eller fleire gongar i veka, medan over 32 % av kora øvde annankvar veke. 1 % øvde ein gong i månaden, og nærare 7 % øvde 1–4 gongar i halvåret. Ingen av kora som øvde sjeldnare enn annankvar veke hadde fast øvingsdag. Kor som hadde fast øvingsdag fordelte seg utover heile veka, bortsett frå laurdag. Berre 1 % av kora øvde på søndagar, medan fredag var den minst populære kvardagen å øve på. Kora som øvde kvar veke var gladast i måndagar, og frekvensen gjekk ned di lengre




Figur 8: Kor med faste øvingsdagar

uti veka ein kom. Om ein legg til dei kora som øvde annankvar veke, så heldt det samla talet på kor seg jamt frå måndag til onsdag.

Heile 90 % av kora i undersøkinga rapporterte at dei sjeldan eller aldri måtte avlyse øvingar. Nærare 9 % av kora måtte avlyse øvingar av og til, medan berre 1 % måtte avlyse ofte. Nesten 36 % av kora meinte at oppmøtet på øvingane jamt over var høgt, over 54 % av kora hadde ein størstedel som møtte fast medan nokre av medlemmane varierte meir, nærare 7 % av kora hadde det omvendt, der dei fleste varierte med oppmøtet sitt medan ei mindre gruppe var faste, og berre 3 % av kora opplevde varierende oppmøte frå heile gruppa. 31 % av kora arrangerte øvingshelger/-samlingar, nesten 7 % var reine prosjektkor som likevel hadde ei fast organisering og gjentakande aktivitet, medan nesten 39 % av kora hadde mat på øvingane sine.

5.2.9 Framføringar


Kor øver gjerne med eit mål i sikte, og ein del av kartleggingsundersøkinga tok føre seg i kva samanhengar kora opptredde. Det som dei fleste av kora kjende seg att i var at dei hadde enkeltstående songoppdrag. I svara frå undersøkinga gjekk det fram at respondentane gjerne huka av dette alternativet når dei ikkje fann noko anna som passa, og i ei eiga boks fekk dei fylle ut kva dei meinte. Dette kunne vere framføringar på basarar, julefestar, 17. mai, institusjonar og



Figur 9: Prosent av kor med denne typen framføringar

kulturskulen sine konsertar. Ein stad dei fleste kora på Søre Sunnmøre song på var gudstenester, der nærare 68 % av kora hadde vore innom. I løpet av året rapporterte kora om heile 265 framføringar på gudstenester og religiøse møte. Over 62 % av kora hadde heilt egne konsertar, medan både korkaféar samt samarbeidsprosjekt med andre kor/grupper var noko over 51 % av kora kunne svare positivt på. Over 42 % av kora kunne melde om at dei opptredde på stemme eller festivalar, medan svært få av kora svarte at dei opptredde i samanheng med turnéar eller konkurransar. Til saman kunne kora rapportere om over 1000 framføringar i løpet av eit år.

Når det gjeld korleis kora kledde seg i samanheng med framføringar kunne over 14 % av kora rapportere om at dei nytta faste konsertkle. Over 21 % av kora hadde faste konsertkle men kunne variere litt av og til, over 12 % av kora



Figur 10: Samla tal framføringar i løpet av året

varierte konsertkleda etter type framføring, medan i overkant av 52 % av kora ikkje hadde nokon faste konsertkle.

5.2.10 Inntekt og økonomi

Eit kor har som regel utgifter knytt til drifta, og i kartleggingsundersøkinga ynskte eg å finne ut meir om korleis dei ulike kora skaffar seg inntekter. Undersøkinga la ikkje opp til å gå i detalj på økonomien til kora, dvs. kor mykje av inntektene som kom frå det eine eller andre, men var meint å gi ein peikepinn på korleis kora skaffa inntekter. Det som flest av kora nytta seg av var at medlemmane betalte kontingent. Heile 79 % av kora hadde medlemskontingent som ein del av inntekta til koret. Over 53 % av kora skaffa inntekter gjennom konsertar, medan nærare 39 % fekk inntekter gjennom sponsorar/

støttespelarar. Nesten 39 % av kora fekk også inntekter gjennom enkeltstående songoppdrag, medan i overkant av 32 % rapporterte at dei fekk inntekter ved å vere organisert i eit forbund. Over 21 % av kora fekk inntekter ved å vere knytt til ei kyrkje eller religiøs organisasjon, medan nesten 16 % av kora tok på seg utanommusikalske oppdrag (dugadar eller liknande) for å skaffe inntekter.

Av kora som arrangerte konsertar kunne over 21 % melde om at dei aldri tok billettengar på konsertane sine, medan nesten 16 % gjorde det sjeldan. Over 14 % av kora tok billettengar av og til, 14 % tok ofte, medan nesten 16 % av kora gjorde det alltid. Av kora som tok på seg enkeltstående songoppdrag kunne nesten 6 % av dei rapportere om at dei alltid tok betalt, nesten 17 % tok betalt på dei fleste, rett over 3 % tok betalt for om lag halvparten, over 23 % for dei færreste, medan i overkant av 34 % av kora aldri tok betalt.

5.3 Oppsummering

Desse utdraga frå kartleggingsundersøkinga syner at korverksemda på Søre Sunnmøre er svært omfattande, der i overkant av 2400 menneske i om lag 90 kor samlast nærast kvar veke for å øving og sosialt samvær. Til saman står desse kora for rundt 1000 framføringar i året, og er gjennom dette ein integrert del av samfunnslivet, frå det heilt små til det heilt store. Det religiøse elementet er ein viktig del av korverksemda på Søre Sunnmøre, både gjennom repertoarval og gjennom den etablerte praksisen med å syngje på gudstenester. Over halvparten av kordeltakarane på Søre Sunnmøre er over 40 år, medan berre 9 % er mellom 20 og 39 år, og desse er hovudsakleg rekruttert frå lokalområdet og frå kommunen. Ein viktig funksjon for korverksemda er dermed som lokal møteplass der sambygdingar får treffe kvarandre og byggje relasjonar. Vidare i avhandlingsarbeidet vil eg syne til informasjon frå dette kapitlet, og på denne måten setje utsegner frå studiedeltakarane inn i eit større perspektiv.

6 **Motivasjon**

Motivasjon kan verke svært openbart og enkelt. I daglegspråket forklarar og rettferdigger vi handlingane våre heile tida, og konfrontert med spørsmål om kvifor vi deltek i ein aktivitet er vi som regel raske til å finne svar som tilfredsstillar både oss sjølv og den som spør. Men grev ein djupare i denne materien oppdagar ein fort at biletet ofte er samansett og komplisert, det kan endåtil vere motstridande. I eit kor finst det mange ulike motivasjonsfaktorar. Somme er personlege og private, medan andre er felles og uttalte. Midt oppe i dette står den einskilde kormedlem og må ta omsyn til sine eigne, til medkoristen sine, og koret sine felles uttalte mål og motivasjonsfaktorar.

Motivasjon er som regel blitt sett utifrå individet sin ståstad, og i ein psykologisk fagtradisjon kan motivasjon bli forstått som det som forårsakar aktiviteten/set i gong åtferda, det som held aktiviteten ved like, og det som gir aktiviteten mål og meining/gir åtferda retning (Håkonsen, 2009, s. 88; Imsen, 2014, s. 293). Fleire teoretiske innfallsvinklar peikar likefullt på at motivasjon må bli forstått på bakgrunn av den tilhøyrande konteksten, og at motivasjon såleis løftar fram noko særlege ved den spesifikke konteksten han eksisterer i (Bourdieu et al., 1995; Finnegan, 1989; Giddens, 1984). Å undersøke motivasjonen til kordeltakarar kan dermed auke forståinga både om kva det betyr for individet å vere med i kor, men også seie noko om koret som heilskap. I denne studien har motivasjon vakse fram som eit nøkkelkonsept, og vidare vil eg i dette kapitlet presentere og diskutere datamaterialet med utgangspunkt i forskings spørsmål 1: *Kva*

motiverer til kordeltaking, og korleis påverkar konteksten korverksemda tilbyr motivasjonen til kordeltakarane?

Den forskingsmessige og teoretiske bakgrunnen for dette kapittelet er presentert i del A (kapittel 2.5.1 og 3.2.1), og vil derfor ikkje bli repetert i stor grad i denne gjennomgangen. Når det gjeld diskusjonen av resultatane vil denne i dette kapittelet kome i form av ei skissering av *ein kontekstuell modell om motivasjon i kor*. I denne modellen vil motivasjonsfaktorar for å vere med i kor bli sortert i ulike nivå, frå *det nære* til *det fjerne*, og er eit forsøk på sjå korleis motivasjon står i ein direkte samanheng med konteksten korverksemda tilbyr. Denne innfallsvinkelen tek eit steg til side frå eksisterande teori knytt til motivasjon, og adresserer mellom anna ei utfordring påpeika av Stewart og Lonsdale (2016) om sjølvbestemmingsteori og autonomien si rolle i høve motivasjon og opplevd velvære.³⁶ Diskusjonen vil derfor i dette kapittelet i stor grad basere seg på empirien, der teoretiseringa først og fremst kjem i form av skisseringa av nye konsept og den kontekstuelle motivasjonsmodellen.

Først i dette kapittelet tek eg utgangspunkt i at motivasjon kan bli forstått som det som forårsakar ein aktivitet/set i gong ei viss åtferd. Om aktiviteten/åtferda det er snakk om er kordeltaking, kan det derfor vere interessant å undersøke kva som fører til at folk tek eit slikt val. Kva er det kordeltakarane trekker fram som viktig for at nett dei tok til i kor, og kva vona dei å få ut av det? På ei anna side så er dei fleste kor avhengige av ei viss rekruttering, og i datamaterialet kjem det fram nokre problematikkar i tilknytning til dette. Etter å ha undersøkt denne sida vil eg gå vidare til ei anna forståing av motivasjon, nemleg som det som held aktiviteten ved like, og det som gir aktiviteten mål og mening/gir åtferda retning. I ein korkontekst kan dette bety å bli i koret, kome seg over nybyrjarfasen og etablere eit medlemskap. I denne delen går kapittelet sin resultatpresentasjonen over i ein diskusjon, i og med at relevant datamateriale blir organisert i høve den kontekstuelle modellen for motivasjon i kor. Ved å sortere motivasjonsfaktorane kordeltakarane trekker fram i ulike nivå, frå nære til fjerne, teiknar eg eit bilete av ein frodig og samansett motivasjonskultur bestående av ei rekkje ulike faktorar av ulike karakter. Til slutt i kapittelet vil eg på bakgrunn av denne gjennomgangen diskutere motivasjonsmodellen ved hjelp omgrepa *personleg motivasjonsprofil* og *motivasjonskultur*, samt applisere desse teoretiseringane på enkelte observasjonar gjort i studien sine deltakarkor.

³⁶ Sjå kapittel 3.2.1.

6.1 Å ta til i koret

Korrekruttering har fleire sider. På den eine sida står den potensielle kordeltakaren med sine ynskje, behov og livssituasjon, og på den andre står koret. Somme gongar «klaffar» det, og eit kor blir ein person rikare. Men det er ikkje alltid nok å vere motivert for å ta til i eit kor, det må også passe inn i både kvardag og livssituasjon.

6.1.1 Frå den potensielle kormedlemmen si side

I intervjuet fekk intervjupersonane høve til å fortelje om tidlegare erfaringar med musikk og song, og meir konkret fortelje om korleis det hadde seg at dei tok til i nett det aktuelle koret. Med dette som bakgrunn dukka det opp ein del tema som stod fram som særleg viktige. Somme kunne fortelje om ein situasjon dei stod i, til dømes det å vere ny i bygda, der å bli med i kor verka interessant og ei slags «løysing» på utfordringar dei opplevde. Andre hadde konkrete erfaringar om å bli «hanka inn» eller bli direkte rekruttert inn i koret.

Ein sentral faktor for personar som tok til i kor var at dei hadde familie i kor frå før. Dette stemmer godt overeins med eitt av funna til Finnegan, der deltaking i amatørmusikk gjerne var noko som gjekk i arv frå foreldre til barn (Finnegan, 1989). Då dette er eit såpass stort tema har eg valt å ta det ut av dette kapitlet for å gi det plass i kapittel 9. Familien sin rolle i høve kordeltaking blir då satt inn i ein større samanheng, og vil også fungere som ein slags metafor for ein versjon av det sosiale fellesskapet. I dette kapitlet vil eg fokusere på andre motivasjonsfaktorar intervjupersonane trekte fram som særleg viktige. Å ha familie blei heller ikkje trekt fram som ein direkte motivasjonsfaktor, men heller noko som gjorde valet om å ta til i kor lettare og meir naturleg.

6.1.2 Å oppsøke fellesskap

Noko fleire trekte fram var korleis kordeltaking blei aktuelt etter å ha flytta til ein ny stad. Å kome til ei bygd der ein ikkje kjenner så mange og manglar nettverk kan vere utfordrande, og det å bli med i eit kor er ein snarveg inn i eit sosialt miljø. Ein føresetnad for dette er sjølvstekt at ein har ein viss kjennskap til kva eit kor er, og tankar om at ein vil kunne like å synge i kor.

For Inga så blei det å flytte til Sunnmøre frå ei skogsbygd på austlandet ei sterk oppleving, og ho let seg imponere over kor flinke folk var til mangt, ikkje minst innan musikk og kor.

Jeg kan jo også si det at jeg kommer jo i fra Østlandet som du hører, og jeg kommer fra en gård inne i en skogsbygd, og når jeg kom til Sunnmøre så var jeg jo veldig overveldet hvor flinke folk var her, med alle ting egentlig, og også med musikk og kor – innen den bransjen så følte jeg meg ganske dum [latter] når det gjaldt det. Men etterhvert så har jeg blitt sunnmøring og liker meg veldig godt her, så jeg er med i ganske mange sosiale ting, ja, og det er Frivillighetssentralen, Eldrerådet har jeg vært med i, og Saniteten ikke minst, og da koret.

«Å bli sunnmøring» var for Inga å ta del i lokalsamfunnet, og saman med ei rekkje aktivitetar var koret ein viktig del av dette.

For Anna var overgangen endå større, då ho saman med mannen sin gjennomførte ein mangeårig draum om å flytte til Noreg frå utlandet, i første omgang for eit års tid. Dei fekk seg arbeid, men kjende ingen. Som ei slags løysing på dette melde Anna seg inn i blandakor, noko ho opplevde som heilt fantastisk.

Det er kanskje ikkje så mykje som skjer på Vartdal, så då vart det litt, «ja, korleis kan eg på ein måte bli litt kjent – ja, då kan du ta til i blandakoret». [...] Eg melde meg inn [...] og det var heilt fantastisk. Då var det mai 2006, og vi hadde avtalt at vi skulle flytte tilbake til [heimlandet]. Og det var bestemt, så det gjorde vi. Og vi var på arbeid begge to [i heimlandet] og alt var bra men, nei, det fungerte ikkje lenger. Nei, eg kan ikkje forklare det, det vart berre slik at vi var tilbake i [heimlandet], men tankane våre var berre her i Noreg. Det hadde skjedd noko, så... vi kan ikkje forklare det. [...] Så då bestemte vi oss for å flytte tilbake. Så 2005 flytte vi fyrste gongen til Vartdal, og 2006 igjen til [heimlandet], og 2007 då var vi her igjen. [...] Så no bur vi her og vi arbeider og eg syng i koret.

For både Inga og Anna tilbydde det lokale koret eit høve til å bli ein del av lokalsamfunnet. Gjennom deltaking i koret fekk dei utfalde seg både musikalsk og sosialt, og koret blei såleis eit element i det å «bli sunnmøring» eller å «bli norsk». I tillegg til å skaffe seg eit nettverk av menneske på den staden ein budde, var kordeltakinga ei hjelp til å slå rot, og skape ein identitet knytt til staden. I desse tilfella var det først og fremst sosiale behov som var den viktigaste motivasjonsfaktoren.

Å vente på at noko skal skje

For Linda var situasjonen at ho gjekk rundt og venta på «eit eller anna», som ho kunne fortelje. Etter ein periode i Ten-Sing og som dirigent for eit ungdomskor hadde ho blitt litt kresen musikalsk, og ambisjonsnivået hennar hadde heva seg.

Då ho trefte på Espen som kunne fortelje at han gjekk svanger med planar om å starte opp eit nytt damekor, følte ho at dette var noko ho var klar for.

Eg hugsar ikkje heilt kvar det var, men eg var i alle fall ute og prøvesong, og kom no gjennom. Og så var det på ein måte starta – trur vi var kanskje tjuve eller atten. Trur det var fem-fire-fire-fem [på dei ulike gruppene i eit damekor], sånn fordelt.

Sjølv om det var mange kor i området, var ambisjonsnivået til dette nystarta koret noko av det som appellerte til Linda, og når sjansen baud seg greip ho han. Noko liknande kunne Sara fortelje, då ho etter ein studieperiode flytta heim og opplevde eit sagn etter musikk i kvardagen sin. Då ho las i avisa at Siréne søkte sopran tok ho motet til seg og melde seg til prøvesong.

Og så plutselig når det stod i avisa at Siréne søkte sopran, så berre «å, hjelp, skal eg tore, liksom». Så berre gjorde eg det, og så fekk eg søren meg vere med [ler]. Og då, det var heilt, ja, så det var veldig kjekt.

Også for Sara var ambisjonsnivået avgjerande for at ho søkte seg inn, og Siréne gav ho eit tilbod som kjendest rett for ho. Det var med andre ord ikkje likegyldig kva kor det var, men den rette kombinasjonen av ambisjonar og sosialt miljø, der det sosiale aspektet var mindre viktig.

Å vere ynskt

Dei aller fleste eg snakka med i kora eg følgde kunne fortelje om korleis dei var blitt rekruttert inn. Sonja opplevde å bli lokka med over tid, då dirigenten av koret, som også var barnet hennar sin pianolærer, oppdaga ho på speletimane. Gjennom ein to år lang bli-kjend-prosess fekk ho til slutt spørsmål om ho kunne tenkje seg å vere med i koret Siréne. For andre kunne det vere fleire i nettverket som allereie song i eit kor, som meir eller mindre målretta lokka eininn. I all hovudsak kunne folk i positive ordelag fortelje om korleis dei følte seg ynskte inn i koret, eller som Susanna kalla det:

Det vart massivt gruppepress i frå folk som var med [latter], som ville rekruttere nye medlemmer.

Det å ville byrje i kor er ikkje alltid nok, ein skal også tørre å ta steget, noko som kan verke både skremmande og skummelt. Då er det godt å bli spurd direkte, noko Ola opplevde.

Eg har alltid likt musikk og synest at korsong og alt sånt var veldig fint, og har heile tida hatt lyst til å byrje i kor. Men klart, det er jo ein milepæl berre det å byrje – og veldig nervøs då, når eg stod framme på så høge benkar, knea skalv og [latter] alle sånne ting, men det har no gått over, då. Så var det nå ho trur det

var [...] som byrja å mase på meg i 1993 om eg ikkje kunne kome og vere med på, det var noko problem med å skaffe folk. [...] Det var starthjelpa for å få meg med.

Opplevinga av å vere ynskt er ei god kjensle, og var noko som mange trekte fram i intervju. Særleg for personar som ikkje har sunge i kor før kan terskelen for å ta til vere høg – tanken på å skulle syngje framfor andre menneske, tvilen på om ein er flink nok, og ikkje minst det sosiale aspektet som høyrer til det å skulle bli kjend med ei rekkje nye menneske kan vere avskrekkande. Det å få ein direkte førespurnad frå nokon ein kjenner kan derfor vere ein viktig føresetnad for å tore å steget inn i eit kor.

Å bli hyra

Det er ein del openbare skilnader mellom motivasjonen til dirigentar og til vanlege kormedlemmar når det handlar om å ta til i kor. Sjølv om eg i denne studien har inkludert intervju med fire dirigentar i datamaterialet, så har fokuset mitt vore på dei vanlege kormedlemmane. For desse spelar sjølvsgatt forholdet til dirigenten ei stor rolle, og kan vere avgjerande for om enkeltmedlemmar tek til, blir, eller sluttar i koret. Å ha ein godt fungerande dirigent er ein del av eksistensgrunnlaget til eit kor, noko som betyr at det meste som har med dirigenten å gjere blir dramatisk for koret. Å hyre ein dirigent blir derfor ei svært viktig avgjersle, med store konsekvensar. På den eine sida er ein heilt avhengig av å få på plass ein dirigent, utan dirigent – ikkje noko kor. På den andre sida kan ein risikere å hyre nokon som ikkje fungerer, noko som potensielt kan føre til slutten for eit kor i ein sårbar situasjon.

For dirigenten på si side er det ei tilsvarande stor avgjersle å takke ja til eit slikt tilbud. Det finst mange forventingar til kva ein som dirigent skal utrette, og det skal godt gjerast å innfri alle desse. Motivasjonen ein potensiell dirigent opplever blir sjølvsgatt også påverka av ei rekkje tilleggsfaktorar utover dei ein ordinær kormedlem kjenner på, som til dømes at dei fleste dirigentar blir løna av koret. Kor stor del dette utgjer av den totale motivasjonen kan variere svært mykje, noko som også heng saman med type eigarskap ein dirigent kjenner for koret, noko eg vil kome attende til i neste kapittel.

I datamaterialet til denne studien kom det fram at dirigentar var ei etterspurd vare på Søre Sunnmøre, og fleire av dirigentane til kora eg følgde hadde opplevd at dei var blitt oppsøkt med direkte spørsmål om dei kunne tenkje seg jobben som dirigent. «Oppdraget» ein får utdelt når ein tek til som dirigent kan variere.

Fredrik hadde nyleg flytta til Sunnmøre, og blei ringd opp frå formannen i Brandalskoret med ein konkret førespurnad:

Spørsmålet var då om eg kunne tenkje meg å byrje å dirigere Brandalskoret. Og mandatet mitt var då at dei hadde eit veldig godt sosialt miljø i koret, men dei følte at den musikalske standarden burde betrast ein god del. Og dei trudde og håpa at dei hadde vel høyrd litt om meg, trur eg, så dei hadde eit håp om at eg kanskje kunne gjere noko med det. Det var starten, så verre var det eigentleg ikkje.

Eit kor kan greie seg med låg songarbemannig i lengre periodar, men utan dirigent er det som sagt verre. Ein strekk seg derfor langt i å kome ein potensiell dirigent i møte, både økonomisk og praktisk – det er til dømes ikkje uvanleg at kor bytar øvingsdag for å praktisk legge til rette for ein ny dirigent. Å tilsetje ein ny dirigent kan minne om eit slags frieri, og ein av dirigentane hadde også opplevd å få besøk av potensielle koristar som framførde «frieriet» på kreativt vis, noko ei nyleg heimflytta Ingeborg kunne fortelje om.

Plutseleg ein kveld så var det nokon som banka på døra mi, tre damer som kom syngjande inn igjennom døra. Og eg kjende ikkje dei, om eg ville starte kor? Trur det var litt i Liadalsbygda dei hadde tenkt, fordi dei hadde hørt at det hadde flytta ein som kunne eller hadde [dirigert], ja. Ja, det hørtes jo veldig interessant ut, det, seier eg, det skal eg tenkje på.

Vegar inn i kor

Det er mange vegar inn i kor, men for deltakarane i denne studien var det hovudsakleg to vegar som stod fram. Den eine vegen kunne i stor grad sporast tilbake til eit enkelt spørsmål frå ein enkelt person. Kva som motiverte den potensielle korsongaren/dirigenten til å svare ja på dette spørsmålet kunne variere, men opplevinga av å vere ynskt og få «hjelp» til å bli med i eit kor/eit sosialt fellesskap var viktig. Den andre vegen var i utgangspunktet motivert av eit ynskje om å bli med i eit kor, anten som eit middel for å oppnå noko anna, til dømes å bli kjend med nye menneske eller å bli ein del av lokalsamfunnet, eller fordi ein hadde særskilte musikalske preferansar, der ein såg på eit visst kor som godt egna til å fylle dette behovet. Som dirigent kan ein oppleve å få utdelt eit oppdrag, anten det er å vidareføre ein tradisjon eller å vidareutvikle visse element i koret. I enkelte høve kan ein som dirigent også få vere medskapar av noko nytt, noko som kan vere ei veldig spennande og kreativ utfordring for ein musikalsk leiar.

6.1.3 Korleis skal vi bli fleire?

Det å ta til i eit kor har også ei anna side ved seg, nemleg det arbeidet som vert gjort frå koret si side for å rekruttere nye songarar inn i rekkene. Det å få eit direkte spørsmål om å bli med i kor var utslagsgjevande for mange, og for dei fleste kor er det å rekruttere nye songarar eit viktig og evig aktuelt tema, og noko som medfører mykje merksemd og konkrete grep i koret. I intervjuar var temaet om rekrutteringa eitt av dei som intervjupersonane var mest bekymra for.

Ein viktig del av kordrifta er å synge for ulike typar publikum, om det så er snakk om eigne konsertar eller andre type arrangement. Den type eksponering som går føre seg gjennom denne type aktivitet er ein viktig og naturleg del av rekrutteringsarbeidet til dei fleste kor. Gjennom gode publikumsopplevingar blir grunnlaget for rekruttering lagt, då ein kan nå nye potensielle kormedlemmar med «produktet» sitt. Enkelte kor opplever ein god pågang av nye søkarar, men dette gjeld særleg høgprofilerte kor med høgt ambisjons- og aktivitetsnivå. For dei fleste kora i denne undersøkinga var rekruttering eit evig aktuelt tema.

Som det kom fram i kapittel 6.1.1 var direkte rekruttering ei svært viktig årsak til at mange hadde teke til i kor. Men dei fleste nettverk når eit slags mettingspunkt, og kormedlemmar kan føle dei ikkje har nokon fleire å spørje, eller dei kan oppleve det vanskeleg å lokke aktuelle songarar inn i koret. I ein slik situasjon kan dette føre til at medlemmane blir meir bekymra over dette med rekruttering, og denne tematikken kan ta til å prege både den uformelle praten i pausar, samt konkret styrearbeid.

I kartleggingsundersøkinga svarte kora på ein del spørsmål som gjekk på stabilitet i medlemsmassen og rekruttering. Når det gjaldt talet på medlemmar rapporterte 13 % av kora at dei var for få, medan 71 % kunne rapportere om at dei var mange nok, men godt kunne vere fleire. Berre 16 % rapporterte at dei var så mange som dei ynskte. 21 % opplevde at dei blei færre, medan 62 % rapporterte om at medlemsmassen var stabil. 30 % syntest det var vanskeleg å finne nye songarar, medan 51 % fekk rekruttert nye songarar av og til. På bakgrunn av desse tala, der 84 % rapporterte at dei gjerne kunne vere fleire i koret sitt, medan 81 % ikkje syntest det var lett å rekruttere nye, er det forståeleg at kora er opptekne av dette med rekruttering.³⁷

Behova for tryggleik, sosialt samkvem, kjærleik, respekt og beundring har det ved seg at dei er avhengige av andre menneske, dvs. omgjevnadane, for å kunne

37 Sjå kapittel 5.2.5.

bli oppfylt (Maslow, 1962, s. 24–33). Eit kor kan vere ein kontekst som tilbyr eit sosialt fellesskap som dekker denne type behov. Om koret slit med mannskap eller dirigent, eller har problem med å rekruttere nye, så kan dette bli oppfatta som ein trussel mot vilkåra for sjølve eksistensgrunnlaget til koret. Ein slik fare vil derfor krevje prioritet på same måte som om ein opplever utryggleik eller manglande sosial kontakt (Maslow, 1970a, s. 47). Utan å gå for mykje inn på kva intervjupersonane meinte var årsakene til at folk ikkje blei med i kor, eit tema eg vil ta opp i kapittel 10 om kor og samfunn, ynskjer eg likevel å skrive litt om tre problematikkar som eg merkte meg blei aktualisert i slike situasjonar. Desse tre problematikane kan skildrast gjennom uttrykka *feilsøkingmodus*, *vitalitetstyranniet*, og *rekrutteringsparadokset*.

Feilsøkingmodus

Den første problematikken er den mest openbare i ein situasjon der ein opplever utryggleik for korets framtid grunna sviktande rekruttering. I staden for finne ei forklaring på dette ute blant dei potensielle songarane i lokalmiljøet, kan ein vende seg innover mot seg sjølv. Kan forklaringa ligge i koret?

Ein naturleg reaksjon på eit slikt fokus er at ein byrjar å leite etter «feil». Syng ein feil type repertoar? Øver ein på feil dag? Er ein for ambisiøs, eller for lite ambisiøs? Har ein rett dirigent? Er ein synleg nok? Er det noko gale med miljøet? Er snittalderen for høg? Ein slik feilsøkingmodus er ein forståeleg reaksjon, men kan vere uheldig. Det ein tenkjer mykje på har ein tendens til å «ta over», og kan gjere at ein nyttar mindre tid på det som gir glede i korsongen. Naturlegvis kan ein gjennom slike prosessar kome fram til at ein er nøydd å gjere store endringar i koret, men sjølve effekten av ein feilsøkingmodus er ikkje lett å bli kvitt. På somme måtar handlar dette om å ha tru på det prosjektet ein er ein del av, og eit stadig fokus på kva som er feil kan gå på trua laus.

I slike situasjonar med sviktande rekruttering kan det fort snike seg inn ein lett «depresjon» blant kormedlemmane, og kjensla av at koret går mot slutten kan bli merkbar. Samtidig veit dei fleste at undergangskjensle ikkje er god PR – ein reklamerer ikkje for ein båttur ved å fortelje om lekkasjar, underbemanning og gamalt mannskap. Det som «sel» er vitalitet, glede og positive opplevingar, og naturleg nok er det dette kormedlemmar som er ute etter å rekruttere nye songarar ynskjer å formidle.

Vitalitetstyranniet

Med ordet *vitalitetstyranni* siktar eg til ein observasjon eg gjorde i møte med korfeltet, og handlar om utfordringa som kan oppstå når ein føler ein må utgje seg for å vere noko ein ikkje er. Om ein er bekymra for framtida til koret, og det er tungt med underbemanning på stemmegruppa si, så blir korkvardagen prega av dette. Samtidig skal kor vere moro, det er jo derfor ein er der. Som ein korsongar som er oppteken av å rekruttere nye medlemmer kan ein derfor føle eit visst press til å skjønne situasjonen, det vil seie spele ned negative sider og vektlegge positive sider. For det finst ei slags stereotyp oppfatning av *korsongaren* – ein musikkglad, vital og sosial person som byr på seg sjølv. Sjølv om det i eit kor er rom for at medlemmane utviklar nære relasjonar, og at både opp- og nedturar blir delte i dette fellesskapet, så ligg der ei forventning om ein slags vitalitet. Denne forventinga prega mange av intervju og samtalar eg hadde med folk i feltet. Samtalane starta gjerne med nokre spontane funderingar rundt det flotte med korsong, og kor mykje det å vere med i kor betydde for vedkomande. Etter kvart som samtalen utvikla seg dukka likevel bekymringane opp, men desse var ofte retta mot eit samfunn og ein kultur som gjorde det vanskelegare for folk å bli med i kor. Meir sjeldan blei det fortald om personlege, negative opplevingar i korsamheng. Det same kunne eg sjå gjennom observasjonane i feltet. I enkelte tilfelle kunne eg merke meg misnøye, frustrasjon eller konflikthar mellom kormedlemmar, men som regel blei dette ikkje gjort noko nummer ut av, og aktiviteten gjekk vidare som normalt.

Fråværet av negativitet handlar jo først og fremst om at korsong for dei aller fleste er ein frivillig og god aktivitet. Om ein ikkje trivst så kan ein jo slutte. Samtidig vitnar dette også om ein kultur der ein fokuserer på det positive, og ikkje nyttar mykje tid eller merksemd på det som kan vere negativt for kormedlemmane. Denne strategien fungerer stort sett veldig bra, og koret blir ein stad ein møtest for gode opplevingar. Men i utfordrande periodar, der fokuset dreiar mot problematiske tendensar og ein går inn i ein feilsøkingssmodus, kan ein som miljø mangle strategiar for å ta tak i desse negative kjenslene. I slike periodar kan kravet om å vere den positive, musikkglade, vitale og sosiale korsongaren bli opplevd som ei tvangstrøye – eit *vitalitetstyranni*.

Rekrutteringsparadokset

Så mange som 81 % rapporterte at det var vanskeleg å rekruttere nye songarar til koret. Samtidig kunne nærare 90 % melde om at medlemsmassen var nokså

stabil, det vil seie at størsteparten av songarane blir i koret over lang tid. Eit anna faktum er at svært mange av kora har ein høg snittalder. Over halvparten dei som syng i kor på Søre Sunnmøre er over 40 år, og heile 21 % er over 60 år. Aldersgruppa mellom 20 og 39 år utgjør berre 9 % av korsongarane.

Emil var ein av fleire intervjupersonar som kunne fortelje om korleis ein opplevde at snittalderen i koret blei høgare.

Ja, koret er blitt eldre, det ser ein når ein ser på bilete det, [latter] så det.. Ja, forskjellige har jo vandra, og, så det.

Vemund kunne også fortelje om dette, men syntest heller ikkje dette påverka sjølve korsongen i seg sjølv.

Gjennomsnittsalderen på dei som er der går opp for kvart år. I alle fall den som endar opp som gjennomsnitt, men kapasiteten til dei har ikkje forandra seg så veldig mykje. Det har vorte litt skinnare i rekkene liksom, men det kjem ein del av helse og ein del sånn.

I nokre av intervju kom det fram at alderen på kormedlemmane var ein faktor som spelte inn når ein bestemte seg for om ein ville ta til i eit kor. For Susanna blei nokre kor mindre aktuelle på grunn av dette.

Så einaste koret eg hadde høyrd om på Hareid var eit kammerkor, men det syntest eg vart litt sånn, det var «dei eldre» som regjerte. Og eg såg ikkje heilt min plass inne i det der då.

Sara var midt i 20-åra, og opplevde at dette var eit generelt problem, då tilbodet for folk på hennar alder ikkje var så stort. Samtidig var tanken på å ta til i eit kor med for høg snittalder ikkje så fristande.

Men viss eg for eksempel skulle ha begynt i eit blandakor eller noko her ute, så hadde det vore ei heilt anna aldersgruppe, med folk på alder med bestemora mi. Så det hadde liksom ikkje blitt så morosamt, då [latter]. Men så det skulle absolutt vore meir sånn – for aldersgruppa, ja, folk på min alder.

Det er med andre ord lettare for kor som har yngre songarar å rekruttere unge songarar, medan kor med ein høg snittalder har det tilsvarande vanskeleg med dette. Om eit kor har fått ein høg gjennomsnittsalder er ein derfor i ein noko kinkig situasjon når det gjeld rekruttering. Sjølv om eit kor med høg snittalder har med seg mykje verdifullt i form av tradisjonar, erfaring, kultur og historie, så er dette verdiar som fyrst og fremst betyr noko for dei som allereie er medlemmar i koret. Og sjølv om ein gjerne ynskjer å rekruttere nye og yngre krefter inn for å ta del i dette, så er koret mindre attraktivt på grunn av den høge snittalderen. Det paradoksale er at det er kormedlemmane sjølve, som

så gjerne ynskjer å ta grep for å sikre at koret overlever, som er den viktigaste årsaken til at det er vanskeleg å rekruttere yngre.

6.2 Å bli i koret

Men etter ein er blitt medlem og korsongen har blitt ein del av kvardagen, kva er det då som held ein i koret? Kvifor rapporterer kora om ein svært stabil medlemsmasse der folk sjeldan sluttar, men heller blir i koret over lang tid? Å ta til i eit kor har ein eigen dynamikk, der ein skal bli kjend med mykje nytt og gjere seg erfaringar på både det musikalske og sosiale planet. Etter kvart når slike ting går seg til og ein «landar» i gruppa, endrar opplevinga av å vere i koret seg. Ein må finne seg til rette i ein musikalsk og sosial korkvardag, og for mange eg snakka med var kombinasjonen av musikk og sosialt miljø noko av det fyrste som dukka opp i samtalar om kvifor ein syng i kor. «Båe delar er like viktige», sa ein gjerne. Samtalen vidare gjekk då gjerne på i kor stor grad det musikalske eller det sosiale var det viktigaste, og korleis ein som kor heile tida må balansere dette for å finne den optimale blandinga. Om det blir for høge ambisjonar, og for lite rom for det sosiale går dette utover trivselen, medan eit for lite fokus på musikalsk utvikling på si side gjer det same. Eksisterande forskning gjort på motivasjon i kor trekker ofte fram desse to faktorane som dei viktigaste, med song og musikk på den eine sida, og det sosiale fellesskapet på den andre (Balsnes, 2009; Einarsdottir & Gudmundsdottir, 2016; Stewart & Lonsdale, 2016; Weinstein et al., 2016). Denne binære forståinga er lett å kjenne att også i denne studien sitt datamateriale, og er ei naturleg og openbar inndeling av korleis kordeltakarar opplever det å drive kor. På ei anna side kan denne etablerte dikotomien gjere det vanskeleg å få auge på nyansar i dette biletet.

Etter kvart som samtalanene utvikla seg fekk eg ei forståing av at det var langt fleire faktorar som var viktige når intervjupersonane skulle fortelje om motivasjonane sine for å vere i kora. Sosiale og musikalske behov var nærliggande å gripe til som eit utgangspunkt, og seier også noko om det mange opplever som kva korøvingar handlar om – ein kamp mellom det disiplinerte musikalske fokuset, gjerne i regi av ein dirigent med dårleg tid, og det ustyrlege sosiale elementet som truar med å invadere alle rom det får sjansen til. Men motivasjonane strekker seg ofte mykje lengre enn sjølve korøvingane, og kan også drage inn element som er sterkt personlege og knytt til den enkelte si historie

og liv. I analysen av datamaterialet dukka det opp ei rekkje faktorar som på ulike vis sa noko om kvifor deltakarane i studien song i kor, og i arbeidet med dette fekk eg behov for å organisere desse på måtar som sette materialet fri frå den openbare konflikten mellom det sosiale og det musikalske, eller det indre og det ytre.

6.2.1 Motivasjonsfaktorar – mellom det nære og det fjerne?

Sjølvbestemmingsteorien (SDT) er ein organismisk metateori som tek utgangspunkt i mennesket sine naturlege ressursar for personleg utvikling og sjølvregulering (Ryan & Deci, 2000). I tillegg til indre motivasjon finst det fire typar ytre motivasjon inndelt etter graden av autonomitet. Det er blitt stilt spørsmålsteikn med kva rolle autonomi spelar for utviklinga av motivasjon for kordeltakarar, der det ein ikkje finn den forventa samanhengen mellom grad av autonomi og opplevd velvære. Mangelen på autonomi kan moglegvis blir kompensert for av andre psykologiske variablar (til dømes entativitet, fellesskap/relasjonar eller kompetanse), og dette er peika ut som eit område for framtidig forskning (Stewart & Lonsdale, 2016, s. 1250).

Årsaker som intervjupersonane ofte trekte fram om kvifor dei var med i koret sitt kunne vere element dei opplevde som særleg meiningsfulle, høgdepunkt-opplevingar, eller noko som gav dei noko ekstra. Men det kunne også vere andre typar årsaker, som at det var vanskeleg å slutte, lojalitet til koret, eller ansvar- og plikt kjensle. Til saman dannar dette eit stort spenn av ulike motivasjonsfaktorar. I analysearbeidet såg eg at desse faktorane let seg fordele etter kor *nært* eller *fjernt* dei var i høve intervjupersonane. Med *nære motivasjonsfaktorar* meiner eg sider ved korsongen der intervjupersonen opplevde at det betydde noko særskild for berre han/ho, eller der vedkomande opplevde ei personleg utvikling. Med *fjerne motivasjonsfaktorar* siktar eg til sider ved kordeltakinga som intervjupersonen også opplevde som viktige, men som i *større* grad handla om noko anna/nokre andre/noko *større* enn seg sjølv. Det nære og fjerne kan også handle om tid. Var det snakk om noko som skjer no, noko ein gler seg til i framtida, eller var motivasjonen tufta på noko som ein gong var?

Det er nærliggande å tenkje nære motivasjonsfaktorar i samanheng med indre motivasjon, der ein oppnår ei slags indre tilfredsstilling, eller som engasjerer for aktivitetens skuld. Men korleis skal ein forstå dette når aktiviteten det er snakk om per definisjon er eit samarbeidsprosjekt med låg grad av autonomi,

når eins eiga indre tilfredsstilling er avhengig av andre sin innsats? På same måte kan ein spørje seg om fjerne motivasjonsfaktorar kan sidestilla med ytre motivasjon med liten grad av autonomi. Men kva om det er nettopp desse fjerne motivasjonsfaktorane det felles korprosjektet handlar om, ei høgare meining med aktiviteten som korfellesskapet løftar fram som viktig? Utan å kritisere sjølvbestemmingsteorien og skiljet mellom indre og ytre motivasjon, vil eg i denne studien følgje ein annan sti og sjå kvar denne fører. Mot slutten av kapittelet vil eg på bakgrunn av den komande drøftinga vende blikket mot enkelte erfaringar eg gjorde meg i møte med dei fire deltakarkora i studien, og undersøke om eg kan få auge på nye sider ved fenomenet motivasjon i kor.

6.2.2 Nære motivasjonsfaktorar

I nokre av intervjua blei det tydeleg at temaet ein snakka om betydde noko heilt særskilt for intervjupersonen, noko som kom fram i det emosjonelle engasjementet og måten temaet blei snakka om og behandla. For meg som intervjuar var det viktig å vere varsam i møte med denne typen reaksjonar, då det gjerne betydde at vi her var inne på noko viktig og potensielt følsamt. Samtidig kan noko av dei viktigaste tinga for oss vere så sjølvsgade at vi knapt hugsar å nemne dei. *Nære motivasjonsfaktorar* famnar om mellom anna personleg utvikling og identitet, der kormedlemmen opplever at koret spelar ei rolle i livet som er særleg betydingsfullt for ein sjølv. Vidare vil eg illustrere denne typen motivasjonsfaktorar med nokre døme frå datamaterialet.

«...det er kun for meg sjølv»

Sonja kunne fortelje om ein kvardag full av oppgåver og ansvar, men der koret stod i ei særstilling. Når spørsmålet kom opp på heimebane om ikkje koret kunne ofrast for å få kabalen til å gå opp, blei det klart for Sonja kva koret betydde for ho.

Det er klart at det er eit slit å få alt til å gå i hop når du har ungar som kjem heim frå skulen, dei skal følgjast opp med lekser, og så skal dei også gjerne på aktivitet, før eg skal av garde på kor klokka seks. Og det var ikkje veldig lenge etter eg begynte, så sa han [ektemannen] at «vi er nøydd til å kutte ned på noko. Kanskje du er nøydd til å kutte ut Siréne». Og eg berre: «nei!» [latter], det er liksom den eine tingen eg gjer berre for meg sjølv, og det er, eg går ut gjenom døra og veit at alt ordnar seg heime sjølv [...] Men Siréne er kun eg, og det er kun for meg sjølv. Og det å få gjere det, det satt utruleg langt inne, så eg trur,

då forstod han eigentleg kor viktig det var og sa at: «OK, då forstår eg at det er så viktig for deg, det er heilt greitt».

For Sonja stod koret som den eine aktiviteten som berre var for ho. Mykje av resten av livet handla om ungar og familieliv, og sjølv om dette var meiningsfullt så var det viktig for Sonja å ha ein arena der ho fekk vere berre seg sjølv. Å reise på korøvinga klokka seks var også å kunne forlate heimen og ansvaret som følgde med for ei lita stund, og blei såleis ein måte for Sonja å få stadfest viktige sider ved seg sjølv, også ovanfor familien.

Å lære noko nytt og utvikle seg

Fleire av dei eg intervjuar trekte fram det å lære noko nytt som ein viktig del av det å vere med i kor. Gjennom kordeltakinga fekk dei lære litt om mykje forskjellig, som å utvikle stemma si, bli merksam på pust og kropp, nye melodiar og tekstar, samt få prøve andre språk. For somme var det gjennom kordeltakinga dei hadde fått lære om organisasjonsarbeid gjennom å ha ulike verv. For Inga var kombinasjonen av å lære i ein positiv sosial setting noko ho trekte fram som viktig.

Det som er viktig er jo det sosiale på en måte, men det er jo det musikalske og å lære, for å få nye verk, ikke bare vanlige sanger som du nesten har kunnet fra før, det ble det jo i begynnelsen, bare sånne norske sanger. Og nå har vi jo både på gresk og tysk og fransk og engelsk også. Så akkurat det synes jeg er viktig, å lære samtidig som du har det kjekt, og da det sosiale.

Nokre av intervjupersonane kunne også fortelje om ei personleg utvikling gjennom deltaking i kor. Sara kunne fortelje om ei nærast fysisk oppleving av endring, der ein aukande tryggleik på seg sjølv og stemma si ga ho ein heilt annan sjølvtilitt til å synge ut.

Eg er blitt mykje meir tryggare på meg sjølv. Det å syngje framfor andre ikkje minst. I byrjinga så hugsar eg at det eg trudde at eg song skikkeleg høgt, eg trudde at alle berre hørde meg. Men plutseleg, medan vi var i Kina, så fann eg ut at det, då gjekk det verkeleg opp for meg at eg song skikkeleg lavt. Så då fekk eg ei skikkeleg sånn «aha», for det var ei anna som song skikkeleg lavt som eg stod i lag med, og eg hørde ikkje ho i det heile tatt.

Å oppleve at sjølvtilitten veks, og å tore å bruke stemma si kan vere ei svært viktig oppleving av personleg utvikling. Når dette skjer i ein korsamanheng, der ein heile tida blir spegla av medsongarar og dirigent som ein står i ein relasjon til, kan effekten bli desto større.

Å få utfordringar

Ein del av det å lære noko nytt er å få nye utfordringar, og på denne måten få hjelp til å strekke seg lenger enn ein sjølv trudde var mogleg. Fleire av intervju-personane kunne fortelje om episodar der dei som kor makta noko dei ikkje trudde dei skulle få til, og gleda som var knytt til dette. Vegene frå å arbeide med vanskeleg materiale for fyrste gong, og kjensla av å ikkje strekke til, for så til slutt å kjenne at ein beherskar stoffet var noko Sonja trekte fram som ekstra kjekt.

Ja, det å få utfordre deg sjølv, både på det musikalske, det at du blir flinkare, eg trur at eg blir flinkare til å synge av å vere med, og at vi syng tidvis så vanskeleg stoff at det er så vidt vi klarer det. Og etter ei stund så beherskar vi det. Det er utruleg kjekt, og ein kjempemotivator.

For enkelte kan dei høge krava i seg sjølv vere ein av dei viktigaste motivasjonane for å vere med i koret. Etter å ha bestått prøvesong var Linda skikkeleg glad for å få bli med i eit kor der krava var høge, og der ein måtte strekke seg for å henge med.

Alt skulle, og eg elsker det, veit du [latter], alt skulle kunnast før ein kom på øving. Du fekk ein note, heim igjen og «brrr» på pianoet og, «kan det», sant. Og så kom du tilbake og satt der og grua, og klødde deg i hovudet for dei som ikkje fekk det til. Og sånn er det endå. [latter] Slik at det, det var veldig deilig for meg og for søstera mi då, for vi var nå dei som, ja, verkeleg higa etter litt meir.

Høgdepunktoppleingar

Høgdepunktoppleingar kan vere motivasjonsfaktorar i seg sjølv, men kan også vere ein særskild god inngang til identitet, og gir samtidig ein auke evne til å smelte saman med verda, å bli eitt med musikken og menneska rundt ein (Maslow, 1962, s. 98–99). Ruud (2013) hevdar på si side at høgdepunktoppleingar kan peike mot den kulturelle konteksten dei oppstår i, og dermed fortelje noko om dei sentrale verdiane og diskursane i koret.

Fleire av intervju-personane i denne studien kunne fortelje om opplevingar i korsamanheng som stod ut på heilt særskilte måtar. Desse opplevingane har form av ein slags endra medvitstilstand, som også har ein fysisk dimensjon. For å skildre desse opplevingane fortel dei om «å fryse på ryggen», «å bli heilt skjelven», «å høyre koret utanfrå», eller «å føle at alle saman er eitt».

Emil hadde hatt ei flott oppleving med eit stort fellesnummer koret var ein del av.

Då kjende eg det eg fraus på ryggen [...] Nei, det var, det var stort, altså.

Å fryse på ryggen var også noko dirigentane kunne fortelje om, noko som skjedde når ei framføring blei særleg bra. Det var ikkje alltid så enkelt å forklare kva det var som eigentleg gjorde at nettopp desse framføringane skilde seg ut, men når det skjedde var det viktig å dele dette med koret.

Vi hadde ei veldig fin øvingshelg no med Cantando der dei song «Fager kveldsol smiler». Og då fekk eg frysningar, og eg blei så optimistisk, og eg sa det. [...] Men det er jo cluet, får du frysningar medan du dirigerer så må du seie det til koret, det er kjempeviktig. [Ingeborg]

For sjølv om det å reagere fysisk på ei særskilt oppleving i eit kor er noko ein gjer som individ, så tilfører det noko ekstra når ein føler at ein deler opplevinga med alle. Inga kunne fortelje om korleis ho opplevde noko slikt.

Under konsert da må du, og den følelsen der den er bare helt fantastisk, og den er vanskelig å forklare, det er noe med deg selv, ja. Og du føler at alle sammen er ett, er ikke noen som skiller seg ut, det er i en paraply, du hører hele når du synger selv, du hører alle. Så det er i grunnen vanskelig å si akkurat følelsen hvordan det er, men det er noe helt spesielt.

Mange kunne fortelje at denne typen opplevingar ofte kom plutselig og overrumplande på ein. Det var som om alle i koret med eitt blei klar over at ein var med på noko heilt særskilt, noko Sonja kunne fortelje om.

I fjor, ein eller annan gong, då var vi nede på hotellet her og song for, eg veit nesten ikkje kva det var ein gong, det var kulturskule- eller rektorsamling eller eit eller anna i Møre og Romsdal, då plutselig skjedde det noko med koret. Vi visste at det var folk som visste musikk som skulle høyre på oss, og vi, då kunne vi stoffet så godt at vi, på ein måte, då song vi utruleg bra, og vi klarte å vere litt ledige med. Espen sa etterpå at han forstod nesten ikkje kva som skjedde, for plutselig så var det berre eit eller anna som skjedde i koret. Og den kjensla klarer vi innimellom endå, og no oftare enn før, å ta fram.

Inga hadde opplevd noko liknande, ei kjensle av å oppnå noko uventa og fantastisk.

[...] og vi var inne i Geiranger og på sangerstevne, det er vel 2 år siden, og da framførte vi en sang som ble helt fantastisk, og da var vi helt «sånn» etterpå, vi skjønnte liksom ingenting at vi hadde klart å få det til. Det var en veldig fin opplevelse, fantastisk opplevelse, og Fredrik sa også det at han frøs nedover ryggen når vi sang da han stod der.

Andre gongar er ikkje den emosjonelle og fysiske reaksjonen så uventa som i tilfella over. Sonja uttrykte noko som liknar bekymring for om ho i det heile skulle greie å kome seg igjennom eit musikkstykke ho visste gav ho ei oppleving utanom det vanlege.

Og så er det «Sicut Cervus» [komposisjon for damekor av Nancy Telfer]. Av ein eller annan grunn så synest eg den er, innimellom, da fell eg heilt, då blir eg heilt skjelven, på ein måte, altså da blir eg redd for at eg ikkje klarer å vere med vidare [latter].

Even Ruud skriv om korleis denne gruppa med kjensler kan transformerast til opplevinga av å bli løfta opp og ut, sveve, stå overfor noko «sterkt og uforståeleg», «stort og opphøgd». Kjensleopplevingane er knytt til det kroppslege, noko som gjer at dei står fram som ekte, naturlege og sanne for den enkelte (Ruud, 2013, s. 251–252). For deltakarane i denne studien var det naturleg å skildre høgdepunktopplevingane mellom anna som kroppslege opplevingar, og det var tydeleg at dei gjennom dette vil uttrykke sterke personlege erfaringar. Samtidig var dette ofte kombinert med kjensla av å gli saman med dei andre i koret, ei kjensle av å vere «eitt». Den fellesopplevinga av å vere med på noko særskilt skapte ein unik kombinasjon av noko sterkt personleg, men samtidig noko sterkt kollektivt. Denne typen opplevingar var som regel vanskeleg å seie føreåt når skulle kome, og hadde på denne måten noko mystisk over seg. Når dei dukka opp var kjensla av å vere til stades der og då veldig sterk, og i denne samanhengen er det derfor mest naturleg å skildre høgdepunktopplevingane som nære motivasjonsfaktorar.

6.2.3 Mellom nær og fjern

Nokre av dei motivasjonsfaktorane som blei trekt fram opplevde eg stod i ein slags mellomposisjon mellom det nære og det fjerne. Kva tid deltakarane i studien opplevde dei som nære eller fjerne kunne variere, men felles for dei var at dei gjerne var tufta på meir langvarige behov og ynskje.

Det sosiale fellesskapet

Koret er ein sosial møtestad, og relasjonar mellom korsongarane oppstår. Som eg skreiv i kapittel 6.1.2 rapporterte dei alle fleste kora om svært stabile medlemsmassar der folk sjeldan sluttar. For svært mange blir derfor koret ein stad der ein møter dei same menneska jamt over lang tid, gjerne over fleire tiår. Det sosiale fellesskapet er noko som alltid er der, og som ikkje er til å unngå når ein er med i eit kor. Om dette fellesskapet er godt eller dårleg, eller i kor stor grad den einskilde songar har behov for denne typen fellesskap kan variere. Sidan det å vere med i kor er ein frivillig syssel er dette også eit sosialt fellesskap som ein kan velje å stå i eller gå ut av. Når eg vel å ikkje skrive så mykje om

det temaet her, er det fordi det vil bli teke opp som hovudsak i kapittel 9. Som eg vil kome tilbake til kan det sosiale fellesskapet i koret ha ulike funksjonar og betydning for medlemmane, frå det enormt viktige og nære til det trivielle og fjerne.

Musikkinteresse

For dei fleste eg snakka med låg det ei generell interesse for musikk til grunn for at dei hadde valt å ta til i kor. Even kunne fortelje om ei sterk musikkinteresse som hadde vore der så lenge han kunne hugse, og som hadde ført han inn i ei rekkje samanhengar der han med større eller mindre hell hadde fått vere med å skape musikk. Susanna hadde alltid likt å synge, men hadde i lange periodar ikkje hatt høve til å ta del i musikalske samanhengar før ho tok til i Brandalskoret. For Ola hadde musikkinteressa alltid vore sterk, men terskelen for å ta til i kor hadde vore høg. Felles for dei alle var at dei tok med seg ei musikkinteresse inn i koret, og såg på kordeltakinga som eit høve for å få vere med på å skape vakker musikk, og utfalde seg musikalsk på måtar som ikkje var mogleg på eiga hand.

Interessa for musikk ein sjølvstøtt motivasjonsfaktor for dei aller fleste som syng i kor, men inntrykket mitt var at dette likevel varierte til ein viss grad. Dette heng saman med at dei musikalske preferansane til kormedlemmane berre delvis overlappar med repertoaret som koret syng. For dei aller fleste så vil forholdet til ulike delar av repertoaret variere, av mange forskjellige årsaker. Somme tider vil koret synge noko som treff songaren, og nettopp dette musikkstykket kan vere ein sterk og nær motivasjonsfaktor i ein periode, medan andre gongar kan ein som korsongar mislike delar av repertoaret, men halde ut sidan det trass alt er musikk. Musikkinteressa vil ligge der, men som motivasjonsfaktor vil den vandre mellom det nære og det fjerne.

Å møte noko profesjonelt

Mange av intervjupersonane trekte fram opplevingar der dei fekk nærme seg noko profesjonelt som ekstra givande. Å møte profesjonalitet, anten gjennom samarbeid med eksterne musikarar eller ved at det blei stilt høge krav frå dirigenten, kunne hjelpe ein opp på eit høgare nivå som ein ikkje hadde hatt erfaring med tidlegare. For Susanna var eit samarbeid som koret hadde med tradjazzgruppa Ytre Suløen Jazzensemble noko ekstra særskilt:

Ja, det var utrolig artig, givande og inspirerende. [...] Denne profesjonaliteten dei har då i forhold til det vi hadde, på ein måte, det var to vidt forskjellige verder. Måten dei fekk oss inn i og ein del av det, det var nå stort for meg i alle fall. Og det at du kjenner at det du har, du kan sleppe deg laus. Det var veldig, veldig artig.

Eit anna viktig element for Susanna var at Fredrik stilte nye krav då han tok over som dirigent for Brandalskoret. Gjennom terping, øving og arbeid med pusteteknikk og stemmebruk utvikla koret ein ny klang som Susanna opplevde som eit skikkeleg løft:

Så for meg så har denne perioden med Fredrik vore absolutt fantastisk lærerikt. Vi lærte å synge og få fram litt meir profesjonalitet i koret enn kva vi hadde hatt før.

Siréne er eit kor med høgt musikalsk ambisjonsnivå, og har mellom anna gjort det godt i konkurransar. Likevel opplevde Sonja at møtet med det profesjonelle koret Det Norske Solistkor opna auga hennar for korleis ein individuelt og kollektivt kunne strekke seg lengre. Profesjonaliteten som dette koret synte gjorde varig inntrykk, og ga ny motivasjon for å arbeide sterkare mot høgare musikalsk kvalitet. Karl i Ulstein mannskor trekte på si side fram møtet med profesjonelle dirigentar som arbeidde med koret på seminar og liknande som svært lærerike og motiverande opplevingar.

Kva ein opplever som profesjonelt er sjølv sagt relativt i forhold til det nivået ein er på til vanleg. Å bli møtt med profesjonelle krav kan også vere demotiverande, særleg om ein føler at ein ikkje er i stand til å møte dei. Fleire av dei eg snakka med i Brandalskoret kunne fortelje om at dei musikalske krava Fredrik stilte ikkje blei tekne godt i mot i starten, men skapte surmuling og eit visst fråfall. Etter kvart synte det seg likevel at koret vaks på dette, og fleire følte at den profesjonaliteten som gjennom desse krava blei ein del koret var motiverande i seg sjølv.

Som motivasjonsfaktor kan ein smak av det profesjonelle ligge både nært og fjernt, både personleg augeopnande og som eit utopisk mål å strekke seg mot.

6.2.4 Fjerne motivasjonsfaktorar

Til no har skrive om motivasjonsfaktorar som hadde ein klar positiv klang for dei eg snakka med. Personlege høgdepunkt og sterke opplevingar var viktige ingrediensar gjennom eit langt korarbeidsår, og opplevinga av å få ta del i ein aktivitet der ein fekk dekt musikalske behov var sentral for dei aller fleste.

Men visse motivasjonsfaktorar enkelte trekte fram følte eg hadde ein annan farge, og felles for desse var at eg oppfatta dei som «fjernare» frå den enkelte. Desse faktorane var utan tvil viktige, men dei verka å vere mest merkbare for songarar i kora som stod i litt meir utfordrande situasjonar.

Eg er med for å halde koret gåande

Lojalitet til koret er noko mange korsongarar kjenner på. Dette kan arte seg på ulikt vis, som det å føle på at ein må stille på øvingar og konsertar, og det å snakke varmt om koret i ulike samanhengar. Lojalitet kan vere ei god kjensle, og gi kjensla av at ein står i eit fellesskap. Men i visse situasjonar kan lojalitet bli hengande litt i lause lufta, særleg om det som fyller mykje av koraktiviteten er uro over framtida. Ola kunne fortelje at han etter ein lang periode i koret opplevde seg som ein støttespelar for koret, og var med først og fremst for å halde det gåande. Samtidig gjekk han med ei kjensle av at koret var avhengig av han:

Eg har vore med så lenge at ein føler det, at viss eg ikkje er der, så er ikkje [koret meir].

Emil gjekk også med kjensla av at koret var delvis avhengig av at han var med. Samtidig så var det tydeleg at han ikkje ynskte å gi seg før han var nokolunde overtydd om at koret ville overleve utan han.

Ja, viktig, viss ikkje ein er med så stoppa nå heile korsongen, det er så eg ser det. [...] Eg ser i grunnen lyst på at det er byrja nokre nye, og då tenkjer eg som så at mi tid ho er snart forbi, og då kanskje dei held det gåande likevel [latter].

Som dirigent hadde Truls opplevd noko av det same. Sjølv om ein fekk rekrutert nye til koret av og til, var det vanskeleg å få koret over ein viss storleik.

Det er vanskelig å få kor over tretti, det verkar som det alltid er nokon som hoppar av. Er det for mange: «nei, no er det så mange at...» [ler litt], eg veit ikkje om det er det [...]

Motivasjonsfaktoren som var mest tydeleg i desse døma, var ønsket om å halde koret i live. Å vere med handla ikkje lenger fyrst og fremst om kva ein sjølv fekk ut av det, men meir om at ein gjennom deltakinga si var med på å halde det i gang. I det ein opplever at koret kan greie seg utan at ein sjølv er med, kan ein fort tenkje «min jobb er gjort her», og trekke seg ut.

Folk i bygda vil ha song

Ein annan fjern motivasjonsfaktor som likevel blei trekt fram som viktig, var opplevinga av at det var ein etterspørsel i bygda etter song. Dette kunne ifølgje

somme av intervjupersonane både skje direkte, gjennom spørsmål om framføringar og konsertar, og indirekte gjennom at folk støtta opp om loddsal og dugnadar til inntekt for koret.

Og eg køyrrer mykje eldre folk med drosje, og det er heile tida spørsmål: «når skal vi ha korkafé?». Det er stor etterspørsel etter song, det er det. [Ola]

Anna følte at responsen frå bygdas innbyggjarar var god når ho på vegne av koret var ute og selde lodd.

Ein merkar også at folk som bur på Vartdal prøver å støtte opp. Viss vi sel lodd – vi gjer det ikkje kvart år – men viss vi går frå hus til hus, kjedeleg jobb [ler], men det må bli gjort av og til. Men då er alle: «å ja, nei, det skal vi!» Så det er litt sånn.

Kjensla av at ein som kor betydde noko for bygda er viktig, og tilbakemeldingar på dette, anten det no var frå publikum etter framføringar, eller meir uformelt i andre samanhengar, var med på understøtte denne kjensla. Denne typen motivasjonsfaktor er med på å legitimere sjølve drifta av koret, og gir koret ein ekstra dimensjon.

Koret er viktig for bygda

I forlenginga av dette var det ei utbreidd oppfatning hjå fleire av intervju-personane at koret var ein viktig del av lokalmiljøet. Det var særleg som ein slags «seremonimeister» som tok del på viktige dagar og markeringar at koret var ein naturleg del av bygdelivet.

Det er kjekt å ha bygdekoret, det er viktig også. Om to veker er det kyrkjelydsfest, eller noko sånt, og då skal vi syngje. Og eg trur det er viktig at bygdekoret stiller opp og er med. [Anna]

For det er 17. mai, og er det ikkje eit kor som syng så får du spørsmål: «Kvifor ikkje?». [Ola]

Emil kunne også fortelje om at han såg det som eit samfunnsoppdrag for koret å syngje for dei gamle i bygda, og særleg på institusjonar.

Nei, altså du... du får nå vere med å formidle korsong til andre menneske som kanskje finn glede i å høyre på kor, og det er nå viktig då å få syngje litt på institusjonar og, det vert alt for lite! Det skulle i grunnen vore obligatorisk, ei slags rullering på kora i distriktet her – syngje for desse institusjonane våre. [...] Og du veit, dei som sit der dei likar nå all slags underhaldning, og korsong er nå... det er nå den gamle garde, veit du.

For Ulstein mannskor var det å ta del i bygda sitt kulturliv ein sentral del av korets identitet, noko som både Karl og dirigent Truls kunne fortelje om:

Vi er ein faktor i kulturlivet i bygda, i byen. Vi er fast 17. mai, ved minnesteinane, det har vi vore sidan eg byrja i kor for snart seksti år sidan, og siste 20–30 åra er vi her oppe og syngje for pensjonerte, så er vi med på å arrangere julefest her oppe etter nyttår, vi stiller med mat og song og styrar med alt, og så syng vi i kyrkja av og til under gudstenester. Meir før enn no, eg veit ikkje kva det er som gjer det. Vi seier i alle fall ja når vi blir spurt, så er det då det med å ta del i forskjellige ting... [Karl]

Koret er jo valdsamt aktivt i lokalmiljøet, altså opptretr valdsamt mykje, det har du vel sett. [Truls]

Å oppleve at koret spelte ei viktig rolle for lokalmiljøet var ein viktig motivasjonsfaktor for fleire eg snakka med. Somme identifiserte seg med ei slik rolle, og opplevde at dei gjennom denne typen koraktivitet gjorde sin del for bygdelivet. Samtidig var det tydeleg at denne typen motivasjonsfaktor ikkje handla om den einskilde songar i så stor grad, men om koret som heilskap. I kor stor grad denne motivasjonsfaktoren kjendest nær eller fjern var såleis avhengig av i kor stor grad den einskilde kormedlemmen identifiserte seg med koret.

Å ta vare på ein tradisjon

Å vere berar av ein tradisjon var heilt klart viktig for somme eg snakka med. Dette gjaldt både historie og tradisjon knytt til det einskilde koret, men også det å vere ein del av ein større kortradisjon, som den nasjonale mannskortradisjonen. For Truls, dirigent for Ulstein mannskor, var dette, i kombinasjon med å drive amatørmusikk, i seg sjølv ein viktig motivasjonsfaktor:

Det er nok noko med trivselen, føle at ein... og eg syns det er litt kjekt å få amatørar, det er ikkje noko store stemmar, men det er når du får satt dei saman og byrje å jobbe ilag, dei tar ikkje mål av seg til å bli korkje det eine eller andre, men held i hevd ein gamal tradisjon, og eg syns mannskor er verdt å ta vare på, det tradisjonelle mannskoret.

Tradisjonsvidareføring som motivasjonsfaktor kan vere sterk, men ligg likevel fjernt frå individet i seg sjølv. Likevel er ikkje dette eintydig. Som i den førre faktoren, koret som viktig for bygda, er opplevinga av koret som tradisjonsberar avhengig av korleis ein identifiserer seg med koret, noko som igjen kan sjåast i samanheng med å oppleve eigarskap til koret. Ei sterk eigarskapskjensle til eit kor sin tradisjon står i samanheng med identitet, noko som så absolutt kan gjere denne faktoren meir sentral for enkelte kormedlemmar. Denne tråden vil eg ta opp att i kapittel 7.5.

Fleire av motivasjonsfaktorane eg har plassert i denne kategorien handlar om større tematikkar, som tradisjon og koret som heilskap og rolla det spelar

i lokalsamfunnet. Eg opplever at faktorane i denne kategorien for dei aller fleste eg snakka med ligg fjernare frå dei personlege høgdepunkta og dei nære opplevingane som eg skreiv om i kapittel 6.2.2.

6.2.5 Ein kontekstuell modell for motivasjon i kor

Som eg har nemnd er den mest klassiske konflikten mange snakkar om i kor det å finne den rette balansen mellom *det sosiale* og *det musikalske*. Implisitt i dette ligg tanken om at både det sosiale og det musikalske er to ulike, men samankopla motivasjonsfaktorar, og at om ein prioriterer den eine for høgt vil det gå utover den andre. Eit kor må kunne takle å ha medlemmer som prioriterer dette ulikt, og leve med spenninga mellom å ha eit visst ambisjonsnivå, og det å late det vere nok rom for det sosiale.

I dette kapittelet har eg freista å sjå med eit anna blikk på temaet motivasjon i kor, og sett på om desse kan organiserast på ein annan og meir fruktbar måte enn ved det openbare skiljet mellom det musikalske og det sosiale. Gjennom eit følsamt blikk på ulike motivasjonsfaktorar ser eg at det kan strekkast ein akse mellom det *nære* og det *fjerne*, og intervjupersonane har fortald korleis dei let seg motivere på ulike måtar. Dei mange laga av nære og fjerne motivasjonsfaktorar eksisterer parallelt, og dei fleste som syng i kor får på eit eller anna tidspunkt kjenne på dei fleste av dei, i ulik grad. For å samle trådane vil eg derfor avslutte dette kapittelet med å skissere ein *kontekstuell modell for motivasjon i kor*. Som ein del av dette lanserer eg omgrepa *personleg motivasjonsprofil* og *motivasjonskultur*, som saman med *nære* og *fjerne motivasjonsfaktorar* utgjer eit omgrepsapparat som opnar for ein annan måte å møte denne tematikken på. Etter å ha definert desse omgrepa, vil eg i det følgjande freiste å skissere nokre perspektiv ein kan få auge på gjennom å nytte seg av denne modellen i arbeidet med å forstå situasjonen ulike kor er i.

Personleg motivasjonsprofil

Ingen eg snakka med hadde identiske samansettingar av motivasjonsfaktorar. Sjølv om enkelte faktorar blei trekte fram oftare enn andre, så var det heller ikkje slik at einskildindivid trekte fram berre nære eller berre fjerne faktorar. Som regel kunne intervjupersonane fortelje om eit stort spenn av faktorar som til saman utgjorde ein *personleg motivasjonsprofil*. Denne personlege motivasjonsprofilen kan ha ulik vektleggingar av både nære og fjerne motivasjonsfaktorar,

der til dømes læringsaspektet (nær), det sosiale fellesskapet (nær/fjern) og tradisjonsfokuset (fjern) blir opplevd som særleg viktig, medan høgdepunkt-opplevingar (nær), å møte noko profesjonelt (nær/fjern) og lojalitet til dei andre i koret (fjern) blir opplevd mindre viktig. Somme kunne også fortelje om korleis vektlegginga av ulike faktorar hadde endra seg over tid.

Motivasjonskultur

Motivasjon har tradisjonelt blitt sett på som eit individuelt fenomen, og kva som motiverer for kordeltaking kan som sagt variere frå kormedlem til kormedlem, uttrykt i omgrepet *personleg motivasjonsprofil*. Basert på intervjua og feltarbeidet fann eg likevel at somme motivasjonsfaktorar dominerte i kora eg følgde. Kva faktorar som dominerte varierte frå kor til kor, og skapte på denne måten ein særeigen *motivasjonskultur* tilhøyrande det enkelte koret. Motivationskulturen i eit kor kan såleis seiast å vere summen av alle medlemmane sin særeigne motivasjonsprofil, men forholdet mellom den enkeltes motivasjonsprofil og korets motivasjonskultur treng ikkje vere nokon ein-til-ein-relasjon. For at noko skal bli ein del av ein felles kultur må det kommuniserast til andre, eller på ein eller annan måte få ei slags merksemd. Ulike motivasjonsfaktorar som vi ber med oss kan vi uttrykke både direkte og indirekte til dei rundt oss, samtidig som vi sjølve blir påverka og prega av andre sine uttrykk og den overordna situasjonen koret står i. Eit døme på ein slik situasjon som pregar medlemmane i eit kor er *feilsøkingmodusen* som skissert over.

Eit nytt blikk på motivasjon i kor

I datamaterialet finn eg også tendensar til samanhengar mellom kva faktorar som blei lagt vekt på av intervjupersonane, det vil seie korets motivasjonskultur, og den generelle tilstanden eg opplevde koret var i. Sjølv om dei fleste kora hadde utfordringar, så var det ulikt i kor stor grad dette dominerte stemninga i koret.

Nære motivasjonsfaktorar famnar om personleg utvikling og identitet, der kormedlemmen opplevde at koret, eller enkelte sider ved koret, spelte ei rolle i livet eins som særskilt betydingsfullt for ein sjølv. I dei fleste kora var det denne typen motivasjonsfaktorar som stod fram som den mest sjølvsgade årsaken til at ein song i kor – sjølve nøkkelen til å forstå kordeltakinga.

Motivasjon kan også bli forstått som behov, som i Maslow (1943) sitt behovshierarki, med distinksjonen mellom mangel- og vekstbehov. Ein karakteristikk ved vekstbehova er at dei først får fritt spelerom så fram t mangelbehova er dekt. Opplevinga mi var at dette til ein viss grad også stemmer for dei nære motivasjonsfaktorane. Når eit kor kan skape ei trygg ramme der ein for ein periode slepp å bekymre seg for koret si framtid, økonomi, sosiale fellesskap og posisjon, legg dette til rette for at songarane kan fokusere på dei nære motivasjonsfaktorane i form av til dømes personleg utvikling og læring, samt musikalske og sosiale høgdepunktoplevelingar. Dette vil vidare skape ein motivasjonskultur som er prega av dei nære motivasjonsfaktorane.

Plutselege manglar på eit grunnleggande nivå i behovshierarkiet, som til dømes mangel på mat eller søvn, vil krevje forrang framfor til dømes det å kjenne seg trygg (Maslow, 1943, s. 373). Det same vil skje ved truslar mot føresetnader som må vere på plass for at dei grunnleggjande behova skal bli tilfredsstilt. Truslar mot desse føresetnadane vil bli oppfatta som truslar mot behova, og vil setje i gong forsvarsreaksjonar (Maslow, 1943, s. 383; 1970a, s. 47). Forstått i ein korsamheng kan dette bety at truslar mot det sosiale fellesskapet vil krevje prioritet framfor det å realisere seg sjølv.

Cantando hadde nyleg vore gjennom ei ganske drastisk hending, der dei to tradisjonsrike og rivaliserande kora Songlaget Bard og Vartdal blandakor var blitt lagt ned til fordel for eit felles kor med nytt namn. Bakgrunnen for dette var at dei båe sleit med rekrutteringa, og stod i fare for nedlegging. Framtida til båe kora stod på spel, og med det eksistensgrunnlaget for det sosiale fellesskapet kormedlemmane var ein del av. Vilråa for det sosiale fellesskapet stod i fare, og dette kravde prioritet på liknande måte som om ein opplevde utryggleik eller manglande sosial kontakt. Motivationskulturen til Cantando var også i noko større grad prega av det eg har kalla *fjerne motivasjonsfaktorar*, det vil seie at fleire uttrykte at dei var med for å halde koret gåande, og for å oppretthalde eit musikktilbod som lokalsamfunnet sette pris på og trengde. Fleire i Cantando trekte sjølv sagt fram andre motivasjonsfaktorar også, som musikkinteresse og det sosiale fellesskapet, og det er heller ikkje snakk om eit svart-kvitt-bilete når det kjem til motivasjonskultur.

For dei fleste kor vil motivasjonskulturen blant medlemmane veksle mellom det nære og det fjerne. Det er heller ikkje usannsynleg at nedslaget av ulike motivasjonsfaktorar vil vere ulikt fordelt mellom kormedlemmane, avhengig av kva rolle og ansvar den enkelte har i koret. Eit korstyre eller ein dirigent kan til dømes føle eit ekstra ansvar for at eit kor skal overleve i ein pressa situasjon

med låg rekruttering, noko som kan føre til at fjerne motivasjonsfaktorar krev prioritet i ein periode. For andre utan denne typen ansvar kan ein tillate seg å kjenne meir på dei nære motivasjonsfaktorane. Dette er noko eg vil tru dei fleste med erfaring frå leiaransvar kan kjenne seg att i.

Eit anna interessant fenomen er kva som skjer når ein i eit kor over lang tid har streva med utfordringar, noko som har aktualisert fjerne motivasjonsfaktorar blant korets medlemmar og gitt lite spelerom for dei nære motivasjonsfaktorane. Når problemet finn ei løysing, som når eit kor til dømes endeleg finn ein ny dirigent etter lang tid utan, eller når ein endeleg får på plass nye songarar etter ein periode med altfor lite mannskap, kan dette skape ein reaksjon. Med eitt treng ein ikkje lenger mobilisere, og den ekstra innsatsen som alle har gitt for å kome seg over ei kneik forsvinn. Når toget er på skinnene att, og ein skulle tru at det ville køyre av garde i eit nytt og friskt tempo, så stoppar det opp – det manglar drivstoff. Mi oppfatning er at ein motivasjonskultur prega av fjerne motivasjonsfaktorar tappar korets medlemmar for energi og ressursar, medan ein motivasjonskultur prega av nære motivasjonsfaktorar bygger opp. Ei merksemd rundt korets motivasjonskultur kan derfor vere fruktbart for å forstå kvar ein står som kor og kvar ein er på veg.

6.3 Oppsummering

Ein måte å forstå motivasjon på er som det som forårsakar ein aktivitet/set i gong ei viss åtferd, noko som i ein korkontekst kan bli undersøkt både frå den potensielle kordeltakaren, samt frå koret si side. I denne studien var det to vegar som stod fram sentrale når det kom til det å starte i eit kor. Den eine vegen blei til gjennom opplevinga av å vere ynskt og få «hjelp» til å bli med i eit kor/eit sosialt fellesskap. Her låg initiativet utanfor den potensielle kordeltakaren. Den andre vegen var i utgangspunktet motivert av eit ynskje om å bli med i eit kor, der målet kunne vere sosialt fellesskap, eit behov for å bli ein del av eit lokalsamfunn, eller eit ynskje å få halde på med musikk. Rekruttering av nye medlemmar er eit sentralt tema for dei fleste kor, og kan føre til somme problematiske blindvegar, i denne studien illustrert gjennom omgrepa *feilsøkingssmodus*, *vitalitetstyranniet*, og *rekrutteringsparadokset*. Til saman seier desse noko om korleis eit ubalansert fokus på rekruttering kan føre til uheldige konsekvensar for eit kor.

I resten av kapittelet var hovudmålsetjinga å finne ein modell som også seier noko om den særleine konteksten motivasjonsfaktorar for kordeltaking står i. Basert på intervjuutsegner i kombinasjon med erfaringar gjort frå observasjonsperiodane i dei ulike kora, ser eg at det kan teiknast ein akse frå *nære* til *fjerne motivasjonsfaktorar*. *Nære motivasjonsfaktorar* famnar om tematikkar som personleg utvikling og identitet, høgdepunktopplevingar, og er meir knytt til ein sjølv som individ. *Fjerne motivasjonsfaktorar* famnar om lojalitet, å vere med for å halde koret gåande, eit ynskje å oppretthalde eit musikk- og kulturtilbod i lokalsamfunn, samt faktorar som ligg fjernt i tid som tradisjon, tidlegare opplevingar og liknande. Mellom desse ytterpunkta ligg motivasjonsfaktorar som det musikalske, det sosiale fellesskapet, samt det å få kome i kontakt med noko profesjonelt. Denne type faktorar kan veksle mellom å vere nære og fjerne, alt etter situasjonen den enkelte kormedlem står i. Ulike lag av motivasjon eksisterer parallelt, og for ein deltakar i eit kor varierer det i kor stor grad dei ulike laga gjer seg gjeldande. Til saman utgjer styrken på desse ulike motivasjonsfaktorane ein *personleg motivasjonsprofil* tilhøyrande kvar enkelt kormedlem.

Ulike typar motivasjonsfaktorar kan dominere ulike kor, noko som skapar ein særleigen *motivasjonskultur* tilhøyrande det enkelte koret. Truslar mot eit kors eksistensgrunnlag, som til dømes dårleg rekruttering eller tap av viktige medlemmar, kan bidra til at eit kor utviklar ein motivasjonskultur prega av fjerne motivasjonsfaktorar. Ein motivasjonskultur prega av fjerne motivasjonsfaktorar kan tappe korets medlemmar for energi og ressursar, medan ein motivasjonskultur prega av nære motivasjonsfaktorar kan bygge opp. Ei merksemd rundt korets motivasjonskultur kan derfor vere fruktbart for å forstå kvar ein står som kor og kvar ein er på veg.

7 Eigarskap

Kven eig eit kor? Er det dirigenten, medlemmane, styret, organisasjonen koret høyrer til, eller lokalsamfunnet? Alle desse kan snakke om «mitt kor» eller «vårt kor». Men kva tyder det? Det er opplagt at det ikkje er tale om å «eige» eit kor på formelt vis, men likefullt opplever alle desse eit slags eigarskap til koret. Og kva er det så dei eig? Er det konsertane, miljøet, songane, korklangan, pausane, historia og tradisjonen, eller noko heilt anna? Og kva rolle spelar kordeltakinga og kjensla av eigarskap for identiteten? Så langt eg kan sjå er ikkje eigarskapskjensler i kor blitt forska på tidlegare, noko som kanskje ikkje er så merkeleg. Vanlegvis når ein snakkar om eigarskap så gjeld dette konkrete objekt, som hus, bil, eigedom, klesplagg, avhandlingar og pengar. Likefullt er det blitt hevda at organisasjonsmedlemmer, under visse forhold, kan utvikle eigarskapskjensler mot organisasjonen og enkelte organisasjonsfaktorar (Pierce & Jussila, 2011; Pierce et al., 2001). I kapittel 3.2.2 synta eg at dette også kan gjelde organisasjonar som kor, noko som opnar for at kormedlemmane kan utvikle denne typen kjensler for koret dei er ein del av, med dei konsekvensar dette kan få. I dette kapitlet vil eg utforske dette temaet med utgangspunkt i forskingsspørsmål 2: *Korleis utviklar kordeltakarane eigarskapskjensler til koret dei er med i, og kva påverknad har dette på korfellesskapet?*

Sidan dette er eit tidleg møte mellom denne greina av organisasjonspsykologi og korverksemd, har eg lagt opp kapitlet på ein noko annan måte enn dei andre kapitla. Dette gjeld først og fremst korleis teori og drøfting er integrert i

resultatpresentasjon. Eg vil ta til med ei avklaring kring ulike typar for eigarskap i kor, og vil deretter vende blikket mot ein bestemt artikkel av Pierce et al. (2001). I denne artikkelen blir det presentert ein teori kring utviklinga og potensielle effektar av psykologiske eigarskap i organisasjonar, og med utgangspunktet i denne teorien vil eg presentere og diskutere relevant datamateriale frå denne studien. Ved hjelp av tre proposisjonar freistar artikkelforfattarane å syne korleis organisasjonsmedlemmar kan oppleve og utvikle psykologisk eigarskap, noko eg vil undersøke om finn resonans i denne studien sitt datamateriale. Vidare blir det i teorien foreslått tre andre proposisjonar om potensielle effektar av psykologisk eigarskap, og igjen vil eg trekke fram element i datamaterialet der dette blir aktualisert. Resten av kapittelet blir nytta til å presentere fire episodar eller hendingar frå datamaterialet som blir diskutert på bakgrunn av dette teoretiske perspektivet. Målsetjinga med denne framgangsmåten er dobbel, noko som inneber at eg i tillegg til å prøve ut denne bestemte teorien om psykologisk eigarskap i organisasjonar, også nyttar teorien til løfte fram sider ved korverksemda slik det kjem fram i denne studien sitt datamateriale.

7.1 Formelt og psykologisk eigarskap

Om ein ser formelt på eigarskap, så er dei fleste norske kor registrert i Brønnøysund-registeret som ei foreining. Ei foreining er ei sjølveigande samanslutning med medlemmar, som skal fremme eitt eller fleire formål av ideell, politisk eller annan art. Foreininga sitt økonomiske overskot, gjeld eller formue kan ikkje delast ut til medlemmane. Ved stiftinga av ei foreining må det leggest ved stiftingsdokument, vedtekter samt ein årsmøteprotokoll som viser val av styre. Ved registrering får ein tildelt eit organisasjonsnummer som gir ein del rettar, som til dømes å opprette ein bankkonto i foreininga sitt namn.

Som ei sjølveigande samanslutning med medlemmar, har alle medlemmane i eit kor like stort juridisk eigarskap til koret, med dei avgrensingane som høyrer med. Dei kan ikkje ta ut avkastning, men står heller ikkje pliktig for eventuell gjeld om koret skulle gå konkurs. Men det å *føle* eigarskap til eit kor er noko anna, og i denne samanhengen er det derfor meir relevant å sjå nærare på det som innanfor psykologien blir kalla *psykologisk eigarskap*. I artikkelen «Toward a theory of psychological ownership in organizations» (Pierce et al., 2001) freistar forfattarane å syne at medlemmar i ein organisasjon, under

visse vilkår, kan utvikle ei kjensle av eigarskap retta mot organisasjonen eller til faktorar knytt til han.

7.2 Vegar til psykologisk eigarskap i kor

Det eksisterer vegar til psykologisk eigarskap («routes to psychological ownership»). Pierce et al. (2001) formulerer tre proposisjonar der dei peikar på samanhengar mellom enkelte forhold ein organisasjonsmedlem kan oppleve og utviklinga av psykologisk eigarskap. I utdraga under har eg byta ut «employee» med «choir member».

Proposisjon 1: There is a positive and causal relationship between the amount of control a [choir member] has over a particular organizational factor and the degree of ownership the [choir member] feels toward that factor. (s. 301)

Å vere medlem av eit kor kan innebere å bli engasjert i og få ansvar for eit vidt spekter av aktivitetar. Det finst mange små jobbar som må gjerast, frå å flytte stolar til å organisere konsertar. I denne studiens datamateriale finst det mange døme på kormedlemmar som fylte ulike typar roller og oppgåver på måtar som gjorde at dei opplevde ein høg grad av kontroll over denne særskilde faktoren. Dette gjeld ikkje minst songstemmene som kvar enkelt tek med seg inn i koret. Stemma vår, og klangen av stemma vår, er veldig personleg og noko som dei fleste av oss opplever ei sterk kjensle av kontroll over. I eit kor «låner vi bort» stemma vår til den større oppgåva å lage kormusikk. Dirigenten har jobben med å samle desse enkeltstemmene, og kan oppleve ein høg grad av kontroll over den samla korklangen. I eit av kora eg følgde blei dette temaet konkretisert på ein måte som løfta fram interessante spørsmål knytt til stemme, klang og eigarskap, noko eg vil kome tilbake til om litt.

Proposisjon 2: There is a positive and causal relationship between the extent to which a [choir member] intimately knows a particular organizational factor and the degree of ownership the [choir member] feels toward that factor. (Pierce et al., 2001, s. 302)

Ulstein mannskor er eit kor med over 100 år lang historie, og mange sterke tradisjonar. I eit av dei første møta med koret tok Karl kontakt med meg. Han fortalde meg at han sat på mykje kunnskap om korets historie, og at han kunne skaffe meg mange historiske dokument om det var av interesse. Han hadde vore involvert i mange jubileum og viktige arrangement, og ynskte å gjere meg klar over at han var ei rik kjelde til informasjon. I tillegg til dette blei det etter kvart tydeleg at han på fleire måtar var ein viktig faktor i koret. Han song med kraftig

stemme, og kommenterte gjerne aktiviteten som gjekk føre seg på øvingane. Karl var ein autoritet når det kom til korleis ting hadde blitt gjort. Historie og tradisjon var som sagt ein viktig del av dette koret, noko som gjorde møtet med Karl, og den rolla han hadde i koret, særleg interessant.

I Cantando var historia bokstaveleg talt ei anna. Frå å vere to kor med kvar sine unike historier, hadde desse sett det som beste løysing å foreine krefter i eit nytt og felles korprosjekt. Fleire av songarane kunne fortelje om gleda ved å møte opp på mannsterke øvingar, noko som ikkje alltid var tilfelle tidlegare når dei opererte som Vartdal blandakor og Songlaget Bard. Men samanslåinga hadde også ein pris, og dette var mellom anna gi slepp på ein identitet knytt til dei lange og sterke tradisjonane som dei to einskildkora hadde hatt. Kva skjer med eigarskapskjensla ein kormedlem kjenner til koret sitt når ein viktig faktor som historie og tradisjon med eitt blir byta ut med noko anna? Forholdet mellom tradisjon og historie, kontroll og eigarskapskjensle vil eg også kome tilbake til lenger nede.

Proposisjon 3: There is a positive and causal relationship between the extent to which an individual [choir member] invests himself or herself into the potential target of ownership and the degree of ownership the [choir member] feels toward that target. (Pierce et al., 2001, s. 302)

I Cantando hadde ein som sagt byta ut tradisjon og historie med eit nytt fellesprosjekt. Dette fellesprosjektet var symbolisert gjennom at ein ga avkall på namna til dei to kora, og samla seg bak eit nytt namn, nemleg Cantando. Tanken var at ein på denne måten starta på nytt saman, noko som kjendest som den mest rettferdige løysinga. For mange av medlemmane må det likevel seiest at denne løysinga var eit kompromiss. Sjølv om det var tydeleg at songarane var dedikerte og gjorde ein skikkeleg innsats på dei øvingane og framføringane eg følgde, så opplevde eg også at det eksisterte eit slags «historievakuum» blant fleire av medlemmane. Tapet av tradisjonane hadde slik eg oppfatta det ein bremsande effekt for medlemmane i arbeidet med å skulle dedikere seg fullt og heilt til det nye fellesprosjektet. Sidan det ikkje var lenge sidan nedlegginga av dei gamle kora, gjekk det framleis føre seg ein sorgprosess, noko som kan ha ført til at dei i ein overgangsperiode ikkje investerte så mykje av seg sjølv i det nye fellesprosjektet.

For Even og det relativt ferske Brandalskoret var utgangspunktet eit anna. Då Brandalskoret blei starta opp i nærleiken av der han budde såg han ei moglegheit til å bli med på noko nytt, og få vere med på å påverke koret i ei viss retning. Even kunne fortelje meg om ein kjerneverdi, eller ein slags visjon som

eksisterte i koret: «vi er ein stor familie – det finst ingen klikkar». Dette var verkeleg viktig for han, og fleire medlemmar i koret kunne stadfeste at dette var ein viktig faktor, ein del av korets identitet. Even hadde investert mykje av seg sjølv i å etablere dette som ein verdi i koret, og hadde saman med dei andre tilsynelatande lukkast i dette. Sjølv om koret hadde mykje å tilby musikalsk, var det merkbart at miljøet stod høgt på kormedlemmane si prioriteringsliste. Det sosiale miljøet, og visjonen om dette, var tydeleg noko som Even og dei andre kormedlemmane kjende eit eigarskapsforhold til.

7.3 Konsekvensar av psykologisk eigarskap

Å utvikle ei kjensle av psykologisk eigarskap er noko som kan skje på mange måtar i kor, noko som eg no har vore innom. Men kva konsekvensar kan dette få? Pierce et al. (2001) har formulert tre proposisjonar for dei organisatoriske effektane av psykologisk eigarskap.

Proposisjon 4: [Choir members'] psychological ownership toward organizations or organizational factors is positively related to expected rights and presumed responsibilities and leads to a number of particular behaviours associated with such rights and responsibilities (e.g., information seeking, stewardship, OCB). (s. 303)

Det å føle eigarskap til ein organisasjon, eller til visse element i ein organisasjon, står i samanheng med det å kjenne på ei rekkje rettar og ansvar. Dette stimulerer til ein viss oppførsel, som det å sørge for å vere informert om avgjersler som blir tekne i organisasjonen og det å ta ei forvaltarrolle overfor dei. Dette poenget blei synleg i Brandalskoret, då det blei klart at dirigent Fredrik skulle slutte. Fredrik var ein populær dirigent, og eg var interessert i å sjå korleis koret takla ein slik overgang. Sett i lys av Even si historie og korets visjon om det sosiale miljøet meinte eg å kunne sjå ein samanheng mellom den typen psykologisk eigarskap som ytra seg der, og måten dei takla overgangen med ny dirigent på.

Proposisjon 5: When change is self-initiated, evolutionary, and additive, [choir members'] psychological ownership toward organizations or organizational factors results in promotion of change; when change is imposed, revolutionary, and subtractive, [choir members'] psychological ownership results in resistance to change. (Pierce et al., 2001, s. 303)

Endring i eit kor kan skje på mange måtar. Kva kan ei sterk kjensle av psykologisk eigarskap mellom kormedlemmar til ein viss faktor føre til i møte med endring? Dette kan gå baa vegar, skriv Pierce et al. (2001). Når endringa

er *sjølvinitiert*, *evolusjonær* og *additiv*, vil medlemmar som føler psykologisk eigarskap til organisasjonen støtte opp om ho. Motsett, om endringa er *pålagd utanfrå*, *revolusjonær* og *subtraktiv*, kan det føre til motstand. Eit interessant poeng er at endring kan bli opplevd ulikt av forskjellige kormedlemmar. Dette blei særleg tydeleg i ein episode eg fekk referert frå *Siréne*, og handla om korklangen. På ei side står einskildsongarane med eit forhold til stemma si, og på ei anna står dirigenten med eit forhold til den samla korklangen. Ei endring i stemmer og korklang kan bli opplevd ganske ulikt frå desse ulike ståstadane.

Proposisjon 6: Under certain conditions, psychological ownership can produce dysfunctional effects, such as failing to delegate authority and share information; impeding the implementation of participative management, teamwork, and cooperation; engaging in sabotage or other deviant behaviours; and feeling frustration, stress, and alienation, as well as physical and psychological health effects. (Pierce et al., 2001, s. 304)

Under visse vilkår kan psykologisk eigarskap produsere dysfunksjonelle effektar, hevdar Pierce et al. (2001). Dette er mellom anna avhengig av individuelle eigenskapar, samt korleis kjensla av psykologisk eigarskap er blitt skapt. Om til dømes ein person med sterkt behov for personleg kontroll har opparbeidd seg ei eigarskapskjensle gjennom å kontrollere faktorar i organisasjonen, kan dette føre til at vedkomande let vere å gi frå seg makt eller dele informasjon. Andre dysfunksjonelle effektar kan vere å motsette seg andre sine initiativ eller forsøk på samarbeid, sabotasje, samt det å føle på stress, frustrasjon, framandgjerig og andre psykiske og fysiske helseplager.

Konsekvensane av psykologisk eigarskap kan med andre ord spele ei avgjerande rolle på ei rekkje måtar i ein organisasjon, og eg har nemnd nokre episodar der eg opplevde at eigarskapskjensler oppstod og gjorde seg gjeldande i kora eg følgde. Når eg no vil greie ut om desse episodane har eg teke utgangspunkt i enkelte sider ved situasjonane dei fire kora eg følgde stod i, og nyttar desse for å få fram nokre poeng om psykologisk eigarskap. Kora sine situasjonar var sjølv sagt komplekse og samansette, der mange faktorar gjorde seg gjeldande. Eg trur likevel at perspektivet eg nyttar vidare kan setje lys på nokre nye sider ved koraktiviteten, og samtidig vere attkjenneleg for dei involverte.

7.4 Å eige korklangen

Korklang er eit spennande tema. Dag Jansson (2013) trekker fram dirigenten si unike rolle i koret til å setje i scene lyd, klang og ensemble, «in fact, acting

as a sound director in the matter of the theatrical *mettur-en-son* or *klang-regisseur*» (s. 350). I masteravhandlinga si ynskjer Skjønhaug (2009) å belyse klangpraksisen til dirigentane Eric Ericson, Maria Gamborg Helbekkmo og Grete Pedersen. Forskingsspørsmålet hennar er «Hvordan forstår et lite utvalg ledende skandinaviske kordirigenter fenomenet korklang, og hvordan jobber de for å realisere sine klangideal?» (s. 13). Det er nemleg ikkje uvanleg å legge eigarskapet for koret sin klang til dirigenten. Det er dirigenten sitt klangideal som han eller ho freistar å realisere i koret. Likevel er det interessant å stille seg spørsmålet «kven eig klangen»? Korklangen består jo av ei rekkje individ sine heilt personlege stemmer, og utan desse enkeltstemmene ville det ikkje vere nokon korklang. Og i kor stor grad opplever kormedlemmane eigarskap til korklangen dei er ein del av?

I eit av dei fyrste intervjuva eg gjorde i studien blei eg fortald om ei hending som eg beit meg merke i. Koret Siréne hadde fått besøk av profesjonelle songarar frå Det Norske Solistkor som gjennomførte eit seminar der det også blei fokusert på stemmebruk. Linda fortalde om korleis dette hadde vore ei augeopnande oppleving og dei mange positive kjenslene knytt til det å få bruke *meir* av stemma si enn det dei vanlegvis gjorde i koret. Ho skildra dette som å kjenne seg *meir* «vaksen» eller «mogen», der bruken av stemma korresponderte *meir* med kven ho var – ei driftig og etablert yrkesaktiv fleirbarnsmor med autoritet og meiningar. Ho fortalde vidare om korleis ho delte denne opplevinga med fleire i koret, og korleis dette gav mange av kormedlemmane eit løft – ein slags ny sjølvtilit.

Så, men dei hadde ein litt sånn meir forståeleg måte å snakke om støtte på, samtidig som dei, då vi dreiv å leika oss og song, så greidde dei å få fram ein anna klang i oss. For det at «Siréneklngen» er no litt, veit ikkje kva eg skal kalle den, smal på ein måte, eller tynn, altså – vi har alltid arbeidd mot ein slags klang då, og der fekk vi breidd oss litt, dei sa «kom igjen no, her, her!», så vi kjende at vi verkeleg fekk blåst ut litt, og kjende det at det høyrdes så bra ut, og dei var veldig positive.

Men dagen etterpå, då koret skulle framføre ein mykje nytta song frå det etablerte repertoaret med sin faste dirigent, førte dette til ein episode som stilte opplevinga i eit anna lys. I det dirigenten sette dei gong reagerte han momentant på at klangen ikkje var slik han ville. Det kom protestar frå kormedlemmar som gjerne ynskde å ta med seg noko av det dei hadde lært dagen før i korsongen vidare, men dirigenten var steil. Linda blei litt sur, og forstod ikkje kvifor dirigenten på ein måte skulle «drepe» opplevinga deira frå gårdsdagen. Denne

episoden førte også til refleksjon hjå Linda, der ho tenkte over litt av kva det å bruke stemma betydde for ho.

Eg har no sunge der i femten år, og klart at til å byrja med så var no vi jenter [...] og så trudde eg kanskje at vi skulle utvikle oss og få litt meir vaksen stemme, men at han har på ein måte kvelt oss. [...] For det er no ofte sånn som då vi song ilag med Solistkoret som er no berre fantastisk flinke, og så kjem vi, så ofte vi kjenne at vi kan bli litt sånn spinkle eller, om du forstår kva eg meiner. [...] Vi hadde] litt barnleg uttrykk, om du forstår. Og det vart veldig klart for oss, i alle fall sånn for meg, den helga. [...] Vi fekk på ein måte ei aha-oppleving. Alle var så gira, for dei ville [at vi skulle] synge på ein anna måte, altså frå magen, syngje litt rikt og stort, så var det deilig for oss, og plutseleg vart det ein anna lyd, og vi var kjempegira hugsar eg, alle. [...] Og derfor så vart, når vi då kjende at «å, dette høyrer skikkeleg bra ut», og så kom han berre og tråkka ned og sa «gløym det». Utan noko sånn meir. Då, det var då eg ikkje, eller var fleire også som på ein måte kjende at det vert litt sånn songglede som plutseleg hadde fått litt meir, av litt anna då. Den vert berre sånn, nei, og fyrst så kjende som at «nei, det er difor at eg er sjefen, det er for at eg seie det skal vere sånn». [...] Ja, det var liksom berre markering. «Dei kan ikkje komme her og seie at dykk skal gjera noko anna». Men så, for sånn kjendest det veldig akkurat då, «de kjem ikkje her og seier at koret mitt, som eg har, skal gjere noko anna».

Denne episoden slik ho her er skildra lyftar fram kompleksiteten i dei opplevde eigarskapsforholda knytt til eit kors klanguttrykk, og det er mange interessante poeng som kan vere spennande å følgje opp. Både Linda og dirigent Espen følte openbart psykologisk eigarskap til klanguttrykket, om enn på ulikt vis. Om ein går tilbake til Pierce et al. (2001) sin artikkel, og dei tre faktorane som står i ein positiv kausal samanheng med det å opparbeide psykologisk eigarskapskjensle, er det tydeleg at både Linda og Espen hadde *nær kjennskap* til korklangen, og hadde *investert av seg sjølv* i arbeidet med å skape og utvikle denne. Når det gjeld det *ha kontroll* over korets klang var dette også noko som dei båe hadde, men på ganske ulikt vis. Medan Linda fyrst og fremst hadde kontroll over si eiga stemme, og meir indirekte, gjennom å akseptere dirigenten sine instruksjonar, var med på å etablere ein *klangkultur* i koret, hadde dirigenten ein direkte kontroll over kva klangideal songarane skulle streve etter. Med hjelp av ulike teknikkar hadde han arbeidd for å samle dei ulike stemmene til eit felles uttrykk, eit arbeid som hadde hatt stort fokus heilt frå oppstarten av koret.

7.4.1 Dirigenten sitt eigarskapsforhold til klangen

Eg nemnde tidlegare Skjønhaug (2009) si masteroppgåve. I konklusjonen hennar skildrar ho korleis dirigentens arbeid med korklang får ei personleg

form, der det er avgjerande å nytte ei kommunikasjonsform som ligg til rette for ein som dirigent. Ein føresetnad for klangarbeid er god klangkommunikasjon, og elitedirigentane ho følgde i studien sin lukkast med å skape ei felles forståing i koret av «klangprosjektet». Dirigenten *investerer av seg sjølv*, ikkje berre i arbeidet med korklangen, men også i å finne si personlege form for å kommunisere best mogleg.

Espen var Siréne sin opphavsmann og dirigent, og hadde heilt frå starten hatt ein klar tanke om korleis han ville at koret sin klang skulle vere.

Så tenkte eg, «ja, men kva med unge jentestemmer, det må jo vere tingen». Det gjekk eg og sosa med ein del år, og det var egentlig bakgrunnen for at eg sendte ut eit skriv. Og så hadde eg opptaksprøver og greier. Då var det 18 jenter som ville. Det var, tanken min bak det var rett og slett at eg ville ha nokon som song reint. Det er klart at då fekk eg desse her luftige, litt sånt lyse og luftige jentestemmene [...]

Espen hadde full kontroll over kven han ville ta inn i koret, og han forklarte at det å velje kven han tok inn i koret var noko han var veldig bevisst på. Gjennom rekrutteringsprosessen til koret kunne ein gjennom prøvesong og utveljing få inn stemmer som i utgangspunktet låg nærare den klangen han var ute etter. Espen hadde fleire døme på gode stemmer han ikkje tok inn i koret, fordi dei ikkje passa inn i korklangen han ynskte. Det var heller ikkje uvanleg at Espen engasjerte dirigentar eller songpedagogar til å ha seminar med koret. Arbeidet med å skape ein heilt bestemt klang synte seg også i kven Espen valde ut til å denne typen seminar med Siréne.

Altså, det er positivt å få andre vinklingar på ting. [...] Det er positivt så lenge eg får velje dei sjølv. Ja, men det er noko med det. Altså, for å seie det sånn, her er masse eg ikkje ville ha hatt inn. Massevis. Men dei som eg kjenner, altså eg har ikkje inn nokon som eg ikkje kjenner. Så eg plukkar dei litt med omhug rett og slett, fordi eg kjenner til korleis dei jobbar og kva resultat dei har fått til, og så vidare.

Det var tydeleg at Espen sette pris på klangen han hadde fått arbeidd fram i Siréne, og noko av nøkkelen til dette låg i den sterke arbeidsviljen som koret synte. Samtidig kunne han fortelje om at klangpreferansen hans ikkje var noko som alle i det lokale kulturlivet delte, noko som på eit vis gjorde vala hans rundt korklang meir personlege.

Det [arbeidsvilje] er ei nautaste sterke side med Siréne, og dei har i mine øyre klang. Og det er akkurat den klangen som eg er ute etter, men som ikkje alle er einige med meg i, då. Men det gjer dei jo, altså dei har på ein måte – gjer det eg seier, i alle fall prøver dei. Og det er kjempebra, synest eg.

Samla syner dette korleis Espen har arbeidd for å setje sitt personlege preg på koret sin klang på ei rekkje måtar, både gjennom rekruttering, klangarbeid og gjennom å hente impulsar utanfrå. Frå synsvinkelen hans var korklangen eit resultat av eit målretta arbeid han i stor grad hadde stått bak, noko som synte seg i ei sterk eigarskapskjensle til Siréne sin korklang. Faktorane for å opparbeide ei sterk psykologisk eigarskapskjensle var absolutt på plass, særleg når det kom til korklangen. Espen hadde også gjennom heile koret si levetid hatt sterk kontroll over koret sitt klanguttrykk, medan han på andre område var mindre oppteken av å styre koret. Men korleis kan ei undersøking av psykologiske eigarskapsforhold hjelpe til med å forklare kva som gjekk føre seg i denne omtalte episoden?

7.4.2 Klangparadokset

Det eksisterer ein innebygd motsetnad i eit kors arbeid med klang, ei spenning mellom det individuelle og det kollektive. Det finst ei rekkje ulike måtar for eit kor å arbeide med klang på, og det eksisterer ei rekkje klangideal. Ein kan arbeide med dei individuelle stemmene, arbeide med støtte, pust, klang, og ei rekkje individuelle songtekniske aspekt. Dette handlar om å utvikle kvar enkelt kormedlem sitt instrument, slik at koristen skal kunne syngje sunt, reint, uttrykksfullt og kontrollert. Denne sida av klangutviklinga i eit kor handlar om å byggje opp under det individuelle og personlege.

Samtidig vil dei fleste kordirigentar ha som målsetjing at koret skal syngje saman på best mogleg vis. Dette kan handle om å arbeide inn ei felles forståing av vokaldanning, tekstuttale, frasering og vibratobruk. Ein dirigent vil som regel arbeide med dette gjennom ord, gestar og songtekniske øvingar der han/ho instruerer kollektivt og enkeltvis, og forsøker å endre korleis koristane syng i ei felles retning.

Møtet med Det Norske Solistkor førte til ei endring i korklangen, der kormedlemmane i Siréne song meir ut med ei fylldigare og meir solistisk stemme. Slik Linda skildra episoden opplevde ho denne endringa som positiv, og som ei slags naturleg utvikling som harmonerte med det å vere ei mogen kvinne. Samtidig følte ho at denne nye klangen la til noko ekstra i høve den vanlege korklangen deira – ein korklang som var «smal på ein måte, eller tynn». Med andre ord opplevde ho endringa som både *evolusjonær* og *additiv*, noko som gir eit godt

grunnlag for støtte blant organisasjonsmedlemmar som kjenner psykologisk eigarskap til organisasjonen sin (Pierce et al., 2001).

For Espen var det på mange måtar motsett. Den endra korklangen, og kor-medlemmane sitt uttrykte ynskje om å synge på ein annan måte enn vanleg, blei opplevd som *revolusjonær*. Samtidig følte Espen at klanguttrykket som han hadde arbeidd for i koret forsvann, med andre ord ei *subtraktiv* endring. Han ynskte ikkje dette, og nytta makta han hadde i kraft av å vere dirigent til å motsette seg dette initiativet.

I etterkant av episoden med Det Norske Solistkor kunne Linda fortelje at dei i koret var komne fram til ei forståing av kva Espen var ute etter, og at dette var noko dei kunne vere saman om.

Så vart det no litt diskusjon rundt dette her då, og etter kvart så var det dette her med at vi, det er no han som er sjefen, ikkje sant? Og av og til så er det litt vanskeleg [latter], for du kjenne det at av og til, du har lyst til å vere med og bestemme, då. Men så i etterkant då, så det var no den episoden. Og det gjekk no greitt, vi song no sånn som han sa vi skulle synge det då. I etterkant så snakka vi litt om det, og han sa at det, det kunne ikkje vere slik at han øva med oss og på ein måte øva inn noko, så skal nokon komme inn med noko, altså kanskje noko nytt og så skal vi berre liksom snu om og forandre. Så i etterkant då, så har vi vorte meir bevisst på at han er ute etter akkurat noko spesielt.

7.4.3 Vegen til eigarskap

Når ein tek til i eit kor møter ein mykje nytt. Om ein har sunge i kor tidlegare er det sjølv sagt mykje ein kan kjenne att, men noko som garantert er nytt er korets særskilde klang. Klangen er blitt til i møtet mellom alle kor-medlemmane sine unike stemmer og dirigenten sitt arbeid, og som fersk korsongar må ein finne sin plass i denne klangen. Men gjennom å lære seg å kontrollere stemma si, gi av seg sjølv og etter kvart utvikle ein inngåande kjennskap til «lyden» koret skal ha, blir grunnlaget skapt for noko ein kan utvikle psykologiske eigarskapskjensler til. Når det gjeld opplevinga av kontroll over korklangen står som sagt dirigenten i ei særstilling, men også mellom korsongarane gjer ulike faktorar at enkelte opplever større kontroll enn andre. Mykje av dette heng saman med sjølv tillit og det å tore å syngje ut, noko Sara kunne fortelje om.

Ja, altså i byrjinga, eg føler no at eg fortsatt prøver no å jobbe mykje med det. At det, og det trur eg på ein måte er «cluet» med det, at ein aldri må slutte å jobbe med det. Så det er nå klart at i byrjinga så følte eg at stemma mi kjendest heilt annleis ut, at ein på ein måte skilte seg ut. Og det høyrer ein sikkert betre sjølv

enn andre høyrer det, på ein måte, eller sånn. Så då heile tida hadde eg sånn frykt for at det «å nei, tenk viss ikkje eg nokon gong passar inn», eller «tenk viss eg ikkje får til å øve inn denne klagan» eller sånn då. Men det føle eg kjem seg heile tida. Ja, så eg håpar det fortset [ler].

Det å tore å dominere klangen gir ei større kjensle av kontroll, og enkelte har betre føresetnader for å gjere dette enn andre. Samtidig kan det å føle seg heime i ein korklang handle vel så mykje om å finne plassen sin, som å dominere klangen. For Sara handla det om både desse punkta, både å tore synge sterkare og dominere klangen i større grad, men også å innsjå at ho med stemma si bidrog med noko unikt inn i blandinga av stemmer.

Det er klart at nokon stemmer skil seg litt ut, men det kan også ha med volum å gjere. At det er nokon som syng rett og slett berre mykje sterkare. Mens eg trur at det kanskje er nokon som syng mykje svakare igjen. Som for eksempel så var eg alt for svak – og det hjelp no ikkje [ler]. Men så, eg trur det er noko som vi heile tida må vere veldig fokusert på. Og, men så er det, det er nå dette med at det er, stemma kling nå forskjellig alt etter kva alder ein er også. Så eg har kanskje på ein måte ei litt ung stemme, eller sånn endå. Eller sånn, medan dei eldste har ei heilt annan type klang i stemma, då. Men eg syns det i grunnen går bra.

Når ein som korsongar har vore med på klangarbeidet til koret, har investert av seg sjølv og blitt inkludert i prosessen, så veks både kunnskapen om og forventingane til korleis koret skal hørest ut. Som korsongar blir ein vand med korleis stemma skal klinge saman med dei andre, og ein blir var for om noko ikkje stemmer. Even kunne fortelje om ei slik oppleving i koret sitt, der nokon som ikkje hadde vore flinke til å møte opp på øvingar, plutsleg stilte på konsert og «øydelagde» klangbiletet.

Så er, dei kjem inn kanskje og begynner å syngje og øydelegge på ein måte det biletet som du lagar rundt deg. Altså klangbiletet, det som du på ein måte har vore med og fått til. Og så kjem det plutsleg ein som ikkje har vore med på det, og då må han på ein måte inn i det same biletet, og det tar litt tid og kan vere litt vanskelig då, av og til.

Even opplevde at vedkomande på eit vis ikkje hadde opparbeidd seg den same retten til å vere ein del av klangbiletet, noko som vitnar om opplevd psykologisk eigarskap.

7.5 Tradisjon og eigarskap

Det å ta til i eit kor er også å trå inn i ei historie. I kor stor grad denne historia er med å prege koret sin aktivitet varierer, og måten ein som kormedlem steller

seg i høve denne historia kan også vere svært forskjellig. Edward Shils (1971) skriv at ein person i ein ny situasjon må:

become or do something which he had not previously been or done and he will do so by acquiring beliefs which are already believed in his new environment or by performing actions which are already being performed in his new environment. (s. 125)

Dei som allereie er i denne nye situasjonen verkar å vite kva dei skal gjere i ein kvar samanheng, kva som er forventa av dei, og korleis dei skal møte desse forventingane. Nykomaren må «passe inn» og underlegge seg instruksjonar og krav frå autoritetar.

Tradisjonar var ein viktig del av Ulstein mannskor, og Karl var den som tok på seg å formidle dette til meg. Men tradisjon kan vere knytt til ei rekkje fenomen og institusjonar, og i intervjuar med intervjupersonar frå dei fire kora blei forholdet til tradisjon knytt til mellom *anna familiar og slekter*, til *stadar og bygder*, til *bestemte kor si historie* og til *sjølve kortypen*, og då fyrst og fremst *mannskoret*.

Familien kan fungere som ein inngang til kordeltaking. Det å kunne spore kordeltakinga bakover i slekta kan for mange bli opplevd som å vere ein del av ein tradisjon. Det å ta del i musikkliv kan vere noko nedarva, noko «ein gjer» i denne familien. Dette kunne Susanna fortelje om.

Ja, eg var jo aktivt medlem av barnekoret og i Ten-Sing, så eg har nå sunge sidan eg var 7–8 år, då. Og [eg kjem frå ei] musikkglad familie eigentleg, både besteforeldre og onklar, og min far også, som har tradisjon i korsamanheng og musikk, faktisk. Så spelte eg jo også i hornmusikken i ein periode då.

Familie og slekt spelar ei stor rolle når det gjeld deltaking i amatørmusikklivet. Dette påpeika Finnegan (1989) i samanheng med konseptet «pathways» – det er på ein måte lettare gå dei same stigane som foreldre og eldre sysken har gått før deg.

Ingeborg kunne fortelje om heimbygda si, og hennar oppleving av å kome frå ein stad med ein sterk kortradisjon. For Ingeborg ytra den sterke kortradisjonen seg gjennom kvaliteten på kora og på songarane der.

Og Rovde er jo ei av dei bygdene som kanskje har sterkast kortradisjon på Søre Sunnmøre, det vil eg nok påstå for der er veldig, det kan du høyre på det blandakoret som er der. Det er ikkje så mange som bur der men det er bra, veldig mange gode songarar. Dei hadde jo Rovde mannskor i si tid, veit du, og det var jo eit veldig godt mannskor. Så alltid på Rovde, der songen satt veldig sterkt, på bygda, altså i alle samanhengar.

Det skal seiast at det eksisterer ei oppfatning om at kortradisjonen generelt står sterkt på Søre Sunnmøre. Som eg har nemnd tidlegare så finst det mange kor i dette området, og kor har spelt ei viktig rolle i dei fleste krinsar og bygdesenter opp gjennom tida. Bygdefolks behov for og ynskje om korsong blei også trekt fram som ein viktig motivasjonsfaktor for fleire av intervjupersonane.³⁸ For Truls låg det ein viktig verdi i å bevare det tradisjonelle mannskoret, noko han opplevde at han delte med songarane i koret. Som dirigent for Ulstein mannskor prioriterte han arbeidet med dette koret høgt, og følte at han saman med medlemmane i koret delte ei glede som også handla om å halde i hevd denne gamle tradisjonen.³⁹

7.5.1 Å bli eitt med tradisjonen

Men tilbake til Karl i Ulstein mannskor. Etter å ha blitt kjend med Karl blei det tydeleg at mannskoret betydde mykje for han. Han hadde også investert mykje av seg sjølv i å skape nye tradisjonar saman med koret, noko han var bevisst på sjølv.

Ein ser no fram til 17. mai og ta del. Samle seg og vere med å både skape tradisjon og halde på tradisjon. Her har vi skapt eit tradisjon ved å ta del på 17. mai, vi har skapt ei tradisjon ved å vere her fyrste torsdagen på nyåret, det er tradisjonar og det var jo sagt det at vi er ein kulturberar og ein tradisjonsberar, det har vore sagt når vi fekk kulturprisen. Og det er også viktig synest eg.

Gjennom arbeidet Karl hadde gjort på koret si historie hadde han også opparbeidd seg inngåande kjennskap til repertoaret koret hadde sunge, ikkje minst når det gjaldt den tradisjonelle mannskorlitteraturen.

Eg har no gått gjennom historia til koret og sett kva det betydde under krigen, dei arrangerte amatørkonkurransar og dei hadde konsertar på Fredheim, store nummer, Landkjenning, Leif Eiriksson, Brede seil over Nordsjø går, og store ting.

Å vere ein del av eit kor handlar om meir enn å synge. Eit tradisjonsrikt kor har gjerne mange faste arrangement som skal organiserast, samt komitear og utval som har som oppgåve å planlegge og gjennomføre desse arrangementa. Gjennom å bli involvert i organiseringa av slike arrangement kan kormedlemmar få opplæring denne type arbeid, noko som også er ein måte å overføre tradisjonar på. Karl kunne fortelje om korleis han sjølv gjennom eit langt korliv hadde fått glede av nettopp denne sida ved kormedlemskapet.

38 Sjå kapittel 6.2.4.

39 Sjå kapittel 6.2.4.

For meg har koret vore ein kulturell arnestad, kulturell heim der eg har fått også lov å utvikle meg som organisasjonsmann innanfor denne bransjen der. [...] Der byrja vi veldig tidlig å få oppgåver. Og det var sentrale mannskorsongarar [som] var læremeistrar på det området og sette oss til å vere festnemnd for julefestane som var fyrste nyttårsdag, der vi hadde både mannskorfest og vi hadde ULF-fest og store greier i den tid. Og ein ting er jo det å vere med å styre koret, men det er jo dette her med å la di stemme bli noko av eit heile, og det har eg hatt stort utbytte av.

Om ein går tilbake til Pierce et al. (2001) sine proposisjonar om det å utvikle psykologisk eigarskap til ein eller fleire faktorar i ein organisasjon, så er det lett å forstå at Karl hadde gjort nettopp dette. I tillegg til å ha sunge i koret i ein mannsalder, kjende han historia og tradisjonen betre enn dei fleste. Ikkje berre hadde han gjennomlevd mykje saman med koret, han hadde også studert gamle skrifter og dokument som ga han eksklusiv innsikt i sider ved historia som andre ikkje hadde. Karl hadde investert mykje av seg sjølv i både å kjenne og vidareføre tradisjonane til koret. På ein måte kan ein seie at Karl gjennom kjennskapen sin «kontrollerte» historia til koret.

7.5.2 Å eige tradisjonen

Som sagt var tradisjon eit viktig element i Ulstein mannskor. Dette synte seg på mange måtar, både gjennom den lange historia, gjennom å ha mange tradisjonsrike aktivitetar og framføringar, og ikkje minst gjennom repertoaret. Mange mannskor syng gjerne ein kombinasjon av gamle nasjonalromantiske stykke og nyare ting, og Ulstein mannskor var ikkje noko unntak. I tillegg har ein på Søre Sunnmøre sine eigne repertoartradisjonar, noko eg vil kome tilbake til i kapittel 9.3.4. Mannskortradisjonen har også eit nasjonalt og globalt sus, og i den samanheng kan det vere verdt å sjå på Anne Jorunn Kydland Lysdahl (1995) si avhandling *Sangen har lysning: studentersang i Norge på 1800-tallet* der ho kastar lys over norsk mannskortradisjon og over forholdet mellom kulturhistorie og musikkhistorie, og syner korleis ein på 1800-talet oppfatta korsangen som ein vesentleg identitetskapar for individ og nasjon.

Det var tydeleg at Karl hadde ei sterk psykologisk eigarskapskjensle i høve mannskoret, noko som hadde nokre konsekvensar. Sjølv om Karl på mange måtar var ei sterk kraft i koret, og la inn ein solid innsats for det felles beste, var det heller ingen løyndom at han også var involvert i eit par problematikkar. Dirigent Truls kunne fortelje meg at somme tidlegare kormedlemmar hadde

slutta mellom anna på grunn av gnissingar med Karl. Det var likevel uråd å endre situasjonen.

Han er Ulstein mannskor, det er han som er Ulstein mannskor [ler]. Han har jo vore med sidan han var konfirmert og det er jo koret som lever og opptek han på alle måtar.

Karl var ikkje alltid enkel å ha med å gjere om noko eller nokon gjekk imot noko han følte sterkt for. Likevel godtok dei fleste at det var sånn det var, og brydde seg kort og godt ikkje. Dei hadde sine teknikkar for å ta det «vonde med det gode».

Når tradisjon får dominere miljøet i eit kor på denne måten, får dei med best kjennskap til tradisjonen ei sterkare eigarskapskjensle enn dei andre. Eig du tradisjonen, eig du på eit vis koret. Om ein går tilbake til Pierce, Kostova og Dirks ser ein også at psykologisk eigarskap i visse tilfelle kan føre til problem med mellom anna å gje frå seg makt og samarbeid. Det var også mitt inntrykk at Karl kunne ha problem med å akseptere andre sine meiningar om dei stridde mot hans egne. Eg sat likevel att med inntrykket at han berre ynskte det beste for koret, og for Karl var det nok han som stort sett visste kva korets beste var.

Ulstein mannskor var eit veldig spennande kor å følgje, med eit flott miljø og stor aktivitet. Med tradisjonen som ein sentral faktor var det tydeleg at dette spelte ei rolle for både identiteten og det sosiale miljøet, noko som skapte både moglegheiter og utfordringar. Somme av utfordringane, særleg knytt til Karl si rolle, meiner eg kan forståast betre ved hjelp av konseptet psykologisk eigarskap.

7.6 Restart og nullstilling

I Ulstein mannskor var tradisjon ein viktig faktor som påverka korets og kor-medlemmane sin identitet. Tradisjonen, eller måten ting var blitt gjort på, var ein ressurs ein kunne ause av når ein skulle gjere val. Mange kormedlemmar var stolte over å ha ei lang historie. Mykje av det same kunne ein finne i Vartdal blandakor og Songlaget Bard, dei to kora som nyleg hadde foreina krefter i det nystarta blandakoret Cantando. Båe kora hadde historier og tradisjonar som strekte seg langt tilbake i tid. I tillegg var kora knytt til stadane Vartdal og Barstadvik, noko som gav dei røter i lokalsamfunna.

7.6.1 Det store grepet

For Songlaget Bard var tida fram mot samanslåinga med Vartdal blandakor prega av lågt medlemstal. I ein periode låg koret nede, men dei gjorde eit siste forsøk då ein dirigent blei tilgjengeleg. Ola hadde vore med i Songlaget Bard i lengre tid, og hadde også hatt ein periode i Vartdal blandakor den perioden Bard låg nede.

Det låg på kvil, ja. Og så var eg i Vartdal [blandakor] den perioden. [...] [D]å spurte vi han [den tilgjengelege dirigenten], vil du dirigere Bard? Og det ville han, og då starta vi opp igjen i Bard. Men så sleit vi då ein periode med lite folk. Vi hadde jo folk frå Liadalen, og i frå Ørsta var folk, og heile strekninga, men likevel så vart det lite, tynt. Og så begynte Vartdal [blandakor] å slite med folk, og det var eit songarstemne på Nordmøre, vi satt ute i ein buss om kvelden, vi hadde sosialt, ikkje sant. Og vi sa at no er det på tide at vi tek og slår oss saman. Vi legg ned både Vartdal og Bard og så startar vi eit nytt kor. Og det var så og seie einstemmig. Så vi hadde namnekonkurranse og slikt då. Eg synest at Cantando vart ein fint namn, det betyr syngande.

Også Emil hadde i periodar sunge i båe kora. Opplevinga av at det gjekk mot slutten for kora var sterk, og Emil spissformulerte dette på eit møte i samanheng med samanslåinga.

Eg sa det på eit møte, at ein kan ikkje halde på å halde liv i to lik – det går ikkje. Ein måtte bruke litt kraftige ord – det var sikkert mange som ikkje likte det, men det var sannheita – rett og slett. Så då veit du det når du begynne å få, kanskje berre eitt og to menneske på ei stemme, då er det ikkje det, då er det sjølvslutta.

Han kunne fortelje at det å slå saman kora sat langt inn for enkelte.

So vart det slått i hop, ei einigheit om det. Du veit, det var kjepphestar i begge leirar [latter], dei skulle ikkje slåast saman, dei såg ikkje kor elendig det var begynt å bli. Då vart det i alle fall litt meir folk.

Det var folk som ga seg på grunn av samanslåinga. Dei var rett og slett ueinige i at Vartdal blandakor skulle bli lagt ned. Ein av desse hadde vore sterkt involvert i nyoppstartinga av Vartdal blandakor på 1980-talet, og hadde vore ei sterk drivkraft denne tida. Trass i enkelte protestar var samanslåing noko som fleirtalet i kora ynskte, og då blei det slik, noko Ola kunne fortelje om.

Det var eit par stykke som slutta då, for dei likte ikkje det. [Dei syntest det var] feil, og også at dei mista namnet Vartdal, og Vartdal er eit stort namn, og det er det nå sikkert det. Men sånn vart det nå. Det var oppe til høyring og folk bestemte det at det skulle bli sånn.

På eit styremøte eg var med i fekk eg meir informasjon om korleis styret planla overgangen. Det var meininga at det skulle vere medlemmar frå båe kora i det

nye styret, og helst frå dei stadane koristane kom frå. Dei nye vedtektene var i stor grad basert på Vartdal blandakor sine, då desse var mest oppdatert i høve krava frå Norges korforbund. Sjølve samanslåinga skjedde på den måten at både kora hadde kvart sitt møte, før det blei halde eit felles skipingsmøte. Her blei Cantando offisielt stifta, medan Vartdal blandakor og Songlaget Bard blei lagt på is.

7.6.2 Å bygge noko nytt

Å slå saman kreftene i eit nytt kor ga nokre direkte positive effektar. Frå å vere i færraste laget, var ein med eitt godt dekt på alle stemmegruppene, noko mellom Emil såg lyst på.⁴⁰ Anna hadde rett nok ikkje så lang fartstid frå Vartdal blandakor, men opplevde overgangen som positiv.

Nei, store forandringar, eg har eigentleg tenkt at fyrst var det Vartdal blandakor, og så er det Cantando – det har berre skjedd, men koret er større, sjølv sagt, men elles er det ikkje, for meg opplevst det ikkje som ei stor forandring. Eg trur det var på tide å slå saman. Dei, alle var klare, dei eg har ikkje, veit meir om heile historia kanskje ti, femten siste år eller noko sånt, men eg trur det var berre på tide å slå saman og alle var klare og så, sant du veit.

For Anna var det først og fremst opplevinga av at dei blei fleire koret, og då særleg blant mannsstemmene, som blei trekt fram som det mest positive.

Ja, det er også ein kjempestimulans fordi viss du høyre, viss du er med, at eit kvart kor treng mannfolk, det er alltid for lite menn, og då var det plutsleg mykje meir når koret var større. Så for oss var det også ein stimulans. «oj, oj, ja, vi kan det no når du kjenner meir støtte, eigentleg», for du er, ja det var, nå tenker eg at det var ein forandring – større kor, vi har blitt kanskje betre etterpå også, fordi du kjenner deg kanskje litt meir trygg.

Det var likevel tydeleg at folk hadde med seg korhistorie frå dei gamle kora sine, som dei kanskje ikkje heilt visste kva dei skulle gjere med. På ei av dei første øvingane eg følgde Cantando, så kom eg i snakk med nokre songarar. Nokre hadde bakgrunn frå Vartdal blandakor, medan ein av dei hadde sunge i både kora. På spørsmål om korleis det var å ha slått seg saman kunne dei svare at dei var fornøgde, men litt ambivalente. Det var jo litt leit å legge ned kor med lange tradisjonar, sa dei. Ola sat i styret, og hadde vore sterkt involvert i overgangen frå to til eitt kor. Han kunne fortelje at han såg på samanslåinga som ei svært viktig hending, og at han for sin del var dedikert til det nye koret Cantando.

⁴⁰ Sjå kapittel 6.2.4.

Eg ser vel like sterkt på koret i dag som eg gjorde før då. At vi fekk til samarbeidet og fekk til, vi var med å sette grenser kor vi skulle ha det, og såne ting. Og så synest eg at det er på lik linje med sånn som det var tidlegare. [...] Eg jobbar like hardt for Cantando som eg gjorde for Bard.

Han kunne også fortelje at dei hadde teke ein del grep for å sikre at båe kora var godt representerte i styret.

Så heile tida i styret prøver vi å ha folk i frå både Barstad og Vartdal. [Vi] får meir respekt av det.

Dette var viktig, også på grunn av at det her var snakk om å foreine songarar frå to ulike kor med unike kulturar. Dei to kora hadde samarbeidd tidlegare, kunne Ola fortelje, men då opplevde han det meir som at Bard-songarane var «gjestar» hjå Vartdal blandakor. Men no, etter samanslåinga, var folk frå båe kora representert i styret, noko som var med på å skape ei større kjensle av fellesskap. Han opplevde også at dei tradisjonelt sett hadde vore meir innstilt på dugnadar, loddsal og liknande i Bard enn dei hadde vore på Vartdal. Ola meinte dette var viktig som ein del av det å vere integrert i bygdemiljøet, og få synt fram fleire sider ved koret. Dette var også ein måte å halde kontingenten nede på, noko som kunne opne koret for at fleire prioriterte å vere med. Samtidig kunne det å ha for mange pålagde oppgåver i koret vere med på å hindre folk i å forplikte seg. I Cantando var derfor målet å foreine dei to kulturane, noko som fleire uttrykte at dei var medvitne om. Likevel var det tydeleg at fortida i Bard følgde med, også for Ola. Tanken på at Bard på eit tidspunkt kunne starte opp att var ei slags trøyst.

No ligg vel både Bard og Vartdal, det ligg vel dødt nede på is, då. For det ligg jo der i tilfelle det kan vere ei mannsguppe som vil starte opp, ikkje sant, då har jo dei organisasjonsnummer og eit namn viss dei vil bruke. Så ligg det no ei historie på begge plassane. Ja, det gjer jo det. Vi har jo ei fantastisk fane ute på Barstadvik der, sant. Men ein må ha folk.

Etter at Cantando blei starta opp, blei det tilsett ein ny dirigent, og av ulike årsaker fungerte ikkje dette så godt. Anna kunne fortelje at for fleire i Vartdal blandakor blei ei av utfordringane at den nye dirigenten blei samanlikna med ein tidlegare dirigent, Ingeborg, skildra av Anna som «perfekt» og «fantastisk». Vartdal blandakor hadde vore veldig knytt til Ingeborg, og sjølv om dei ynskte å gi den nye dirigenten ein sjanse, så fungerte det ikkje. Etter at denne dirigenten ga seg, fekk Ingeborg spørsmål om ho kunne ta over Cantando, noko ho takka ja til. Etter å ha observert ein del øvingar med dei var det tydeleg at ho hadde fått ei viktig rolle også for det nye koret. Mykje av dette handla nok om at ho verka å vere ein vital og dyktig dirigent, som ga av seg sjølv og hadde positive

relasjonar til kormedlemmane, men i mine auge var rolla hennar særskilt viktig også på grunn av situasjonen det nye koret stod i. Medlemmane i dei to kora hadde mange kjensler knytt til historia og tradisjonen, samtidig som litt av identiteten deira låg i rivaliseringa med nabokoret. Då desse kora måtte slå seg saman blei dei nøydde til å tenkje gjennom kva det nye koret skulle vere. Songarane var jo mykje dei same, og korets funksjon i lokalsamfunnet var mykje den same. Likevel var «historias stemme» blitt taus, og den eigarskapskjensla som tidlegare var knytt til viktige faktorar som tradisjon og lokal tilknytning var med eitt blitt fristilt. Behovet for å ha noko nytt å samle seg rundt var stort, noko eg opplevde var med på å forsterke kor viktig nettopp dirigentrolla blei.

7.6.3 Eigarskapsvakuum

Sjølv om dei aller fleste i Songlaget Bard og Vartdal blandakor var einige i samanslåinga, var der også somme som motsette seg dette. Det å måtte gi opp namnet og tradisjonen som følgde med dei gamle kora blei for vanskeleg. Ein må anta at dei fleste i dei to kora kjende eit sterkt eigarskapsforhold til historia og tradisjonen knytt til sitt kor, men likevel stelde folk seg ulikt til tanken på ein restart. Denne store endringa blei altså opplevd på ulikt vis, noko som Pierce et al. (2001) skriv om. Når ei endring blir opplevd sjølvinitiært, evolusjonær og additiv, kan organisasjonsmedlemmane sine eigarskapskjensler medføre ei positiv haldning til endringa. Når endringa kjennest pålagd utanfrå, revolusjonær og subtraktiv, kan det derimot føre til motstand. For medlemmane i dei to kora var saka samansett. Som mange påpeikte var opplevinga av å bli fleire på dei ulike stemmegrubbene noko som kjendest bra, og ga ein ny og positiv giv. Det å slå saman dei to kora blei også sett på som ei naturleg utvikling av korverksemda i bygdemiljøet der ein sleit med å rekruttere nok songarar – det var meir logisk å samle kreftene, når kreftene skranta. På ei anna side var det klart at det var eit stort tap å sleppe taket i dei lange tradisjonane, historia, namna og symbolikken knytt til desse for dei aller fleste involverte. I denne situasjonen måtte ein derfor gjere eit val, trass dei motstridande kjenslene.

I det nystifta Cantando var planen å starte med blanke ark. Ei rekkje organisasjonsfaktorar i dei gamle kora, som praksisar, tradisjonar og etablerte roller, blei dermed forlatne, og med det dei eigarskapskjenslene kormedlemmane hadde utvikla. Situasjonen i det nye koret var framleis noko uavklart – ein veksla til dømes på å øve mellom dei gamle kora sine øvingslokale, og skulle ein ta med seg tradisjonar frå dei gamle kora inn i det nye? Det var heller ikkje

gått lang nok tid til at nokon hadde rukke å etablere og bli godt kjende med nye organisasjonsfaktorar, eller fått investert mykje av seg sjølv i dei. Om enkelte medlemmar frå dei to kora hadde hatt ei kjensle av eigarskap og kontroll over liknande faktorar i gamlekora, kven skulle få «eige» dette domenet i det nye koret?

Resultat blei, slik eg opplevde det, eit slags *eigarskapsvakuum* i det nye koret. Etter å ha følgd øvingar og gjennomført intervju og samtalar med kormedlemmar fekk eg inntrykk av at koret var i ein overgangsperiode. Det gamle frå dei to kora var blitt lagt på is, men minna og kjenslene knytt til dei spelte framleis ei stor rolle for kormedlemmane, noko som også dominerte dei kjenslene av psykologisk eigarskap som måtte eksistere. Utan å ha eit klart bilete av kva det nye koret eigentleg var, var heller ikkje graden av kontroll, kjennskap og investering som medlemmane i det nye Cantando kunne oppleve stor. Dette avgrensa dermed talet på faktorar medlemmane kunne utvikle psykologiske eigarskapskjensler til.

Den eine faktoren som stod støtt blei dermed ekstra viktig, og det var rolla til dirigenten Ingeborg. Frå tida i Vartdal blandakor hadde ho allereie ein nær relasjon til mange av medlemmane i Cantando, og på øvingane køyrde ho ein aktiv, inkluderande og personleg stil overfor songarane. Når det gjaldt korskongarane opplevde eg dei som litt tilbakehaldne og prøvande, men med godt humør og skikkeleg innsats. Opplevinga mi var at den sosiale og musikalske dynamikken i stor grad dreia rundt Ingeborg, og at ho på gjennom dette skapte eit fokus for eit kor i ferd med å leite etter ein ny identitet.

Ein kan også seie at denne nye situasjonen skapte eit slags *identitetsvakuum* blant kormedlemmane. Viktige sider ved koras identitet, som rivaliseringa mellom dei, tradisjonar og historie, samt den lokale tilknyttinga som tidlegare hadde vore sentrale delar av korets identitet, måtte med eitt erstattast av noko ein enno ikkje heilt visste kva var.

7.7 Kjerneverdi og visjon

Som eg nemnde i kapittel 7.2 kunne Even fortelje om ein viktig faktor i Brandalskoret, ein faktor som han hadde bygd opp ei sterk eigarskapskjensle til. På spørsmål om kva han ville trekke fram som særskilt viktig i koret, var miljøet det første han nemnde.

For meg? Miljøet er veldig godt. Det er, vi er ein veldig godt samansveist gjeng. Samtidig så tek vi ikkje oss sjølv så forferdeleg høgtideleg – i sosial samanheng i alle fall. Og det miljøet er berre veldig bra.

Dette gode miljøet, utan klikkar, stod i kontrast til korleis han oppfatta at ein hadde det i ein del andre kor.

Det er ein gedigen forskjell, det har eg også fått bekrefta seinare, at det er sånne «klikkar». «Eg og dykk», eller «vi og dykk» og sånn. Det er, enkelte er på ein måte litt meir, kva skal eg seie, litt meir – litt «betre» enn alle dei andre då. Sjølv om det er ein litt dum måte å seie det på. Dei dannar meir sånne klikkar og det er ein ting som det aldri har vore i Brandalskoret.

At koret var utan klikkar var noko han såg som ein svært viktig del av det gode miljøet, og noko som bidrog til å skape eit nært og tett miljø der folk stilte opp for kvarandre.

Vi er så, når vi er ute på song eller på øvingshelger og sånt noko, så sit vi i lag. Altså, nokon kan sitte på forskjellige rom, men vi pendlar mellom. [...] Og er det einkvan som ikkje har det så bra, så gjer vi det vi kan for å prate med han. Der er no mange skjebnar når det er så mykje folk. Så det kan vere skilsmisse, det kan vere foreldre som forsvinn og forskjellig sånt. Så vi er som ein litt annleis familie kan du seie.

Inga hadde også merka seg mykje av dei same tinga som Even. For ho var verdien om det klikkfrie miljøet noko som nærast var ein regel, eit positivt forbod. Ho hadde ikkje fått beskjed om dette eksplisitt, men det hadde konkretisert seg på bakgrunn av historier om korleis det stod til i andre kor.

Jeg har hørt at det er mange kor som det er litt klikker i, men det er det ikke hos oss, og det er forbudt. Det har ikke vært aktuelt heller.

[Korleis veit de at det er forbode, kven har sagt at det er forbode?]

Nei, vi har ikke sagt det, men det er forbudt.

Fredrik, dirigenten for Brandalskoret i den perioden eg følgde dei, opplevde også miljøet i koret som unikt. I hans auge var det gode og klikkfrie miljøet i koret noko Brandalskoret verkeleg utmerka seg med samanlikna med andre lag han hadde hatt med å gjere.

På generelt grunnlag så er det det at det koret har eit heilt unikt personsgalleri som gjer at det er ein einaste klikk i koret, det er ikkje fleire klikkar. På festar og på turar og slikt så dannar det seg alltid små grupper, men det er alltid gjennomtrekk, det var det same kven det var, det var alltid ein samansveisa gjeng.

Årsaken til dette meinte han kunne henge saman med at Brandalskoret, som eit relativt ungt kor plassert på Brandal, stod som eit slags alternativ til den

meir etablerte korkulturen på Hareid. På Hareid var det mange som «visste korleis ting skulle vere», medan ein i Brandalskoret kunne forme eit kor med eit litt anna fokus. Det sosiale miljøet hadde vore ein viktig faktor heilt frå starten, noko Fredrik også hadde fått beskjed om den dagen han blei spurd om å dirigere dei.

Nei, det har rett og slett berre med det at når eg kom hit i 2004 så var det slik at Brandalskoret hadde manko på dirigent, og dei hadde då høyrd og fått med seg at eg hadde kome hit til området, korleis dei visste namnet mitt, det veit eg ikkje, det aner eg ikkje. Men formannen på den tida ho ringte opp meg og forklarte kven ho var og kva slags ærend ho ringte for, og spørsmålet var då om eg kunne tenkje meg å begynne å dirigere Brandalskoret. Og mandatet mitt var då at dei hadde eit veldig godt sosialt miljø i koret, men dei følte at den musikalske standarden burde betrast ein god del. Og dei trudde og håpa at eg kanskje kunne gjere noko med det. Det var starten, så verre var det eigentleg ikkje.

7.7.1 Ein epoke tek slutt

Fleire av songarane kunne fortelje om korleis Fredrik hadde løfta koret etter at han tok til. Allereie frå fyrste stund kravde han noko nytt frå koret. Det var ikkje berre enkelt, noko Even kunne fortelje om.

Men når han Fredrik kom så, fyrst så kollapsa vi heile koret. Han ville ha kvalitet. Han hadde sin måte å bygge opp koret på. Og eg tok det vel også opp med han og der eg sa det at «no er det like før du sit igjen berre med ein 3–4 personar». Og han sa det «det er sånn eg jobbar, og det er sånn eg vil jobbe, så får dei fare dei så vil fare, men dei som er igjen dei er i alle fall interessert og vil noko». Og vi var vel nede i berre ein 10 stykk, tenkjer eg. Men derifrå så har det berre gått oppover og oppover.

Og i perioden med Fredrik hadde Brandalskoret verkeleg heva seg musikalsk. Eg følgde dei på fleire framføringar, og dei song godt og hausta mange lovord frå publikum. Det var tydeleg at mange i koret var stolte over kor langt dei hadde kome. På øvingane var stemninga svært god, og Fredrik kombinerte høge musikalske krav med godt humør, noko som resonnererte godt i koret. I det store og heile stod Brandalskoret fram som eit kor som var i ein verkeleg god driv. Ikkje minst fekk dirigent Fredrik mykje skryt frå songarane. Samla sett opplevde eg koret veldig positivt, med Fredrik som eit vitalt og engasjert midtpunkt. På somme måtar minte dette om den rolla eg opplevde Ingeborg hadde i Cantando. Ingeborg si rolle i Cantando var særskild viktig i den sårbare og noko uavklarte fasen som det koret stod i. Ho var ein viktig og stabiliserande faktor, som songarane kunne lite på. Då eg fekk nyss om at Fredrik skulle gi

seg som dirigent i Brandalskoret blei eg nysgjerrig på korleis dette koret ville takle ein slik overgang. Kor mykje av korets «suksessfaktor» var knytt til han som person, og kor stor del av koristane sin motivasjon for å vere med låg i å ha Fredrik som dirigent?

Etter at Fredrik tok over koret, og fekk arbeid med det over tid, opplevde han at forholdet mellom dirigent og kor blei svært godt. Då han skulle seie frå til Brandalskoret at han skulle slutte, var dette derfor ikkje så enkelt.

[Kjemien] utvikla seg og etterkvart så har han vore sterkare og sterkare. Så når eg fortalde i fjor haust at eg nå vart det slutt så vart det ein kjempeskrell.

Inga kunne fortelje at fleire i koret vurderte å slutte samtidig som at Fredrik ga seg, og såg det litt som at ein epoke var over. Dette skapte ei slags spenning i koret. Ho kunne også fortelje at Fredrik hadde gjort sitt for at folk ikkje måtte gi seg i koret.

Men han Fredrik han holdt jo flere taler med at vi må ikke slutte, for det var vi for gode til, mente han.

I det eg avslutta observasjonsperioden min hjå Brandalskoret var Fredrik framleis dirigent. Nokre månader etter gjennomførte eg intervju frå dette koret, og eg var spent på å høyre korleis denne overgangen hadde gått. Det synt seg at folk hadde blitt i koret – det hadde faktisk kome fleire til. Songarane i Brandalskoret aksepterte vemodet ved å miste ein kjær dirigent, og stemna vidare. Dei hadde fått seg ny dirigent som dei var nøgde med, men saknet etter Fredrik var sjølsagt til stades, og i tilvenningsfasen til den nye dirigenten var det lett å dra samanlikningar til korleis tida med Fredrik hadde vore.

Jeg savner han veldig. For han tok hver person, nå er det mer generelt, liksom. Jeg synest at det ble veldig bra når han bare sa, du, du gjør sånn. Og det ble veldig trygt. [Inga]

Even kunne fortelje om at den nye dirigenten hadde ein del andre måtar å snakke om klang, vokalar og resonans på, noko han syntest var spennande. Kva som var beste måten hadde han ingen formeiningar om, men at det ville ta litt tid å rive seg laus frå det dei hadde lært med Fredrik var han ikkje i tvil om.

Og dei har på ein måte same meiningane, men dei har på ein måte kvar sin måte å tilnærme seg, då, så vil dei ha litt forskjellige resultat. Og kva som er best og dårlegast det veit eg ikkje, men det er klart, du saknar Fredrik. Det er inngrodd, og då må vi på ein måte rive det laust igjen og begynne på ein annan måte. Og det er litt spennande også, då. [...] Men det tek litt tid før vi på ein måte får snudd hovudet slik som [den nye dirigenten] vil ha det.

7.7.2 Visjonen overlev

I etterkant av dette var det interessant å sjå korleis Brandalskoret takla denne overgangen. Som observatør opplevde eg i starten at Fredrik var ein svært viktig faktor i koret, og at han hadde løfta det musikalske gjennom fleire år med målretta arbeid. Han verka også som ein viktig del av den sosiale dynamikken, noko eg merkte meg på dei øvingane eg følgde koret.

Men i denne overgangsperioden blei det tydeleg at ein annan faktor stod fram som sentral for medlemmane i Brandalskoret. Medvitet rundt kvaliteten i det sosiale miljøet var så pass stort at det betre kan skildrast som ein *kjerneverdi* eller *visjon*. I samtalanene med Even opplevde eg at dette for han stod i ein slags samanheng med tidlegare musikalske opplevingar, der fråværet av denne type verdier hadde vore negativt. Even hadde investert av seg sjølv i Brandalskoret, og saman med medsongarane hadde han fått til eit positivt og «klikkfritt» miljø. Gjennom ei stadig investering i det sosiale miljøet, der folk hadde opplevd at ein var der for kvarandre gjennom skiftande situasjonar, hadde det bygd seg opp eigarskapskjensler til denne faktoren i koret. Visjonen om det samansveisa og klikkfrie miljøet var også til ein viss grad formulert og uttalt, og forsterka av at han var satt opp imot døme på korleis det kunne gå i andre kor som ikkje hadde denne verdien.

Då Fredrik slutta, og reisa hans saman med Brandalskoret var over, hadde medlemmane i Brandalskoret derfor ein viktig og stabil kjerneverdi som gjorde at dei kunne behalde eigarskapskjenslene sine til ein sentral faktor i koret, sjølv ved tapet av ein svært kjær dirigent. Som Pierce et al. (2001) skriv i den fjerde proposisjonen, kan psykologiske eigarskapskjensler stå i samanheng med det å kjenne på ei rekkje rettar og ansvar for den organisasjonen eller faktoren ein har slike kjensler for. I Brandalskoret opplevde eg at dette gjorde koret godt rusta til å takle tapet av Fredrik. I staden for å slutte i koret, som fleire av kormedlemmane vurderte, var visjonen om det samansveisa og klikkfrie miljøet ein faktor som overlevde denne utfordringa, og motiverte songarane i Brandalskoret til vidare arbeid og engasjement for koret sitt.

7.8 Kvar ligg eigarskapet?

I desse fire døma har eg forsøkt å syne korleis eigarskapskjensler kan utvikle og ytre seg i kora eg følgde i denne studien. Med utgangspunkt i teoriar av

Pierce et al. (2001) har eg argumentert for at grunnlaget for å utvikle psykologiske eigarskapskjensler for kor og for særskilde faktorar i dei er til stades, og at dette kjem fram i intervju og observasjonane som eg har gjennomført. Eg hevdar også at måten eigarskapskjensler utviklar seg på, og kva desse eigarskapskjenslene er retta mot, får konsekvensar for medlemmar i kora og for korleis dei er i stand til å møte ulike utfordringar.

Korklang kan vere ein faktor som fleire personar i eit kor kan kjenne eit eigarskapsforhold til. Eit medvite forhold til dette kan vere klargjerande for både songarar og dirigentar, då endringar i klangen kan bli opplevd svært ulikt alt etter kva forhold ein har til han. *Tradisjon* kan i større eller mindre grad prege eit kor, og kan også vere døme på korleis ein faktor kan bli dominerande. I ein slik situasjon kan dei som kjenner eit særskilt eigarskap til eit kors tradisjon og historie oppleve det som vanskeleg å akseptere at andre får vere med å ta avgjersler rundt korets drift og virke, jamfør den sjette proposisjonen til Pierce et al. (2001). Eigarskap til ein så dominerande faktor kan gå over til å kjenne eigarskap til heile koret, noko som gjer miljøet sårbart for eventuelle dysfunksjonelle effektar av eigarskap. Å miste faktorar ein føler eit sterkt eigarskapsforhold til kan vere svært utfordrande i korsamheng. Sjølv om ein som kollektiv riv opp røtene og startar på ny frisk, slik som Cantando gjorde, kan medlemmane kjenne på eit slags *eigarskapsvakuum*. Samanhengen mellom historia og tradisjonen og det koret ein står i blir broten, og saman med det misser ein også grunnlaget for å kjenne eigarskapskjensler til desse faktorane i det nye koret. Ein må ikkje undervurdere kor stort grep dette i realiteten er, og kor viktig det vil vere for medlemmane i det nye koret å ha noko konkret å vende seg mot for å kunne etablere nye eigarskapskjensler. I ein overgangsperiode kan dette bli hindra av at det vil vere vanskeleg å frigjere kjenslene som har vore knytt til det gamle. Visse faktorar er derimot svært motstandsdyktige mot endring, slik eg opplevde det i Brandalskoret. Når kormedlemmane hadde sterke eigarskapskjensler knytt til det eg vil kalle korets *kjerneverdi eller visjon*, hadde dei eit fast punkt å stå ved i møte med tapet av ein kjær dirigent. Visjonen om det samansveisa og klikkfrie miljøet sørgde også for at kormedlemmane kunne kjenne seg heime i koret, sjølv om ein også kunne føle på saknet etter det som hadde vore ein svært positiv periode i korets relativt korte historie.

Som eg har forsøkt å syne kan måten eigarskapskjensler i kor kjem til syne på få konsekvensar i møte med utfordringar og endringar som eit kor går gjennom. Eit døme som eg ikkje observerte i merkbar grad i dei kora eg følgde, men som likevel er verd å nemne, er kva som kan skje når ein definert sosial kjerne, ein

indre sirkel av korsongarar med ein særleg god kjemi, får dominere eit kor. Denne sosiale kjernen kan vere ei fantastisk drivkraft, og på mange måtar bli synonymt med koret. Men å ha ein slik dominerande kjerne i eit kor kan også gi utfordringar. Ein sosial kjerne i eit kor kan ta mange former, og avhengig av korleis dynamikken er kan denne kjernen bli ein så viktig faktor at det får definere korets identitet og samtidig bli den faktoren som kormedlemmane utviklar psykologiske eigarskapskjensler til.

Som Pierce et al. (2001) hevdar kan psykologiske eigarskapskjensler føre til ei rekkje opplevde rettar og ansvar i høve den aktuelle faktoren, og kan også få konsekvensar for korleis eventuelle endringar blir teke imot. Om ein sosial dynamikk blir dominert og er avhengig av enkelte ressurspersonar, kan det føre til at desse føler ein sterkare grad av kjennskap, investering og kontroll i denne faktoren, noko som legg grunnlaget for større grad av opplevd psykologisk eigarskap. Særleg graden av kontroll over ein faktor kan henge saman med motstand mot endring, noko som vidare kan føre til at den sosiale fleksibiliteten blir mindre (Pierce et al., 2001). Sagt med andre ord kan den sosiale kjernen i seg sjølv *bli* koret, noko som gjer at eventuelle nye medlemmar får problem med å påverke den sosiale dynamikken. Ein lite fleksibel sosial dynamikk kan absolutt vere vital og positiv, men etter kvart som åra går vil nøkkelpersonane i denne lite fleksible sosiale dynamikken eldast, og korets kjerne saman med dei. Til slutt kan ein ende opp med det eg i kapittel 6.1.2 skildra som *rekrutteringsparadokset*, der det blir problematisk å rekruttere nye og yngre krefter grunna alderen på dei eksisterande kormedlemmane.

Utan å ha noko svar på dette så trur eg at eit eigarskapsperspektiv også kan vere nyttig for å forstå kvifor enkelte kor kan ende i denne typen utfordrande situasjonar, både når det gjeld alder på medlemmane og i høve rekruttering av nye. Om den sosiale kjernen blir den viktigaste faktoren i eit kor, og dette medfører ein lite fleksibel sosial dynamikk, vil eit korliv følge livsløpet til nøkkelpersonane i denne sosiale kjernen, og også møte dei same utfordringane desse møter når dei blir eldre.

7.9 Oppsummering

Medlemmar i eit kor kan utvikle psykologiske eigarskapskjensler for koret eller til ei rekkje faktorar i koret. Måten eigarskapskjensler utviklar seg på, og kva desse er retta mot, får konsekvensar for medlemmar i kora og for korleis dei

er i stand til å møte ulike utfordringar. Alt etter måten desse kjenslene er blitt utvikla på, og avhengig av kva situasjon koret står i, kan desse eigarskapskjenslene få både konstruktive og destruktive konsekvensar.

Det å føle eigarskap til koret, eller til visse element i koret, står i samanheng med det å kjenne på ei rekkje rettar og ansvar. Dette stimulerer til ein viss oppførsel, som det å sørge for å vere informert om avgjersler som blir tekne i organisasjonen og det å ta ei forvaltarrolle overfor dei. Endringar i koret som er *sjølvinitiært*, *evolusjonær* og *additiv*, vil føre til at medlemmar som føler psykologisk eigarskap til organisasjonen støttar opp om ho. Motsett, om endringa er *pålagd utanfrå*, *revolusjonær* og *subtraktiv*, kan det føre til motstand. Om kormedlemmar med sterkt behov for personleg kontroll har opparbeidd seg ei eigarskapskjensle gjennom å kontrollere faktorar i organisasjonen, kan dette føre til at vedkomande let vere å gi frå seg makt eller dele informasjon. Andre dysfunksjonelle effektar kan vere å motsette seg andre sine initiativ eller forsøk på samarbeid, sabotasje, samt det å føle på stress, frustrasjon, framandgjering og andre psykiske og fysiske helseplager.

8 Identitet

I den teoretiske gjennomgangen i kapittel 3.2.3 trekte eg fram tre hovudpoeng i tilknytning til identitet. For det første finst det perspektiv som løftar fram det ein kan kalle individuell/personleg identitet og sjølvidentitet (Fitzgerald, 1993; Ruud, 2013), og i denne studien sitt datamateriale finn ein forteljingar som støttar opp under eit slikt syn. Så langt i avhandlinga har eg presentert enkelte av desse, som i kapittel 6 der eg greia eg ut om nære motivasjonsfaktorar, faktorar som handlar om sider ved korsongen der intervjupersonen opplevde at det betydde noko særskild for berre han/ho, eller opplevde ei personleg utvikling. I kapittel 7 var temaet psykologisk eigarskap, noko som står i ein nær samanheng med sjølvidentitet og individualitet. Menneske nyttar eigarskap til å definere seg sjølv, kommunisere sjølvidentiteten sin til andre, og sørge for ein kontinuitet av sjølvvet over tid (Pierce et al., 2001). For det andre finst det ei rekkje teoretiske perspektiv som løftar fram korleis mennesket kan vere ein del av ein større gruppeidentitet (Barth, 1969; Hogg & Vaughan, 2011; Jenkins, 2008; Underlid, 1997). Dette kom mellom anna fram i kapittel 6.2.4 om motivasjon, og det kollektive ansvaret ein som kor har i høve publikum og bygd. Datamaterialet syner også korleis gruppeidentiteten står i samanheng med kategorisering av andre kor og grupper, og til dels i skiljet mellom «dei som syng i kor» og «dei som ikkje syng i kor». Eit tredje poeng frå teoridelen er problematiseringa av skiljet mellom sjølvidentitet og gruppeidentitet, og av identitetskonseptet i seg sjølv (Biddle, 1986; Blumer, 1986; Diamond, 2007; Hermans et al., 1992; Stets & Burke, 2000). Opplevinga av stå i eit spenningsfylt

område mellom ein individuell identitet og ein kollektiv identitet er noko eg ser på som treffande for det å vere medlem i eit kor. Dette forholdet mellom individ og gruppe er spenningsfylt og samansett, somme tider blir det opplevd utviklande og grensesprengande, andre tider utfordrande og vanskeleg. Det kan også vere eit viktig element i det Giddens (1991) omtalar som sjølvidentiteten sitt refleksive prosjekt. På denne bakgrunnen vil eg i dette kapittelet freista å utforske forskings spørsmål 3: *Korleis kan identitet i eit korfellesskap bli forstått?*

I dette kapittelet vil eg derfor fokusere på rørsla mellom det individuelle og det kollektive, og vil løfte fram tre motiv som kom til syne i datamaterialet der denne tematikken blei aktualisert. Først vil eg trekke fram forteljingar om det å vere eit individ i eit kor, der særleg opplevinga av det å ta til i eit kor, samt utviklinga frå å vere berre seg sjølv til å bli meir og meir integrert i gruppa kjem fram. I forlenginga av dette stoppar eg opp med ei forteljing om det å kjenne på ein konflikt mellom sjølvidentitet og gruppeidentitet, der opplevinga av musikalsk kvalitet er det utslagsgjevande elementet. For det andre tek eg tak i ein del utsegner frå intervjupersonar der dei forsøker å seie noko om kva koret som gruppe er, kva som definerer ein, og kva ein er for kvarandre. For det tredje vender eg meg mot forholdet koret har til omverda, og tankar intervjupersonane har om dette, noko som både krinsar om det å vere noko for nokon andre, men også korleis ein skil seg frå andre. Heile tida ser eg dette i lys av spenninga mellom det individuelle og det kollektive, og vil forsøke å syne korleis kormedlemmane må arbeide for å finne ein posisjon i det spenningsfylte området mellom sjølvidentitet og gruppeidentitet. Gjennom heile kapittelet vil relevant teori bli trekt inn for å diskutere datamaterialet kring dei tre motiva. Til slutt i kapittelet vil eg diskutere funna opp imot Giddens (1991) og modernitetsteori knytt til sjølvidentiteten sitt refleksive prosjekt.

8.1 Kven er eg?

Studiet av identitet kan bli forstått som å bestemme den delen av individet sin kontekst som har betydning for identitetsdanninga (Ruud, 2013, s. 52). I kapittel 6 har eg teke føre meg kva rolle ulike typar motivasjon spelar for ein kormedlem. Ein heilt sentral motivasjonsfaktor for deltakarane i denne studien, og dermed også ein avgjerande del av konteksten, er sjølvtsagt musikken. Tia Denora (2006) skriv at musikk spelar ei viktig rolle som ein reiskap i den refleksive prosessen å hugse/konstruere kven ein er, som ein teknologi for å spinne den tilsynelatande

samanhengande forteljninga om kven ein er (s. 141). For kordeltakaren inngår musikk som ein aktiv ingrediens i ei mengd situasjonar og på ei rekkje måtar, ikkje minst i det som kan bli kalla *høgdepunkt-* eller *kulminasjonsopplevingar*. Maslow (1962) reknar høgdepunktopplevingar som ein særskilt god inngang til identitet. I høgdepunktopplevingar har ein ei sterk oppleving av å vere *mest* eins identitet, *nærast* eins ekte sjølv. Maslow hevdar også at ein annan effekt av høgdepunktopplevingar er ein større evne til å smelte saman med verda, å bli eitt med musikken og menneska rundt ein (s. 98–99). Desse to effektane av høgdepunktopplevingar kan verke sjølvmotseiande, å bli *meir seg sjølv* samtidig som ein blir *eitt med* menneska rundt seg. Men i ein korsituasjon gir dette meining. Dei fleste av høgdepunktopplevingane deltakarane i denne studien trekte fram var knytt til kollektive erfaringar, augeblikk då «alt stemde», opplevinga av at ein lukkast i å oppfylle den felles målsetjinga om å vere *eitt* kor. Denne type høgdepunktopplevingar kan derfor støtte opp om både ein type sjølvidentitet og samtidig ein felles gruppeidentitet. Eg har også forsøkt å syne korleis kormedlemmar synte sterke psykologiske eigarskapskjensler til ei rekkje faktorar i kora eg følgde. Ein viktig del av grunnlaget for å kunne utvikle ei kjensle av psykologisk eigarskap er at målet må kunne fungere som eit symbolsk uttrykk for *sjølv*et, i og med at eignelutar er tett knytt saman med sjølvidentitet og individualitet. Å vere ein del av eit kor, der ein samhandlar med og reflekterer over faktorar som ein har ei eigarskapskjensle til, er ein måte å definere og uttrykke noko om seg sjølv til andre (Pierce et al., 2001).

Å vere medlem i eit kor kan med andre ord vere ein stad der ein får sterke opplevingar av å vere seg sjølv, samtidig som ein gjennom musikken, og gjennom å utvikle kjensler av psykologisk eigarskap til ulike faktorar i koret, får definert og uttrykt sider av seg sjølv til andre. Alt dette kan bli sett på som uttrykk for erfaring av sjølvidentitet, og utgjør viktige delar av konteksten som har betydning for identitetsdanninga.

8.1.1 Å vekse inn i koret

Enkelte av intervjupersonane kunne fortelje om ei opplevd endring, der dei gjekk frå å kjenne seg som berre eitt av mange individ til ein integrert del noko større. Even kunne i korte ordelag fortelje om korleis han tok til i koret, og etter kvart bevegde seg lengre og lengre inn til ein kjerne – ein kjerne som alle var ein del av.

Ja, altså, ifrå byrjinga og fram til i dag, så er det no klart – til å begynne med var ein no berre eit medlem, og du song i lag og vi var ein gjeng. Litt etter kvart så har du, det har nå vorte meir og meir sånn at du har eit ansvar. Du har din plass der du må ta ansvar, ikkje berre kva du sjølv gjer, men også kanskje dei som du har rundt deg, samtidig så har naboen også ansvar for det som er rundt seg. Sånn at du vert, du kjem på ein måte inn i ein kjerne, eller kva eg skal seie. Og kjernen er på ein måte ikkje berre nokon få personer, men det er på ein måte heile koret. Så du knyter det på ein måte nærare og nærare. [...] Altså du føler deg knytt til miljøet – ikkje sånn til enkeltpersonar og sånt, men altså til gruppa.

Opplevinga av å kjenne eit ansvar samsvarer med kva Pierce et al. (2001) trekker fram som ein mogleg konsekvens av psykologisk eigarskap, noko eg nemnde i kapittel 7.7.2 i samheng med Brandalskoret sin måte å takle tapet av dirigenten sin på. Samtidig opplevde Even at dette ansvaret var noko han delte med dei andre i koret, noko som var med på å binde dei saman i gruppa. Inga kunne på si side fortelje om at ho etter litt tid i koret opplevde å bli sett på ein annan måte. For hennar del handla det om at ho i visse samanhengar fekk synt sider av seg sjølv som andre i koret respekterte.

Ja, [jeg føler jeg har fått] mer respekt. For det er mange som sier det at, ja, du overrasker hele tiden, Inga, ja, med andre ting, når vi har tilstillinger og kor-kaféer og sånt så står jeg på, heller mer enn de andre, for jeg synest at det er kjekt.

[Føler du at du har fått ein viktigare posisjon då, eigentleg, i koret etterkvart som tida har gått?]

Ja.

[Også på grunn av andre ting enn berre det musikalske?]

Ja, det synest jeg. Det er aldri det at de puttar meg utenfor med noe som skal gjøres. Det er ingen som reiser seg for at jeg skal sitte.

Inga var ein del eldre enn dei andre i koret, og sa spøkefullt at ho kunne ha vore bestemor til heile gjengen. For ho var det å ikkje bli tilboden sitteplass eit teikn på at ho var inkludert i koret på like linje med dei andre. For Anna fall det å vekse inn i koret saman med å bli integrert i lokalsamfunnet, noko eg skreiv om i førre kapittel om motivasjonar til å ta til i kor. Som innflyttar frå eit anna land handla dette mykje om å beherske språket, men også om å sjå seg sjølv som ein del av korets framtid.

Når det gjeld språk, i byrjinga så forstod eg ingenting. Så viss alle reiste seg – «å, ja, vi må reise oss» [latter]. [...] [N]o er det annleis. Første året var eg ikkje med å bestemme ting. Då var det litt sånn, eg berre... [...]. No er det, litt meir innverknad på ein måte, kanskje det er det.

Denne rørsla inn i koret blir skildra som å oppleve seg som ein del av ei kjerne, å bli sett på ein meir heilskapleg og positiv måte, og å bli rekna med og å ha meir *påverknad*. Desse skildringane peikar på opplevingar som har ein del til felles med dei tre grunnleggjande menneskelege motiva som fasiliterer utviklinga av psykologisk eigarskap, nemleg *virkeevne og påverknadskraft, sjølvidentitet, og det å høyre til*. Dei måla som samtidig oppfyller fleire av desse motiva i større grad opnar for eit nærare forhold til sjølv (Pierce et al., 2001). Å ta til i koret blir ei erfaring som både kan forsterke opplevinga av sjølvidentitet, samtidig som det skapar ei erfaring av å vere inkludert i gruppa.

8.1.2 Dette er ikkje meg

I intervjuet med Linda reflekterte ho litt over kva som var viktig for ho med å vere med i Siréne. Sjølv om det sosiale var givande, både det å få vere saman med gode vener, småpratene i pausane og meir, så var likevel musikken det viktigaste. Slik eg var blitt kjend med ho, var Linda ein verkeleg ressursperson i koret på det musikalske, med sterke kunnskapar og evner på dette feltet. Eg opplevde også dette som ein viktig del av hennar identitet, noko som mellom anna handla om å halde eit høgt musikalsk nivå. Men om ho av ein eller annan grunn måtte vere med på noko som ho ikkje oppfatta som bra, reagerte ho svært sterkt.

For eg likar ikkje å vere med på noko som ikkje er bra, om du forstår. Eg har, sant – vi har nå både vore, litt forskjellig sånn, ja skulekor og litt anna sånn, når eg veit at ting ikkje er så bra som dei kan vere eller, ikkje heilt rett, då klikkar eg omtrent. Om eg må stå og syngje noko, så «ja, eg har ikkje rukke det, eg veit det ikkje er heilt rett, men vi syng det likevel», då berre tiltar det oppe i hovudet mitt.

Til og med i Siréne, eit kor som heldt svært høgt musikalsk nivå, kunne ho få denne opplevinga.

Eg kan oppleva det med Espen også, for eg synest ikkje han alltid er like nøye, eller sånn då, og det er slettes ikkje alltid han tolkar ting heilt sånn rytmisk rett og sånt. Men sånn generelt så tenkjer eg 70–30 med det musikalske og det sosiale. Men det er alltid, det er alltid berre sånn glede, dei måndagane vi har øving.

For Linda blei dette eit problem når hennar sterke ynskje om å syngje bra og å skape flott musikk kolliderte med ein situasjon der dette kanskje ikkje var mogleg. I eit kor kan ein som songar først og fremst ta ansvar for seg sjølv og korleis ein sjølv presterer, og har mindre grad av kontroll over korleis resten av koret eller dirigenten utfører oppgåvene sine. Andre intervjupersonar kunne

fortelje om det å mislike delar av repertoaret. Enkelte songar likte ein mindre enn andre, og somme tider var det snakk om full kollisjon. Dette kunne gå både på tekstleg og musikalsk innhald. Likevel måtte ein stå der som del av ei gruppe og synge. I eit identitetsperspektiv kan dette blir bli sett på som ei spenning mellom sjølvidentitet og gruppeidentitet, der verdiar og preferansar knytt til sjølvidentiteten bryt med det gruppa kan tilby. I slike tilfelle kan resultatet bli ei styrking av sjølvidentitet på kostnad av gruppeidentitet.

8.2 Kven er vi?

Mange av intervjupersonane kunne fortelje om viktige kollektive erfaringar, og opplevingar av å vere ein del av ei gruppe. Som Anna kunne fortelje, følte ho etter kvart at ho fekk bestemme meir i koret, og at ho hadde ein større påverknad. Ei side ved å kjenne eigarskap til eit kor er å ha meiningar om korleis koret er og skal vere. Fleire av dei eg snakka med uttalte seg på vegne av eit «vi», og uttrykte tankar om kva dei følte definerte koret som heilskap. Å kunne snakke om eit «vi» seier noko om å oppleve ein likskap med dei andre i gruppa, eit av premissa for gruppeidentifikasjon. Ein skulle kanskje tru at det å vere medlem i eit kor automatisk skapar ei «vi»-kjensle, men somme av studiens deltakarar kunne som sagt uttrykke kjensler som uttrykte vanskar med å føle seg som ein del av gruppa.

I intervjumaterialet såg eg at mange av utsegnene til intervjupersonane belyste det å vere eit «vi» på hovudsakleg to måtar. Den eine typen utsegner tok føre seg korleis ein som kor fungerer internt. Desse utsegnene kunne vere grunngevrne i tradisjon og etablert praksis, men kunne også handle om tankar rundt korleis ein skapte eit godt miljø, og om faktorar ein følte definerte ein som kor. I denne samanhengen blei tema som ambisjonsnivå, alder og interne, sosiale forhold trekt fram.

Den andre typen utsegner sa noko om korleis koret var i høve eksterne faktorar. Dette gjaldt både kva rolle ein som kor spelte mot publikum, medspelarar og lokalsamfunn, men også korleis ein som kor opplevde seg annleis enn andre tilsvarande grupper. Det dialektiske forholdet mellom gruppeidentifikasjon (kollektiv intern definisjon) og kategorisering (kollektiv ekstern definisjon) kom særleg tydeleg fram i Brandalskoret, der ei oppfatning av visse element i andre kor, gjorde at desse blei trekt fram som *negative referansegrupper* (Hogg & Vaughan, 2011, s. 237) ein ynskte å markere ein slags verdimeisig avstand til.

8.2.1 Ambisjonsnivå

Opplevinga av at ein deler ambisjonsnivå med dei andre i koret er med på definere ein gruppeidentitet. Eit høgt ambisjonsnivå legg visse føringar for kva type kor ein kan vere, noko som Ola reflekterte over. For han kunne eit for høgt nivå gjere at ein fjerna seg frå det å vere eit *bygdekor*. Eit passeleg ambisjonsnivå harmonerte såleis med det å bevare ein bygdeidentitet.

Men så er det også den diskusjonen då, kor profesjonelle skal vi vere?]..] kor profesjonelle [skal] dirigentane våre vere? Bør vi ha høgt utdanna dirigentar, eller skal vi halde oss på eit bygdenivå? Og er det på eit bygdenivå så kan det hende at det er folk i koret som kan dirigere. [...] Skal du vere på høgste nivå og fare på konkurranse og sånne ting, men då krev det veldig mykje av folket og mykje meir øving, føler eg i alle fall. Skal du ha [med] bygdingar som ikkje har noko musikalsk bakgrunn, og begynne med sånne ting?

Det å halde eit høgt nivå avgjerande for trivselen til Linda. Å vere ein del av Siréne var for ho å gjere det som må til for å halde eit slikt høgt nivå. Om ein ikkje ville, eller ikkje makta dette, lét ein resten i stikken, og diskvalifiserte seg på eit vis frå gruppeidentiteten i koret.

Ja, fordi at du kan ikkje komme, det meiner eg, det er respektlaust å komme inn i eit kor på det nivået, og så ikkje skal gidde å møte opp på alle øvingane. Og når du ikkje er der, så kan du like lite som sist, altså. Då har du ikkje noko å gjere der. Det meiner eg. [...] V]i er ei heil gruppe, og vi er på ein måte avhengig av, vi er så få at alle tel, og det er derfor det er frustrerande når vi, fordi vi er liksom den harde kjerne, som alltid kjem.

8.2.2 Alder

Over halvparten av kormedlemmane på Søre Sunnmøre er over 40 år. Om ein tek med at nærare 40 % er under 20 år, sit ein att med rundt 10 % i aldersgruppa 20–39 år. Utan å gå inn på kvifor fordelinga er slik, er det naturleg å tenkje at dette vil påverke korleis alder blir opplevd av dei som er med i kora. Om ein ser bort frå barne- og ungdomskor, noko eg har gjort i utvalet mitt, så ligg det aldersmessige tyngdepunktet mellom 50 og 60 år. Om 50–60 år er det normale, vil dette igjen påverke kva ein i korsamanhengar opplever som ungt og som gammalt.

Som eg skreiv i kapittel 6.1.2 om rekrutteringsparadokset, nemnde somme av intervjupersonane at alderen på kormedlemmane var ein faktor som spelte inn når dei bestemte seg for om ein vil ta til i eit kor. Både Susanna, i starten av 40-åra, og Sara, i midten av 20-åra, syntest det var avgjerande at dei følte seg

heime aldersmessig i kora dei var med i. Sara syntest ho hadde best kontakt med dei i koret som var på hennar eigen alder, og at det var vanskelegare å kommunisere med dei som var mykje eldre enn ho. Sjølv om ho treivst godt i koret med den alderssamansetninga det hadde, opplevde ho likevel ein avstand til dei som var på alder med si eiga mor.

Ho er på ein måte med alder med mamma. Ja, og det er nå heilt greitt, på ein måte. Og det er nå ikkje sånn at eg ikkje kan kommunisere like godt med nokon som er mykje eldre enn meg. Det er nå berre kjekt, då. Men eg trur at ein er berre så umåteleg forskjellig [latter]. Men vi har det kjekt i lag, det er ikkje nokon dårleg tone eller noko sånt, då. [...] Det er faktisk vi yngste, det er kanskje vi som merkar det best. Kanskje vi på ein måte fortsatt er så unge at vi vert irritert [...] viss nokon pirkar på oss, ikkje på det musikalske, men på andre ting. Med klede eller kva det måtte vere, så blir vi irritert sånn som vi kunne ha blitt på mora vår.

Ynsket om at koret også kunne vere ein stad å møte jamaldra låg under, og ho opplevde at tilbodet for den aldersgruppa ho høyrde til ikkje var særleg god i lokalområdet. Ho hadde det veldig fint i Siréne, og følte seg heldig som fekk vere med. Likevel så kunne ho kjenne litt på at det hadde vore lettare å knyte sterke band til enkelte av dei andre kormedlemmane om dei hadde vore nærare ho i alder.

Susanna song i Brandalskoret. Då det blei aktuelt for ho å ta til i kor att var alder ein faktor som spelte inn på avgjersla hennar.⁴¹ Ho opplevde at Brandalskoret hadde eit forholdsvis ungt miljø, sjølv om aldersgruppa var ganske spreidd.

Nei, det er ei spreidd aldersgruppe, ja, eldste medlemmen er vel 83 år no. Og heilt ned til noko og 20, så det er klart at spennvidda på alderen den er jo ganske unik i dette koret. Men samtidig så er vi alle på bølglengd. Så det gjer det litt spesielt. [...] Eg trur alle passa inn. Der er alle sortar folk. Vi er i alle aldersgrupper.

Som medlem i Brandalskoret betydde altså alderen ikkje så mykje for Susanna, kjensle av at alle var på same bølglengd var viktigare.

Inntrykket mitt var at alder var ein faktor som på den eine sida kunne motverke ein gruppeidentitet, slik som i tilfellet med Sara. Ein stor skilnad i alder kan gjere at ein gir kvarandre ulike roller, som «foreldregenerasjon» eller «småungar». Det kan også skape bekymring for om ein passar inn, slik som Susanna kunne fortelje om. Når dei «eldre regjerte», det vil seie at koret sin snittalder låg godt over hennar alder, skapte dette ei uro for om ein kunne finne saman med dei andre i koret på likefot. På den andre sida kunne Sara også fortelje om korleis lik alder forsterka gruppeidentiteten gjennom delte referansar og enklare

41 Sjå kapittel 6.1.2.

kommunikasjon. Alder kunne også miste viktigheita si ved at andre faktorar blei viktigare. Som Susanna kunne fortelje om frå Brandalskoret var opplevinga av å vere på bølglengd noko som var viktigare for gruppeidentiteten enn alderen.

8.2.3 Kven er vi for kvarandre?

Mange av intervjupersonane kunne fortelje om faktorar dei opplevde som viktige ved medsongarane i kora sine. Dette kunne vere menneskelege eigenskapar som dei opplevde dei delte med andre, men også verdiar og prinsipp som dei fann sentrale for eit godt korsamliv. Sara sette veldig pris på kjensla av å passe godt saman, noko ho opplevde var sentralt for den gode stemninga i koret.

Alle vi som er med i Siréne passar godt i lag. Det er ikkje sånt tilfeldig på ein måte at vi er med, altså kven som er med heller, då. For vi passar så godt i lag sosialt og sånn då. Og det er skikkelig kjekt og når vi er på tur og når vi øver inn og alt mulig at det ikkje er sånn konflikthar og alt sånt kjerringstyr [latter]. Det er satt litt på spissen men altså, ja det er sånne personlegheiter som går godt i lag da.

Truls var dirigent i Ulstein mannskor og hadde opplevd at ein del hadde prøvd seg i koret utan heilt å få det til. Det kunne ta tid for enkelte å meistre dette med korsong, og nettopp denne tida var veldig viktig å gi til nye medlemmar i koret. For Truls var det derfor sentralt at ein i koret hadde tolmod med nye songarar, noko han fleire gongar hadde oppmoda dei meir etablerte korsongarane om å leite fram.

Eg har hatt folk inn i koret fleire gonger som har kome og prøvd seg, men... enkelte har lyst til å synge, men har hatt problem. Men veit du kva, han unge andrebassen vår som vi har no, ung, han var 40 år no i år såg eg, som aldri har sunge i kor før [...] men trufast til tusen og knakande god andreasstemme. [...] Han har kome seg så utruleg mykje og han kjem til å bli knakande god, han kjem til å vere fast som fjell han når han får eit par år til på seg, det er ikkje tvil i mi sjel om.

For Vemund var det viktig at ein var open og ærleg med kvarandre, sjølv om dette kunne vere brutalt til tider. Baksnakking og hinting var øydeleggande for det sosiale fellesskapet.

Sånn, det sosiale er ganske viktig. Verkar ikkje det sosiale så verkar ikkje notane heller. Å baksnakke folk i eit kor, det er det mest idiotiske ein kan nokon gong gjere, å be nokon dra til helvete er heilt til orden ansikt til ansikt, men å gjere det via to-tre bakmenn eller noko sånn, nei, då kan du likegodt ha vore Idi Amin nede i Afrika, då. Så nei, det duger ikkje, ein skal vere rett fram og open, og ta i mot inntrykk og avtrykk og ikkje svare eit hint om melodisynginga di var litt

skeiv. Det skal ikkje svarast med dommedagsprofetiar eller sånt noko. Ein skal som sagt vere rund i kantane og open for det meste, det er ikkje noko meir enn det. Rett og slett, suveren flokkmentalitet. Men eg trivs veldig godt i kor. Eg har ikkje vore vekke ein dag.

Desse faktorane som Sara, Truls og Vemund fortel om, kompatible personlegdomar, tolmod, å vere open, ærleg og rund i kantane, er eigenskapar, haldningar og verdiar som dei følte var viktige for å konsolidere ein positiv gruppeidentitet. Dette syner ei varsemnd for denne sida av det å vere medlem i ei gruppe, og var som regel basert på erfaringar dei hadde gjort seg i korsamanhengar. Det desse faktorane også seier noko om er kva verdiar, haldningar og normer *idealkorgruppa* burde ha. Faktorane som blei trekt fram var nemleg ikkje dei einaste som gjorde seg gjeldande i kora, og fleire av studiens deltakarar kunne også fortelje om inkompatible personlegdomar, utolmod, baksnakk og firkanta oppførsel. Vurderingar om kva som er gode haldningar, verdiar og normer veks fram av positive så vel som negative erfaringar. Dette perspektivet kan løftast fram i distinksjonen mellom referansegrupper og medlemsgrupper, der ei *positiv referansegruppe* er psykologisk signifikant for menneskes haldningar og oppførsel på den måten at ein forsøker å oppføre seg i samsvar med gruppas normer. Ei *negativ referansegruppe* vil verke motsett, og ein vil forsøke å gjere motstand mot denne gruppas normer. Ein treng ikkje vere medlem av ei referansegruppe for å late seg påverke av ho, men om medlemsgruppa og den positive referansegruppa fell saman vil dette føre til *sosialt validert konformitet* (Hogg & Vaughan, 2011, s. 237).

8.3 Kven er vi for andre?

Ein del av å ha ein gruppeidentitet er å bli sett av andre som ei gruppe, og ikkje berre som eit individ. Når ein som kor står på scena og framfører musikk gjer ein dette i stor grad som ei eining, noko som gjer at ein får dele både opp- og nedturar med dei andre i koret. Å få vere ein del av noko som betyr noko for andre menneske var viktig for fleire av dei eg snakka med. Even opplevde ei dobbel glede når han song med koret, der det å få gi noko til eit publikum var eit sentralt element i kordeltakinga.

Eg veit ikkje heilt om det er glæda ved å kunne framføre noko i fellesskap eller om det er glæda ved å kunne gi publikum noko. Eg har aldri greidd å definere dette.

For Emil var det viktig å nå dei som sette pris på korsong, og i hans auge gjaldt dette særleg eldre folk, og kanskje særskilt dei som var på institusjon.

Du får nå vere med og formidle korsong til andre menneske som kanskje finn glede i å høyre på kor, og det er nå viktig då å få synge litt på institusjonar og, det vert alt for lite! Det skulle i grunnen vore obligatorisk, ei slags rullering på kora i distriktet her – synge for desse institusjonane våre.

Samtidig inneber det å vere ein del av ei gruppe som opptrer offentleg ein viss grad av sjølvmedvit om korleis ein blir oppfatta. Som medlem i eit kor kan ein oppleve å bli kategorisert, eller *kollektivt eksternt definert* (Jenkins, 2008, s. 106–111), noko som kan kjennest ukomfortabelt. I visse samanhengar kan ein gjere grep for å påverke dette offentlege biletet av ein, noko som Linda kunne fortelje om.

Og så, for dette her, korleis vi ter oss [...] Espen er veldig oppteken av at «no er ikkje vi berre det, no er vi noko meir». Der er ikkje eg heilt sånn på nett då, for eg meiner at vi er nå det vi er. Altså, vi kan ikkje..

[Er det litt sånn fasade då?]

Ja, eg kjenner litt sånn at, no er vi, no har vi vore i Kina, no har vi vore, tatt det og det i Italia, no må vi på ein måte vise ei litt anna haldning, kanskje, men han er veldig oppteken av at vi skal vere, ikkje gå med nasen høgt, altså det skal vi i alle fall ikkje gjere, og at vi er veldig positiv og imøtekomande om vi har samarbeid og sånn då. Og det kjenner eg at vi er også. Tidligare så veit eg at eg kunne kjenne at, sant, at det var litt sånn svært å syngje i Siréne. Men eg meiner, vi er no ein gjeng hardtarbeidande husmødrer, altså vi er ikkje noko anna enn det. Og at vi ikkje tek oss sjølv så høgtideleg synest eg er naturleg, at vi kan spørje og le og ikkje vere så alvorlige og sånn [...]

Det å få gi noko til andre menneske var viktig for både Even og Emil, og var heilt klart ein sentral del av gruppeidentiteten til dei aller fleste intervjupersonane i denne studien. Samtidig var refleksjonsnivået ulikt i høve korleis ein som gruppe blei oppfatta av andre. Dei aller fleste kunne fortelje om positive tilbakemeldingar dei hadde fått frå publikum og andre i lokalsamfunnet, men enkelte kunne også fortelje om at det eksisterte eit sett forpliktande forventingar til ein som medlem av koret. Som Linda kunne fortelje blei dette opplevd som ein slags konflikt mellom den individuelle identiteten som hardtarbeidande og uhøgtideleg husmor, og gruppeidentiteten som medlem i Siréne.

8.3.1 Kven er vi ikkje?

Eg nemnde distinksjonen mellom medlemsgrupper og referansegrupper (Hogg & Vaughan, 2011, s. 237; Raaheim, 2002, s. 20) og korleis ei negativ referansegruppe vil skape motstand mot denne gruppas normer. Eg har også nemnd det dialektiske forholdet mellom kategorisering og gruppeidentifikasjon, og korleis utviklinga av gruppeidentitet i eit kor heng saman med korleis ein oppfattar likskapar og ulikskapar til andre kor (Jenkins, 2008, s. 106–111). Dette poenget blei særleg tydeleg i Brandalskoret. Både Even, Inga og Susanna hadde ei oppfatning av at der fanst andre kor som var «klikkete», noko som var skadeleg for miljøet.⁴² Denne type kor blei nytta som ei negativ referansegruppe, som ein i Brandalskoret tok eit aktivt standpunkt i forhold til.

Nei, for jeg har hørt rykter om andre kor, og da ødelegger det det sosiale, og vi er jo forskjellig flinke til å synge, noen er veldig, veldig flinke, og noen er ikke så flinke, vi har jo forskjellige stemmer. Og ofte de som er litt dårlige kan bli skilt ut, og det har jeg hørt om andre kor. Og det er veldig bra her, da. [Inga]

Nei, eg har aldri opplevd noko klikkar i Brandalskoret. Trur eg ut i frå det andre seie [ler] i andre miljø at der er vi ganske unike då. [Susanna]

Som eg nemnde i kapittel 7.7 spelte denne kategoriseringa av andre kor ei viktig rolle i danninga av ein gruppeidentitet, der visjonen om det gode og klikkfrie miljøet blei sentral. Ein annan innfallsvinkel til dette er omgrepa *inngruppe* og *utgruppe*. Inngruppa er ein sjølv er medlem av. Utgruppa er ei gruppe ein har eit forhold til, men som ein ikkje er medlem av, og representerer gjerne det motsette av inngruppa. Eit interessant psykologisk fenomen er at ein ofte blir overdriven positiv til inngruppa si, medan ein blir tilsvarende negativ til utgruppa. Ein kan gi utgruppa eigenskapar som ikkje har noko med medlemskapet å gjere, og samtidig ha ein tendens til å sjå medlemmane av utgruppa som meir like kvarandre enn kva tilfellet er i eins eiga inngruppe (Gjøsund & Norheim, 2016, s. 81–82).

Ola opplevde ein skilnad mellom det nedlagde Songlaget Bard og Cantando som han no var medlem i. Her blei Bard ei slags positiv referansegruppe med kvalitetar som Ola sakna. Sjølv om han innsåg at ting var annleis, hadde han likevel eit ynskje om at ein kunne arbeide for å nærme seg dei positive normene som hadde eksistert i Bard.

Ja, men eg synest det, vi hadde det meir sosialt når vi var i Bard enn Cantando. For i Bard hadde vi meir tid på ein måte, når vi hadde øving så kunne vi koke kaffi, laga svele, og laga til felles bord og tok oss litt tid til å prate og sånn. Men

⁴² Sjå kapittel 7.7.

sånn i dag så er det, det er full fart heim igjen med ein gong. Når øvinga er ferdig så er det slå opp fyrst den ytterdøra. Det blir ikkje så mykje sosialt synst eg då, som det var tidlegare. Men det er klart det er noko ein kan jobbe med då.

Eit mogleg perspektiv på denne tematikken er å ta utgangspunkt i *sjølvbestemningsteori* (Ryan & Deci, 2000), og korleis deltakarane sin motivasjon ytrar seg i høve dei etablerte normene som eksisterer i kora. I kor stor grad er ein motivert for å gjennomføre korets etablerte sosiale og musikalske praksis, og er denne oppførselen eit resultat av ytre regulering eller integrering? Eit anna perspektiv på dette er henta frå sosialpsykologien og forskning gjort på *sosial påverknad* (Hogg & Vaughan, 2011, s. 236–237). Eit stikkord i denne samanhengen er korleis ein som medlem av ei gruppe steller seg til normer. Sjølv om denne innfallsvinkelen nyttar noko av den same ordbruken knytt til internalisering, så løftar han fram nokre andre sider ved denne materien enn kva sjølvbestemningsteorien gjer, særleg med tanke på kva rolle gruppedlemsskapet spelar.

Anna samanlikna Cantando med eit anna lokalt kor. Ho oppfatta dette koret som meir seriøst og med høgare krav, medan ein i Cantando hadde eit meir «avslappa» forhold til det å til dømes øve heime. Det verka ikkje som Anna opplevde dette negativt, då det heller verka som ho hadde funne saman med «åndsfrendar» i Cantando.

Ja, [det andre koret] er jo eit anna kor, og eg trur at vi er litt meir «hallo dag, bygdekor!» [ler] og [det] har eit anna nivå, det krev mykje meir. Vi, kvar måndag etter øving, då fer vi heim og så seier vi: «no skal vi øve litt denne veka», og så gløymer vi det [ler], så det skjer med oss alle i Cantando, trur eg. Og vil gjerne «å ja, no skal vi sjå på noter denne veka, og så, oi, no er det plutseleg langhelg». Men dei som er med i [det andre koret] dei skal ikkje stå der med ein perm eller noko sånt, så det krev mykje meir.

Det andre lokale koret blei her ei slags referansegruppe Anna brukte for å samanlikne hennar eige kor og medlemsgruppe med, og kunne fortelje at det eksisterte ei slags «ufrivillig» norm i koret som gjorde at dei ikkje ville nå dei standardane som det andre koret hadde. Om ein nyttar det å øve heime som eit døme på ei norm i koret, så kan det vere interessant å sjå det Anna fortalde om i lys av forholdet mellom medlems- og referansegrupper. Eg nemnde før at om medlemsgruppa og den positive referansegruppa fell saman vil dette føre til sosialt validert konformitet eller tilpassing. Konformitet i denne samanhengen kan bli skildra som «a feeling of confidence and certainty that the beliefs and actions described by the norm are correct, appropriate, valid and socially desirable. Under these circumstances, the norm becomes an internalised standard for behaviour, and thus surveillance is unnecessary» (Hogg & Vaughan, 2011, s. 237).

Det var tydeleg på Anna at det å øve heime var eit ideal for korleis ting burde vere i Cantando. Øvingane eg deltok på med dette koret var som øvingar flest, dirigent Ingeborg inspirerte og motiverte, øvde inn stemmer og trykte på dei knappane ho følte var nausdynt, og koristane arbeidde hardt for å følgje med, vere opne og til dels disiplinerte, og tileigne seg kunnskapen. Ein kan seie at det eksisterte normer for korleis ein som kormedlem oppfører seg på ei øving, der både dirigent og gruppas sosiale press skapar det som blir kalla *offentleg samtykke* («public compliance»). Dette er ei ytre endring i oppførsel og uttrykte haldningar som ein respons til ei oppmoding frå ein annan person, eller som ein konsekvens av overtaling eller tvang (Hogg & Vaughan, 2011, s. 236). Då denne type endring i oppførsel vanlegvis ikkje reflekterer indre endring, så er han som regel avhengig av overvaking for å vare. Så når Anna og dei andre kormedlemmane i Cantando drog heim etter øving, la dei frå seg øvingsviljen, då denne ikkje var internalisert som ei ekte indre endring, og det blei ikkje øvd så mykje før neste fellesøving med koret.

Anna uttrykte ein slags avslappa tillit til at den manglande heimeøvingsevnen blant ho og dei andre kormedlemmane i Cantando var korrekt, passande og sosialt akseptabel, noko som passar godt med skildringa av den sosialt validerede konformiteten som følgjer med eit samanfall mellom medlemsgruppe og positiv referansegruppe. Av dei to konkurrerende normene knytt til øving (øve heime og ikkje øve heime), var det ikkje øve heime-norma som var ein del av gruppeidentiteten til Cantando. Sjølv om ho uttrykte beundring for det andre lokale koret og deira nivå og profesjonelle normer, følte ho seg likevel mest heime og på plass i sitt eige kor og medlemsgruppe, i dette tilfelle også ei positiv referansegruppe.

8.4 Sjølvidentitetens refleksivitet

The self in high modernity is not a minimal self, but the experience of large arenas of security intersects, sometimes in subtle, sometimes in nakedly disturbing, ways with generalised sources of unease. Feelings of restlessness, foreboding and desperation may mingle in individual experience with faith in the reliability of certain forms of social and technical framework. (Giddens, 1991, s. 181)

Å høyre til ei gruppe, å ha ein gruppeidentitet, kan gjennom å tilby relasjonar i eit sosialt rammeverk skape ei oppleving av tillit i ein høgmoderne røyndom prega av uro. Kordeltaking kan gjennom sine rutineprega aktivitetar vere

eit viktig element i arbeidet individet har med å oppretthalde ein ontologisk tryggleik, og potensielle forstyrrende eksistensielle spørsmål kan bli desarmert av daglege aktivitetars kontrollerte natur (Giddens, 1991, s. 202). Sjølv et som refleksivt prosjekt handlar mellom anna om å halde saman koherente, men samtidig stadig reviderte biografiske narrativ, i ein kontekst av multiple val filtrert gjennom abstrakte system. Å ta til i eit kor, å trå inn i eit korfelleskap, gir ein kontekst til sjølvidentitetens refleksivitet, og bidrar såleis til *livsstilsval* i eit samfunn der tradisjon tapar terreng og kvardagslivet er rekonstituert som eit dialektisk samspel mellom det lokale og globale (Giddens, 1991, s. 2–5).

Men å utvikle ein gruppeidentitet saman med dei andre medlemmane i eit kor er inga ukomplisert sak, og kan vere prega av både moglegheiter og utfordringar. Utviklinga av eit kors gruppeidentitet er eit felles prosjekt, og deltakarane i denne studien har synt at dei disponerer ei merksemd om eigen sjølvidentitet, korets gruppeidentitet, samt ei oppfatning av korleis ein blir sett utanfrå. Å tileigne seg korets gruppeidentitet blir sett på som ei gradvis rørsle som ideelt sett samtidig forsterkar deltakarens sjølvidentitet, der opplevinga av å bli ein del av ei kjerne, som inkludert i korgruppa, skapar grunnlag for mellom anna utviklinga av psykologiske eigarskapskjensler. Men å tileigne seg ein gruppeidentitet medfører også å bli ein del av det større narrative om koret. Som ein del av det refleksive prosjektet om sjølv et blir utfordringa å halde dette narrative, som ein til ein viss grad er med å utforme, saman med dei biografiske narrativa knytt til sjølvidentiteten. Som kormedlem blir ein dermed ståande i ein refleksivitet som kontinuerleg utfordrar sjølvidentiteten, der denne somme tider blir forsterka og stadfesta, og andre tider problematisert og utfordra.

Enkelte moment blei i studiens datamateriale trekt fram som utfordrande i utviklinga av gruppeidentitet. Opplevinga av å ha musikalske ambisjonar som strekte seg utover korgruppas ferdigheitsnivå var eit slikt moment, det same gjaldt om ein mislikte delar av korets repertoar. Aldersskilnader kunne på den eine sida skape vanskar med å halde narrativa samla, særleg der ein opplevde at dei fleste i koret høyrde til ein eldre generasjon. Somme opplevde det utfordrande å «bli sett» på ein viss måte som kor – gjennom å prestere høgt som ein del av koret skapte dette forventingar blant publikum og andre i lokalsamfunnet, noko som kunne bli opplevd feil i møte med korleis ein ville stå fram som enkeltindivid. Ynsket om å bevare eit personleg sjølvuttrykk trass i korets offentlege andlet kunne på denne måten skape ei form for spenning.

Andre moment gjorde det enkelt å tileigne seg korets gruppeidentitet. Det å bli sett som individ på ein positiv måte av dei andre i koret kunne skape ei kjensle

av å høyre til. Å oppleve at ein deler vurderingar om ambisjonsnivået var noko mange trekte fram som viktig. Å ha ei felles forståing av koret sitt musikalske ambisjonsnivå er avgjerande for gruppeidentiteten, både fordi ein gjennom dette posisjonerte seg i høve andre samanliknbare grupper, men også fordi dette, saman med ei utvikling av felles normer knytt til mellom anna heimeøvningsmentalitet, bidrar til å styrke koret ein er med i som positiv referansegruppe. Lik alder kunne også forsterke gruppeidentiteten gjennom delte referansar og enklare kommunikasjon, men kunne også bli mindre viktig der andre faktorar, som opplevinga av å vere «på bølglengd», blei sett på som viktigare. Fleire kunne også trekke fram det å vere ein faktor i lokalsamfunnet som viktig for korets identitet, der positive tilbakemeldingar frå publikum skapte ei tiltru til at det ein dreiv på med som kor var viktig og betydingsfullt for folk.

Eit kor er ein kontekst for ein medlems refleksive prosess knytt til sjølv. Samtidig bidrar kvar enkelt kormedlem inn i utforminga av korets felles gruppeidentitet. Å snakke om refleksivitet knytt til eit kors gruppeidentitet blir meningslaust, men på eit nivå vil denne gruppeidentiteten likevel stå i ein kontinuerleg prosess der kvar enkeltmedlem sitt sjølvidentitetsarbeid bidrar til å halde denne dynamisk og spenningsfylt.

8.5 Oppsummering

Ein kormedlemmen står i ei spenning mellom ein *individuell/personleg identitet/sjølvidentitet* og ein *kollektiv identitet/gruppeidentitet*. Enkelte prosessar byggjer opp under den individuelle identiteten, medan andre byggjer opp under den kollektive identiteten. Somme prosessar kan også styrke båe formene for identitet.

I høgdepunktoplevingar, som fleire kormedlemmar i denne studien kunne fortelje om, har ein ei sterk oppleving av å vere *mest* eins identitet, *nærast* eins ekte sjølv. Gjennom å utvikle sterke psykologiske eigarskapskjensler til faktorar i koret, kan desse faktorane kunne fungere som eit symbolsk uttrykk for *sjølv*, i og med at eignelutar er tett knytt saman med sjølvidentitet og individualitet. Å vere ein del av eit kor, der ein samhandlar med og reflekterer over faktorar som ein har ei eigarskapskjensle til, er ein måte å definere og uttrykke noko som seg sjølv til andre. I enkelte situasjonar kan ein også oppleve at eins sjølvidentitet bryt med korets gruppeidentitet, noko som byggjer opp sjølvidentiteten på kostnad av gruppeidentiteten.

På den andre sida finst det ei rekkje prosessar som byggjer opp under gruppeidentiteten i eit kor. Visse prosessar handlar om interne forhold, som ei felles forståing av tradisjon og etablert praksis, om det å skape eit godt miljø, og om faktorar ein føler definerer koret eins. I denne samanhengen blei tema som ambisjonsnivå, alder og interne, sosiale forhold trekt fram. Andre typar prosessar handlar om koret i høve eksterne faktorar, som publikum, tilhøyrarar og lokalsamfunn, samt negativ identifikasjon til andre tilsvarande grupper. Andre kor kan på denne måten fungere som *negative referansegrupper* som ein ynskjer å markere ein verdimesig avstand til.

9 Det sosiale fellesskapet

Eit kor består av ei rekkje songarar. Når ein ny person tek til seier ein til dømes at «vi har fått ein ny tenor i koret» – den fremste eigenskapen er kva «instrument» personen «er». Når koret opptrer er det desse eigenskapane ein får vist fram, og eit kyndig publikum vurderer både den samla musikalske framføringa, samt korleis dei ulike stemmegruppene greier seg. Det musikalske aspektet legg føringar for kva eit kor er, og også for korleis ein internt i koret ser på kvarandre. Men i tillegg til eit *musikalsk fellesskap* er eit kor i høgste grad også eit *sosialt fellesskap*. I datamaterialet til denne studien kom dette svært tydeleg fram, men på ein noko annan måte enn når ein snakkar om det musikalske. Medan dei musikalske oppgåvene som regel er tydeleg definerte og blir løyste ved hjelp av instruksjonar frå ein dirigent, er dei sosiale oppgåvene meir diffuse og ofte overlatne til kvar enkelt å finne løysingar på. Ulike kor kan ha varierende praksis og merksemd knytt til sosiale faktorar, men i alle kor spelar dei ei stor rolle.

Som det kom fram i kapittel 6.2.3 er det sosiale fellesskapet ein svært viktig del av motivasjonsgrunnlaget for kormedlemmane i denne studien, og det å vere ein del av eit sosialt fellesskap er allment akseptert som eit grunnleggjande behov for mennesket (Baumeister & Leary, 1995; Maslow, 1943, 1962). Ein kormedlem sitt identitetsarbeid er plassert i krysspunktet mellom det individuelle og det kollektive, og det å ta del i sosiale fellesskap kan skildrast som ein balansegang mellom behovet for individualitet og fridom på den eine sida, og kravet om tilpassing på den andre (Raaheim, 2002, s. 18). I teorigjennomgangen i kapittel

3.2.4 greia eg ut om korleis den sosiale gruppa er definert og forstått innanfor sosial- og gruppepsykologien, og merkte meg spesielt inndelinga i primær- og sekundærgrupper. Eg synte vidare til Henriksen og Vetlesen (2006) og deira refleksjonar kring ulike etiske perspektiv. I dette kapittelet ynskjer eg å sjå nærare på kva rolle det sosiale fellesskapet i koret spelte for deltakarane i denne studien, med utgangspunkt i forskingsspørsmål 4: *Korleis opplever kordeltakarane koret som sosial gruppe?*

For å undersøke dette vil eg ta til med presentere datamaterialet i lys av to perspektiv, det vil seie koret som interessefellesskap/sekundærgruppe og koret som familie/primærgruppe. Det er særleg koret som primærgruppe eg vil greie mest ut om, der metaforen «koret som familie» får ein sentral posisjon. Vidare vil eg greie ut om kva deltakarane i denne studien trekker fram som vesentleg i det å vere saman, og kva dei opplever bringer dei nærare kvarandre sosialt i korverksemda. Dette skapar utgangspunkt for ein diskusjon om ulike typar gruppefunksjonar, normer og etiske system slik det ytrar seg i datamaterialet. Eg rettar deretter merksemda mot problematiske opplevingar i tilknytning til det sosiale fellesskapet, og freistar å syne korleis dette kan bli forstått på bakgrunn av ei forståing av korfellesskapet som berar av parallelle etiske system. Til sist i kapittelet vil eg trekke inn modernitetsteori i form av Giddens (1991) og hans tankar om det *reine forholdet*.⁴³ Dette kapittelet vil såleis vere ein kombinasjon av vekselvis resultatpresentasjon og teoristøtta diskusjon.

9.1 Koret som sosial gruppe

Vi er alle medlemmar i mange forskjellige grupper. Dei aller fleste av oss blir fødd inn i ein familie, og familien utgjør dermed den fyrste og ofte den viktigaste gruppa for oss. Etter kvart som ein blir større blir ein medlem i nye grupper, i barnehage, skule og fritidsaktivitetar. Som vaksen er ein gjerne innom ei rekkje grupper i samanheng med studiar, arbeid og frivillige aktivitetar, somme over lang tid, andre berre snarleg.

For deltakarane i denne studien var det å vere medlem i kor eit sjølvstendig val som var blitt gjort i vaksen alder. Songen var som regel den viktigaste årsaken til at ein hadde teke til, men det sosiale blei ofte trekt fram som ein minst like viktig faktor. Noko av det særeigne med det typiske koret som sosial gruppe er at ein gjerne møtest jamt over lang tid, ofte over mange år. Dette legg grunnlag

43 Sjå kapittel 3.2.4.

for langvarige relasjonar, relasjonar som kan overleve skiftande samlivs- og arbeidsforhold. Koret er også ei dynamisk gruppe, der enkelte tek til og sluttar. Dette påverkar den sosiale dynamikken, og som kormedlem kan ein oppleve dette som både positivt og negativt. Enkelte skildra det sosiale miljøet i koret sitt som godt, andre opplevde det noko annleis. Det finst tunge periodar, med sorg over medlemmar og dirigentar som sluttar, og utfordringar knytt til interne konflikhtar, men også periodar der koret som sosial gruppe har spelt ei veldig viktig og positiv rolle i innskildmenneske sine liv.

Det sosiale fellesskapet i eit kor kan med andre ord vere prega av så mangt, og gå gjennom både opp- og nedturar. Men i datamaterialet blei likevel enkelte sosiale faktorar trekt fram som meir sentrale enn andre, og enkelte av desse stod i nær samheng med den musikalske aktiviteten som er sær eigen for korarbeid. Det aller meste av det som går føre seg på korøvingar og konsertar er sjølv sagt direkte knytt til arbeidet med korsongen, og når dette arbeidet er så førande for aktiviteten i eit kor, er det naturleg å tru at dette i stor grad vil prege det sosiale fellesskapet. Sagt på ein annan måte, den musikalske aktiviteten legg føringar for korleis koret som sosial gruppe får utfalde seg.

9.2 Interessefellesskapet: koret som sekundærgruppe

Om ein ser på kva eg så langt har trekt fram om kora i denne studien, så er det klart at mange av kjenneteikna på sekundærgrupper er til stades. Kora er heilt klart interessefellesskap, der song og musikk står i sentrum. Samværsformene er strukturerte i hovudsak som korøvingar, der aktiviteten først og fremst dreier seg om terping på stemmer, klang, tekst og musikalsk uttrykk. Den sosiale strukturen er i høgste grad formalisert og hierarkisk, der dirigenten står som det opplagde midtpunktet. Ein *dirigent* eller *musikalsk leiar* styrer det meste av aktiviteten, og har i kraft av dette ei sentral rolle, noko Dag Jansson tek opp i avhandlinga si frå 2013. Kormedlemmar opplevde dirigenten som avgjerande for det å skape einskap, å frigjere energi, å «regissere» lyden, og å skape musikalsk mening på ein måte som ikkje var mogleg utan at nokon fylte denne rolla (Jansson, 2013, s. 199–213).

Ein annan viktig strukturell komponent i kor er inndelinga i *stemmegrupper*. I eit vanleg blandakor er ein som regel delt inn i to kvinnestemmer (sopran og alt), og to herrestemmer (tenor og bass). Desse kan vidare bli delt inn undergrupper, som 1. og 2. sopran, 1. og 2. alt osv. I manns- og damekor skjer

inndelinga på tilsvarande vis. Som kormedlem er ein «på lag» med dei andre i si stemmegruppe – ein lærer stemmene saman, og ein må samlast i ein felles klang. Ein får skryt som gruppe og kjeft som gruppe, noko som kan vere både trygt og frustrerande. Uansett ligg stemmegruppene der som eit strukturelt grunnlag for kven du sit og står saman med gjennom øvingar og konsertar, og legg føringar for småprat, humor og ein type fysisk intimitet. Over tid blir ein godt kjend med dei ein står saman med, både når det gjeld stemmekvalitet, musikalske styrker og svakheiter, og andre eventuelle fysiologiske markørar.

I tillegg er korgruppa gjerne registrerte som organisasjonar i Brønnøysundregistret med leiar og styre, og fleire i koret har formelle verv knytt til ulike oppgåver som må løysast. Alle kora eg følgde i denne studien hadde fleire enn 15 medlemmar, noko som ifølgje Gjøsund og Huseby (2009, s. 27–28) kvalifiserer til å bli kalla store grupper.⁴⁴ Store grupper gjer det vanskelegare for medlemmane å ha direkte andlet-til-andlet-kontakt med alle dei andre medlemmane.

9.3 «Korfamilien»: koret som primærgruppe

På den andre sida så er inntrykket mitt at intervjupersonane i studien fortalde om kora sine som om dei fylte primærgruppefunksjonar i liva deira. Den kjenslemessige involveringa, særleg hjå enkelte, var stor, og fleire uttrykte ei tydeleg «vi-kjensle», noko eg mellom anna skreiv om i førre kapittel. Det sosiale blei ofte vekta like høgt som det musikalske, og for somme var koret ein integrert del av identitet og kvardag. Familien er gjerne den første og viktigaste gruppa vi blir medlemmar av, og i sosialpsykologien har familien tradisjonelt vore rekna som prototypen på ei psykologisk gruppe. Den har som institusjon eksistert i alle dei store historiske epokane og under alle hovudtypar av produksjonsforhold og politisk system (Ilstad, 2004, s. 126). Stewart og Lonsdale (2016) har funne at kordeltakarar, samanlikna med kontrollgrupper beståande av lagsportdeltakarar og solosongarar, rapporterte om ei signifikant sterkare kjensle av entativitet, det vil seie at dei erfarte korgruppedlemskapet deira som meningsfullt eller «ekte».

Kva er så ein «korfamilie»? På den eine sida så er korsong noko som på mange måtar går i arv. Mange av intervjupersonane mine kunne fortelje om foreldre, sysken og slekt som på eine eller andre måten hadde vore involvert i korsong. Somme hadde vakse opp i ein heim fylt med fleirstemt song, og der det å skulle

⁴⁴ Underlid (1997) set grensa for smågrupper til om lag 30 medlemmar.

ta til i eit kor hadde vore den mest naturlege tingen i verda. Andre kunne fortelje om korleis det å ha si eiga familie med i koret, anten det var snakk om sysken, foreldre eller barn, ga ein ekstra dimensjon til aktiviteten. Som alle aktivitetar må også korsong kombinerast med ein travel kvardag. Fleire av intervjupersonane fortalde om korleis ein i familien måtte forhandle seg fram til løysingar som laga rom for ein slik potensielt tidskrevjande aktivitet, og somme kunne også fortelje om at det i periodar kosta meir enn det smakte.

Men uttrykket «korfamilien» handlar ikkje berre om biologisk slekt. Mange av intervjupersonane tok også i bruk ord og omgrep frå ein familiesetting for å skildre korleis dei hadde det i koret. «Vi er som ein familie» var ein gjengangar, medan somme såg på dei andre medlemmane i koret som «songarbrør». Etter å ha arbeidd saman i lang tid var det naturleg for somme å skildre forholdet ein hadde til koret som «eit ekteskap», og i intervju mine kom det fram at dei forholde som utvikla seg i eit kor på mange måtar kunne minne om familieforhold, på godt og vondt.

I denne delen vil eg ta til med å fortelje om korleis familie- og slektsforhold kan spele inn når personar byrjar i kor. Vidare vil eg sjå på korleis intervjupersonane mine opplevde arbeidet med å få koraktiviteten til å passe saman med det å vere ein del av ein familie, og korleis sjølve koret kan få familieliknande eigenskapar. Eg vil så utvide bilete noko i høve arv og tradisjon.

9.3.1 Familie som inngang

I *The hidden musicians* skriv Ruth Finnegan (1989) at det å velje ein bestemt musikalsk «pathway» ofte stod i samband med det å høyre til ein familie eller slekt. I den omfattande undersøkinga ho gjorde i Milton Keynes var det påfallande kor ofte ho fann familiemedlemmar engasjert i dei same musikalske *verdene*. Utan å konkludere endeleg med kvifor det var slik, såg ho dette som eit utbreidd fenomen (s. 308–311).

Mange av intervjupersonane i denne studien kunne fortelje om korleis dei i tidleg alder delte korerfaringar med familiemedlemmar. I fleire tilfelle var det å ha familie i koret noko som gjorde vegen inn lettare, men nokre måtte søke utanfor dei aller næraste for å finne ein slik resonans. For Sonja var det å ha syskenborn med ei felles interesse for korsong noko som var med å leggje eit grunnlag for å ta opp att aktiviteten som vaksen.

Nei. Eg trur eg, altså det kan vi ta opp, eg trur eg har blitt adoptert [latter], fordi at eg er heilt anna sånn utåtvend, heilt frå eg var veldig lita så var eg mykje meir utåtvend enn kva mine foreldre var då. Så eg var jamt tidleg ute og skulle ut i den sosiale verda [latter], så mamma har ikkje vore noko spesielt interessert i den, men eg har ein del syskenborn på mamma si side som også er, lika å syngje. [...] Så det var no eigentleg ho eine syskenbarnet mitt som var naboen min i min barndom, det var vi som traska og gjekk på kor og styr i lag da. Så det var eigentleg det, men for meg så starta det vel helst det typisk, at eg var veldig sosial som ung [latter].

Då ho i vaksen alder blei spurd om å vere med i eit lokalt kor, var også det å ha eit syskenbarn i det aktuelle koret noko som gjorde tanken på å ta til mindre framand.

Og så på våren då i 2002 så spurte han om eg hadde høyrte om Siréne, og det hadde eg for eg hadde eit syskenborn som song der.

Også Even kunne fortelje om sysken og syskenborn i koret sitt. For hans del var det å ha slekt i koret noko som gjorde han tryggare på miljøet, og var med på å gjere at han valde nettopp det koret framfor andre aktuelle kor.

Eg har ei syster som syng i Brandalskoret og bror min begynte i Brandalskoret i lag med meg. Men han er oppteken på heilt andre kantar i dag, så det er liksom ikkje så lett å kombinere då. [...] Nei, det var vel eigentleg det at eg har, eg hadde eit syskenbarn av andre i familien som song i Brandalskoret – kompisar og kjende – og dei har spurd oss tidlegare, i alle fall meg, om eg kunne tenkt meg å vere med. Og det er ikkje det, eg har også fått spørsmål frå Bigsetkoret før det der. Men det, dette å syngje i kor, det går litt på kjemi også – altså, du må trivst med miljøet og du må trivst med folka som er der og sånt noko.

Det å ha slekt i koret kan gi ein ekstra dimensjon til det deltakinga. For Karl kom oppmuntringa om å ta til i kor frå ein far som ville gi vidare ein verdi han sjølv hadde hatt mykje glede av. Og denne oppmuntringa var han ikkje åleine om å få, men noko som førte til at dei ein periode var fire brør i same koret.

Ja, byrjinga mi var det at når eg var konfirmert, tvillingbroren min og eg var konfirmert, då sa faderen det at «eg høyrer at de kan syngje, og eg vil tilråde at de byrjar i kor, for der har eg vore i mange, mange år og hatt stor glede av». [...] Då byrja både tvillingbroren min og eg. Vi var fire brør i koret samtidig. Vi var to andrebassar og to fyrstebassar. Men det var ikkje så lenge, for eldstebroren var no i Ulf og to øvingar for veka, og den yngste karen reiste vekk, men vi var i periodar, eg kan no nemne det da, tysdagane heime hos oss hadde vi ball. Tysdagane hadde vi det. Så seier eg det i spøk når fire karar har ete ball og skal på songøving, det går ikkje, derfor så vart songøvingane omlaga til måndagane brukar eg å seie. Det kan hende litt sterkt, men sånn har det no vore.

Linda kunne fortelje om korleis ho fekk spørsmålet om å vere med å starte opp eit kor av farens syskenbarn, som då skulle vere dirigent.

Eg kjende han berre sånn veldig lite, og så er no han og pappa syskenborn, så vi var i familie, og så veit du at det var no i '95, eg hadde vore i Bergen og jobba en sumar, og så trefte eg han Espen [...] Då fortalte han meg det at han undra på om han skulle starte eit damekor, og ville ha med meg då, eg skulle få kome og prøvesyngje.

Familie kan spele inn på mange vis når det kjem til å ta til i eit kor. Dei aller fleste av intervjupersonane mine har fortald om korleis musikkinteressa er blitt sådd i heimen, i større eller mindre grad. Men det å vere glad i musikk og song medfører ikkje automatisk at ein ser på det som aktuelt å bli med i eit kor. Musikkinteressa kan ta mange former, og det er her det å ha ein syngjande slektning kan vere med på å gjere vegen inn i korsongen noko lettare. På den eine sida kan familie vere med på å gjere det tryggare for ein vordande korist å takke ja til å bli med, noko som fleire av intervjupersonane nemner. På den andre sida så verkar det som at fleire kormedlemmar går til slekta når dei skal rekruttere nye songarar til koret sitt. Dette biletet blir forsterka av det fleire omtalar som «korslekter», der det å synge i kor på ein måte kan slå rot i ein familie eller i ei slekt, og bli ein del av ein arv.

9.3.2 Koret sin plass i kvardagen

Om lag 60 % av kora på Søre Sunnmøre øver ein gong i veka, medan om lag 30 % øver annankvar veke. I snitt har kvart kor over 11 framføringar i løpet av året, og tillegg kjem øvingshelgar, turar, komitéarbeid og styremøte.⁴⁵ Det å vere med i eit kor tek altså ein god del tid. For alle kormedlemmane skal denne aktiviteten tilpassast eit liv med arbeid, familie og andre aktivitetar.

Fleire av intervjupersonane hadde historier å fortelje om korleis dei har måtta forhandle i heimen for å få forståing for tidsbruken. I eit krevjande kvardagsliv kan det vere utfordrande å forsvare overfor resten av familien kvifor kordeltakinga skal få setje premissar for annan aktivitet. For Linda var det tydeleg at kordeltakinga var eit tema i heimen.

Nei, han er veldig glad i musikk, men det er anna musikk. Han er veldig sjeldan å høyrer på når vi syng for eksempel. Men det er også sånn, no har vi halde på i femten år, og ganske mykje tid eg har vore vekke herifrå, har gått til Siréne, slik at eg forstår at det ikkje er heilt hans yndlingsobjekt. Altså, eg forstår det [...] eg orkar ikkje mase på at han skal komme, for eg har det vel så bra med at han er heime så eg kan få vere ute. Eg trenger ikkje at han skal sitje i publikum og håpe at han skal like det, ikkje sant?

45 Sjå kapittel 4.2.9.

For Truls så var det ein fekk ut av å nytte tid på koret verdt litt motstand i heimen. Som dirigent for eit mannskor kunne han finne glede i mellom anna det å ta vare på den gamle tradisjonen som mannskoret er, og denne gleda gjorde at han nytta meir tid på koret enn han fekk betalt for.

Ja da, sånn at viss eg stiller så stiller koret, så eg prioriterer koret altfor høgt, seier kona da [ler litt]. For det er klart, det går mange helgar og mykje tid. Eg stillar meir enn eg er betalt for, men det er ikkje alt som er pengar, og du får mykje, får mykje igjen også, det er klart.

Sonja kunne også fortelje om at ho hadde opplevd å bli utfordra på tidsbruken knytt til koret heime, særleg med tanke på all oppfølginga som ungane trengde.⁴⁶ Samtidig var ho klar på det kunne kome eit tidspunkt der det ikkje gjekk å kombinere koret og kvardagsliv lenger. Både koret og kvardagslivet krev noko av ein, og om ein ikkje kan oppfylle desse krava, så er det på tide å ta eit val.

Og då er det klart at, om det kjem eit tidspunkt der eg ikkje klarer å vere med skikkeleg i koret og ikkje vere med på øvingane, då må eg ta eit val, synest eg, for Siréne sin skuld. Og sameleis, om det ikkje fungerer i heimen. Då er du nøydd til å ta eit val. Men heldigvis så har det fungert for oss, og så får han dra på tur av og til, han også.

Kravet frå koret som Sonja fortalde om kom tydelegare fram i ein episode frå ein korkonkurranse i Bergen. Det å sjå at andre prioriterte koret høgt, og valde koret framfor andre ting, var med på å skape ein kultur der ein sjølv følte ein må gjere det same.

Det som eg gjorde, det som kanskje gjorde uutsletteleg inntrykk på oss, det var då vi vann i Bergen, heilt uventa, det var jo heilt uventa både for oss vanlege dødelege. I den «settingen» så øvde vi døgnet rundt, og å sjå korleis folk prioriterte å vere med, vi hadde fleire som hadde heilt nyfødde babyar, vi hadde ei som var oppi eit samlivsbrot, og alle prioriterte det. Det var utruleg. Då forstår du at du er med på noko som mange andre vil, og mange har ambisjonar om, og lyst til å vere med. [...] men det er så mange som prioriterer koret så høgt, det er så mange som vil mykje, og eg har aldri vore med på nokon aktivitet der så mange går inn for eit felles mål, og prioriterer, og set familie til sides og kjem på dette. Det er mange andre ting også, men akkurat den var veldig, veldig spesiell.

Men for somme kan det i periodar vere for utfordrande å møte dei krava som vert stilt ein frå eit ambisiøst kor, og Sonja kunne vidare fortelje om korleis dei etter denne korkonkurransen hadde hatt ein diskusjon om kva slags innsats som var forventa frå kormedlemmane, der særleg ei blei utfordra på dette.

Då vi var ferdig med Bergen for eksempel, så hadde vi ei som var med. Ho hadde på det tidspunktet tre ungar sikkert, og ho hadde alltid vore med, men, det var

46 Sjå kapittel 6.2.2.

heilt tydeleg at ho var ikkje hundre prosent motivert. Travelt heime, jobb, og alt det. Då hugsar eg at, dagen etter vi kom heim, så samlast vi ein gjeng, og så var det liksom om vi skulle tole at ho var ustabil.

Susanna var ein av intervjupersonane mine og hadde slutta i Brandalskoret før eg tok til å følge det. Under intervjuet med ho kom det fram at det var rett og slett tidsklemma og kollisjonar med andre gjeremål som hadde gjort at ho hadde teke det valet. For ho blei det vanskeleg både å få vere med på konsertar og øvingar:

Det har litt med at dei arrangementa vi skal ha i forhold til korkafé og julekonsertar og sånne ting, så går det på datoar som ikkje har passa inn i mitt liv. Så då har eg hatt nok med å styre med det eg skal, og heller bruke tida mi på det i staden for å stå og øve på noko som eg ikkje får vere med å framføre. Så det er nå berre dei vala eg har tatt då. [...] Eg begynte på igjen på nyåret, berre for og sjå litt om det gjekk, og så kjende eg det at det går ikkje. [...] Eg saknar jo det sosiale og denne biten med på ein måte å kome ut der og vere ein del av eitt fellesskap då. Og ikkje minst det fellesskapet, men samtidig så blei det så krevjande tidsmessig at vi måtte heile tida stresse for å rekke det. Så eg vart nøydd til å ta ei prioritering og valde det vekk, i alle fall ei stund, så får vi sjå.

Mange av intervjupersonane kunne også fortelje om kva grunnar som gjorde at folk ikkje tok til i koret deira. Her var det fyrst og fremst tidspresset og konkurransen med andre aktivitetar som var hovudårsaken. Fleire som intervjupersonane hadde snakka med hadde sagt seg interessert i å vere med i kor, men var bekymra for tidsbruken. Emil såg denne saken i eit større perspektiv, og meinte det hadde skjedd ei haldningsendring blant folk på bygda. Folk var meir opptekne av sitt eige, og hadde mindre tid til dei forpliktingane som det å vere med i eit kor stilte.

Folk vil ikkje ha forpliktingar lenger. Dei er redde for det, det går utover slik som dei har tenkt dei skulle ha det sjølve, gjere sjølve.

Ola opplevde på si side at familien fekk prioritet framfor det å vere sosial saman med dei andre medlemmane i koret, i større grad enn før. Der han tidlegare hadde opplevd at ein etter øvinga kunne ta seg tid til ein liten prat, følte han no at folk berre skunda seg heim for å vere saman med familien sin.

På grunn at folk er så opptatte med at dei skal kun vere der den tida, og så skal dei heim att til familien sin, eg trur det altså.

Som desse sitata syner så kan det vere ei stor utfordring å finne plass til ein tidskrevjande koraktivitet i ein travel kvardag. Fleire av intervjupersonane fortel om korleis dei måtte takle eit krysspess frå både heim og kor, og gjerne forhandle seg fram til løysingar i heimen som fekk det til å gå. Enkelte fortalde om korleis det å ha ein aktivitet som skilde seg ut frå andre gjeremål på den

måten at den var «berre deira», var verdt å kjempe for. Krav om prioritet frå koret kunne bli underbygd av ein kultur der medlemmane saman utøvde ein streng praksis om oppmøte, noko som kunne vere med på gjere opplevinga sterkare for dei som er med. Ein slik streng oppmøtekultur kunne vere svært utfordrande, og kunne også resultere i at folk måtte gi seg.

Mange av intervjupersonane opplevde også at tidsbruken som det å vere med i eit kor inneber, var direkte årsak til at det blei vanskeleg å rekruttere nye songarar. Den faste øvinga i veka og opptekne helger stal tid frå familie og andre gjeremål. Enkelte spekulerte også i at dette var eit symptom på ei haldningsendring i samfunnet, der folk var mindre innstilt på gi av si private tid, noko eg vil kome tilbake til i kapittel 8.

9.3.3 Ekteskap, sysken og hjarteborn

Ein ting eg la merke til i mange av intervjua, var måten intervjupersonane omtalte koret, kormedlemmane og dirigenten på. Ved fleire tilfelle så lånte dei ord frå ein familiesetting for å skildre sider eller kjensler knytt til koraktiviteten. Koret kunne også bli satt opp imot familien, for å få fram poeng. Det er då nærliggande å tenkje at dette botnar i at intervjupersonane kjenner att sider frå familielivet i korlivet. Sonja sette på spøkefullt vis koret sitt opp mot familien sin, og braut på denne måten med den tradisjonelle forståinga av familien fyrst.

Ja. Siréne fyrst, familien etterpå. [latter]

Kommentaren seier også noko om at ein på eit vis sidestiller koret med familie, og signaliserer at ein ikkje automatisk vil velje familien fyrst i alle tilfelle. Eit kor kan også kjennest som *heime*, noko Vemund kunne fortelje om.

Dette flyter ganske flott. Og litt lærdom kjem det etter kvart, så når han som har vore der lengst spør han som har vore der veldig mykje kortare om kvar vi held på i notane, om vi skal opp eller ned eller sånn, då følar ein seg litt heime etter kvart.

Ordet *heime* i denne samanhengen symboliserer det å bli rekna med, det å beherske handverket og kodene som har verdi i ein korsamheng. Fleire av intervjupersonane kunne fortelje om korleis dei etter kvart følte seg heime i koret, og at dette var noko dei sette stor pris på. Samtidig så nemnde Vemund her ein av dei som hadde vore lengst med i koret, ein slags «seniormedlem», og uttrykte at det å få ei godkjenning frå han betydde litt ekstra.

I eit kor er det nemleg visse personar som gjerne betyr litt ekstra. Den personen som står mest i ei særstilling er som sagt dirigenten. Forholdet mellom dirigent og kormedlemmar kan vere prega av så mangt, og dette var også eit tema som svært mange av intervjupersonane trekte fram som viktig.

Om forholdet mellom dirigent og kor

Som dirigent for eit kor så deler ein skjebne med koret sitt gjennom opp- og nedturar. Ikkje berre deler ein skjebne, ein er langt på veg ansvarleg for korleis det heile utartar seg, i alle fall musikalsk. Fredrik kunne fortelje om korleis han såg tilbake på perioden han hadde vore dirigent, og nytta då ei omgrep lånt frå ein familiesetting.

Alle ting som har skjedd, både av det positive og det negative tinga, det har vore ein jobb. Men det er som eit ekteskap, du hugsar dei gode tinga og du legg frå dei negative tinga. Di lengre tid det går, eg kjem i alle fall ikkje i hug om eg har hatt nokon konkrete minne om negative opplevingar med koret, så blir dei meir og meir fada bort etterkvart som tida går. [...] Så det har vore eitt slags ekteskap dette her altså, at den eine [ler] har lidd med døden, men ein naturleg, ikkje sant. Så eg veit ikkje om eg kan være meir konkret.

Espen på si side hadde eit heilt særskilt forhold til koret sitt. Det var han sjølv som hadde grunnlagt det, og vore einaste dirigent i heile koret si levetid. Også han fann det rettast å nytte eit ord frå ein familiesfære for å skildre korleis han følte det overfor koret sitt.

Ja, det er klart det for at, for meg så er det sånn at det, det er nå på ein måte hjartebarnet mitt, då. Og det legg eg ikkje skjul på, sånn er det.

Kordirigenten har ein heilt særskilt funksjon. Måten dirigentrolla artar seg på kan variere, men utan dirigent blir det ikkje noko kor. Mange av intervjupersonane kunne fortelje om korleis dirigenten hadde påverka dei i kor-samanheng. Etter å ha blitt med i koret så oppdaga Vemund at mangelen på notekunnskap ikkje var så farleg, og at særleg dirigenten spelte ei viktig rolle for at han etter kvart fann seg til rette.

Eg kunne ikkje forstå at ein utan notekunnskapar hadde noko der å gjere, men det kjem seg etter kvart og så lærar ein seg ditten og datten. Og andrebasen har det så greitt, dei held seg på F-linja uansett. Og pausesignala er no greie, og dirigenten er enda greiare. Dirigenten er heilt suveren, eg fattar ikkje at han har tolmod med syklubben i det heile tatt.

Intervjupersonane i eit av dei andre kora kunne fortelje om eit utfordrande år i koret, der to kor hadde sett seg nøydde til å slå seg saman. Dei hadde hatt ein dirigent, Ingeborg, som var «perfekt» for koret, og som dei hadde knytt

seg veldig til. No hadde dei fått ein ny, og Anna kunne fortelje litt om kvifor ho trudde dette ikkje var så enkelt.

Samanslåinga var veldig grei. Det var ingen problem, i alle fall har ikkje eg sett dei. Og så kom det ein ny dirigent. Det som var litt problem for Vartdal blandakor – Ingeborg er perfekt, Ingeborg er ein fantastisk dirigent, for oss. Så det som vi sa, «vi må i alle fall ikkje samanlikne med Ingeborg». Det er på ein måte ikkje ærlig. Så det var kanskje et litt større problem for Vartdal blandakor enn for Bard, fordi dei hadde ikkje hatt Ingeborg som dirigent, og vi var veldig knytt til Ingeborg, og vi syns det var veldig synd at ho slutta. [...] Men så var vi alle bevisst på at «nei, no må vi på ein måte gløyme Ingeborg, og så startar vi med ein ny dirigent». [...] Og eg trur at alle var positive. «Er du ny dirigent? Velkomen, og her får du ein sjanse». Men no, og det kan eg ikkje snakke på vegne for resten av koret, det var berre for meg sjølv, og til slutt tenkte eg «ja, du er ein kjempebra dirigent og sånn», men eg trur ikkje at ho var rett dirigent for Cantando. Det var, av og til passa ikkje ting og av og til så er det berre slik og det har ingenting med personen å gjere. Ingenting.

Episoden vitnar både om kva type relasjon som kan bli bygd opp mellom ein dirigent og koret hennar, og at det kan vere svært vanskeleg å erstatte ein høgt skatta dirigent. Intervjupersonane hadde jamt over mange lovord å kome med om dirigentane til kora sine. Sara trekte fram den personlege oppfølginga ho opplevde i situasjonar der ho møtte på problem.

Å, det er så kjekt for han, han Espen teke tak i det og forklare meg. Liksom når eg seier «kva skal eg gjere, kva er det som er feil?» så forklarar han det, «å ja, ja sjølvsagt var det sånn», liksom, og så veit du på ein måte kva du skal gjere for å ordne det.

Sara var relativt ny i Siréne, men ein av dei andre intervjupersonane mine, Linda, hadde vore med frå starten. I kapittel 6 om eigarskap og identitet skreiv eg om Linda som på eit tidspunkt hamna i ein situasjon der sider ved dirigentrolla til Espen blei utfordra. Som ein kormedlem med ei sterk eigarskapskjensle til koret uttalte ho seg meir nyansert om dirigenten sine kvalitetar. Under intervjuet fekk eg inntrykk av at det forholdet som etter kvart hadde utvikla seg mellom Linda og Espen hadde visse likskapar med forholdet mellom ein far og ei vaksen dotter, og at ein i ein slik familierelasjon kan tillate seg å vere meir direkte og utfordrande i stilen. Samtidig opplevde eg alltid at Linda uttrykte stor respekt for Espen, både i intervjuet og på øvingane eg følgde.

Ja, vi har på ein måte etter kvart, Espen prøver noko nytt då, og av og til så fungerer det. Men det er fordi at han er absolutt best på Knut Nystedt, og disse her, ja sånn sakralmusikk, der er han kjempegod. Han er ikkje slett så god på «Go tell it on the Mountains», altså han fell litt ut av det der. Og det er litt snålt òg.

Forholdet mellom dirigent og kor er sjølvsagt svært viktig, og dette er eit tema det kan skrivast mykje om. I kora eg følgde kom det tydeleg fram at dirigenten spelte ei svært viktig, om enn noko ulik rolle. Inntrykket mitt at det er fleire faktorar som er særskilt viktige for korleis dette forholdet blir. Ein viktig faktor som er avgjerande for korleis forholdet mellom dirigent og kor utartar seg, er i kor stor grad dirigenten kjenner *eigarskap* til koret han dirigerer. Med Siréne så var Espen mannen bak heile prosjektet. Det var hans idé i utgangspunktet, og det var han som i dei fleste saker hadde det siste ordet. For Truls og Ulstein mannskor så var det *tidsaspektet* viktig. Truls hadde hatt koret svært lenge, og hadde på mange måtar fletta sitt eige liv og sine eigne rutinar saman med korets, på same måte som at medlemmane i koret hadde bygd opp langvarige relasjonar til han. For Cantando sin del så fekk eg inntrykk av at Ingeborg var sentral i ein utfordrande periode for koret. Ho var ein viktig del av det å bringe ein slags *kontinuitet* gjennom ein overgang der to kor blei eitt. I Brandalskoret sitt tilfelle så var Fredrik ein mann med *eit oppdrag*, han skulle løfte det musikalske, samtidig som han fekk beskjed om at koret allereie hadde viktige sosiale bitar på plass. Inntrykket mitt var at sjølv om Fredrik var ein svært godt likt dirigent og person i koret, så stod koret også godt på sine eigne bein, og var godt førebudd på det komande dirigentskiftet.

Om forholdet mellom songarar

Det blir ikkje korsong før ein syng saman med nokon andre. Relasjonane mellom kormedlemmane er noko som alle intervjupersonane i større eller mindre grad trekker fram som viktig. Også her vart det for somme naturleg å nytte ord frå ein familiesetting. Særleg i Brandalskoret blei det av fleire nemnd korleis miljøet minte om ein familie.

For det er ingen som skiller seg ut der, vi er alle veldig sånn, det er samme hvem du møter, så er vi.. veldig sosialt. Vi er som en familie. [Inga]

Å vere som ein familie vert her nytta som noko positivt, som ein tilstand der ein behandlar alle godt, og at ein er nøye med at alle skal kjenne seg heime. Even skildra noko av det same, og fortalde om korleis ein passar på kvarandre, og står ved kvarandre i «gode og vonde dagar».

Og er det einkvan som ikkje har det så bra, så gjer vi det vi kan for å prate med han. Vi, der er no mange skjebnar når det er så mykje folk. Så det kan vere skilsmisse, det kan vere foreldre som forsvinn og forskjellig sånt. Så vi er som ein litt annleis familie, kan du seie.

I Ulstein mannskor kunne Karl fortelje om korleis ulike opplevingar knyt ein nærare saman, og ikkje berre til medsongarane, men også til songarane sine familiar. Samtidig så gjorde han i intervjuet eit poeng ut av å ikkje nytte ordet «songarbrør» om medsongarane sine. I alle høve så skildra både Karl og dei andre intervjupersonane frå Ulstein mannskor eit miljø som både var direkte, høgt under taket og til tider konfliktfylt.

Ja, dei er spesielle fordi at du opplever mykje, dette med å reise og så bor du på same hotell. Det gjer at du blir knytt nærare til både songarane og songarane sine familiar, eller kona mi vart også med oss gutungar. [...] Og det er store opplevingar, og det å oppleve ting i lag med, viss ein fyrst skal bruke pretensiøst ord, som heiter «songarbrør». Bror min som budde i Oslo, han var i kor og han var i frimurarlosjen. Han opererte med to sortar brør, det var songarbrør og frimurarbrør. Eg har høve til å bruke begge to, men eg brukar det ikkje på den måten som han. Eg seier no heller songarvener, eg då. Eg syns det er litt meir folkeleg det.

Bruken av ord frå ein familiesetting kan tyde på fleire ting. For det fyrste så tyr mange av intervjupersonane til ord frå familielivet for å skildre visse sider ved koraktiviteten. Jamt over nyttar intervjupersonane den type ord for å skildre at dei kjenner seg trygge, og at dei trivst i miljøet. Det er dei mellommenneskelege relasjonane som får eit kvalitetsstempel ved at ein nyttar familieord om dei, samtidig som ein også kan skildre forholdet mellom dirigent og kor som «perfekt» eller «ikkje rett», som om det var eit kjærleiksforhold ein talar om.

For det andre så kan det verke som at fleire av intervjupersonane faktisk opplever koret sitt som ein slags familie. Her har ein bygd relasjonar over tid, her passar ein på kvarandre, her møtest ein regelmessig og går gjennom opp- og nedturar saman. For mange så kan sjølve koret vere den eine tingen som står der støtt gjennom skilsmisser, dødsfall i nær familie, sjukdom, tap av arbeid. Koret kan vere den staden der ein får vere seg sjølv, den staden ein er ynnskt og blir etterlyst om ein ikkje kjem. For somme kan koret vere meir familie enn familien eins.

9.3.4 «Besteforeldre» og tradisjon

Tradisjon og historie spelte ei viktig rolle i Ulstein mannskor. I kapittel 7.5.1 fortalde eg om Karl og korleis han med sin inngåande kjennskap til tradisjonen hadde eit sterkt engasjement for koret. Tidleg i observasjonsperioden fekk eg også tilbod frå Karl om å få sjå på ei rekkje historiske dokument om koret si drift frå gamalt av, noko eg takka ja til. For meg var dette eit ganske klart

signal om at tradisjonar var noko som hadde ein viss posisjon i dette koret. Dei fleste kor vil ha medlemmer som i større grad enn andre sit på kunnskap om korleis ting var før, og som gjennom denne statusen kan, eller hevdar å kunne, uttale seg med større tyngde om den «rette» måten ting skal gjerast på, særleg ved å referere til korleis ting har vore gjort før. Det er slike personar i denne samanhengen kallar «besteforeldre». Karl kunne mellom anna fortelje om ein episode der mannskolet sleit med mannskap, og var på nippet til å bli blandakor.

På grunn av at ein del av songarane for på silda, så var det lite folk vinterstida. Då også var eg styreformann. Eg har vore det i periodar då. Så då kom det opp i styret og han Johan⁴⁷ var veldig bestemt, eg vil ikkje seie han var «ultimatisk» i sine krav, men nesten. Så til slutt sa styret ja, og vi prøvde. Vi skreiv brev til eit titals damer og vi hadde vel kanskje opp til ti damer, men så var vi femogtjue mann da, så dalte interessa blant damene og så huskar eg vi hadde krisemøte [...] Men det var noko eg aldri gløymer. Nestformannen i koret, han er død no, han sa det at «eg har snakka med ein mann og han sa at de må ikkje finne på øydeleggje mannskolet, de må halde på mannskolet. Her er blandakor frå før i bygda, og no må de halde på mannskolet. De må ikkje finne på dette her, det er galskap». Og det gjorde eit visst inntrykk på alle vil eg tru, men då vi då for heim igjen, vi gjekk vel eller sykla, det var ikkje så mange bilar på den tida, så spurte eg han «kven du har snakka med?», «eg har snakka med meg sjølv». Det gløymer eg ikkje, det gløymer eg ikkje.

For Karl var dette ei hending som sa han noko om at det å halde på mannskolet hadde ein verdi i seg sjølv, som også handla om å vidareføre ein gamal tradisjon. Ulstein mannskor er eit gammalt kor med lang historie, med røter heilt tilbake til 1884, og i arbeidet sitt med korets historie hadde Karl også utvikla ein heilt eigen autoritet knytt til denne sida ved koret.⁴⁸ Karl var eit døme på ein slik person som med historia i ryggen kunne uttale seg klart og høgt om mykje, og i fleire av kora så kunne eg sjå korleis det stadig blei referert til sedvane og tradisjon som eit tungtvegande argument når saker skulle avgjerast. Dei fleste kor har slike «besteforeldre», og med dei kan ein få ei sterk stemme som i større eller mindre grad er med å påverke vala koret gjer.

«Besteforeldre» kan også eksistere utanfor sjølve koret, i form av individ som gjennom av virket sitt har opparbeidd seg ein posisjon som heng att lenge. Ein slik person som ofte blei trekt fram var Johan H. Grimstad. Allereie på fyrste øvinga med Ulstein mannskor blei namnet hans referert til i samtalaneg hadde, og vidare blei han omtalt på både øvingar og i intervju. Musikken hans

47 Johan H. Grimstad (1924–2006) frå Hareid var lærar og gardbrukar, komponist og dirigent, og har prega repertoaret til mannskor over heile landet (henta frå <https://www.allkunne.no> 29. mars 2018).

48 Sjå kapittel 7.5.1–7.5.2.

var også ein viktig del av repertoaret til koret. På ei øving med koret kom eg i prat med ein kar. Han snakka om ei framføring koret hadde hatt dagen før. Han var nøgd med gårdsdagen bortsett frå opninga på «Lova Herren, mi sjel», ein komposisjon av Grimstad. Han kommenterte at det var jo denne dei kunne best, men klarte å bomme litt likevel. «Hass Johan har me sunge so mykje at me kan dei framlengs og baklengs».⁴⁹ I fleire av intervju mine blei det også referert til Grimstad, og måten han blei omtala på var som regel med stor respekt.

Arven etter Grimstad var utan tvil både stor og viktig, særleg for Ulstein mannskor. Johan H., som han gjerne blei omtala som, var på eit vis framleis ei tydeleg stemme som klang med i visse tilfelle. I intervju fekk eg også inntrykk av at folk framleis måtte «ta i» litt for å uttrykke usemje med måtar Johan H. gjorde det på, men aldri utan stor respekt. Også komposisjonane og arrangementa hans var framleis ein viktig del av repertoaret til koret, noko som dirigenten Truls kunne fortelje om.

Vi var på landssongarstemne på svenskegrensa i lag med Volda mannskor og Rovde mannskor. Då hadde vi eit fellesnummer der borte. Det var ein utruleg... Johan H., naturlegvis. På sånne songar er det Johan H. det går på.

«Besteforeldre» kan eksistere både i og utanfor kor, og med dei får ein ei stemme som målber perspektiv frå historia og tradisjonen til koret eller korsong generelt. Særleg hjå Ulstein mannskor, med sin lange historie, spelte tradisjonen ei viktig rolle, medan fleire av dei andre kora i denne studien var så pass unge at historia ikkje enno var blitt ein maktfaktor i den grad. Men hjå eit av kora, Cantando, var forholdet til tradisjon og historie heilt særskilt. Måten ein her hadde gitt avkall på historia gjorde også at forholdet til korets «besteforeldre» blei noko annleis. Dette var også med på å prege dynamikken i koret slik eg opplevde det den tida eg fekk følgje dei, noko eg skreiv om i kapittel 7.6.

9.4 Det som bind ein saman

Fleire kormedlemmar henta ord og omgrep frå ein familiesfære for å skildre korleis forholdet til andre kormedlemmar var. Men som dei fleste har opplevd, så består eit familieliv ikkje berre av glade dagar. Gode kjensler og tider blir avløyst av utfordringar og konflikhtar, og behovet for å ha reglar som regulerer oppførselen til kormedlemmane kan melde seg. Dei sosiale reglane i eit kor kan vere meir eller mindre uttalte. Dei kan vere sjølvinnlysande og naturlege, men

⁴⁹ Frå observasjonsnotat 4. april 2011.

også eit uttrykk for spesifikke verdiar som eit miljø av ein eller annan grunn har adoptert. Desse punkta vil eg belyse i dei neste underkapitla, og vil fyrst ta til med nokre døme på korleis sjølve det sosiale fellesskapet blei skildra av intervjupersonane frå dei fire kora eg fylgde.

9.4.1 Å vere saman

Intervjupersonane hadde mykje godt å fortelje om forholdet mellom songarane i kora sine. Ofte blei miljøet skildra som «unikt» og «trygt», der kormedlemmane var «på bølglengd», «samansveisa» og «kameratar».

Og så vart eg då klar over etter at eg begynte i Brandalskoret at det var eit kor på Bigset også, men eg treivst veldig godt der ute og veldig fint miljø i det koret, det er det. Og har hatt mange kjekke stunder i lag. [...] Nei, eg veit ikkje heilt sånn spesifikt kva eg skal trekke fram. Men det miljøet der ute er eigentleg ganske unikt synest eg, då, i korsamheng for oss som er der sikkert, men dei utanfor ser det sikkert ikkje. [Susanna]

Som Susanna sa om koret sitt så opplevde ho at miljøet var veldig fint. Ho hadde vurdert andre kor i nærområdet, men etter å ha funne seg til rette i Brandalskoret såg ho ingen grunn til å byte ut eit kormiljø ho opplevde som unikt med eit anna. Susanna kunne vidare fortelje om eit miljø med ei spreidd aldersgruppe, men der ein likevel kjende seg på bølglengd med alle medlemmane.⁵⁰ Ho sette dette i samheng med nokre samlande opplevingar der «alt klaffa».

Når du føler at du står i koret og du føler at du er inne i ein slags boble, og alle på ein måte er der dei skal med stemmene sine, og alt på ein måte klaffar, ingen synger surt og ingen havnar på viddene og ingen begynner for seint eller for tidlig. Ja, du blir berre ei kompakt boble, at alle er inne i der, det er ganske unikt då. Då føles det berre godt eigentleg [ler].

Fredrik, dirigenten for Brandalskoret, skildra også miljøet i koret som unikt. For han ytra dette seg gjennom måten koret på sitt særeigne vis var samansveisa og «klikkfritt».⁵¹

Og lag likar gjerne å kalle seg sjølve for ein kjempesamansveisa gjeng, det er eit typisk varemerke for lag, det veit sikkert du, det er noko som dei bruker som ei verkeleg medalje på brystkassa. Men eg veit ikkje om eit lag som eg har hatt befatning med som verkeleg kunne skilte med ein gullmedalje når det gjeld akkurat det, som Brandalskoret. Det er det eine, og humøret deira og måten

⁵⁰ Sjå kapittel 8.2.2.

⁵¹ Sjå kapittel 7.7.

deira å vere på utad, den liketil haldninga dei har til andre lag og andre folk, anten privatpersoner eller i større grupper og lag, uansett kva nivå dei låg på musikalsk, og eg synest at det er utruleg rørande å sjå på kor naturlege dei er og kor lite staffasje det er, og så ekte og naturleg.

Even trekte fram eit veldig godt og samansveist miljø, der medlemmane hadde ein evne til å ikkje ta seg sjølv så høgtideleg i sosialt samanheng. Denne kombinasjonen av å kunne vere uhøgtideleg sosialt og seriøst musikalsk verka for Even å vere noko av nøkkelen til det gode miljøet.

Miljøet er veldig godt. Det er, vi er ein veldig godt samansveist gjeng. Vi er, samtidig så tar vi ikkje oss sjølv så forferdeleg høgtideleg – i sosial samanheng i alle fall. Og det miljøet er berre veldig bra.

Det som var gjennomgåande med alle eg snakka med i dette koret, var opplevinga av at dei hadde eit heilt særskilt miljø i koret som skilde dei frå andre kor. Samtidig var denne opplevinga uttalt, og noko som kormedlemmane verka å vere medvitne om og stolte av.

Ola kunne fortelje om korleis deltakinga i kor hadde gjort at han hadde blitt kjend med sambygdingar på ein ny måte. Personar som han ikkje kjende så godt, men likevel hadde eit visst inntrykk av, viste seg å vere fantastisk fine typar.

Men eg synest at det var kjekt å vere med, og det har gitt meg veldig mykje. Berre det å vere i lag med eit kor og bygdefolk og sånt – du lærer folk å kjenne på ein heilt annan måte. Sjølv om du bor tett på kvarandre i ei lita bygd, det er jo personar eg knapt har helst på i bygda, og dei står jo borte på ei mark, ikkje sant, potta sure bønder, ikkje sant, står på marka si og grev. Så begynner du å vere i lag med dei i koret, livlige og kjekke, og heilt fantastiske. Han som eg referer til nå som var mest sur i bygda og sånn, då. Det er no han som har vore min føregangsmann i koret, kan du seie. [...]. Veldig fantastisk, fin type.

For Sara, som var relativt fersk, så kunne det vere litt skummelt å tre inn i eit ambisiøst kor som Siréne der dei musikalske krava var høge. Men ikkje lenge etter at ho tok til, så utvikla ho god kontakt med fleire av dei i koret, noko som ga ho ei kjensle av at ho hadde kjend dei lenge.

Det var veldig skummelt å synge i byrjinga. Men det som på ein måte hjelpte veldig mykje på, det var ikkje skummelt å vere med i lag med folka. Du følte, det var liksom sånn – eg hadde ikkje vore med lenge før eg føle at, sånn som ho Linda og [...] at det – det kjendest ut som eg hadde kjend ho lenge, liksom – på dialog – tulla og tøysa og kosa oss. Så, det er veldig gøy det, så. Nei, når ein har ein sånn god dialog og ein sånn ur-, nei, kva det heiter? Vi tek ikkje oss sjølv høgtidleg eller noko sånn, då blir det mykje lettare.

Sara fekk raskt ei kjensle av å ha kjend andre i koret lenge. Veteranen Karl, med seksti år bak seg i koret, kunne på si side fortelje om korleis den musikalske

opplevinga av å vere ein del at eit stort heile, blei forsterka av at han i koret hadde nokre av sine beste kameratar – kameratar som han hadde følgd gjennom eit langt korliv.

Og ein ting er jo det å vere med å styre koret, men det er jo dette her med å la di stemme bli noko av eit heile og det har eg hatt stort utbytte av. Og det seier seg sjølv at viss eg ikkje hadde likt meg og hadde hatt utbytte av å vere med i koret, så hadde eg ikkje vore i no seksti år. Men så har eg jo mine beste kameratar der.

Opplevinga av å kunne framføre noko i fellesskap var ein svært viktig del av det å vere med i koret. Det å vere ein del av noko større, anten det var som ei stemme i ein korklang, eller som eit menneske i eit menneskeleg fellesskap, var openbart ein viktig ingrediens i samkjensla som fleire av intervjupersonane kunne fortelje om. Even på si side kjende det også som betydingsfullt å kunne gi noko til publikum, og kjenne at det blei teke godt i mot. Også der, mellom kor og publikum, oppstod det eit meningsfullt forhold.

Nei, altså, eg har no, det er no dette her, for meg kan du seie så er det dette her å, eg veit ikkje heilt om det er gleda ved å kunne framføre noko i fellesskap, eller om det er gleda ved å kunne gi publikum noko. Eg har aldri greidd å definert. [...] Ja, men eg synest det er veldig trivelig når vi kan og levere ifrå oss noko til publikum som er bra, og som publikum likar. Men samtidig så kan eg føle at det er like svært dette med at når eg er på veg heim att, og øvinga har vore veldig bra, og du høyrer at dette her let flott. Så sit du på ein måte med den same gode følelsen. Så eg veit eigentlig ikkje kva det er som er med på å, eller kva gleda eigentlig ligg i, for å seie det sånn.

Ei historie som dirigent Truls fortalde var rørende, og tok for seg ein no avdød medlem av koret. Han hadde vore krigsseglar, og kom heim att med eit visst avtrykk etter dei opplevingane. Mannskoret hadde han sunge i frå han var konfirmant til han hamna på sjukeheim. Han var fyrstetenor og song melodiar som han kunne så godt han makta. Problemet var berre at han ikkje kunne synge.

Og heldigvis var han så svak at viss koret skulle synge, så merka dei det ikkje. Men skulle vi synge noko som var unisont så høyrde ein det [ler]. Så kvar gong det var noko unisont, så sa eg «du tar berre tar pause her. No er det så mange». Ikkje sant, fekk han til å vere stille sånn at dei ikkje høyrde noko, for elles song han så svakt, men unisont, da høyrde du det [ler]. Heilt på skjering, og til slutt måtte han ha ein stol som han sat på i koret da [ler], for han sto i koret til han stupte og var æresmedlem, veit du. Fyrte opp på Fredheim med kol når koret skulle øve, heilt frå dei tidlegaste tider, veit du. Han levde og anda for mannskoret, men synge kunne han ikkje. Så han gjekk heile livet gjennom i eit kor altså, det er nesten utruleg. Men når det var fleire stemmar, så gjekk det... det er nesten som eit strykeorkester, veit du, at når det blir mange nok så let det utruleg bra, sjølv med ungar, så utruleg kor bra det høyrtes ut når det blir mange nok, så ein kan skjule.

Likevel var det plass for han i koret, i fellesskapet. Sjølv om det for koret innebar visse musikalske utfordringar å ha han med, så fann Truls ein måte å lirke det til på. I somme tilfelle så trumfar betydninga av fellesskap betydninga av musikalsk samklang.

Kjensla av fellesskap kan vere så mangt, og kan oppstå mellom folk som knapt kjenner kvarandre, og mellom koristar som har sunge saman i 60 år. Ikkje minst er kontakten med publikum ei fellesskapsoppleving som fleire av intervju-personane trekte fram som betydingsfull. Dei sterke relasjonane som blir til i eit kor, særleg over tid, kan gjere det utfordrande å skulle vere kompromisslaus i arbeidet med musikalsk perfektjon, og dei fleste av intervju-personane kunne fortelje om korleis koraktiviteten ofte bar preg av jakta på den rette balansen mellom det sosiale og det musikalske. I artikkelen «Singing and social bonding: changes in connectivity and pain threshold as a function of group size» (Weinstein et al., 2016) var eit av funna at opplevinga av å vere inkludert, mellommenneskeleg kontakt, positive kjensler, samt frigjeringa av endorfinar, auka etter gjennomført korøving. Å synge saman fostrar sosial nærleik, også i store grupper der individa ikkje kjenner kvarandre. Korleis er stoda då, etter 60 år saman i same koret?

9.4.2 Det som bringar ein nærare kvarandre

Men korleis blir dei sterke relasjonane og det gode fellesskapet til? Stort sett var det tre typar opplevingar intervju-personane trekte fram som viktige for å utvikle ei sterkare fellesskapskjensle i koret. Desse var å kome nærare gjennom *musikalsk arbeid*, gjennom *musikalske opplevingar*, og gjennom *sosiale opplevingar*. No skal det seiast at dei fleste av desse opplevingane stort sett går føre seg samtidig, og kan vere vanskelege å skilje frå kvarandre. Men kvar for seg så står desse typane opplevingar for noko attkjenneleg i kor, og fleire av intervju-personane hadde til dømes reflektert over korleis det å arbeide musikalsk med noko får ein sosial effekt.

Musikalsk arbeid

Even kunne fortelje om korleis dei i koret hans, med forskjellige folk og stemmetypar, arbeider seg nærmare sosialt gjennom å arbeide seg nærmare kvarandre musikalsk.

Det er fullt av alle samfunnslag og alle stemmetypar, hadde eg så nært sagt, i eit kor, så det er no ei, det er ikkje ei homogen gruppe sånn sett, sjølv om at det når du jobbar ei stund så vart du på ein måte meir og meir homogen som ein gjeng då. [...] Og så synest eg det at vi har – dette her med at vi har vorte betre og betre. Det vil seie ei jamn, fin stiging i koret kvalitetsmessig, og det at vi får veldig masse positive tilbakemeldingar i frå dei som vi framføre for. Klart det er med på at du føler på at du er med på noko som blir lagt merke til då, for å seie det sånn.

For Even hang opplevinga av å nærme seg kvarandre musikalsk saman med opplevinga av å bli ein meir homogen gjeng. Samtidig kunne han fortelje om korleis det å bli eit betre kor musikalsk blei opplevd som ei reise som ga kor-medlemskapet ein ekstra meiningsdimensjon. Susanna på si side, trekte fram det samarbeidet ein opplever ved fleirstemt song som betydingsfullt, samtidig som det å byggje opp tillit og tryggleik er viktig for at dette skal skje på ein god måte.

Og det samarbeidet du på ein måte opplever når du står og syng 4-stemt og 6-stemt og 8-stemt, og det er klart det er litt spesielt, då. Man har det jo i jobben sin. [...] Ja, det trur eg, då. Det å stole på dei du skal stå og syngje med, det er jo også litt viktig, då, og føle seg trygg på dei, meiner eg. At du ikkje er redd for å gjere feil, for eksempel, ja den biten. Du må føle deg trygg på omgjevnadane viss du skal greie å prestere.

Anna trekte fram opplevingane ho kunne få på øvingshelger med koret. Det fokuserte samarbeidet som går føre seg i løpet av få dagar stod fram som noko positivt og særskilt. Samtidig blei dette ei felles oppleving som alle i koret kunne dele.

Ja, desse øvingshelgene, dei er kjempekoselege også. Og det som er viktig er at koret er litt sånn, ja, alle er i lag trur eg. Det har eg opplevd som veldig positivt. At alle jobbar saman, det er godt samarbeid, det har eg inntrykk av at det er litt sånn «dette er viktig men», eg meiner kanskje ei spesiell hending, noko som har skjedd alle.

Eit anna arbeid Anna såg på som veldig motiverande var det å ha eit prosjekt å arbeide fram mot. I tillegg til all øvinga som måtte til, var det ein heil del som også følgde med det å gjere i stand slike prosjekt.

Det blir kabaret her på Solteateret, og då – vi gler oss alle, vi har begynt å jobbe etter jul med det. Så vi prøver å sjå på kle og plakatar som vi skal henge opp, så det blir litt sånn, ja, det blir veldig kjekt. Det er veldig motiverande, ja.

For dei fleste av kora så er slike prosjekt ein svært viktig del av den totale aktiviteten. Det å arrangere eigne konsertar, kabaretar eller show er ein totalpakke som engasjerer store delar av koret, der dei fleste får ei rolle å spele. Det

er også her mange av korets undergrupper trer i kraft, og gir kormedlemmar sjansen til å få utøve ei noko anna rolle enn dei har til vanleg.

Musikalske opplevingar

Med musikalske opplevingar meiner eg i denne samanhengen konsertar, framføringar og «stunts» som intervjupersonane trekte fram som særleg betydingfulle. Ofte så kan mykje av gleda ved eit korprosjekt vere sjølve vegen fram til målet, somme tider er det å få fullbyrda prosjektet med ein flott konsert som er høgdepunktet, og somme tider dukkar det opp musikalske høgdepunkt ut av det blå. Det er ikkje alltid at ein rår over alle dei faktorane som gir slike høgdepunkt, men uansett kan dei vere med på lage augeblink som gir eit korfellesskap opplevinga av å vere med på noko magisk. Ruud (2013) skildrar det å spele eller framføre musikk saman med andre som ei sterk kjelde til oppleving av nært fellesskap: «For eksempel vil opplevelsen av å synge i kor kunne gi følelsen av å bli oppslukt av noe større, uten å måtte oppgi seg selv» (s. 187).

For Karl så var det ei hending som stod fram som særskild under ein tur til Island. Konserten gjekk føre seg i ei særleg vakker kyrkje, og koret hadde øvd inn islandsk repertoar som dei framførte der.

Og så er det jo det, altså av og til i alle fall, at ein øver inn ein song som høyrer landet til. Det gjorde vi på Island for eksempel. På Island song vi i den store kyrkja i Reykjavik, Øysteinkyrkja, eit fantastisk bygg, der hadde vi konsert og der var det mykje folk. Men det var jo turistar som var der, men dei satt no og høyrde på oss. Og det er store opplevingar.

Ei anna hending han trekte fram skjedde også på ein utlandstur. Det å få lov til å stille seg opp i ei vakker kyrkje og syngje noko av den lokale songskatten heimanfrå for dei som var der, skapte ei magisk stund med fleire dimensjonar.

Og det har vore artig å synge, improvisert i dei store, Berlinerdomen var jo fenomenalt, Dresden, kyrkja i Dresden, domkyrkja i Tallinn. Vi stilte oss opp midt på golvet og det var fullt av turistar, og vi fekk løyve til å synge og det vart heilt stilte. Vi song Johan H. «Lova Herren, mi sjel», «Høgt frå den himmelske klåra».

Her var nok sjølve repertoarvalet med å forsterke opplevinga, då Karl og resten av koret fekk dele noko nærast personleg gjennom songane til den lokale komponisten, dirigenten og «bestefaren» Johan H. Grimstad.

I kapittel 6.2.2 fortalde eg om høgdepunktopplevingar intervjupersonane hadde hatt i korsamhengar. Inga kunne fortelje om fleire sterke opplevingar knytt til enkelte framføringar med Brandalskoret. Fleire gongar hadde ho opplevd at det berre «klaffa» når det gjaldt, sjølv om ein på førehand kunne vere usikker

på om ein var dyktig nok. Det var tydeleg at desse opplevingane betydde mykje for ho, og for Inga så hang dette også saman med korleis dirigenten var overfor for dei, både under og etter synginga.

Ja, så sånne ting, det har det vært flere ganger av. Vi var også i Trondheim i år, sånne opplevelser er bare helt fantastiske, for du tror kanskje på forhånd at du ikke er dyktig nok, at du ikke klarer det nok, men når du først, skal så klare vi det, og det gjorde vi med Fredrik for han brukte jo hele seg når han stod foran oss. Da ble du helt trygg for da visste du det at det ble bra.

Desse kjenslene var noko ho delte med fleire i koret, og denne delte opplevinga var noko som var med på å gi ein tryggleik i tilsvarande situasjonar seinare. Inga hadde sin eigen måte å reprodusere denne kjensla ved hjelp av eit opptak dei hadde gjort med koret.

Vi sang inn en diskett, og når jeg hører den så fryser jeg nedover ryggen, og da ser jeg Fredrik for meg, for det er veldig lurt å kjøre den av og til, for da får vi med oss de tingene han lærte oss med tonen, med hvordan vi skal egentlig synge. Det er helt utrolig hva man kan lære seg til, og det var en opplevelse hele tida med Fredrik, synes jeg.

Somme tider så kan det å samarbeide med andre grupper vere noko som skapar noko utanom det vanlege. Brandalskoret hadde fleire gongar hatt framføringar saman med Ytre Suløen Jazzensemble, noko som hadde resultert i gode opplevingar for mellom anna Susanna.

Framføringar vi har hatt i lag, det har no vore både godt og gale [latter]. Og veldig styrka samhold, og kan spesielt trekke fram disse arrangementa vi har hatt med Ytre Suløen. Det har vore ei ganske stor oppleving, faktisk, å være med på. Og denne gleda vi følte etter at vi har prestert det vi har gjort der, det har nå vært heilt genuint, for amatørar å vere.

Sosiale opplevingar

Susanna nemnde også ein del av dei viktige sosiale hendingane som ho sakna frå tida i koret, som kortreff, middagag og liknande. Kvardagen for eit kor er jo den vekevisе øvinga, med faste rutinar og sakte bygging av relasjonar. Men av og til skjer det saker på den sosiale fronten som skil seg ut frå det vanlege, og som skapar felles opplevingar som er med på å byggje relasjonar og delte minne i eit kor. Ei slik hending kan vere ei øvingshelg, som Ola fortalde om.

Ja, på ein måte følger eg, det er så samansveisa, og berre det at vi fer til øvingshelg på ei hytte, og du lagar mat i lag og felles kos på kvelden, og sit ute og syng i lag, og enkelte les dikt.

I det tilfellet Ola fortalde om reiste ein saman til ei hytte, med mange felles sosiale syslar i tillegg til sjølve øvinga. Her er det høve for kormedlemmane å syne andre sider av seg sjølv, som til dømes det å lese dikt for kvarandre. Den same gjaldt på eit songarstemne med innlagd bli-kjend-kveld. Her utgjorde vakre omgjevnader, god mat og nydeleg vèr ein fantastisk kombinasjon.

Kan ta fram det songarstemnet som var på Måløy i fjor, dei hadde ein sånn bli-kjend-kveld på fredagskvelden nede på ei sjøbu – det var heilt fantastisk, altså. Redningsselskapet sin båt låg på utsida, og det var sildebord og silderettar, også. Så det var veldig kjekt, men det er klart songarstemne, det er veldig avhengig av kva slags vèr du har. Er det fint og ein kan sitje ute og samla seg om kveldane og sånt, det var kjekt synest eg.

Noko av det sentrale her er at ein på ei øvingshelg får tid til å vere saman, tid til å pleie sosiale relasjonar. Som Ola nemnde tidlegare i underkapittelet om koret sin plass i kvardagen, så opplevde han at folk generelt hadde mindre tid no, og at dei skunda seg heim etter øving. I intervjuet var han generelt merksam på dei små «pustestrekka» som oppstår i korsamanheng, som til dømes det sosiale i å reise saman, om det så var på veg til øving, eller til songarstemne.

Vi brukar denne bussen⁵² kvar måndag når vi skal på øving på Liadal, så då er det full buss [latter]. Så det er mykje sosialt berre det, då. Det same når vi fer på songarstemne, så prøvar vi å reise felles, sjølv om det er dyrt. Men vi har igjen så mykje for det.

Ei storhending i korsamanheng er det å reise på tur saman, og mange av intervjupersonane trekte fram utlandsturane dei hadde vore på med koret som svært positive for samhaldet. Ein tur til Italia hadde ifølgje Linda gjort godt for koret hennar, og også ho nemnde i denne samanhengen korleis det i den normale korkvardagen blir lite tid å pleie dei sosiale.

Dette som gjeld kven koret er for, så trur eg vi har funne, akkurat no er vi i alle fall inne i ein veldig god periode. Og vore det ei stund, heilt sida Italia. Italia var kjekt, det gjorde veldig godt, og sånne turar har vi funne ut at gjer veldig bra for miljøet. For sånn, vi har no ti minutt, det er liksom det sosiale. Og vi har ofte snakka om det at vi kanskje skal legge ein time til kvar månad til å berre vere ilag og snakke. Men så er vi på ein måte heile tida... har ikkje tid til det. Så det er viktig.

For Karl sin del var utlandsturane viktige fordi ein fekk høve til å oppleve mykje saman med familie og andre kormedlemmar.

[...] og så er det disse utlandsturane, dei har betydd veldig mykje for oss. Styrka oss og venskapen.

52 Minibussen vi gjorde intervjuet i.

Mange kor har tradisjon for å stille opp for kvarandre ved særskilte høve. Dette kan vere gravferder, minnestunder, jubileum, bursdagar, bryllaup med meir. Karl, med si lange fartstid i Ulstein mannskor hadde opplevd at koret hadde vore med på mange slike hendingar.

Det er ein ting eg ikkje har nemnt, eller to, det er jo slik da at når du har vore med så lenge i eit kor så er det einkvan som fell i frå. Og der har koret teke del. Sunge i gravferder, sunge i minnestunder, hatt krans frå koret og det har vore sterkt, og familiane har vist stor takksemd for det. Og enkelte har vist det ved å gi koret gåve. Og så har vi vore flittige og jubilerert med kvarandre. Det har det kanskje vorte litt mindre av, men vi har vore i tallause 50-, 60-, 70-årsdagar med kormedlemmar. Og då er vi der også for å synge. Og då eg sjølv vart sytti år, eller eg kan byrje med då eg vart 50, så hadde eg songarane heime med meg. Då eg vart sytti, då hadde eg hundre gjestar, og då var mannskoret hovudattraksjonen ute på aktivitetshuset, og det var stort for meg å ha mannskoret der.

Anna og mannen hadde bestemt seg for å ta pause frå heimlandet sitt, og flytte til Noreg for eitt år. Litt tilfeldig hadde Anna teke til i Vartdal blandakor (som seinare blei til Cantando), noko som hadde resultert i det ho skildra som «eit fantastisk år». Då året var omme, avskjedsfesten med koret var over og returen til heimlandet stod for døra, var Anna heime frå korøving. Så fekk ho seg ei stor overrasking.

[...] og då kom heile koret og stilte seg opp og begynte å syngje for oss [ler]. Oj! oj! oj! tenkte eg [latter]. Jammen, så det var kjempebra. Og vi blei knytt til kvarandre.

For Anna gjorde denne opplevinga slik inntrykk at ho vel heime i heimlandet sitt ikkje greidde å gi slepp på tanken om å flytte til Noreg for godt, noko paret faktisk gjorde.

Tre samanbindande ingrediensar

Dei tre tematikkane som eg her har greia ut om er ei strukturering av utsegner intervjupersonane i studien kom med, der opplevingar i korsamheng blei knytt til kjensle av samhald og ei styrking av sosiale band.

Det musikalske arbeidet skildrar fyrst og fremst det målretta arbeidet mot eit meningsfullt sluttprodukt, der ein som eit kollektiv har ei felles forståing av prosessen ein er inne i. Gjennom å jobbe med å heve den musikalske kvaliteten kan kormedlemmane oppleve at dette smittar over på den sosiale «kvaliteten». Som Susanna fortalde kan dette handle om å byggje opp tryggleik og tillit til dei andre kormedlemmane, der ein stolar på at alle bidrar i utviklinga av den musikalske kvaliteten. Litt av den same effekten kan ein oppleve i arbeidet

med store prosjekt, der ein alle saman dreg i same retning mot eit veldefinert mål, og der ein er avhengig av at andre i koret gjer sitt.

Dei musikalske opplevingane er ofte høgdepunktopplevingar som kan oppstå, både som eit velfortent klimaks etter ein lang arbeidsprosess, eller heilt uventa i situasjonar der det berre «fall» seg slik. Uansett gir slike opplevingar mange av kormedlemmane kjensla av å ha vore med på noko heilt spesielt, noko som kan vere vanskeleg å setje ord på. Det å dele noko slikt med andre kormedlemmar kan også vere viktig for samholdet, då det er med på å byggje opp noko «unikt» som andre ikkje har del i.

Dei sosiale opplevingane som eg har valt å trekke fram i denne samanhengen kan delast inn to hovudkategoriar. På den eine sida oppstår dei ved spesielle høve, som på festar, kortreff og fellesturar, der ein som gruppe bestemmer seg for å vere sosiale saman. Her opnar ein opp for at kormedlemmane får syne andre sider ved seg sjølv, og kanskje ta seg tid til å gjere ekstra stas på enkelte medlemmar der dette passar seg. Det å bli gjort stas på av koret sitt, som ved åremålsdagar, avslutningsfestar, i bryllaup og liknande, var noko som fleire av intervjupersonane trekte fram spesielt viktig. På den andre sida var det tydeleg på fleire av intervjupersonane at dei uformelle sosiale opplevingane var sentrale. Det å ha for lite tid til å pleie sosiale relasjonar midt opp i travle aktivitetar blei fort merkbar, noko som gjorde at øvingshelger, turar og «transportetappar» tilbød kjærkomne høve for å berre vere saman.

9.5 Normer, gruppefunksjon og etiske system

Koret som gruppe kan altså ha to relativt ulike funksjonar for medlemmane, det vil seie primærgruppe- og/eller sekundærgruppefunksjon, og som nemnd over er utviklinga av eit sett normer mellom medlemmane noko som pregar både desse gruppetypane. Ifølgje Cialdini og Trost (1998) er normer:

[...] rules and standards that are understood by members of a group and that guide and/or constrain social behaviour without the force of laws. These norms emerge out of interaction with others; they may or may not be stated explicitly, and any sanctions for deviating from them come from social networks, not the legal system. (s. 152)

9.5.1 Musikalske normer

I kor kan normer vere musikalske, det vil seie at enkelte musikalske kriterium blir høgt verdsatt og fokusert på. Kva desse kriteria er kan variere frå kor til kor, og kan handle om til dømes klang, intonasjon, rytmisk presisjon, autentisitet, kommunikasjon med publikum. Dei musikalske normene er også med på å legge føringar for kva musikalske kvalitetar som blir verdsatt hjå kormedlemmane, nokon som vidare kan få sosiale konsekvensar. Om ein ikkje er i stand til å innrette seg etter dei musikalske normene, som til dømes å ikkje greie å la vere å synge med solistisk klang i eit kor som der ein slank og homogen korklang er idealet, kan dette føre til misnøye hjå dirigent og dei andre medlemmane i koret. Resultatet kan vere alt frå velmeinte råd til strenge sosiale sanksjonar. Dette er kanskje spesielt merkbart i tilfelle der ein songar bryt med meir generelle kormusikalske normer, som å synge med dårleg intonasjon og feil rytme, eller å ikkje greie å synge korrekte tonar. I eit kor skal det ikkje meir til enn at *ein* stakkar syng feil før det høyrst veldig godt, med det resultatet at heile gruppa kan kjenne på at det skjer i den vakre korharmonien. Dette kan føre til irritasjon og frustrasjon, og påverke det sosiale samspelet i gruppa. Såleis er det absolutt ein samanheng mellom det musikalske og det sosiale i kor.

9.5.2 Sosiale normer

Det er ikkje berre samarbeid og store opplevingar som er med på skape eit felles grunnlag for kordeltakinga. Sosiale normer veks ut av interaksjonen mellom medlemmane i gruppa og skapar ei felles forståing av kva som er greitt og ikkje i koret. I kora eg følgde var det særleg to sosiale normer eg la merke til. Den eine norma var knytt til omsorg for det sosiale miljøet, og vaks ut av ei frykt for kva som kunne skje om ein let det utvikle seg «klikkar». Den andre norma tok føre seg plikta ein som kormedlem har til å møte opp.

Det er forbode med klikkar

Som det kom fram i kapittel 7.7 og 8.3.1 fortalde fleire av medlemmane i Brandalskoret om ei særskild merksemd retta mot det sosiale miljøet, og dette med klikkar var noko som dei fleste eg tala med hadde ei meining om. Inga opplevde klikkdanning som forbode⁵³, medan Even kunne fortelje om korleis

53 Sjå kapittel 7.7.

Brandalskoret skilde seg frå enkelte andre kor på ein positiv måte. Hjø han var frykta for at det skulle danne seg klikkar i Brandalskoret blitt forsterka av kva han hadde høyrd frå andre kor. Regelen hadde både eit forbod, «ikkje lag klikkar», og eit slags påbod, «vi er i lag alle saman».

Nei, det er no så dei seie dette her at vi, det er ikkje nokon klikkar. Vi er så, når vi er ute på song eller på øvingshelger og sånt noko så sit vi i lag. Altså, nokon kan sitje på forskjellige rom, men vi pendlar imellom.

Inntrykket mitt etter å ha vore saman med dette koret, og snakka med fleire av kormedlemmane, var at denne regelen var uttalt og noko som dei fleste var medvitne om. Samtidig så opplevde eg ikkje at han blei handhevd på øvingar og konsertar, der eit «politi» gjekk rundt og slo ned på uakseptabel oppførsel. Eg opplevd meir at regelen var bakt inn i sjølvbiletet som songarane hadde om koret sitt, og at han var ein naturleg del av det å vere i Brandalskoret.

Primærgruppa skil seg frå sekundærgruppa mellom anna ved ei sterk «vi»-kjensle, og at samværet gjerne er eit mål i seg sjølv. Denne norma spring ut av eit ynskje om å ta vare på dette sosiale samværet i koret, og kan ikkje direkte sjåast i samanheng med korets musikalske ambisjonar eller normer. Ho eksisterer meir som eit korrektiv og «vaksine» mot korets sekundærgruppeeigenskapar, som formaliserte og hierarkiske sosiale strukturar med eit sterkt fokus på koret som musikalsk interessefellesskap. På eit vis kan denne norma vere eit døme på ei *primærgruppenorm*, sjølv om slike ofte ikkje er eksplisitt formulerte som dei var i dette koret.

Ein må møte opp om ein er med

Fleire av intervjupersonane opplevde eit press frå heimen for å forsvare tidsbruken i koret.⁵⁴ På same vis så kunne mange av intervjupersonane fortelje om eit tilsvarande press frå koret knytt til det å møte opp. Inga kunne fortelje om korleis unnasluntring gjekk utover alle, noko som dirigenten hadde sagt fleire gongar.

Ja, det er krav [å møte opp i Brandalskoret]. Ja, for det er veldig trasig hvis det er noen som er sånn sluntrende, det går jo ut over alle, for da må du ta det opp og opp igjen, det du lærte på forrige [øving], og det sa Fredrik flere ganger, kaster bort tiden! Kanskje det bare ble en tenor som satt der alene. Så det kaster bort mye tid.

Even formulerte denne regelen på følgjande vis:

54 Sjå kapittel 9.3.3.

[Oppmøtet] bør vere relativt presist, og du bør ikkje dette inn og ta ei øving no og ta ei øving då. Du bør no vere der relativt regelmessig.

Even kunne også fortelje om kvifor det var uheldig at folk som ikkje kom på øving likevel blei med å opptre.

Vi var på songarstemne [...og] skulle syngje i kyrkja for å liksom høyre litt på klangen før dette skulle skje. Vi stelde opp og følte oss at no stod vi godt og alt var på ein måte heilt greitt, og vi song og det let bra og følte på at dette her var bra greier. Og då plutselig så dukka det opp to stykk som ikkje hadde vore med på øvinga, men dei hadde lyst til å vere med på den her kyrkjegreia, og kipte seg inn imellom oss, noko som gjorde at eg måtte stå med skuldra mot publikum og syngje. Og notane, nei, altså du store så krøle det var, det er klart at det påverka så mykje det du, på prestasjonen.

Også Anna opplevde det som viktig å vere til stades

[...] eg har [det] litt sånn – visst du er medlem i koret, då må du vere der.

For Sonja sin del så var det alt eller ingenting som gjaldt for koret, og om ein ikkje var i stand til å vere med på øvingane burde ein velje å slutte.

[...] anten må du vere [heilt] med, synest eg, eller så kan du ikkje vere med.

Også for Linda var det med å møte opp eit spørsmål om respekt for medkoristane. Om ein ikkje kom på øvinga gjekk dette utover progresjonen til heile koret, og var eit signal om at ein ikkje brydde seg om dei andre si tid og innsats. Dette hang også saman med at koret sin «kjerne» praktiserte ein streng oppmøtemoral, som ho forventa at andre songarar også skulle følge.⁵⁵

Egon trakk parallellar til arbeidslivet, der krava til å vere presis til stades var noko han hadde følgd heile livet. Han fortalde at han kunne irritere seg over folk i koret som stadig kom for seint, noko han såg på som eit misbruk av andre si tid.

[...] sist gong så var klokka to–tre minuttar over halv åtte, «ja, ja», sa eg, «no er han tre minuttar for sein», for det er berre det det er, men det var jo sånn at når vi gjekk på jobb, da skulle eg byrje klokka seks om morgonen annankvar dag, og da var det klokka seks om morgonen, det var ikkje fem over seks, eller fem på seks. Det var inn, stempla meg inn, eg for herifrå klokka... sånn sju–åtte–ni minuttar på seks var eg der ute og stempla meg inn, eitt minutt på seks eller noko sånn, for viss eg ikkje gjorde det så var det noko som blei feil i hovudet mitt. Nei, så eg meiner at skal du byrje ei tid, så skal du byrje ei tid. Og eg syns det i grunn, det er på ein måte å misbruke fritida til andre og så skal dei gå å vente på deg for du kan ikkje kome, det syns eg er heilt feil. Akkurat det syns eg er litt irriterande og det er same personane heile tida.

55 Sjå kapittel 8.2.1.

Vemund hadde merkt seg at ein gjennom jamt oppmøte i koret fekk med seg ei rekkje små ting som til saman skapte ei større forståing av kva som gjekk føre seg.

Du ser det ganske fort, dei som er jamnast i oppmøte det er faktisk dei som passar best. Dei får med seg alt, alt... ja [ler], men dog, dei får med seg nye melodiar, noteark, litt av det sosiale, for det er faktisk ganske viktig der. «Ja, nei han der var så forkjøla sist, skal trur om han har stemme i dag». Det er faktisk ein ganske viktig tanke i eit kor, for viss det berre skal pressast på og pressast på, så høyrer du litt surt bort i ei rekke her. Og du ikkje veit at han var ganske forkjøla i førige veke, da blir det litt sånn..

Det å møte opp jamt og presist er ein tydeleg regel som dei aller fleste eg snakka med trekte fram som svært viktig, og dette gjekk att i alle kora. Det å ikkje møte opp blei oppfatta som respektlaust og som misbruk av andre si tid, og dei negative konsekvensane kunne vere mange. For det fyrste så vil forseintkoming øydeleggje fokus, og skape irritasjon blant andre songarar som møtte opp i tide. For det andre så går ein glipp av mykje viktig musikalsk arbeid ved å ikkje vere til stades, noko som gjer at progresjonen til koret går saktare. Sjølv om denne norma også får sosiale konsekvensar, er det tydeleg at ho er knytt til meir profesjonelle standardar og står i ein samanheng med korets musikalske ambisjonar. Ho er lett å formulere som ein regel, og lett å handheve gjennom sanksjonar. I denne samanhengen nyttar eg ho som eit døme på ei *sekundærgruppenorm*.

9.5.3 Gruppefunksjon og etikk

Ovanfor har eg trekt fram to sosiale normer som stod fram i denne studiens datamateriale. Den første var knytt til omsorg for (eller frykt for) det sosiale miljøet i koret, og handla om at ein måtte unngå klikkdanning. Formålet med denne norma var å bevare korets godt fungerande sosiale fellesskap, og er eit døme på kva eg kallar ei *primærgruppenorm*. I boka *Nærhet og distanse: grunnlag, verdier og etiske teorier i arbeid med mennesker* argumenterer Henriksen og Vetlesen (2006) for å bygge på psykologiske teoriar i arbeidet med etikk. Psykologiske teoriar gir vel så stor innsikt i dei ulike sidene ved eit menneskes personlege og moralske utvikling som den tradisjonelle moralfilosofien, og særskilt når det kjem til dei *kjenslemessige* aspekta ved ei slik utvikling (s. 12). Som menneske er ein på eit grunnleggjande nivå sårbar, avhengig av andre, skjør og dødeleg. Alle desse trekka ved menneskelivet er noko som vi ikkje har makt til å rokke ved eller velje bort. Desse trekka, sjølv om dei djupast

sett er grunnleggjande vilkår ved det å vere eit menneske, er likevel ikkje noko vi som regel reagerer positivt på å bli mint på. I ein vestleg kulturkrins er autonomi, sjølvstyre, ein høgt verdsatt verdi. Vegen frå nyfødd og avhengig av andres omsorg, til vaksen, fri og uavhengig blir sett på som eit førebilete. Når vi av ein eller annan grunn, gjennom sjukdom, tap av inntekt, nettverk og familie, blir mint på dei sårbare sidene ved livet, kan dette også bli sett på som ein brest i idealet om autonomi. Samtidig er det i slike situasjonar vi også kan bli mottakarar av andres *omsorg*. Omsorg er eit uttrykk for andres kjærleik, og er svaret, responsen, på andres sårbarheit. Når ein elsker eit anna menneske kan ein ikkje tenkje seg livet utan vedkomande, og ein vil trå til for å hjelpe (s. 76–81). Dei fleste av oss opplever dette særleg i samanheng med vår eigen nære familie, der ein kan kjenne seg i eit «skjebnefellesskap» saman med dei andre familiemedlemmane. Sjukdom som råkar ein i familien råkar alle, og for dei aller fleste er det veldig unaturleg å ikkje stille opp. På denne måten er vi knytt opp i eit etisk system styrt av nære band og opplevinga av at andre er sårbare og avhengige av oss. Vi styrer ikkje etter reglar, men handlar fordi vi ikkje klarer å la vere.

I utgreiinga om koret som primærgruppe synte eg korleis fleire av kormedlemmane i kora eg følgde omtalte koret sitt som ein familie. Bruken av ordet kan både vere eit honnrord for å seie noko om kor viktig koret er for ein, men kan også vere uttrykk for opplevinga av koret som primærgruppe. Norma om «inga klikkdanning» er ei negativ formulering av «vi er alle eitt», som var meir i trå med opplevinga av det sosiale miljøet fleire av informantane fortalde om. Mi oppfatning av denne verdien var at den uttrykker eit *omsorgsmedvit*, ein slags felles innsikt i av kva betyding det sosiale fellesskapet hadde for alle i koret. På same måte som vi opplever eit omsorgsmedvit i nære familierelasjonar, uttrykker dette noko om eit etisk landskap som kan eksistere i kor – ein etikk basert på ei innsikt i av at vi er sårbare og avhengige av dei nære relasjonane vi står i.

Den andre sosiale norma var knytt til det å møte opp på øvingane, der unna-sluntring og forseintkoming blei sett på som øydeleggande for den musikalske progresjonen, og i konflikt med musikalske ambisjonar. Det å ikkje møte opp kunne også skape sosial frustrasjon blant dei andre kormedlemmane, særleg for dei som sjølv prioriterte koret høgt. Denne norma fungerer som eit døme på kva eg kan kalle ei *sekundærgruppenorm*, og blei ofte satt i samanheng med andre normer og verdiar i koret, særleg knytt til innsatsvilje og musikalsk ambisjonsnivå.

Henriksen og Vetlesen (2006) skriv at ei *plikt* ofte har tre kjenneteikn. For det fyrste er den noko absolutt, den stiller overfor eit krav det ikkje er mogleg å sjå bort frå. For det andre kan den vanlegvis formulerast i ein regel eller norm. For det tredje skal den hjelpe oss med å få tak i kva som er rett å gjere. Pliktetikken skil seg frå andre typar etikk ved at han ikkje inkluderer andre verdiar og gode som grunnlag for handling (s. 162). Utsegner som «anten må du vere [heilt] med, synest eg, eller så kan du ikkje vere med» uttrykker at ein som medlem i eit kor har ein *plikt* til å møte opp. Om ein ikkje klarer å følge plikta om å møte opp, så har ein ingen plass i koret. Vurderinga av ein kormedlems ambisjonsnivå kan handle om å nå ein viss standard på den musikalske innsatsen. Kva og kven som bestemmer denne standarden kan sjølvsagt variere frå kor til kor, men det å ikkje nå opp til denne standarden kan bli sett på som ei plikt basert på musikalsk innsats. Både desse handlingsreglane, *ein pliktar å møte opp presis på korøvingane*, og *ein pliktar å legge inn ein musikalsk innsats som møter korets standard*, er attkjennelege for folk som har sunge i kor, og kom også til uttrykk i denne studiens datamateriale. I tillegg til denne typar plikter kjem dei musikalske normene som kan eksistere i koret. Ein person kan slite med å innfri desse, uansett kor mykje musikalsk innsats og arbeidsvilje som blir synt. Samla sett kan dette illustrere korleis koret som sekundærgruppe har innslag av pliktetiske normer, der rette og feile handlingar kan bli vurdert ut frå meir eller mindre formulerte reglar og standardar.

Ovanfor har eg illustrert korleis ulike gruppefunksjonar eit kor kan ha delvis er plassert i to forskjellige etiske landskap. På den eine sida er det ein *primærgruppetikk* knytt til forståinga av mennesket som sårbart og avhengig av det sosiale fellesskapet, og på den andre sida ein *sekundærgruppetikk* der ein pliktar å etterfølge enkelte reglar og standardar som kan variere frå kor til kor. Men kva skjer då i situasjonar der desse to etiske forståingane møtest? Det er kvart einskildmedlem si oppleving av koret som avgjer om koret har primær- eller sekundærgruppefunksjon for ein, og det finst ingen garanti for at alle i eit kor har ei felles oppleving av dette.

9.6 «Det hender i dei beste familiar»

Å få intervjupersonane til å fortelje om konflikhtar og vanskelege episodar var ikkje berre enkelt. Dette kan ha mange årsaker, og den viktigaste er nok at mange kor generelt har eit veldig godt miljø. Samtidig så er jo dette ein frivillig

aktivitet som tiltrekker seg folk som har genuin interesse av å vere der, og dei som ikkje trivst sluttar heilt enkelt. Eit perspektiv på dette har eg freista å skildre med omgrepet «vitalitetstyranniet», som eg skreiv om i kapittel 6.1.2. Like fullt vil det alltid dukke opp frustrasjonar og irritasjonar, og desse må taklast på ein eller annan måte. Etter å ha gått gjennom datamaterialet mitt som tok føre seg desse sidene ved koraktiviteten, såg eg at det som blei fortalt kunne samlast i fire kategoriar. Sortert etter alvorsgrad har eg valt å kalle kategoriane for *intern lufting*, *å seie frå*, *å ikkje passe inn*, og å slutte i koret.

9.6.1 Intern lufting

Ein viktig måte å takle frustrasjonar på er det eg kallar intern lufting, det vil seie å prate med andre i koret om det som var vanskeleg. På denne måten får ein testa ut om andre ser ting på same måten utan at ein risikerer direkte konfrontasjon. Samtidig er det ikkje haldbart at alle frustrasjonar vert tekne opp i plenum under ei øving, då dette fort kan utarte. Den interne luftinga kan skje før, under og etter øvinga, og er «ventilar» der frustrerte songarar eller dirigentar får høve til å sleppe ut eventuell irritasjon eller frustrasjon som ein har bygd opp.

Susanna kunne fortelje om korleis ho opplevde at koret fekk ny dirigent som kravde meir av dei enn dei var vande med. For fleire i koret var dette utfordrande, samtidig som Susanna sjølv kunne sjå ei mening med det.

Ja, fordi at han terpa for mykje – han plukka oss eigentleg heilt reine, då. Og blotta oss for alt som heitte sjølvtilitt fordi han ville bygge opp koret på sin måte. Og det syntest eg var veldig bra heile tida, men det var veldig mange som ville halde fast på det gamle og det trygge, og det dei følte at dei klarte å handtere. [...] Nei, vi prata mykje om det og alle var einige om det at det var ikkje noko kjekt. Det var den episoden der som har brent seg fast med meg i alle fall.

Det er mykje som kan vere gjenstand for denne type diskusjonar og luftingar i eit kor, men typiske tema kan vere slurvete oppmøte, generell oppførsel, repertoarval, dirigentmetodar og mykje meir. For Linda sin del var det viktig å kunne få blåse ut litt frustrasjon til systema si i bilen på veg heim frå øving.

Ja, det er for å seie det sånn, frustrasjonen er ofte, kan vere på vei heim frå øving då, så ofte, eg og systema mi som deler bil som regel då, det er når ein ikkje teke tak i ting som er feil, for eksempel. Eller at, det kan vere som sånn, kvifor han fordelar, kvifor sitt fem sopranar og synger ei stemme, så sitt vi to der, så er dei tre der, dei er litt svake, vi har fått kritikk om ubalanse i koret tidligare, kvifor gjer han det sånn?

9.6.2 Å seie frå

Fleire av intervjupersonane kunne fortelje om tilfelle der dei følte dei var nøydde til «å seie frå» til enkeltpersonar eller til heile koret. Dette kan vere utfordrande, både for den som seier frå og for fellesskapet. Somme tider kan den som seier frå gjere det på vegne av mange, og av og til berre på vegne av seg sjølv. Som dirigent er det jo jobben eins å seie frå, men det er mange omsyn å ta. Truls kunne fortelje om korleis han måtte vurdere korleis mottakarane ville reagere, sjølv om ikkje det alltid gjekk heilt slik han hadde tenkt. For han var det viktig å ha den rette «kjensla» av kva tid det passa seg eller ikkje.

Og dette her med å prate med, det er ikkje alle som høyrer at dei gjer feil. Men eg pratar ope til enkelte, altså kven som helst, at dei må vere litt obs og lytte litt meir, altså på tomannshand. Du kan ikkje, ja, av og til kan eg seie det i plenum, også, det gjer eg når dei toler det. Ein har denne «kjensla». Men det var ein kar som blei dødeleg fornærma, og gjekk.

Å seie frå kan vere eit veldig sterkt verkemiddel. Det medfører ein risiko for dårleg stemning og såra kjensler. Fredrik kunne fortelje om ei hending frå ei korøving der han sa veldig tydeleg frå om ting han ikkje likte. I følgjande passasje skildrar Fredrik korleis han kjende på nettopp denne risikoen, og korleis han følte han måtte navigere sosialt for å kome på sporet att.

Ved eit høve så banna eg så folk skvatt, «no får dykk faen meg skjerp dykk her, dette her duger ikkje, dette her er oppgulp!» Då liksom legg det seg ein sånn klam stillheit i koret, og det var akkurat det eg ville. «Skjerp dykk, de oppfører dykk som ein heil gjeng med småungar, med tyt og snurr berre syting, de tenkjer ikkje på arbeidsoppgåvene i det heile tatt. Konsentrer dykk!» Og så prøver vi ein gong til, syng igjennom det, og plutselig så er det liksom eit anna kor. [...] så stod koret litt og vippa: kan koret få litt dårleg stemning på grunn av den smellen? Eller kan ein få det litt anna, viss ein snike inn, og då har det jo naturlegvis veldig mykje å seie kva eg seier for noko. For dei er jo veldig opptekne av kva eg meiner, sjølv sagt. Og eg har jo satt det [stemninga i koret] sjølv i den posisjonen, og eg har jo villa det. Og då er det slik at eg må ta det ansvaret og prøve å styre det slik at koret får att humøret sitt i forhold til det som vi skal gjere, og tryggleiken, for dei kan det jo.

For medlemmar i koret kan det vere godt å ha ein dirigent som seier ifrå. Even hadde opplevd dette i samanheng med framføringar, der enkelte av kormedlemmane stilte opp på konsert utan å ha vore med på øvingar i forkant. Dette skapte utryggleik i koret, og påverka prestasjonen. For Even var det godt at nettopp dette blei adressert av dirigenten.

Eg personleg har ikkje gjort det [sagt ifrå], men Fredrik gjorde det blant anna. Ja, han har sagt at «den som ikkje har vore med fram til no, han får halde seg vekk».

Repertoar er eit stort val for eit kor. Når eit kor skal einast om noko slikt ender det ofte opp med kompromiss, og sjølv om dei fleste er med på det som skal syngast, er faren uansett stor for at enkelte i koret misliker delar av repertoaret. Inntrykket mitt er at dette er noko dei aller fleste korsongarar er innforstått med, og ein må tole å syngje noko ein ikkje likar så godt, så lenge ein får syngje tilstrekkeleg av musikk ein likar. Men av og til blir det for mykje for enkelte, og behovet for å seie frå melder seg. For Emil førte denne misnøya til eit slags oppgjør med ein spesiell song på ei korøving. Dei hadde arbeidd med ein song ei lang stund, utan at progresjonen hadde vore så stor.

Ho [dirigenten] kava med dette her i eit halvt år, og eg sa det når det var på det verste: «eg trur vi gravlegg denne [songen], eg skal betale gravferda». Å, dei såg på meg då. Dette er sånn som passar til eit meir ungdommeleg [kor], her er det folk som er 70 og over det. Nei, då såg eg litt mørkt på akkurat den melodien, det vart aldri ferdig. Opp att igjen, og terpa og terpa.

I Siréne var det også ein episode der nokre av medlemmane ytra misnøye med repertoaret. Men her blei ytringane møtt med eit tilsvar frå dirigenten, som sa klart frå tilbake kva han meinte om dette.

Men der var altså enkelte av dei i Siréne som begynte å protestere på det vi hadde på repertoaret. Då hadde vi hatt to konsertar før. Dei sa «nei, men den vil vi ikkje syngje». Og til slutt så sa eg «unnskyld at eg seier det, men hald kjeft». Så det er ikkje snakk om. Og det der er sånt som vi rett og slett tok opp i ettertid [...]

I etterkant blei denne episoden nytta som grunnlag for ein diskusjon om kulturen i koret, noko som fekk god effekt på lengre sikt.

Men det er ikkje alltid at det å seie frå blir teke godt imot. Karl hadde opplevd fleire gongar at andre medlemmar i koret hadde reagert negativt på innspel han kom med.

Jo, det har vore folk som, eg har sagt det med enkelte «stemma di» eller «stemma som du synger var for svak her». Og eg har snakka med folk som høyrde på konserten vår, dei sa det at andretenoren for eksempel var for svak, da merkar eg reaksjonar, at dei går i forsvarsposisjon. Men det er jo meg då, for eg har vore litt fritalande. [...] Det sa eg med andretenoren og han vart sint på meg. Han tolte ikkje det, «ja, var han noko betre andrebasen, da?». «Ja, dei har ikkje sagt noko om det, seier eg, men dette her seier eg ikkje for å kritisere, eg seier det fordi at du skal vite det». [...] Ja, det har eg. Altså eg er veldig kritisk på koret sine vegne og når eg da seier det at no var det dårleg, da får eg reaksjonar. For det er enkelte som aldri høyrer noko dårleg når du gjer det sjølv. Dette har med å vere sjølvkritisk, det. [...] Det seier eg frå om, eg gjer det. Og eg seier det at de

er skjult, fyrstetenorar, no må de brælande ta i slik at vi høyrer dykk. Vi høyrer ikkje dykk. Det seier eg, det hender. Og somme tider blir det mottatt negativt, og det er jo feil av meg, men eg klarar ikkje å styre meg, fordi eg vil at totalsummen skal vere god. Altså korets sitt beste show.

I kapittel 9.3.3 skreiv eg mellom anna om utfordringa enkelte hadde med å få kordeltakinga til å passa inn i ein travel kvardag, særleg i høve familielivet. Sonja kunne fortelje om korleis ho og eit par andre i koret hadde blitt frustrert over innsatsen til ein av dei andre medlemmane i koret. Etter å ha lufta det med kvarandre hadde dei bestemt seg for å seie frå til vedkomande, noko som ikkje blei teke så godt opp.

Og då sa no eg sjølv at eg synast at for di eiga skuld, og for koret si skuld, så må du gjere deg opp ei meining, anten så må du vere med, og så må du vere med heilt, eller så må du bestemme deg for at du får det ikkje til, og så må du ta den avgjersla, du. Og eg prøvde å forklare at «det handlar ikkje om deg som person, det handlar ikkje om at vi ikkje vil ha deg med eller sånn» [...] Men ho tok det heilt ille opp.

I dei kora eg følgde i denne studien var det ein tydeleg sosial *normaltilstand* som dominerte øvingar og andre tilstellingar. I denne tilstanden var kormedlemmane ein del av gruppa, der kommentarar var redusert til humoristiske innfall og små instruksar. Dirigenten hadde her ansvaret for å instruere og leie øvinga, og det eksisterte ein type harmoni der dei fleste var innforstått med desse sosiale spelereglane. Men i visse tilfelle braut enkeltpersonar ut av denne harmonien, noko som innebar ein risiko. Korleis ville slike utbrot bli tekne imot? Det var tydeleg at denne typen handlingar var noko som kosta å gjennomføre, og resultatet var ikkje gitt på førehand. Dette vitnar om graden av kjenslemessig involvering som kormedlemmane hadde til koret og det sosiale fellesskapet dei var ein del av.

9.6.3 Å ikkje passe inn

Dei fleste av intervjupersonane uttalte at koret deira var for alle, så lenge ein fann seg til rette sosialt. Men i eit av kora blei det trekt fram visse episodar der kormedlemmar hadde slutta på grunn av at dei ikkje passa inn. Sonja fortalde om at nye medlemmar fort kunne hamne i «unåde» om dei ikkje synte ein god nok innsats, og dette blei kommunisert ganske klart.

[...] anten så er du godteken eller så er du ikkje godteken, og det det gjerne går på det er den musikalske innsatsen din, kan du seie. Det er jo ingen løyn-dom, trur eg. [...] når [nye medlemmar] kjem inn og kanskje er litt forsiktig, og

kanskje ikkje prioriterer det så mykje som andre, då var du, då var det nesten lynsjestemming av ein del av kormedlemmane. Det er ikkje til å legge skjul på. Så eg trur det ligg nokon sånne sjeler igjen som på ein måte har slutta, og dei kjenner på ein måte grunnen er at dei er utfrosen på ein måte da. Men eg trur, altså sanninga er vel heller også at ambisjonsnivået deira var ikkje på same nivå som koret var på. Og det kan vere ein kommunikasjonsvikt, det trur eg har vorte mykje betre.

Dirigenten i dette koret hadde merka seg det same. Sjølv om kormedlemmar synte flotte sosiale kvalitetar, så hjelpte ikkje dette om vedkomande ikkje øvde.

Og det kan vere ein person som er kjempesprudlande og, skjønar du? Men så øver ikkje ho, for eksempel. Kjem stadig og kan ikkje det ho skal. Då begynner det å surne då. Det er ein ting som ikkje fungerer. Eller det kan vere, kva eg skal seie, måten ein framstår på, altså, om du snakkar og viss du syter, for eksempel. Vi har hatt inn ein del sånne som: «å nei, å nei», ikkje sant. Uansett kva som blir foreslått så startar dei setninga med «nei». Og det er det også ein del ut av.

I dette koret var dette noko som gjennom intervju og samtalar kom tydeleg fram. Å ikkje øve, eller å stadig signalisere misnøye blei ikkje tolerert. Det kunne føre til frustrasjon og irritasjon blant kormedlemmane så vel som dirigenten. I mange tilfelle hadde dette også ført til at medlemmar hadde fått valet mellom å endre på innstillinga si eller slutte i koret. Det var tydeleg at ein her rørte ved nokre kjerneverdier i dette koret, eit slags premiss som måtte vere oppfylt for at du skulle passe inn. Samtidig kom det fram i samtalar at ein kunne «tole» mykje frå medlemmar så lenge dei leverte musikalsk.

Men kven er det som har bestemt at det er nettopp desse premissa som skal vere avgjerande for om ein passar inn i koret eller ikkje? Og kven er det som handhever eit slikt regime? Å seie til ein annan kormedlem, direkte eller indirekte, at vedkomande ikkje passar inn i koret, er også eit kraftig signal om at ein opplever seg sjølv som meir sentral og med ein viktigare posisjon i koret, og gjennom dette har makt og rett til å vurdere andre kormedlemmar sin posisjon. Som det kom fram i kapittel 7.3 kan opplevd psykologisk eigarskap ha ei rekkje konsekvensar for korleis kormedlemmar steller seg i møte utfordrande situasjonar, noko som også kan inkludere det å kjenne på ei rekkje rettar og ansvar. I møte med forstyrrende element i koret, som truar identiteten og bryt med normer, kan ein person med sterkt eigarskapsforhold til koret kjenne eit ansvar for å ta tak i dette, noko som kan innebere å be nokon endre innstilling eller slutte i koret. Men det å gi slike beskjedar kan bli opplevd som svært drastisk. Denne type «brot», der ein person blir fortald at han eller ho ikkje passar inn, er svært sårt, sjølv om argumentasjonen er forståeleg.

9.6.4 Å slutte i koret

I og med at eg i denne studien har fokusert på kora og dei aktive medlemmane der, så har eg ikkje datagrunnlag for å seie så mykje om dei som har slutta. Men dei som er att i koret har sine tankar om kvifor folk gir seg. Mykje av årsaken til dette er sjølvsagt den same som gjer at folk ikkje tek til i koret, nemleg tidsklemma. Men av og til kan det at nokon sluttar vere knytt til spesifikke hendingar, og slike tilfelle kunne fleire av intervjupersonane fortelje om. I dei fleste av desse tilfella var den utløysande årsaken til at nokon slutta i koret at dei sosiale relasjonane blei vanskelege. Sonja kunne fortelje om korleis ein medlem blei stilt eit ultimatum frå ei rekkje andre kormedlemmar, noko som ikkje blei teke godt imot, og som gjorde at vedkomande slutta i koret. Frå Sonja sin ståstad kunne denne hendinga bli sett på som ei personkonflikt, men som hadde fleire sider ved seg.

Du kan seie at dei som slutta på grunn av at det var litt personkonflikt, og litt at dei kjende at dei ikkje hadde blitt akseptert, då tenkjer eg at det er litt todelt, fordi at grunnen til at dei ikkje hadde blitt det var gjerne deira eige ambisjonsnivå som ikkje var høgt nok.

Tidlegare skreiv eg om *normaltilstanden* som dei fleste kora opererte med, der ein unngår å bryte den sosiale harmonien i gruppa sidan dette inneber ein risiko for dårleg stemning og konflikt. I eit av kora i studien låg denne normaltilstanden på eit nivå som innebar friske og direkte beskjedar mellom kormedlemmane, noko som også hadde ført til konfliktar internt i koret. Som dirigent hadde Truls observert korleis enkelte i koret hadde slutta på grunn av personkonfliktar.

Ja, altså det er klart at det er gnissingar, og det er enkelte personar som snakkar med store bokstavar og er veldig synlege, som enkelte får totalt i vrangstrupen. Det ser vi, og vi har ein del som har slutta i koret på grunn av andre koristar.

Det var spesielt ein i koret som ofte var involvert i desse konfliktane, noko som ikkje var berre enkelt. På den eine sida var vedkomande eit svært engasjert og aktivt medlem som la ned ein stor innsats for koret, og hadde i tillegg vore med svært lenge. Det var tydeleg at han hadde ei sterk eigarskapskjensle til koret, med tilhøyrande sterke meiningar om korleis koret skulle vere, og korleis ting burde løysast. Men engasjementet hans kom med ein pris, og denne prisen var dei fleste av kormedlemmane villige til å betale.

Ja, altså at dei har gitt klar beskjed at det er på grunn av den, greier ikkje å samarbeide med den og... dette er ikkje heilt enkelt. Det er ikkje enkelt [...] Han er Ulstein mannskor, det er han som er Ulstein mannskor [ler]. Han har jo vore

med sidan han var konfirmert og det er jo koret som lever og opptek han på alle måtar. Men han er frykteleg firkanta og er veldig hårsår viss det er noko som gjeng han imot, så han må altså taklast på ein spesiell måte, og dei fleste som er der godtar at sånn er det, og så bryr vi oss kort og godt ikkje – overhøyrer ting og sånn. Men det er ein veldig vanskeleg person altså sånn sett, og vi har tre andrebassar som har gått, som ikkje kan greie å vere ilag med ham.

9.7 Det sosiale fellesskapets utfordringar

At koret får primærgruppefunksjonar møter også ei utfordring i det Giddens (1991) kallar *reine forhold* («pure relationship»). I det refleksive prosjektet om sjølvvet er narrativet om sjølvidentitet skrøpeleg av natur. Ein sjølvidentitet må bli skapt og meir eller mindre konstant reorganisert mot ein bakgrunn av skiftande daglege opplevingar og dei moderne institusjonanes fragmenterte tendensar. Det reine forholdet er ein nøkkelingrediens for å bygge det refleksive prosjektet om sjølvvet, sidan det både tillèt og krev organisert og konstant sjølvforståing – verktøya for å sikre solide band til andre. Der det reine forholdet fungerer, skapar det tilhøve for utviklinga av tillit basert på gjensidig forplikting og intensifisert intimitet. Denne type tillit er psykologisk stabiliserande, særleg med tanke på at høgmoderniteten inneber eit generelt klima prega av ontologisk utryggleik, under ein trussel av personleg meiningsløyse. Men den tilliten det reine forholdet kan tilby, er trua av innebygde spenningar og motseiingar. Per definisjon kan det det reine forholdet bli avslutta når det passar ein, og er berre halde i live så lenge det genererer tilstrekkeleg nytte for dei involverte. På den eine sida krev det forplikting, ikkje berre til det andre individet, men også til den sosiale relasjonen i seg sjølv. På den andre sida kan forholdet bli avslutta frivillig, og er akseptert av bae partar å vere bra «inntil vidare». Som ein relasjon ber det derfor med seg potensialet til sinne, frustrasjon og depresjon (s. 185–187). Mange av dei forventingane vi har til relasjonar i ei primærgruppa, og stort sett reknar med i familiegrupper – som tillit og gjensidig omtanke – kan også bli møtt i det reine forholdet. Men trusselen mot å miste dette ligg der i det ein ikkje lenger kan tilby «nok» inn i forholdet.

Ei ulik forståing av kva type sosial relasjon koret tilbyr, kan føre til konflikhtar. Men konflikhtar i kor kan ha mange og samansette årsaker, og måten ein møter eller unngår slike situasjonar i forskjellige kor kan variere. Eit perspektiv som kan vere opplysnad i slike samanhengar er ei merksemd om at det eksisterer to ulike etiske system i kora. På den eine sida finst det ein primærgruppeetikk som omhandlar korets sosiale funksjonar, med eit mål om ta vare på relasjonar

og med omsorg for den enkeltes plass i gruppa. På den andre sida finst det ein sekundærgruppeetikk som først og fremst har som oppgåve å ta vare på koret som interessefelleskap, gjerne knytt til korets musikalske ambisjonar og norm-system. Møtet mellom desse etiske systema blir spesielt merkbart i situasjonar der sekundærgruppetikken grip inn overfor kormedlemmar som opplever at koret ein er medlem i har viktige primærgruppefunksjonar. Som eg har vore innom var dette noko som blei spesielt synleg i situasjonar der medlemmar med eit sterkt eigarskapsforhold til koret opplevde at andre medlemmar ikkje følgde korets musikalske normer.

Ein konflikt kan også skje andre vegen. Enkelte av informantane i studien kunne fortelje om korleis dei i periodar hadde svært lite motivasjon for å vere med i koret, særleg i periodar der dei hadde mykje å gjere på elles. Korfelleskapet og den musikalske opplevinga koret kunne gi var ikkje nok å oppretthalde ynsket om å vere med. Likevel var det vanskeleg for desse å slutte på grunn av at ein då ville bryte med dei pliktene ein følte ein hadde overfor koret. Om ein såg på seg sjølv som ei svært viktig musikalsk brikke på si stemmegruppe, ville det å slutte i koret kanskje medføre ein musikalsk kollaps eller ein sterk reduksjon av den musikalske kvaliteten, og ein ville dermed øydelegge for dei andre. Enkelte kunne fortelje om at dei var blitt overtalt til å halde fram i eit kor sjølv om dei eigentleg ikkje har lyst til å vere der lenger, og opplevde dermed å ikkje bli synt den omsorga eller empatien ein kunne hatt bruk for i ein vanskeleg livssituasjon. Ein måte å forstå dette på er som ei spenning mellom ein medlems personlege motivasjonsprofil og koret sin motivasjonskultur, slik eg greia ut om i kapittel 6.

Å bli klar over at det kan eksistere parallelle etiske system i kor knytt til kva gruppefunksjon medlemmane opplever at koret har, kan vere nyttig særleg i møte med situasjonar som involverer motivasjon, musikalsk og sosial innsatsvilje, ambisjonsnivå, fråvær, samt norm- og regelbrot. Det utgjer ein stor skilnad om ein i slik situasjon diskuterer å bli kasta ut av «familien» sin, eller om det berre handlar om å finne eit anna interessefelleskap med eit musikalsk ambisjonsnivå meir i tråd med det ein sjølv har.

9.8 Oppsummering

I kapittel 9 har eg synt korleis eit kor kan ha både primær- og sekundærgruppefunksjonar for medlemmane, alt etter kva behov og erfaringar den einskilde

kormedlem har. Faktorar som peikar i retning av primærgruppefunksjon er ein utstrakt bruk av ord frå familiesfæren for å skildre koret, samt ei rekkje aktivitetar og felles målsetjingar som fungerer samanbindande og fellesskapsbyggande, og som over tid skapar eit grunnlag for utvikling av nære relasjonar. På den andre sida er koret opplagd eit interessefellesskap samla kring musikk og song, ein type gruppe som normalt blir sett på som ei sekundærgruppe. I tillegg peikar den tydelege hierarkiske strukturen og formaliserte organiseringa, samt dei sterke og tydelege normene og verdiane i retning av sekundærgruppefunksjonar. Det same koret kan samtidig fylle både primær- og sekundærgruppefunksjonar for medlemmane, og over tid kan enkeltsongarar sine behov variere. Kor kan på denne måten vere kontrastfylte, vitale og spennande grupper, der medlemmar vekslar mellom å vere «med familien», «gjere ein jobb» og «følgje ein lidenskap».

I enkelte tilfelle kan denne blandinga av primær- og sekundærgruppefunksjon føre til utfordrande situasjonar. Dette kjem av at ein som menneske forventar ulike reaksjonar frå gruppa ein høyrer til, alt etter om dette er ei primær- eller sekundærgruppe, og dette kan bli uttrykt gjennom omgrepa primærgruppeetikk og sekundærgruppeetikk. Ein person som har opparbeidd seg sterke relasjonar og eit sosialt nettverk i eit kor, og så blir beden om å forlate dette på grunn av at ein ikkje strekk til i følge musikalske normer og verdiar, vil finne dette svært utfordrande for sjølvbilete, identitet, personlegdom og trivsel. Denne situasjonen kan også bli sett på i lys av det Giddens (1991) kallar *reine forhold*. Det reine forholdet kan tilby mykje av det som det tradisjonelle, nære forholdet basert på eksterne faktorar som tradisjon, familie, sosial posisjon, kan. Trass i dette står det reine forholdet alltid i fare for å forsvinne når ein ikkje lenger kan tilby det som trengs inn i relasjonen (s. 88–98). Det som «trengs» blir i eit kor definert utifrå konteksten, til dømes utifrå kva gruppefunksjon koret har for dei involverte.

10 Kor og samfunn

Organisert korverksemd har eksistert lenge på Søre Sunnmøre. Koret som institusjon, med dirigent, leiar, styre, komitear, stemne, øvingar og konsertar, har hatt nokon lunde same forma i over hundre år. På denne tida har det skjedd store omveltingar i samfunnet, både lokalt, nasjonalt og globalt. Giddens (1990) skildrar desse endringane som fundamentalt annleis enn kva ein har opplevd tidlegare i historia. Med *modernitetens diskontinuistiske karakter* meiner Giddens at dei moderne sosiale institusjonane skil seg frå alle tidlegare former for sosial orden. Denne moderne karakteren kjem til uttrykk gjennom tre kjenneteikn: *endringstempoet* («pace of change»), *endringssomfanget* («scope of change»), samt *dei moderne institusjonanes vesen* (s. 5–6).⁵⁶ I intervjuet og dei uformelle samtalane eg hadde med folk i feltet blei det fleire gongar referert til korleis samfunn og bygdefellesskap hadde endra seg, og at dette påverka kordrifta. Utfordringar med rekruttering til kora blei av mange sett i samanheng med eit høgare samfunnstempo, der krava til kordeltaking ikkje let seg kombinere med krava til å vere ein aktiv deltakar i samfunnet elles. Somme opplevde også at den rolla og omfanget korverksemda hadde hatt i lokalsamfunnet blei utfordra av nye tilbod og vanar som høyrde den moderne røyndomen til. Fleire kunne også fortelje at koret spelte ei viktig rolle i forholdet dei hadde til samfunnet, både gjennom relasjonane og nettverka det skapte til andre menneske, men også ved å skape måtar å engasjere seg i samfunnslivet på. Dette blir understreka

56 Sjå kapittel 3.1.1.

av den enorme aktiviteten korverksemda står for på Søre Sunnmøre, der over 2400 personar til saman står for over 1000 framføringar i året.

Til saman teiknar dette eit todelt bilete av koret. På den eine sida vitnar det om ei vital og aktiv verksemd som engasjerer eit stort tal menneske over fleire lokal-samfunn. Men på den andre sida seier det også noko om nokre nye spenningar og utfordringar deltakarane kjenner på som menneske i ein moderne røyndom. For kva gir koraktiviteten til medlemmane i dagens samfunn? Påverkar det moderne samfunnet måten koraktiviteten vert organisert? Står ein sterk kortradisjon i vegen for fornying, eller har det tradisjonelle koret nokre verdiar i seg som er viktige å ta vare på? Dette biletet skapar bakgrunnen for kva eg ynskjer å undersøke i dette kapittelet, der eg vil freiste å finne svar på forskings-spørsmål 5: *I lys av Giddens (1990, 1991) sine teoriar knytt til modernitet, korleis opplever kordeltakarane forholdet mellom kor og samfunn?*

Nokre av desse spørsmåla kan belysast gjennom teoriar knytt til *sosial kapital*, ein innfallsvinkel som kan seie noko om kva korverksemda har å seie for kontakten mellom individ, for sosiale nettverk, og normene for resiprositet og tillit som følgjer av desse (Putnam, 2001, s. 19). I dette kapittelet vil eg derfor først undersøke om, korleis og i kva form sosial kapital er synleg i korverksemda slik ho trer fram i denne studien sitt datamateriale. Dette vil eg gjere ved å følgje framgangsmåten i ein artikkel av Langston og Barret (2008). I studien denne artikkelen er basert på var formålet å undersøke om ulike former for sosial kapital var synleg i eit amatørkor i Tasmania. Etter dette vil eg undersøke nokre utfordrande og problematiske erfaringar frå å drive eit kor i dagens samfunn, sett i lys av det Giddens (1990) kallar modernitetens diskontinuistiske karakter og dei overordna endringane som skjer i samfunnet med omsyn til dynamikk, forholdet til tradisjon, og globalisering. Giddens (1991) skil mellom to ulike nivå moderniteten kan ytre seg på, det personlege («intentional») og det overordna («extensional»). I drøftinga av denne tematikken vil eg nytte perspektiv frå Putnam (2001) og Delanty (2010) for å sjå korleis korverksemda blir påverka av desse utfordringane på eit overordna nivå. Til saman dannar dette eit bilete av eit spenningsfylt område der korverksemda utspelar seg som ein levande forgrunn på ein tapt bakgrunn, mellom ei trygg fortid og ei usikker framtid.

10.1 Indikatorar på sosial kapital

Langston og Barret (2008) skriv i artikkelen «Capitalizing on community music: a case study of the manifestation of social capital in a community choir» at det har vore ein betydeleg debatt rundt spørsmålet om korleis ein kan seie om sosial kapital er til stades for eit individ eller i eit lokalsamfunn, og korleis ein kan måle kvaliteten og/eller kvantiteten av han. Ulike studiar har identifisert mange indikatorar på sosial kapital, og til saman kan desse danne eit godt utgangspunkt for ein gjennomgang som har som formål å sjå etter sosial kapital i eit datamateriale. I den nemnde artikkelen var følgjande indikatorar synlege i studiens datamateriale: *tillit, deltaking, interaksjon og lokal involvering, nettverk og kontaktar, medlemskap i trusorganisasjonar, delte normer og verdiar, læring, og fellesskap*. Identifiseringa av sosial kapital var eit grunnleggjande premiss for Langston og Barretts studiedesign, noko som ikkje har vore formålet for denne studien. Eg ser likevel at mange av indikatorane desse trekker fram er tematikkar eg har vore inno i denne avhandlinga. Metodisk finst det også ein del fellestrekk mellom Langston og Barretts studie og denne. Datamaterialet er, som hjå Langston og Barrett, i stor grad basert på kvalitative forskingsintervju kombinert med observasjonsnotat. Med utgangspunkt i ein narrativ analyseform skildra i Polkinghorne (1995), blir deltakarane sine forteljingar analysert gjennom ein paradigmatisk prosess. Denne paradigmatiske analysen resulterer i skildringar av gjennomgåande tema på tvers av narrativ, eller i taksonomiar av ulike forteljingar, karakterar eller settingar. I denne studien har eg forsøkt å opne for det narrative aspektet ved å legge til rette for at intervjupersonane har fått fortelje til dels fritt om ulike tema, gjerne som forteljingar om hendingar eller opplevingar. Som eit resultat av analysearbeidet sat eg att med ei rekkje tematikkar og kategoriar som eg meiner gir eit godt grunnlag for å gjere ein liknande gjennomgang som Langston og Barrett (2008) gjer. Målet mitt med dette har ikkje vore å løfte fram korverksemda på Søre Sunnmøre som ein arnested for sosial kapital, men å sannsynleggjere bruken av enkelte teoretiske element henta frå sosial kapitalteori for å forstå enkelte trekk i datamaterialet. Dette vil eg kome tilbake til seinare i kapittelet. Men fyrst vil eg altså følgje Langston og Barrett sin gjennomgang av relevante indikatorarar på sosial kapital i kor, og undersøke om eg finn tilsvarende tematikkar i denne studiens datamateriale.

10.1.1 Tillit

Tillit er ein nøkkelfaktor for sosial kapital, skriv Langston og Barrett (2008, s. 125). Utan tillit, ingen sosial kapital. Tillit kan skildrast som den gjensidige forventinga som veks ut av samhandling basert på mellom anna delte normer og verdiar, profesjonelle standardar og koder for oppførsel. Uttrykk for tillit til dei andre i koret var gjennomgåande i intervjua, og fanst både mellom korsongarar, frå korsongarane og dirigent, og mellom dirigent og kor og enkeltsongarar. Som eg fortalde om i kapittel 8.2.3 kunne Sara fortelje om ein tillit ho hadde til andre i koret – ho trengde ikkje frykte «konfliktar og alt sånt kjerringstyr». Dette gjorde at ho kunne slappe av og gle seg til turar og samvær med dei andre i koret. Truls, som dirigent for Ulstein mannskor, uttrykte ein sterk tillit til potensialet som ein av songarane i koret hans hadde. Om ein berre ga han tid kom han til «å bli knakande god, han kjem til å vere fast som fjell han når han får eit par år til på seg, det er ikkje tvil i mi sjel om».

Dette var berre nokre få døme på utsegner som altså var gjennomgåande i kora. Tilliten kormedlemmane synte kvarandre var stor, og stor var også frustrasjonen om nokon ikkje synte seg tilliten verdig. I kapittel 7.4.3 fortalde eg om Even, og opplevinga av at ein som gruppe hadde opparbeidd ein felles korklang. Frustrasjonen når korsongarar som ikkje hadde teke del godt nok i dette arbeidet plutsleg stilte opp på konsert: «[...]dei kjem inn kanskje og begynner å syngje og øydelegge på ein måte det biletet som du lagar rundt deg. Altså klangbiletet, det som du på ein måte har vore med og fått til».

Tillit går i mange retningar og på mange nivå, både sosiale og musikalske i kora i denne studien. Dette handlar ikkje minst om i ei felles forståing av normer og verdiar som eg vil kome tilbake til lenger nede.

10.1.2 Deltaking, interaksjon og lokal involvering

I kapittel 6.1.1 skreiv eg om Inga og Anna, og korleis det lokale koret tilbydde eit høve til å bli ein del av lokalsamfunnet. Gjennom deltaking i koret fekk dei utfalde seg både musikalsk og sosialt, og koret blei såleis eit element i det å «bli sunnmøring» eller å «bli norsk». Det å bli med i eit kor kan for mange vere eit aktivt val ein gjer for å ta del i samfunnet, og for å få eit middel til å involvere seg lokal.

Måten dette kunne skje på kom fram seinare i kapittelet, der deltaking i lokal-samfunnet stod fram som ein viktig del av motivasjonsgrunlaget for mange kordeltakarar. For det første opplevde ein at korsongen var etterspurd i bygda, og at ein på denne måten stod i eit forhold til medbygdingar, noko Ola ofte fekk høyre på grunn av jobben han hadde med å køyre eldre folk i drosje.⁵⁷

Rolla koret hadde som «lokal seremonimeister» var også viktig for fleire av dei eg snakka med, og både kyrkjelydsfestar, nasjonaldagar og andre kulturhendingar var viktige arenaer for koret. Ikkje minst blei kordeltakinga opplevd som viktig for å nå dei gamle i samfunnet, med song på institusjonar.

Når det gjaldt kva samanhengar kora på Søre Sunnmøre opptredde i, kan det nemnast at nærare 68 % av kora i kartleggingsundersøkinga deltok med song på gudstenester i løpet av året, og til saman kunne kora rapportere om heile 265 framføringar på gudstenester og religiøse møte. I overkant av 51 % rapporterte om korkaféar og andre samarbeidsprosjekt med andre kor eller grupper. I tillegg kom ei rekkje enkeltståande framføringar der fleire av kora rapporterte at dei underheldt for grupper med menneske som kunne ligge utanfor målgruppene dei vanlegvis song for på konsertane sine. Samla sett syner dette ein koraktivitet som famnar breitt, noko som fasiliterer god sosial interaksjon og nettverksutvikling.

10.1.3 Nettverk og kontaktar

Samarbeid med andre musikkgrupper og kor ein viktig del av koraktiviteten på Søre Sunnmøre. Gjennom kordeltakinga får mange utvikle fleire former for sosial kapital. Putnam (2001, s. 274) trekker fram familie og vener som det mest intime nettverket for dei aller fleste, noko som eg synest er interessant å sjå i lys av kapittel 9 om det sosiale fellesskapet. For mange kunne koret blir opplevd som ein slags familie, og i mange samanhengar hadde koret primærgruppefunksjonar for medlemmane. Dette vitnar om sterk *bonding* mellom medlemmane, ikkje minst som det blei uttrykt gjennom funksjonen andre kor kunne ha som *negativ referansegruppe* eller som *utgruppe*.⁵⁸ Samtidig kan koret bidra i utviklinga av *bridging* sosial kapital, slik eg skreiv om ovanfor. Både gjennom samarbeid med andre kor og ved å opptre for ei rekkje ulike publikumsgrupper kunne kormedlemmane bygge relasjonar til menneske utanfor dei næraste

57 Sjå kapittel 6.2.4.

58 Sjå kapittel 6.2.

sosiale nettverka sine. Ikkje minst kan kordeltaking gi nyinnflytta sunnmøringar ei moglegheit til å bli med i nettverk, og gi ein snarveg til å utvikle ein lokal identitet. Ein tredje form for sosial kapital som korsongarar trekte fram var gjennom møte med profesjonelle samarbeidspartnarar. Gjennom samarbeid med eksterne profesjonelle musikarar, kunne ein bli hjelpt opp på eit høgare nivå som ein ikkje hadde hatt erfaring med tidlegare. I dette datamaterialet blei samarbeidsprosjekt med tradjazzgruppa Ytre Suløen Jazzensemble og solisten Tricia Boutté, Det norske solistkor, og profesjonelle gjestedirigentar trekt fram som viktige møte. Koristar kunne også fortelje om framføringar dei hadde hatt for folk i viktige posisjonar, som ordførarar, politikarar og lokale bedriftsleiarar der dei fekk høve til å knyte kontaktar i ei slags vertikal retning, eller *linking*.

10.1.4 Medlemsskap i trusorganisasjonar

På dette punktet skil denne studien sitt datamateriale seg noko frå datamaterialet til Langston og Barrett (2008). På eine sida handlar dette om at utvalet av kor i denne studien, då eg valde bort kor knytt til organisasjonar eller kyrkjelydar. Eg har heller ikkje fokusert på dette i interaksjonen med deltakarane i studien. Kor vidt studiens deltakarar er medlemmar eller aktive i trusorganisasjonar er dermed noko eg ikkje kan uttale meg om. Men gjennomgåande for nærast alle kora i studien var eit nært forhold til kyrkjer som konsertstad, samt at religiøse songar utgjorde ein viktig del av repertoaret.⁵⁹

10.1.5 Delte normer og verdiar

Langston og Barrett (2008) skriv at delte normer og verdiar blir sett på ein sentral hjørnestein for sosial kapital. Dei delte normene og verdiane som deltakarane i deira studie hjelpte medlemmane til å utvikle ei kjensle av å høyre til, einskap og samanbinding. Utviklinga av normer og verdiar heng saman med det enkelte kors identitet og kultur, noko eg har freista å syne i dei føregåande kapitla. Det finst likevel ei viss overlapping mellom kora i denne studien, og det var særleg ein regel som gjekk att: «ein må møte opp om ein er med». Denne norma går også att i Langston og Barretts artikkel, og blir mellom anna sett på som sentralt for å utvikle tillit til dei andre kormedlemmane. Frustrasjonen veks raskt over kormedlemmar som ikkje møter. Samtidig vil regelmessig oppmøte

⁵⁹ Sjå kapittel 5.2.6 og 5.2.9.

bli opplevd som ein felles dedikasjon til koret, og har mange positive sosiale effektar. Eit stødig oppmøte heng også saman med å dele ambisjonsnivå, slik eg skreiv om i kapittel 8.2.1 om identitet. Å oppleve at ein deler synet på korets ambisjonsnivå er med på lette samarbeid og forståing mellom kormedlemmane, men er også eit tema som ikkje sjeldan er årsak til store interne diskusjonar. Men verdiar og normer heng også saman med sosialt validert konformiteten, slik eg skreiv om i kapittel 8.2.3. Det er ikkje alltid dei uttalte positive normene som faktisk regjerer i eit kor, slik Anna kunne fortelje om.

Den kraftigast uttrykte norma eg opplevde i denne studien var likevel «det er forbode med klikkar»-norma slik ho blei uttrykt av intervjupersonane frå Brandalskoret. Sjølv om norma var formulert som eit forbod, opplevde eg likevel at det fungerte meir som ein positiv verdi som gjennomsyra det sosiale miljøet i koret. Ein slike type innarbeidd tillit som ligg til grunn for denne verdien gir tryggleik til koret sine medlemmar. Langston og Barrett (2008) trekker fram korleis aksepten av felles normer kan ha svært positive effektar:

The acceptance of common norms of action and values by the participants within an organization, or community, facilitates the development of common understanding, and access to the shared knowledge and information that facilitates the development of a sense of belonging. (s. 122)

10.1.6 Læring

Balatti og Falk (2001) skriv at læring oppstår «when the set of interactions calls upon existing knowledge and identity resources and adds to them. Changes in knowledge and identity resources i.e., changes in social capital, are indicators of learning» (s. 4). Dette byggjer Langston og Barrett (2008) på, og skriv vidare at læring heller ikkje berre er eit resultat av interaksjon som fostrar sosial kapital (td. handlingar som utviklar tillit, nettverk, delte normer og verdiar). Det kan også hjelpe til med å fasilitere utviklinga av sosial kapital ved å sørge for moglegheiter der dette kan skje (s. 122–123).

Det å lære noko nytt og å få utvikle seg blei trekt fram som viktige motivasjonsfaktorar for fleire av intervjupersonane i denne studien, noko eg skreiv om i kapittel 6.2.2. Å lære nye ting om pust, kropp, melodiar, tekstar og framande andre språk var spesielt givande, og blei forsterka ved at dette skjedde saman med andre i ein sosial setting. Utfordringar og høge krav som koret måtte løfte seg for å greie, var også viktige opplevingar, særleg når dette blei oppfatta som ei tillitserklæring frå dirigenten. Fleire av intervjupersonane kunne

fortelje om korleis ferdigheiter som blei lærte i korsamanheng blei med ut av koret og inn i andre samanhengar. Dette handlar både om musikalske og organisatoriske ferdigheiter, og også om å utvikle ein identitet som songar eller organisasjonsmenneske. Karl kunne fortelje om korleis koret for han hadde vore ein kulturell arnested, der sentrale og etablerte songarar hadde gitt han utfordringar og oppgåver som han vaks på, mellom anna som festnemnd for julefestar og liknande. Karl kunne også fortelje om at han var svært engasjert på anna vis utanfor koret, noko han såg i samanheng med det han hadde fått lære gjennom deltakinga i Ulstein mannskor. Vemund kunne fortelje om korleis han frå å vere litt tilbakehalden musikalsk i sosiale settingar no var blitt mykje tryggare: «Ja, i selskap så kjem det eit ark med nokre songar og sånn for noko, så sit ein og oppdagar at ein er forsongar på heile greie, ikkje sant».

Intervjupersonane sine mange utsegner om læring seier noko om eit miljø som legg til rette for dette, noko som vidare tyder på eit fellesskap rikt på sosial kapital. Læring blei også opplevd som ein viktig motivasjonsfaktor for sjølv deltakinga, og ytra seg på både musikalske, sosiale og organisatoriske område.

10.1.7 Fellesskap

Fellesskap («fellowship») er ein indikator på sosial kapital som Langston og Barrett (2008) trekker fram som særskild viktig for koret i deira studie. Fellesskap utviklar seg frå, samt fasiliterer, tillit, venskap, gjensidig støtte, samarbeid og utviklinga av relasjonar. For somme kormedlemmar var fellesskapet minst like viktig som sjølv musikken, noko som eg også kjenner att frå utsegner fleire av deltakarane i denne studien kom med. Dei foreslår ein definisjon på kva fellesskap i eit sosial kapitalperspektiv:

[Fellowship is] that feeling of trust, camaraderie, togetherness, friendship, warmth, support and deep appreciation of the feelings and needs of members within a group, organization or community for other members of that group, organization or community. That feeling of fellowship is derived from shared interests, experiences, norms and values. (s. 131–132)

I kapittel 6.2.3 skreiv eg om det sosiale fellesskapet som ein viktig motivasjonsfaktor for deltakarane i denne studien, medan eg i kapittel 9 tok føre meg korleis det sosiale fellesskapet uttrykte seg gjennom denne studiens data-materiale. Eg synte der korleis kora i denne studien kunne veksle mellom å ha primær- og sekundærgruppefunksjonar, noko som i enkelte situasjonar kan vere utfordrande, både for koret som heilskap, og for den enkelte songar. Måten

fellesskapet ytrar seg på for den enkelte kan variere mellom medlemmane i det same koret, og er avhengig av kva den enkeltes behov er til ulike tider. Kor kan absolutt vere prega av tillit, kameraderi, fellesskap, venskap, varme, støtte og verdsetjing av medsongarane sine kjensler, samtidig som ei musikalsk interesse og arbeid, musikalske og sosiale opplevingar, ei felles forståing av normer og reglar er med på å skape eit fundament der fellesskapet får vekse fram over tid.

Langston og Barrett (2008) tilrår at det blir gjort ytterlegare forskning på den til så langt delvis ignorerte sosial kapitalindikatoren *fellesskap*. Med bakgrunn i undersøkinga mi av det sosiale fellesskapet slik det ytrar seg i kora i denne studien, finn eg dette noko utfordrande. Koret som sosialt fellesskap vekslar mellom å inneha primær- og sekundærgruppefunksjonar, noko som påverkar kva type tillit og tryggleik kormedlemmane kan ha til dette fellesskapet. Det er mi oppfatning at normene og reglane som høyrer til den aktuelle situasjonen spelar ei svært viktig rolle i utforminga av kva type fellesskap eit miljø utviklar, og at dette langt på veg gjer det utfordrande å skulle samanlikne ulike typar fellesskap. På ei anna side vil eit sterkt fellesskap vere avhengig av at ei rekkje andre indikatorar for sosial kapital er til stades, noko som i seg sjølv gjer fellesskapskjensle til ein sterk indikator på sosial kapital.

10.2 Ulike former for sosial kapital

Dei ulike formane for sosial kapital, *bonding*, *bridging* og *linking*⁶⁰, har alle potensielle positive og negative effektar. Deltakarane i denne studien rapporterte i all hovudsak om positive erfaringar med det sosiale fellesskapet dei var ein del av som medlem i koret. Det sosiale fellesskapet var ein svært viktig del av motivasjonen for å vere med i koret, på somme måtar kunne koret endåtil ha primærgruppefunksjonar for medlemmane. Dei positive effektane av den sosiale kapitalen var noko som dei aller fleste hadde eit reflektert forhold til.

Eit sentralt aspekt med kordeltakinga er at det for dei aller fleste var snakk om langvarige forplikingar. Veldig mange av deltakarane i studien hadde vore med i mange år, og opplevde at koret på denne måten var blitt ein integrert og sjølvstøtt del av liva deira. Som dirigent var Fredrik klar på at sjølv om han var tilsett, og opplevde rolla si som ei noko anna enn det songarane i Brandalskoret gjorde, hadde likevel tida med koret satt spor.

60 Sjå kapittel 3.2.5.

Sjølvs om det var ein jobb så har det heilt klart sett sine store spor reint personleg for min del og, og heldigvis. For det gjer livet verdt å leve, ikkje sant, i det lange løp, og eg følar at det skal vere slik, for det er då det er ekte og det er ordentlig, sjølv om du er på jobb, sjølv om du vil vere profesjonell og du er profesjonell, så skal det være det andre aspektet også, trass alt. Det skulle berre mangle at det ikkje var slik når det har gått sju år [latter].

Ingeborg hadde ho kome til det at det å dirigere kor var blitt ein viktig del av hennar liv og identitet. Sjølv om ho musikalsk sett hadde fleire interessante moglegheiter som ho kunne ha følgd opp, så var det ikkje enkelt å gi slepp på Cantando.

Ja, og eg trur det er der det ligg det at eg på ein måte ikkje har sagt opp. For eigentleg burde eg gjere det [...]. Eg er heilt gapa, men eg har akkurat fylt 40 så det er sikkert sånn [latter] 40-årskrise. Men det er godt å ha, eg seie det at i livet mitt så vil eg ha det, den jobben eg trivst best i, det opne landskapet. Litt livet sånn.

For Vemund var periodar utan koret nærast ubehagelege. Det sosiale elementet var ein svært viktig del av koropplegget for hans del.

Ja, viss det blir sånne ferieordningar og slikt for noko som dukkar opp, så får eg faktisk abstinensar rett og slett. Så koret har faktisk ganske mykje å seie det. Femti prosent av koropplegget er no sosialt, ikkje sant, så skal det liksom vere femti prosent musikalsk også da, men det kan no skeie ut da, det kan no det.

Denne typen utsegner seier noko om kor stor rolle kordeltakinga kan spele i den samansette veven som utgjer eit individ, og derfor også eit lokalsamfunns, sosiale kapital.

10.2.1 Bonding og bridging

Bonding, forstått som sosial kapital som ser innover og forsterkar eksklusive identitetar og homogene grupper, er utan tvil ein dominerande form for sosial kapital når det kjem til korverksemd. Det er meir interessant å spørje seg kva rolle bridging, forstått som sosial kapital som ser utover, og byggjer nettverk på tvers av sosiale ulikskapar, spelar for korverksemda?

Enkelte døme på bridging har eg allereie omtalt. I kapittel 5 skreiv eg om innflyttarane Inga og Anna, og korleis kordeltaking var ein måte for dei å bli ein del av lokalsamfunnet på. Koret blei ein inngang til å «bli sunnmøring» eller å «bli norsk». Gjennom kordeltakinga fekk dei tilgang til eit sosialt nettverk, ei hjelp til å gro røter og danninga av ein lokal identitet. Kora sine primærgruppeliknande

funksjonar, som ein ekstra familie og ein stad for nære relasjonar, blei ekstra viktig i ein sårbar situasjon som ny på staden.

Kordirigentane Fredrik og Ingeborg var også nye i området, og opplevde å bli rekrutterte av lokale kor med behov for nye dirigentar. Å vere dirigent er ein til dels offentleg posisjon, og ein blir med eitt ein sær s viktig person for ei rekkje menneske.⁶¹ Å få tillit som dirigent er også med på å stadfeste ein identitet, og som innflyttar kan dette vere ein viktig del av det å bli integrert i lokalsamfunnet.

Fleire korsongarar kunne også fortelje om korleis kordeltakinga hadde lagt til rette for relasjonar som elles ikkje hadde blitt til. Ola kunne fortelje om korleis det å vere med i kor hadde gjort at han hadde lært å kjenne folk på ein heilt annan måte:

Sjølv om du bor tett på kvarandre i ei lita bygd så, det er jo personar eg knapt har helst på i bygda, og dei stend jo borte på marknaden – potta sure bønder ikkje sant. [ler] Men så begynne du å vere i lag med dei i koret, livlige og kjekke, og heilt fantastiske.

Eit kor kan spleise menneske med felles interesser, noko som er med på skape større nettverk på tvers av geografiske eller sosiale skiljelinjer. Sara kunne fortelje om korleis ho hadde fått nye vener gjennom kordeltakinga på grunn av den felles interessa for musikk. Koret var blitt ein møteplass som overvann andre sosiale eller geografiske hindringar, og skapte nye relasjonar.

[...] å bli kjend med folk som eg aldri hadde helst på ein gong, eller fordi vi ikkje er frå same plass. Så det er ikkje sikkert at eg hadde møtt dei ein gong. Ja, og sånn som for eksempel med [ei i koret], vi gjekk nå på vidaregåande i lag utan at vi visste det [ler]. Alt sånt, og så no er vi plutsleg kjempegode vener. Så nye vener og nye kjende og folk som har same interesse så deg. Ja, det er spesielt det er veldig kjekt fordi sånn som mine vener her ute så er ingen andre ta mine venninner så, som syngje i kor, eller driv med sånne ting.

I kor stor grad det her er snakk om sosial kapital i form av bridging kan diskutertast. Dei sosiale skiljelinjene som pregar Søre Sunnmøre er relativt små, og medlemsmassen i kora eg følgde var prega av lite heterogenitet. Dette gjaldt ikkje minst når det gjeld aldersskiljelinjer. Over halvparten av kormedlemmane på Søre Sunnmøre over 40 år, og berre 9 % av korsongarane var i aldersgruppa 20–39 år. Sett bort frå barne- og ungdomskor, ligg det aldersmessige tyngdepunktet mellom 50 og 60 år. Dette var noko Emil hadde reflektert litt rundt. Publikummet som likte å høyre på korsong høyrde ikkje til dei yngre, ifølgje han:

61 Sjå kapittel 9.3.3.

[...] korsong er nå, er nå den gamle garde, veit du. Og du ser på desse her, jada, vi har nå korkaféar og sånn så, er der to generasjonar som er vekk. I alle fall to generasjonar. Så det er desse her gamle, gamle folket som går på korkafé. Og så er det nå, ja, der er nå sånne som vare til koret då, som tek seg ein tur, for å sjå på kjerringa eller mannen. [latter].

Som ein følge av at publikum var av den eldre sorten, meinte Emil at ein også burde syngje mest mogleg på norsk: «så du veit at dei som gjeng på konsert er eldre folk, og sitte og høyre på det styret og ikkje forstå ein drit».

Som kor syng ein regelmessig for ulike typar publikum. Eg har tidlegare fortald om at kora på Søre Sunnmøre opptrer mykje på gudstenester, korkaféar, og samarbeidsprosjekt med andre kor og grupper. I tillegg kjem deltaking på kulturelle markeringar i lokalsamfunnet og enkeltstående songoppdrag. Til saman syner dette ei viss breidde i kven ein opptrer for, men på ei annan side hadde det vore interessant å sjå på kven det er som kjem for å høyre på korsong? Stemmer Emils kjensle av at korsong er for den eldre garde, og at det manglar to generasjonar frå publikummet? Fungerer korsong som bridging sosial kapital over sosiale skiljelinjer i lokalsamfunnet, men bonding når det kjem til aldersgrupper?

10.3 Eit samfunn i endring

Moderniteten ytrar seg på to nivå, skriv Giddens (1991). I tillegg til på det personlege («intentional») nivået, kjem dette tydeleg fram på det overordna («extensional») nivået. Dei tre kjenneteikna på *modernitetens diskontinuistiske karakter* er som sagt *endringstempoet*, *endringssomfanget*, samt *dei moderne institusjonanes vesen*. Ein konsekvens av dette er det Giddens kallar modernitetens *posttradisjonelle karakter*. Mylderet av autoritetar som dagens samfunn tilbyr utfordrar mellom anna den posisjonen tradisjon har hatt. Samtidig blir individet tvunge til å forhandle mellom eit mylder av livsstilsval (s. 2–5), noko som mellom anna er ein konsekvens av globaliseringa og måten sosiale transformasjonar spreier seg over heile verda på ein heilt ny måte (Giddens, 1990, s. 5–6). På den eine sida har ein då ein situasjon der tradisjonen mister autoritet, og på den andre sida ein menneskeleg situasjon prega av høgare tempo og eit mylder av livstilval.

I *Bowling alone* fortel Putnam (2001) ei historie om korleis menneske i USA dei siste tiåra er blitt stadig meir fråkopla familie, vener, naboar og demokratiske

strukturar. Dette inneber også ein nedgang i «gjere» kultur, i motsetnad til å konsumere kultur som har heldt seg på eit jamt høgt nivå. Til dømes har talet på personar som spelar instrument gått jamt ned i perioden 1976–1999 (s. 114).

Eit tema som eg snakka med fleire av intervjupersonane i denne studien om, var rekruttering. Som sagt rapporterte 84 % at dei gjerne kunne vere fleire i koret sitt, medan 81 % syntest det var vanskeleg å rekruttere nye. Nærare 90 % rapporterte om at medlemsmassen var nokså stabil, det vil seie at størsteparten av songarane blei i koret over lang tid. Kombinasjonen av stabilitet i medlemsmassen og lite nyrekruttering, får den konsekvensen at snittalderen går opp, noko som syner seg ved at over halvparten av dei som syng i kor på Søre Sunnmøre er over 40 år, og heile 21 % er over 60 år. Aldersgruppa mellom 20 og 39 år utgjer som sagt berre 9 % av korsongarane.

Når denne tematikken kom opp i intervjuet, blei gjerne to moment nemnde. Det første var eit tilbakeblikk, der ein samanlikna korleis stoda var før med korleis det stod til i dag. Dette hadde som regel form av at «mykje var betre før», sett opp imot vanskar ein kjende på i dagens kordrift. Det andre momentet var ei fundering over kva som har endra seg og kvifor, både når det gjaldt korverksemda spesielt, men også for samfunnet generelt.

10.3.1 «Under krigen så var det jo songkor overalt!»

Ei utbreidd oppfatning blant ein del av intervjupersonane var at det fanst fleire kor før. Dette gjaldt særleg rundt om kring i dei mindre bygdesentra, men også i meir sentrale område. Emil kunne fortelje om korleis han hugsa det var tidlegare, då koraktiviteten var mykje høgare.

Det var slik i alle bygder. I Barstadvik var det nå på det meste to songkor, både mannskor og blandakor, store kor med. Og no er der ikkje kor i heile tatt. Det er berre nokre få som er på Vartdal. Så det forandra seg mykje. [...] Sjølv under krigen så var det jo songkor overalt, å kunne syngje disse nasjonalsongane i hemmelegheit, det var jo stort.

Også Karl trekte fram korleis stoda var annleis tidlegare, særleg under og etter krigen.

Men at koret [Ulstein mannskor] har vore ein kulturfaktor, og spesielt før eg kom med – under krigen var det jo heilt fantastisk. Dei hadde to øvingar i veka og hadde oppi seksti songarar, det osa av fedrelandskjærleik og kjensler, og det var songarar som var ute i krigen og ikkje hadde kome igjen, og det var sterkt, og koret var jo allereie med 8. mai på ei festgudsteneste og song, 8. mai 1945.

Så den tida utan påverknad av media så var dei enda meir ein kulturfaktor, no har kora og korpsa ein heilt annan situasjon.

Desse utsegnene seier noko om fortid, tradisjon og kjensla av at noko er gått tapt. Opplevinga av at korsongen, gjerne knytt til krigsmotstand og nasjonal-kjensler, hadde ei heilt anna stilling tidlegare, kan også bli forstått som at tradisjon som autoritet har mist posisjonen sin. Utan å seie dette direkte blir fortida sett opp som ein kontrast til notida, som ei eksemplifisering på at ein har mist noko på vegen.

10.3.2 Musikksmak, språk og generasjonskløft

Ei anna oppfatning var at sjølve musikksmaken hadde endra seg. I kapittel 7.5.1 og 9.3.4 fortalde eg om Karl som med sin inngående kjennskap til Ulstein mannskor si historie hadde mange meiningar knytt til mellom anna utviklinga av koret sitt repertoar. I tidlegare tider hadde den «store mannskorlitteraturen» hatt ein heilt sentral plass på repertoaret. Han meinte at folk tidlegare sette meir pris på den tradisjonelle mannskormusikken, noko folk i dag ikkje hadde stor interesse av.

Men den tida, det er slik i dag. Den store mannskorlitteraturen den er ikkje på repertoaret i dag noko særleg. Du må fornye deg om du vil få med deg folk.

Emil opplevde at det eksisterte eit skilje mellom den yngre og eldre garde når det kom til musikksmak, som om dei høyrde til to ulike verder.

Dei er veldig glade i musikk dei unge også. Ja, skulle nå tru det, men akkurat kor veit ikkje om kors dei ser på det. I alle fall så er det ikkje sånn som når vi hadde kor her, og dei stilte opp, ungdom, og var med, den tida har forandra seg. Dei ser vel gjerne på det som noko sidrumpa styr [latter]. Du veit denne musikken dei spelar, du høyrer når bilane fer forbi, du kan seie at det er meir ei mishandling av eit instrument heile greia, du høyrer dunder og brak heile vegen her [ler]. Så det har ikkje noko med, songkor det dreier seg om formidling, rett og slett om songskattane våre, det vil nå eg seie. Det er kanskje viktig å få det fram igjen, få fram litt av det.

Korsongen, og den gamle tekst- og songskatten som tradisjonelt hadde høyrd til denne, var noko dei eldre sette pris på.

Du ser jo det på kor-kafeen her, to generasjonar som er vekk. Og må berre sjå inn i augo at sånn er det. Og det er vel gjerne dei som synas nå at kor er noko sidrumpa styr [ler]. Eg ser litt flyktig over det då men i alle fall eg som har vokse opp med litt song og styr så er det i alle fall sørgjeleg å sjå at ikkje folk vil vare med å ta vare på songskattane våre. [...] Og mykje gode tekstar og gode melodiar har vi nå i det norske songskapet, og eg sa at dei er tilhøyrande eldre folk.

For Emil handla dette også om å respektere dei eldre og deira føresetnader. Å velje repertoar som utfordra rytmisk og språkleg såg han ikkje noko poeng i.

Ja, det er ikkje sånn som no av og til at dei kjem med, ja dei synest det var så fine melodiar både hist og pist, og dirigentane ofte, dei hiv seg på bølga, men, når dette her skal øvast inn då er det ikkje så godt med det. For det fyrste kan det vere engelsk, og med valdsam rytmikk, og det er ikkje så enkelt med gamle folk. Så det er det som har plaga meg mest no siste åra når eg har vore borte i ting som eg har vorte lei av. Rett og slett, for ikkje forstår du kva du syng nesten.

Samtidig var det ei openbar utfordring å rekruttere nye songarar til koret, og spesielt songarar som var yngre. Ingeborg, dirigent for koret, syntest det var vanskeleg å setje fingeren på kvifor det var slik.

Kanskje dei som er flinke synest at det musikalske nivået er for lavt, at vi syng for trauste, gamaldagse songar? Dei er for gamle dei som er med i koret kanskje, kanskje dei synest det? Kanskje dei ikkje vil og orkar å fare ein dag i veka og syngje, kanskje det ikkje betyr nok for dei å syngje?

Når det gjaldt repertoar så er det eit spørsmål om kva som er rett, og for kven det er rett. Er det tradisjonelle korrepertoaret «songskattar», eller «traust» og «gamaldags»? Og kva er ein ute etter ved å fornye repertoaret i ei engelsk-språkleg og rytmisk retning?

[Det var] mykje eldre folk [i eit anna lokalt kor], og så begynte dei å syngje litt sånn musikalar, engelsk og då var det nokon som slutta fordi engelsken, trur eg. [Ingeborg]

Samtidig fekk dirigenten for dette koret, kunne Ingeborg fortelje, gjennom målretta arbeid og å stille krav til kvar enkelt, ei meir homogen stemmegruppe, og «til slutt eit lite ensemble. Og då blir det på ein måte sånn oj! Dei som er verkeleg gode dei har lyst til å vere med i dette her. Viss du klarer å snu det litt sånn då».

Desse to innstillingane til repertoaret, som eg kom over variantar av mange gongar i løpet av observasjonsperioden, er interessant å sjå i høve *bonding* og *bridging*, to former for sosial kapital. Det er klart at for Emil var dei gode gamle songskattane, på norsk, ein viktig del av koropplevinga, og ikkje minst heilt sentralt for å kunne formidle musikk til dei eldre. Gjennom dette repertoaret formidla koret kjende og kjære melodiar og tekstar til dei eldre i lokalsamfunnet, noko som forsterka eksklusive identitetar for ei nokså aldershomogen gruppe. For Emil, og fleire med han, handla ikkje dette berre om å vere traust og gamaldags, men også om å ta vare på og halde ved like ein spesifikk og samanbindande sosial kapital. På den andre sida var Ingeborg sin tanke om å prøve seg på musikalar og engelskspråkleg repertoar eit initiativ i retning av

å utvikle sosial kapital i form av bridging. Tanken er at ein gjennom repertoarvalet gjer seg meir tilgjengeleg for andre grupper, og då først og fremst yngre aldersgrupper. Å gjere slike val inneber nokre offer, som Ingeborg kunne fortelje, ved at enkelte som ikkje ynskjer å bli utfordra på ein slik måte sluttar i koret.

Dette seier også noko om at ein i dagens samfunn har eit heilt anna utval av repertoar å velje i. Frå å ha eit relativt homogent repertoar dominert av «nasjonale songskattar», kan repertoaret no like godt bestå av musikalstoff på engelsk med «valdsam rytmikk». Heilt konkret blir dette valet grunngeve med at ein ynskjer å nå nye grupper, nå dei unge, noko som også inneber ei oppfatning av at det eksisterer nye smakar og behov der ute blant folk. Å bli med i eit kor kan såleis vere ein del av eit livsstilsval, jamfør Giddens (1991), der repertoaret må reflektere det mylderet av livsstilsval som finst i det stadig meir globaliserte samfunnet.

Aversjonen mot musikk med «valdsam rytmikk» kan bli forstått som eit reint musikalsk smaksspørsmål. Dei vakre visene på norsk, dei gamle nasjonale songskattane har betre tid, eit lågare tempo og meir forståeleg rytmikk. Frå ein annan innfallsvinkel kan den valdsame rytmikken symbolisere «den nye tid», eller som Giddens (1990) skriv, modernitetens *endringstempo* («pace of change») (s. 5–6). Den moderne musikkens framande hastverk og rytmikk peikar på ei oppleving av eit samfunn i endring.

10.3.3 «Den nye tid»

Når deltakarane i denne studien skulle forklare kvifor ikkje fleire folk var med i kor, blei årsaken gjerne lagt til «den nye tid», og korleis dagens samfunn, eller dagens menneske, på ein måte hadde endra seg. Emil syntest han merka ei haldningsendring hjå folk i lokalsamfunnet, ein slags motvilje mot å ta til i kor, som høyrde den nye tida til. I samanheng med dette såg han også at det kunne vere vanskeleg å halde koret i live veldig mykje lenger.

Så då var vi komne inn i den nye tid, då begynte folk liksom å vegre seg å vere med, veit du, og... Det er sånn dette der. [...] Nei, men når du ser på rekrutteringar så veit du kor det endar. Det er sørgjeleg men sånn er det.

Ein anna konsekvens av den nye tid var ifølgje Emil ein motvilje mot å forplikte seg. I staden valde folk å prioritere sitt eige til fordel for kollektive aktivitetar som kor.

Ja det er heilt sikkert det. Men, men tida den forandrar seg jo, folk med dei. [...] Folk vil ikkje ha forpliktingar lenger [...] Dei er redde for det, det går utover så som dei har tenkt dei skulle ha det sjølv, gjere sjølv.

Ingeborg strevde også med å finne ut av korleis ein skulle rekruttere nye songarar til koret. Ho følte det var ein trend i samfunnet at folk generelt var vanskelege å engasjere.

Nei, eg veit ikkje korleis, vi har nå vore ute med brev og sånt. Eg veit ikkje korleis, må ha flaks då [latter] eg veit ikkje. Eg veit ikkje korleis ein skal gå fram. I dag er det veldig vanskeleg å få folk ut av dørene reint generelt, uansett kva det er.

Ola merka også ei haldningsendring blant korsongarar. Han opplevde at folk hadde mindre tid til å vere saman på kor, og at dei var svært opptekne av å kome seg heim snarast råd etter øving.⁶² I tillegg til dette kunne han fortelje at koret tapte i konkurransen mot andre aktivitetar.

[Folk er blitt meir] sjølvopptatte, og TV-program også. Det er jo folk nå som slutter i Cantando på grunn at vi skifter dag, før hadde Vartdal blandakor øving på tysdagane, no vart det på måndagane.

Koret taper også i konkurransen med andre aktivitetar som kormedlemmane var engasjerte i.

Ja. Og dei som slutta då, nå det er øving på måndagane då får ikkje dei med seg denne her radiobingoen ikkje sant. [...] Det er viktig, veldig viktig. For då har dei hatt ein fast klubb då. Som møtest og har radiobingo då, og det kan ikkje dei gi slipp på.

Det var ikkje berre i korsamheng den nye tid gjorde seg gjeldande. Egon kunne fortelje om at han ved enden av arbeidslivet sitt opplevde ei stor endring som gjekk utover det sosiale på arbeidsplassen. Frå å ha kjend alle, med felles pausar og eit sosialt arbeidsfellesskap, blei det etter kvart mindre og mindre av dette. Innføring av skiftarbeid gjorde at den felles matpausen forsvann, automatisering og rasjonalisering gjorde at det blei større avstand mellom folka på jobben, samtidig som at innførselen av utanlandsk arbeidskraft gjorde den daglege, uformelle jobbpraten meir utfordrande. Når han pensjonerte seg var det ikkje noko sosialt igjen å sakne frå arbeidsplassen. Men noko av dette fellesskapet fann han att i mannskoret, og særleg i samheng med matpausane.

Det var jo mindre forhold og vi kjente meir alle da, vi tok ein liten pause ute og vi åt no litt i lag, slik at vi fann på noko tull ilag og sånn, jau, det har vi no kanskje i koret. Litt av det same. Det er no koseleg å sitte langs langbordet, og vi et og pratar litt og fortel litt historier og drikk kaffi, og somme kaker er gode, somme er ikkje så gode, så det er kanskje, det liknar kanskje litt, ja.

62 Sjå kapittel 9.3.3.

10.3.4 Korsong krev tid

Å synge i kor er ikkje for alle. Interessa for song og musikk, og eit visst potensiale når det kjem til stemme og gehør må nesten ligg til grunn, og utover dette krev koret i tillegg både tid og prioritering. For Karl var dette svært viktige eigenskapar ein måtte ha for å vere korsongar, men han hadde også snakka med folk som fann det utfordrande å gi koret den tida det trengde. Dette var særleg vanskeleg i periodar med små barn.

Det må vere folk som vil bruke ein måndagskveld i veka, og det må vere folk som også er villige til å stille opp i helga, reise på stemne. Og det kostar no litt å vere med også, vi har ein kontingent. [...] Ein må ha, ein av kvalitetane er det at han må vere villig på å bruke litt tid. Han må prioritere koret og han må ha hovud til å prioritere koret. Det kom så sterkt for meg, eg snakka med ein kar for ein to-tre år sida som var aktiv når han var ung. Veldig aktiv. Og så var han ikkje berre aktiv i mannskoret men han var også aktiv i [det lokale korpset]. Og så seier eg: «men du slutta?». «Ja», seier han, «eg vart gift og det kom så mykje barn. Eg følte eg måtte prioritera dei». Og det som eg ser det er at dei som er i oppbyggingsfasen av eit liv, dei har problem å gå på songøving kvar måndag, men ikkje minst å bruke ein del helgar med fråvær frå familien.

Også Anna var klar på at å vere med i kor kravde mykje tid, særleg helger. Om ein ikkje var i stand til å prioritere dette, så passa kanskje ikkje koret som aktivitet så godt.

Ja, det passer til folk som har lyst til å vere litt sosial og så vil gje litt tid også, fritid. Fordi eg høyrer av og til at folk seier: «eg skulle hatt lyst men det er mykje som skjer i helgene». Og det er sant. Vil du ikkje vere med i helgene, ja, då må du kanskje [la vere å bli med], ja det er sant. [...]Mjen vil du ikkje reise på laurdag ettermiddag eller laurdag kveld, eller ha ei helg i mai på songstemne eller song eller øvingshelg – har du ikkje lyst på det då må du kanskje vurdere å bli medlem av noko anna, ja, det trur eg faktisk.

Community kan oppfattast som eit uttrykk for søkinga etter ei tapt fortid, øydelagd av moderniteten (Delanty, 2010). Dei korfelleskapa som deltakarane i denne studien fortel om, skapar rammer der kjensler av tilhøyrsløse får utfalde seg. I kapittel 7 synte eg at det sosiale fellesskap til og med kan fylle primærgruppefunksjonar for kormedlemmane, samtidig som det gir enkeltindivid ei moglegheit til å bli ein del av lokalsamfunnet. Kjensla av *community* gjer seg med andre ord gjeldande på fleire plan. Likevel kunne mange av intervju-personane fortelje om korleis dei opplevde endringar i samfunnet, og haldningar blant menneska i lokalsamfunnet, som ein trussel mot korverksemda. Songkora taper i konkurransen med andre aktivitetar, folk vel heller å nytte tid saman med familien sin enn å reise på korstemne i mai. Ein måte å forstå

denne nye konkurransen på er ved å erkjenne at *community* i dagens samfunn må bli forstått på ein annan måte. Nye kommunikasjonsmåtar skapar ustabile, flytande, veldig opne og sterkt individualiserte grupper, noko som skapar nye moglegheiter for tilhøyrslar. Individet kan høyre til mange og til dels overlappende grupper, og det finst mange moglegheiter for å bli med i og forlate grupper, noko som kan føre til mangel på kontinuitet over tid (Delanty, 2010, s. 151–153). Ein kan seie at det moderne menneske, på grunn av kommunikasjonssamfunnet vi er ein del av, kan velje mellom mange alternativ i søkinga etter tilhøyrslar, etter *community*, og fleire av desse alternativa er betre tilpassa ein ustabil, flytande, veldig open og sterkt individualisert kvardag. Koret på si side krev tid. Koret krev prioritet og fast oppmøte kvar måndag. Koret krev at ein er samla på same stad, samtidig.

I *Bowling alone* skriv Putnam (2001) mellom anna, og naturleg nok, om bowling. Bowling er ikkje ein aktivitet som er blitt mindre populær. Faktisk har aldri så mange amerikanarar spelt bowling som no. Talet på *liga-bowlarar* har derimot stupt. Mellom 1980 og 1993 auka mengda med bowling med 10 %, medan mengda med *liga-bowling* gjekk ned med 40 %. Dette fallet matchar trendane i andre former for sosial kapital Putnam undersøker i boka (s. 112–113). Det er herifrå han har funne inspirasjon til bokas tittel – *Bowling alone*. Sjølv om strengt tatt solobowling ikkje er det som har teke over for *liga-bowlinga*, er det *lag-bowlinga* som organisert aktivitet som har gått ned, folk møtest framleis for å bowle saman på uformelt vis.

Om trendane for sosial kapital slik Putnam skildrar det også har ein effekt på Søre Sunnmøre, er det nærliggande å tenkje at korverksemda også vil møte på utfordringar i form av bemanning og rekruttering – opplevinga til fleire av intervjupersonane i denne studien kan i alle fall tyde på det. Samtidig er det ikkje mangelvare på song i dagens samfunn. Berre i løpet av siste tiåra har song i ein mengde variantar teke skikkeleg av som TV-underhaldning i form av program som *Idol*, *X-factor*, *The Voice* med fleire. Med eit delvis unntak i *Det store korslaget* er det likevel solosongen som har fått det store løftet. Musikk i alle sine digitale, trådlause og individuelle variantar har aldri vore så tilgjengeleg som det har vore no, og er tilpassa det moderne, ustabile, flytande, opne og sterkt individualiserte mennesket. Korsong på si side har ikkje denne fleksibiliteten – boka til Putnam heiter trass alt ikkje *Choir singing alone*.

10.4 Oppsummering

I datamaterialet i denne studien finst det ei rekkje indikatorar på *sosial kapital i kor* som tillit, deltaking, interaksjon og lokal involvering, nettverk og kontaktar, delte normer og verdiar, læring, og fellesskap. Sosial kapital kan ha ulike former, og verke på ulikt vis på fleire nivå. Basert på utsegner frå denne studiens deltakarar, er det teikn som peikar i retning av at korsong byggjer opp under sosial kapital av typen *bridging* på tvers av sosiale skiljelinjer i lokalsamfunnet, men under *bonding* når det kjem til alder. Eit kors alderssamansetning har derfor mykje å seie i høve kven dei er meir eller mindre attraktive for når det kjem til rekruttering.

Community kan oppfattast som eit uttrykk for søkinga etter ei tapt fortid, øydelagd av moderniteten (Delanty, 2010). Korfellesskapa som deltakarane i denne studien fortel om skapar rammer der kjensler av tilhøyrsløse får utfalde seg. Likevel fortel mange av intervjupersonane om at kora taper i konkurransen med andre aktivitetar. Eit perspektiv på dette ligg i ein ny måte å forstå *community* på. Nye kommunikasjonsmåtar skapar ustabile, flytande, veldig opne og sterkt individualiserte grupper. Dette skapar nye moglegheiter for tilhøyrsløse, for nye typar *community*. Det moderne menneske har mange alternativ som er betre tilpassa ein ustabil, flytande, veldig open og sterkt individualisert kvardag enn kva koret er når han skal finne tilhøyrsløse. Med Giddens (1990) ord kan denne situasjonen bli skildra som ein modernitet prega av eit større endringstempo og -omfang, der tradisjonen har mist sin autoritet (s. 5–6). Koret som institusjon må derfor konkurrere med eit mylder av livsstilsval, samtidig som det skapar eit indre krav om å tilpasse seg denne nye samtida gjennom ei utvikling av repertoaret.

DEL C

Modellering og konklusjon

11 Modellering

I del B har eg no presentert og diskutert resultat og analysar slik desse, basert på mine metodiske og teoretiske val, har vakse ut av studiens datamateriale. I analysekapitla har eg utforska temattikkane aktualisert i forskingsspørsmåla, noko som har innebore eit vidt fokus med rom for å *forfølge* enkelte avstikkarar eit lite stykke på vegen. Denne framgangsmåten har vore medviten, og vonleg har dette gitt eit rikt bilete av den kompleksiteten og variasjonen korverksemda kan ytre seg med. I denne delen vert fokuset snevra inn, der formålet er å handsame dei mest sentrale funna frå kvart analysekapittel. Som ein del av denne handsaminga vil eg skissere *fem spenningsfylte område* som på mange måtar definerer situasjonen til denne studien sine deltakarar, men som også seier noko om kva det inneber å vere medlem av ei korgruppe. Mellom desse områda finst det kontaktpunkt som gjer at dei i større eller mindre grad står i ein samanheng med kvarandre, noko som skapar ein *indre dynamikk*. Samtidig står desse områda, eller faktorar i desse områda, i samanheng med omverda, noko som skapar ein *utvekslande dynamikk*. I gjennomgangen vil eg trekke fram døme på korleis det dynamiske elementet trer fram, både som ein indre og som ein utvekslande prosess.


11.1 Mellom det nære og fjerne

I kapittel 6 har eg undersøkt korleis motivasjon for kordeltaking er opplevd av deltakarane i denne studien. Eit viktig utgangspunkt for denne undersøkinga har vore ei forståing av at motivasjon må relaterast til den særeigne konteksten han eksisterer i (Bourdieu et al., 1995; Finnegan, 1989; Giddens, 1984). Motivasjon kan bli forstått som det som forårsakar ein aktivitet/set i gong ei viss åtferd, men også som det som held aktiviteten ved like, eller gir han mål og meining/gir åtferda retning. Datamaterialet til denne studien syner at deltakarane, i tillegg til å trekkje fram mange positivt ladda opplevingar og element som står sentralt i deira motivasjon, også opplever ei rekkje spenningar og utfordringar knytt til dette. Ikkje minst handlar dette om det arbeidet som blir gjort i kora i tilknytning til rekruttering. Ved å spørje korleis ein skal motivere nye til å ta til i koret, stiller ein samtidig spørsmål med kvar ein står som kor, noko som kan vere utfordrande.⁶³

Vidare har eg i dette kapittelet freista å organisere motivasjonsfaktorane studiedeltakarane fortalde om i ein kontekstuell modell for motivasjon i kor. I denne modellen vert dei ulike motivasjonsfaktorane sortert frå det nære til det fjerne, der *nære* motivasjonsfaktorar er tematikkar som personleg utvikling og identitet, *høgdepunktopplevingar*, og er meir knytt til ein sjølv som individ. *Fjerne motivasjonsfaktorar* kan vere lojalitet til koret, å vere med for å halde koret gåande, eit ynskje å oppretthalde eit musikk- og kulturtilbod i lokalsamfunn, samt faktorar som ligg fjernt i tid som tradisjon og tidlegare opplevingar. Somme faktorar kan veksle mellom å vere nære eller fjerne, og i denne kategorien ligg motivasjonsfaktorar som det musikalske, det sosiale fellesskapet, samt det å få kome i kontakt med noko profesjonelt. Kvar enkelt kormedlem har ei unik samansetting av ulike motivasjonsfaktorar, noko som utgjer ein *personleg motivasjonsprofil*. *Motivasjonskultur* seier noko om kva type motivasjonsfaktorar som dominerer eit særskild kor. I kor stor grad koret sin motivasjonskultur er dominert av nære eller fjerne motivasjonsfaktorar får konsekvensar for koret sine medlemmar, og kan prege kormedlemmane sitt generelle trivselsnivå.

Det første spenningsfylte området er dermed knytt til einskildsmedlemmar si vektlegging av nære og/eller fjerne motivasjonsfaktorar, samt eit kor sin motivasjonskultur. Ein einskildmedlem sin motivasjon blir påverka av koret sin

63 Sjå kapittel 6.1.2.



Figur 11: Mellom det nære og fjerne

motivasjonskultur, medan motivasjonskulturen i koret er eit resultat av einskildmedlemmane sine uttrykk for og kommunikasjon om sine personlege motivasjonsprofilar. Både einskildmedlemmane sin motivasjon og motivasjonskulturen i koret er sårbar for situasjonar som truar korets eksistensgrunnlag, og står på denne måten i ein samanheng med eksterne faktorar som rekruttering, publikum, økonomi, tilgang til øvingslokale og liknande. Dette er døme på *utvekslande dynamiske samanhengar*. Enkelte motivasjonsfaktorar står i samanheng med andre spenningsfylte område, som til dømes *den nære motivasjonsfaktoren*


høgdepunktoppleveling og utvikling av sjølvidentitet, medan opplevinga av det sosiale fellesskapet som motivasjonsfaktor heng saman med i kor stor grad koret har *primær- eller sekundærgruppefunksjonar* for den einskilde medlem. Somme av dei fjerne motivasjonsfaktorane står i samanheng med koret sitt forhold til samfunnet, og til ein viss grad korets historie og tradisjon.

11.2 Mellom mitt og vårt

Kapittel 7 er, så langt eg kan sjå, åstad for eit første møte mellom korfeltet og organisasjonspsykologiske teoriar knytt til psykologiske eigarskapskjensler. Organisasjonsmedlemmer kan under visse forhold utvikle eigarskapskjensler mot organisasjonen og enkelte organisasjonsfaktorar (Pierce & Jussila, 2011; Pierce et al., 2001). I eit kor kan det å føle eigarskap til koret, eller til visse element i koret, stå i samanheng med det å kjenne på ei rekkje rettar og ansvar. Avhengig av korleis desse eigarskapskjenslene blir utvikla, kan det stimulere til ulik type oppførsel i møte hendingar i koret, både positiv og negativ. For somme kan eigarskapskjenslene føre til eit behov for å vere informert om avgjersler som blir tekne i organisasjonen, og at ein tek ei forvaltarrolle overfor dei. Alt etter korleis eigarskapskjenslene artar seg blant kormedlemmane kan endring bli møtt med støtte eller motstand. Om opparbeiding av eigarskapskjenslene blir kombinert med eit sterkt behov for personleg kontroll, kan dette føre til dysfunksjonell oppførsel, som å la vere å gi frå seg makt eller dele informasjon, å motsette seg andre sine initiativ eller forsøk på samarbeid, sabotasje, samt det å føle på stress, frustrasjon, framandgjerung og andre psykiske og fysiske helseplager.

Det andre spenningsfylte området er knytt til ulike former for psykologisk eigarskap som eksisterer for einskilde faktorar i koret, eller for koret som heilskap. Avhengig av korleis eigarskapskjensler til enkelte faktorar oppstår, kan dette skape spenningar i koret. Dette kan skje både på grunn av proteksjonistisk og destruktiv oppførsel av einskildmedlemmar, men også fordi fleire medlemmar kan utvikle eigarskapskjensler til dei same faktorane på ulikt vis, slik som skjedde i døme frå Siréne om korklang.⁶⁴ I eit kor eksisterer det med andre ord eit landskap av faktorar som medlemmane kan kjenne eit psykologisk eigarskapsforhold til, både kollektivt og individuelt, noko som gir eit potensiale for positiv kollektiv innsats og identitets- og rolleutvikling, men

64 Sjå kapittel 7.4.



Figur 12: Mellom mitt og vårt

også for destruktiv oppførsel og konflikta. Utviklinga av psykologisk eigarskap står i ein samanheng med utviklinga av sjølvidentitet då eignelutar kan vere symbolske uttrykk for sjølvvet.⁶⁵ Det kan også vere eit utgangspunkt for meir eller mindre medvitne normer, slik saken var i høve Brandalskoret og konsekvensar av ein sterk visjon om det klikkfrie og gode miljøet. Ikkje minst er utviklinga av psykologiske eigarskapskjensler ein viktig del av grunnlaget


65 Sjå kapittel 3.2.2.

for styrken til enkelte motivasjonsfaktorar. Ein dirigent som til dømes kjenner på sterke eigarskapskjensler for korklangen, vil naturleg nok trekke fram denne som ein viktig motivasjonsfaktor, medan ein kormedlem som har utvikla eigarskapskjensler til det sosiale miljøet i koret vil oppleve denne faktoren som sentral i sin personlege motivasjonsprofil.

11.3 Mellom det individuelle og kollektive

I kapittel 8 har eg undersøkt korleis identitet i eit korfellesskap kan bli forstått, og teke utgangspunkt i to perspektiv på identitet. Som medlem i eit kor står ein i ei spenning mellom ein *individuell/personleg identitet/sjølvidentitet* og ein *kollektiv identitet/gruppeidentitet*. Fleire av studiedeltakarane kunne fortelje om prosessar som styrkte den individuelle identiteten, som sterke høgdepunktopplevingar eller utviklinga av eigarskapskjensler til faktorar i koret. Enkelte kunne også fortelje om at deira sjølvidentitet blei tydelegare når dei opplevde ein konflikt i høve det dei oppfatta som koret sin gruppeidentitet. På ei anna side kunne fleire fortelje om prosessar som forsterka opplevinga av å høyre saman i ein felles gruppeidentitet i koret. Slik prosessar kunne vere ei felles forståing av tradisjonar og etablerte praksisar, og delte verdiar knytt til det sosiale miljøet. Det å kjenne at ein delte ambisjonsnivå og alderssegment bygde også opp om dette. Enkelte kunne også fortelje om korleis koret som heilskap utvikla ein tydelegare identitet gjennom negativ identifikasjon til andre tilsvarande grupper, der rivaliserande kor fungerte som negative referansegrupper ein ynskte å markere avstand til.

Det tredje spenningsfylte området er dermed knytt til eit identitetsarbeid medlemmar av eit kor står i, der ein må innrette seg i høve ulike former for identitet. I kor stor grad ein kjenner seg inkludert i korets gruppeidentitet kan variere mellom medlemmane, og også i høve ulike faktorar i koret som alder og ambisjonsnivå. I eit kor kan ein kjenne på opplevingar som byggjer opp under både ein sjølvidentitet og ein gruppeidentitet, og i enkelte tilfelle kan ein også oppleve ein konflikt mellom desse. Eit typisk tilfelle er det Linda kunne fortelje om i kapittel 8.2.1 om musikalsk ambisjonsnivå. Eg har tidlegare nemnd samanhengen utviklinga av sjølvidentitet har i høve enkelte motivasjonsfaktorar, samt psykologisk eigarskap. Prosessar knytt til utviklinga av ein gruppeidentitet heng også saman med det sosiale fellesskapet, og kan også sjåast i samheng med sosial kapital av typen bonding slik det er skildra i



Figur 13: Mellom det individuelle og kollektive


kapittel 10.2.1. Utviklinga av ein gruppeidentitet skapar også ein link til andre kor og grupper der dei har funksjon som referansegrupper, anten positive eller negative. Til saman kan dette skildrast som eit spenningsfylt område der fleire faktorar, både individuelle, kollektive, indre og utvekslande spelar ei rolle.

11.4 Mellom det primære og sekundære

I intervju fortel deltakarane i denne studien om kva koret betyr for dei. Dette materialet inneheld stor variasjon der dei ulike intervjupersonane vektlegg ulike sider ved kordeltakinga. I kapittel 6.2.3 nemnde eg det sosiale fellesskapet som ein viktig motivasjonsfaktor for deltakarane i denne studien, og i kapittel 9 var målsetjinga å undersøke denne tematikken nærare. Eit perspektiv på dette er distinksjonen mellom primær- og sekundærgrupper (Ilstad, 2004, s. 127; Renolen, 2008, s. 215; Raaheim, 2002, s. 18–19; Underlid, 1997, s. 16). I datamaterialet finn ein grunnlag for både desse forståingsmåtane om korleis studiedeltakarane opplever koret som sosial gruppe. Ein utstrakt bruk av ord frå familiesfæren for å skildre koret, samt ei rekkje samanbindande aktivitetar og felles målsetjingar, skapar eit grunnlag for utvikling av nære relasjonar, noko som peikar i retning av at koret har primærgruppefunksjonar for medlemmane. Samtidig er koret eit tydeleg hierarkisk og formelt strukturert interessefellesskap samla kring musikk og song, noko som peikar på at fungerer som ei sekundærgruppe.

Om koret har primær- eller sekundærgruppefunksjonar kan variere frå person til person, noko som kan føre til utfordrande situasjonar. Dette heng saman med at ein eigen type etikk følgjer med gruppefunksjonane, noko som vidare kan føre til ulike forventingar, handlings- og reaksjonsmønster blant kormedlemmane. Til saman løftar dette perspektivet fram det sosiale fellesskapet som eit spenningsfylt område der ulike forståingar av gruppefunksjonen, trass nærværet av sterke sosiale relasjonar, potensielt kan skape misforståingar og konflikhtar.

Det fjerde spenningsfylte området handlar såleis om korleis det sosiale fellesskapet fyller ulike behov hjå den einskilde kormedlem, noko som kan variere over tid og mellom kormedlemmane. Spenningar kan oppstå mellom kormedlemmar som legg ulik tyding i det sosiale fellesskapet, men også mellom koret sin sekundærgruppefunksjon, definert av musikalske standardar og formaliserte organisering, og koret sin primærgruppefunksjon i form av eit familieliknande og sosialt støttande fellesskap. I tillegg til kontaktpunkta dette spenningsfylte området har til dei tidlegare allereie omtalte områda, står korfellesskapet som sosial gruppe i eit spenningsfylt forhold til kormedlemmane sin private sosiale situasjon, som familie og vener. I periodar kan koret krevje prioritet over familieforpliktingar og skape konflikhtar som stiller spørsmålsteikn med korets gruppefunksjon.




Figur 14: Mellom det primære og sekundære

11.5 Mellom fortid og framtid

I denne avhandlinga sitt 10. kapittel var målsetjinga å undersøke forholdet mellom kor og samfunn. Undersøkinga har teke utgangspunkt i Giddens (1990, 1991) sine teoriar om at moderniteten, i tillegg til å utfalde seg på eit personleg

og kvardagsleg («intentional») nivå, også ytrar seg på eit overordna («extensional») nivå. Dei moderne institusjonane skil seg frå alle tidlegare former for sosial orden med omsyn til dynamikk, forholdet til tradisjon, og globalisering, og ikkje minst er samanknyttinga av desse to nivå noko Giddens ynskjer å undersøke nærare. Ei forståing av dette er at endringar på samfunnsnivå kan få konkrete effektar på det personlege nivå, medan nye relasjons- og samværsformer påverkar dei samfunnsmessige institusjonane innanfrå. I datamaterialet i denne studien finst det fleire forteljingar om kva utfordringar korverksemda møter i dagens samfunn, og ikkje minst er dette noko som mange av intervju-personane reflekterer over. Deltakarane i denne studien fortel om korfellesskap som skapar rammer der kjensler av tilhøyrsløse får utfalde seg, men som likevel taper i konkurransen med andre aktivitetar. Det moderne samfunnet, med sine nye kommunikasjonsmåtar, skapar nemleg ustabile, flytande, veldig opne og sterkt individualiserte grupper. Giddens (1990) skildrar denne situasjonen som ein modernitet prega av eit større endringstempo og -omfang, der tradisjonen har mist sin autoritet (s. 5–6). *Community* kan i dette biletet bli oppfatta som eit uttrykk for saknet etter ei tapt fortid, øydelagd og utfordra av moderniteten (Delanty, 2010). I denne røyndomen står korsongaren og den tradisjonelle korverksemda, i konkurranse med nye typar fellesskap som er betre tilpassa ein ustabil, flytande, veldig open og sterkt individualisert kvardag enn kva koret er.

Det femte spenningsfylte området handlar om forholdet mellom koret og samfunnet, noko eg også har trekt fram i dei fire føregåande spenningsfylte områda. Koret står utvilsamt i eit mangefasettert og utvekslande dynamisk forhold til samfunnet rundt, både gjennom den funksjonen koret har i lokalsamfunnet, men også gjennom det forholdet kvar enkelt kormedlem har til andre grupper og kontekstar. Som eg skreiv om i kapittel 9.3.3 kan koret skape ei kjensle av å vere «heime» og å høyre til, noko som for mange er basert på vere ein del av ein historie og tradisjon. Fleire intervju-personar kunne også fortelje om utfordringar knytt til rekruttering og deltaking i koret, der auka konkurranse og endringar i livs- og jobbsituasjon gjer kordeltaking vanskeleg. Utfordringar med rekrutteringsarbeidet blei av fleire satt i samanheng med opplevinga av at koret har mist status og posisjon i lokalsamfunnet. Koret som organisasjon stiller krav til individ som vert utfordra det av moderne samfunnets nye måtar å vere til på, av nye og meir individualiserte former for *community*. Som medlem i eit kor står ein derfor i eit slags spenningsforhold mellom korets tradisjonelle organiseringsform med krav til rutinemessig fysisk oppmøte, og det moderne kvardagslivet nye og fleksible former for samvær og tilhøyrsløse. Ein annan måte



Figur 15: Mellom fortid og framtid

å sjå dette på er at koret, som ein gamal måte å organisere eit interessefelleskap på, står i eit spenningsforhold til dagens menneskelege situasjon, som ei gamal form i ei ny tid, mellom fortid og framtid.

12 Konklusjon

I denne studien har eg teke utgangspunkt i at eit kor er ei gruppe med menneske som syng meir eller mindre fleirstemt og som har ein viss grad av organisering. I kartleggingsundersøkinga⁶⁶ kom det fram eit stort spekter av ulike variantar av korleis ei slik gruppe kan arte seg. Det finst kor som er over 100 år gamle, samtidig som det blir starta nye kor rett som det er. Eit kor kan ha hundrevis av songarar (sjølv om dette er sjeldan no i dag), men også berre bestå av 4–5 stykke. Det kan fungere med eller utan musikalsk leiar eller styre, det kan øve opptil fleire gongar i veka, eller så sjeldan som eit par gongar i halvåret. Det kan vere ein integrert del av det offentlege livet til eit lokalsamfunn, eller det kan eksistere eine og åleine for medlemmane si private songglede. Eit kor kan vere som ein familie, og det kan vere ein rein hobby, og for somme er eit kor også ein jobb. Eit kor er med andre ord ei svært fleksibel form som kan tilpassast eit utal forskjellige situasjonar og kontekstar – men kordeltaking krev tid, og at ein fysisk er til stades. Eit kor er avhengig av at ei samling menneske stort sett møter kvarandre på same stad, samtidig – akkurat på dette punktet stoppar eit kors fleksibilitet.

Eg vil no vende tilbake til opninga av avhandlinga, og vurdere i kor stor grad eg har lukkast i å svare på studien si problemformulering og forskingsspørsmål. Som sagt har utforminga av forskingsspørsmål blitt til i dialog med analyseprosessen, der visse hovudtematikkar som egna seg for teoretiske og/eller empiriske drøftingar vaks fram.⁶⁷ Forskingsspørsmåla i denne studien er presentert i kapittel 1.2.2 og løftar fram tematikkar som motivasjon, eigarskap, identitet, koret som sosial gruppe, samt forholdet mellom kor og samfunn.

⁶⁶ Sjå kapittel 5.2.

⁶⁷ Sjå kapittel 1.2.2 og 4.6.1.


I denne studien har forskingsspørsmåla hatt fleire formål. Ikkje berre har dei gitt retning til forskingsprosessen, dei har også synleggjort val eg har teke i møte med studien sitt datamateriale. Dette er ein viktig del av eit transparent forskingsarbeid, og gir lesaren eit betre grunnlag for å kritisk vurdere avgjersler som er blitt gjort. Eg vonar eg har lukkast i dette, og at måten arbeidet er blitt presentert på har bidrege til tilstrekkeleg med informasjon rundt alle fasar i studien slik at forskarsamfunnet sine krav til reliabilitet, validitet og truverd blir innfridde. Avhandlingsarbeidet er også lagt opp slik at kapittel 6–10 tek utgangspunkt i kvart sitt forskingsspørsmål, og i kvart av desse kapitla har relevant empiri blitt presentert og diskutert, der målet har vore å utforske tematikkane forskingsspørsmåla aktualiserer. Mange av studien sine funn er dermed å finne i del B, her presentert med eit vidt fokus.

Men forskingsspørsmåla sitt hovudformål er likevel å operasjonalisere studien si problemformulering. Dette formålet var også heilt sentralt i utforminga av forskingsspørsmåla, og har saman med analysearbeidet vore utslagsgjevande for kva form desse spørsmåla fekk. Med det eine auget på problemformuleringa, og det andre på potensialet som har synt seg gjennom arbeidet med datamaterialet, har planen vore at arbeidet med kvart forskingsspørsmål, på ulikt vis, bidreg inn i ei djupare forståing av det problemformuleringa løftar fram. I del C har eg derfor så langt, med problemformuleringa i tankane, freista å hente ut relevante element frå diskusjonane i del B og illustrere desse i fem spenningsfylte område. Desse områda er stilt opp som binære relasjonar som illustrerer spenningsfylte område deltakarane i denne studien står i. På denne bakgrunnen vender eg meg så mot studien si problemformulering.

12.1 Koret som spenningsfelt

Problemformuleringa for denne studien har vore: *kva betyr kordeltaking for individ og gruppe?* For å svare på dette vil eg her freiste å setje saman resultatata frå studiens analysedel, og som Tjora (2012) skriv om målet for den stegvis-deduktive induktive metoden, skissere eit forslag i retning av konsept- og modellutvikling (s. 174 og 186–191). I analysekapitla har eg drøfta fem tematikkar som kvar på sin måte utgjør sentrale delar av kva det inneber å ta del i eit kor, og i forlenginga av dette har eg i kapittel 11 skissert fem spenningsfylte område, kvar med sin eigenart. Til saman dannar desse områda eit *spenningsfelt*⁶⁸ som

68 Sjå kapittel 3.1.2.



Figur 16: Koret som spenningsfelt

fungerer som ein modell for det å vere ein del av eit korfellesskap. Dei fem områda som spenningsfeltet består av dekkjer eit spekter av ulike nivå, frå det individualpsykologiske til det sosiale og samfunnsmessige, og skapar til saman ein dynamisk og konstant utviklande røyndom som den einskilde kormedlem står i. Koret som spenningsfelt står i ein samanheng med samfunnet rundt, både gjennom den kulturelle og rituelle rolla koret har i lokalsamfunnet, men også gjennom å bestå av ei rekkje enkeltindivid som kvar for seg beveger seg i spenningsfeltet mellom korfellesskapet og livet utanfor. Modellen sitt dynamiske element er artikulert i omgrepa *indre dynamikk* og *uttrekslande dynamikk*.

På den eine sida syner modellen fem sentrale tematikkar for einskildmedlemmane i koret. Desse utgjer kvar for seg eit spenningsfylt område med ein eigen dynamikk, men står også i samanheng med kvarandre. Alle områda står i

større eller mindre grad i eit spenningsfylt forhold til omverda, anten gjennom koret som heilskap eller gjennom kvar einskildmedlem.

På den andre sida syner modellen også *koret som spenningsfelt*. Dette gir eit bilete av korleis eit kor er samansett av ei rekkje faktorar som er under gjensidig påverknad, og der dei ulike områda står i eit spenningsforhold til kvarandre og til omverda. For å nå fram til ei større forståing av koret kan ein undersøke nærare kvart av dei fem spenningsfylte områda, men også vere varsam for dei samanhengane som eksisterer mellom dei. Til saman meiner eg dette konseptet om koret som spenningsfelt illustrerer resultatata av denne studiens resultat- og analysedel, og samtidig gir eit svar på studiens problemformulering: *kva betyr kordeltaking for individ og gruppe?*

12.2 Sjølvet i eit spenningsfelt

Det å vere ein del av eit moderne samfunn inneber også ei rekkje utfordringar, noko eg har vore innom i fleire av avhandlinga sine resultat- og analysekapittel. Ikkje berre kan kordeltaking bli forstått som å vere ein del av eit spenningsfelt, det å leve i ei høgmoderne verd er prega av spenningar og vanskar knytt til sjølvet. Dette spenningsfeltet, som strekk seg langt utover det som blir aktualisert gjennom koret som spenningsfelt, består av ei rekkje dilemma som Giddens (1991) kallar *sjølvets dilemma* («dilemmas of the self»). Desse må løysast om ein skal bevare eit koherent narrativ om eins eigen sjølvidentitet (s. 187–201). Som ein del av avhandlingas konklusjon vil eg på bakgrunn av studiens analysedel også sjå på kordeltakingas implikasjonar i samanheng med oppgåva det moderne mennesket har med å løyse desse dilemma.

1 Foreining mot fragmentering («unification versus fragmentation»):

Ei utfordring ein møter i det høgmoderne samfunnet er å konstruere eit koherent narrativ om sjølvet, samtidig som ein må inkorporere fleirfaldige kontekstuelle hendingar og former for medierte oppleving. Moderniteten fragmenterer, noko som mellom anna spring ut av at ein blir tilboden eit utal moglegheiter, både i høve måtar å oppføre seg på, men også i høve «verdas openheit» for individet (Giddens, 1991, s. 189–191). Kordeltaking tilbyr eit haldepunkt, ein stabil kontekst, i denne røyndomen. I koret får ein høve til å bli ein del av eit distinkt musikalsk og sosialt fellesskap, noko som utgjer ein del av den kontekstuelle diversiteten. Gjennom tileigninga og utviklinga av korets gruppeidentitet får

kormedlemmen hjelp til å inkorporere element frå denne settingen i sin eigen sjølvidentitet, noko som bidrar i arbeidet med å halde saman eit koherent biografisk narrativ.

2 **Maktesløyse mot appropriasjon** («powerlessness versus appropriation»):

Den aukande globaliseringa skapar på mange måtar ei meir einskapleg verd der globale hendingar kan påverke ein lokalt, mykje på grunn av eit felles opplevingsrammeverk for tid og rom. Di meir tradisjon tapar terreng, og di meir kvardagslivet er rekonstituert som eit dialektisk samspel mellom det lokale og det globale, blir individet tvunge til å forhandle mellom eit mangfald av livsstilsval. Samtidig mister vi innsikt i og makt over mange av dei abstrakte systema som utgjer viktige sider ved kvardagslivet vårt (Giddens, 1991, s. 192–193). Saman med nye former for risiko (globale miljøtruslar, atomkrig og liknande), skapar dette ein situasjon der ein opplever nye former for maktesløyse og mangel på kontroll. På den andre sida får ein tilgang eit stort mangfald av livsstilsval. Giddens (1991) definerer *livsstil* som «a more or less integrated set of practices which an individual embraces, not only because such practices fulfil utilitarian needs, but because they give material form to a particular narrative of self-identity» (s. 81). Å vere ein del av eit korfellesskap kan i denne samanhengen bli sett på som ein livsstilssektor («*lifestyle sector*») (s. 83), noko som til ein viss grad minner om Finnegans (1989) konsept «pathways».

Fleire av studiens deltakarar kunne fortelje om ei oppleving av at det blei vanskelegare og vanskelegare for folk å prioritere koret. Utfordringar med rekruttering førte også til at mange gjorde grep, som å freiste å tilpasse repertoaret i koret for å kunne treffe nye grupper. Det moderne mennesket mange alternativ å velje mellom i søkinga etter tilhøyrse, og fleire av desse alternativa er betre tilpassa ein ustabil, flytande, veldig open og sterkt individualisert kvardag enn det koret er. Men å velje å bli med i eit kor er heller ikkje berre snakk om å få noko til å passe i ein travel kvardag, det er også snakk om å «give material form to a particular narrative of self-identity» (Giddens, 1991, s. 81), å tillate kordeltakinga å bli ein synleg del av sjølvidentiteten sitt uttrykk. Å bli med i eit kor gir ein kontroll over eins eige narrativ om sjølvvet, både gjennom det aktive valet det er å bli med, men også gjennom at ein er med å forme kva koret er, både sosialt og musikalsk. Samtidig gir korfellesskapet grunnlag for tillit, både til gruppa – for somme med primærgruppefunksjonar – men også til koret som eit strukturierende og identitetsbyggande element i kvardagen. Tilliten blir i denne situasjonen eit botemiddel for maktesløyse, og ved å investere tillit i

korfelleskapet får ein tilgang til ressursane dette fellesskapet kan gi. Dette aktualiserer utfordringane knytt til det Giddens (1991) kallar *reine forhold*. Det fungerande reine forholdet skapar tilhøve for utviklinga av tillit basert på gjensidig forplikting og intensifisert intimitet, men sidan det per definisjon kan bli avslutta når det passar ein, er det berre halde i live så lenge det genererer tilstrekkeleg nytte for dei involverte (s. 185–187). Dette bidrar til ei spenning i forholdet, løfta fram i diskusjonen i kapittel 9.5.3, kring ei primær- og sekundærgruppeetisk forståing av korfelleskapet.

3 **Autoritet mot utryggleik/tvil** («authority versus uncertainty»):

Ein annan konsekvens av å leve i eit høgmoderne samfunn er tapet av endelege autoritetar (som tradisjon, religion osv.). Dette inneber ikkje at autoritetar forsvinn, men at dei blir utfordra gjennom eit mangfald av element og instansar som krev autoritet. Dei tradisjonelle formene for autoritet blir no berre «autoritetar» blant andre, ein del av ei ubestemt pluralisme av ekspertise. Dette medfører mellom anna ei grunnleggjande skeptisk haldning til autoritetar, eller som Giddens (1991) skriv det: «in assessing the claims of rival authorities, the lay individual tends to utilise that principle in the sceptical outlook which pluralistic circumstances almost inevitably presuppose» (s. 195). Også her spelar kordeltakinga, som eit element i eit livsstilsval, ei viktig rolle. Kordeltakinga tilbyr ei rekkje faste rutiniserte aktivitetar, noko som er viktig for å oppretthalde ei kjensle av ontologisk tryggleik. For mange i denne studien inneheldt kordeltakinga i tillegg fleire element dei opplevde som autoritetar. Ikkje minst var dirigenten ein autoritet, sjølv om det kunne variere i kor stor grad for enkelte medlemmar. I kora eg følgde var det likevel avgjerande at alle forplikta seg til dirigenten som ein autoritet – utan dette ville grunnlaget for normal drift forsvinne. For somme spelte tradisjonen ei veldig viktig rolle, og rutinar og måtar ting skulle bli gjort på fann grunngevinga si i korleis ting var blitt gjort før. Også her kunne det oppstå konflikter, då ikkje alle opplevde tradisjon som ein like betydeleg autoritet. Dette blei særleg aktualisert i periodar med sviktande rekruttering, der ein tok til å stille spørsmål om det var på tide å tenkje nytt.

4 **Personalisert mot kommodifisert erfaring** («personalised versus commodified experience»):

Giddens (1991) peikar på ei rekkje måtar kapitalismen påverkar sjølvidentitetsprosjektet. Individets fridom og rett til å velje ligg til grunn for denne marknads-tenkinga, og i større eller mindre grad er dette prosjektet blitt transformert til å skulle eige og forbruke stadig nye varer og tenester. Dette påverkar ikkje

berre livsstilsvala våre, men fører også til ei kommodifisering av sjølvaktualisering gjennom sjølvhjelps- og sjølvutviklingsindustrien. Samtidig som vi blir utsatt for standardiserte mediaskapte modellar for konstruksjonen av vårt eige sjølvnarrativ. Likevel betyr ikkje dette at individet mister evna til å aktivt velje mellom eller sjølvstendig tolke ulike typar tilgjengeleg informasjon. Sjølv om kommodifisering til ein viss grad inneber standardisering av produkt og produksjonsmåtar, kan forbrukaren likevel nytte valfridomen sin til skape individuelle kvalitetar – det refleksive prosjektet om sjølvvet er på somme måtar nødvendigvis ein kamp mot kommodifisert påverknad (s. 196–200). Dette peikar vidare på ei generell individualisering i samfunnet, der vi forventar meir fleksibilitet av instansar vi har eit forhold til.

Som medlem i eit kor vil ein oppleve ei innskrenking av personleg fridom. Korsong og kordrift er eit samarbeidsprosjekt, og det å ta del i sosiale fellesskap kan skildrast som ein balansegang mellom behovet for individualitet og fridom på den eine sida, og kravet om tilpassing på den andre (Raaheim, 2002, s. 18). Det individuelle handlingsrommet er derfor avgrensa til det som korets sosiale og musikalske normer tillèt. Mange opplevde at rigiditeten i koret si form, først og fremst kravet om tidsbruk og fysisk oppmøte, var utfordrande for å etterkome, noko som var ein direkte årsak til sviktande rekruttering. Tidlegare skreiv eg om alle livsstilsalternativa individet i det moderne samfunnet står overfor, noko som gir ein moglegheit til å gjere val som krev mindre individuell tilpassing, og som utfordrar narrativet om sjølvvet i mindre grad. Kordeltaking som del av eit livsstilsval er omfattande og kan innebere store tilretteleggingar på fleire frontar i livet, i andre livsstilssektorar. Enkelte faktorar kan gjere denne prosessen mindre utfordrande, noko eg skreiv om i kapittel 9. Det Finnegan (1989) skildrar som «pathways», ein slags familiaritet med bestemte musikalske «verder», kan også bli forstått som ein «tjuvstart» på jobben det er å skulle inkorporere element i det biografiske sjølvnarrativet eins. Mange av denne studiens deltakarar kunne også fortelje om korleis familie og slekt gjorde vegen inn i kor enklare. Sjølvvet som refleksivt prosjekt, som består av å halde saman koherente, men samtidig stadig reviderte biografiske narrativ, blir i mindre grad utfordra når narrativet som koret tilbyr i mindre grad skil seg frå dei allereie eksisterande biografiske narrativa. Som kormedlem vil ein også, i større eller mindre grad, bidra til å utvikle korets gruppeidentitet. Kordeltaking kan gjennom dette også vere eit personleg uttrykk for eins eigen sjølvidentitet, eit resultat av eins eigen valfridom.

12.3 Spenningsfelt som metaforisk konsept

Modellen av koret som spenningsfelt inneheld fem spenningsfylte område basert på ein analyse av studiens datamateriale, og i denne studien var det desse områda som stod ut som dei mest treffande tematikkane. Men det finst mange andre faktorar som det hadde gått an å inkludere. Eit av dei hyppigast nemnde motsetnadspara i korforsningslitteratur som tek opp sosiale forhold i korverksemd, er forholdet mellom *den musikalske kvaliteten/ambisjonen* og *det sosiale/miljøet*, noko som mellom andre Balsnes (2009) trekker fram. Her blir balansen mellom å prioritere arbeid med den musikalske kvaliteten satt opp mot prioriteringa av det sosiale miljøet og rom for samvær – om ein prioriterer det eine vil det gå utover det andre (s. 236–238). Men kva konsekvensar får det når ein gjer denne type strukturerande val, der enkelte konsept og tematikkar blir løfta fram til fordel for andre?

I boka *Metaphors we live by* skriv Lakoff og Johnson (2003) at «[o]ur concepts structure what we perceive, how we get around in the world, and how we relate to other people. Our conceptual system thus plays a role in defining our everyday realities» (s. 3). Dei metaforiske konseptane ein nyttar spelar såleis ei grunnleggjande strukturerande rolle i kva ein oppfattar, tenkjer og gjer. I det vi nyttar eit metaforisk konsept følgjer det med eit slags system av tenkje- og formuleringsmåtar som legg føringar, ikkje berre for korleis vi omtalar noko, men også for korleis vi opplever og ser (Underhill, 2011, s. 26). Metaforane spelar dermed ei sentral rolle i konstruksjonen av røyndomen vår; ein røyndom som er grunnlaget for forminga av metaforane vi nyttar. Denne prosessen er med andre ord sirkulær, der dei metaforiske konseptane vi nyttar inngår i ei gjensidig forming av språk, tenkjemåte og røyndom.

Eit døme frå denne studien er tendensen mange av intervjupersonane hadde til å nytte ord og omgrep frå familiesfæren når dei fortalde om koret sitt. Dette hadde sitt utspring i metaforen «koret er ein familie», noko som hadde fleire språklege uttrykk slik eg synte i kapittel 9.3. Men analysen synte også at dette ikkje berre var eit språkleg fenomen. Tendensen til å omtale koret som ein familie hang saman med ei oppleving av at koret hadde primærgruppefunksjonar for fleire av kormedlemmane. «Koret er ein familie» uttrykkjer dermed ikkje berre ei overflattisk språkdrakt, men peikar på ei reell oppleving av koret som ei familieliknande primærgruppe. For enkelte fekk dette den konsekvensen at koret tok opp i seg familieliknande eigenskapar i form av *primærgruppenormer* og ein *primærgruppeetik*. Ikkje berre skapar metaforen «koret er ein familie» ei

oppleving av koret som primærgruppe, det skapar forventingar til korgruppas etikk og normsystem, det formar kva koret er.

Om ein går tilbake til det mykje nytta motsetnadsparet mellom musikalsk kvalitet på den eine sida og det sosiale fellesskapet på den andre, kan desse to polane uttrykkast som to metaforar: «korsong er prestasjon» (eventuelt kunst) og «korsong er venskap» (eventuelt familie). Alt etter kva metafor ein nyttar for korverksemda vil det følgje med eit konseptuelt system og ein tilhøyrande språkbruk, noko som også vil påverke korleis vi opplever, forstår og utfører korverksemda. Desse metaforane vil på den eine sida løfte fram enkelte aspekt ved konseptet, og på den andre sida gøyme andre aspekt bort (Lakoff & Johnson, 2003, s. 10–14; Underhill, 2011, s. 26–27). Konseptuelle metaforar kan med andre ord vere motstridande, og også inkompatible. Dette er ein god ting, skriv Lakoff og Johnson (2003), då ein konseptuell metafor kan nyttast til å løfte fram sider ved aspektet som er gøymd av andre konseptuelle metaforar (s. 42–46). Det er meir problematisk når enkelte konseptuelle metaforar dominerer så mykje at enkelte aspekt ved konseptet blir gøymd og underkommunisert. Det kan derfor vere grunnar til å utfordre og reflektere over kva konseptuelle metaforar vi nyttar, og i forlenginga av dette utvikle nytt språk og nye modellar som opnar for nye måtar å tenkje på. Dette har også vore ei av målsetjingane med denne studien.

Ved å introdusere konseptet *kolet som spenningsfelt*, oppbygd av fem spenningsfylte område, har eg freista å løfte fram aspekt på ein måte som tidlegare har vore mindre framme i korforsningslitteraturen, og ynskjer på denne måten å gi eit nytt tilskot til måten vi talar, skriv, opplever og til ein viss grad utfører korverksemd og korforskning på.

12.4 Vegene vidare og forslag til framtidig forskning

Det er framleis veldig mange spørsmål som eg ikkje har fått svar på, og enkelte av tematikkane kunne eg svært gjerne tenkt meg å følgd opp mykje nærare før eg set punktum for denne avhandlinga. Alle dei fem spenningsfylte områda eg har introdusert i modellen om koret som spenningsfelt har mykje uutforska ved seg. Spesielt kapittelet som tek føre seg psykologisk eigarskap i kor ser eg på som nybrottsarbeid i korforskninga, og det hadde vore svært interessant å sett andre gjere studiar som tek dette initiativet vidare. I denne avhandling har eg også lansert ein *kontekstuell modell for motivasjon*, som tilbyr eit

omgrepsapparat for å forstå og diskutere denne sida av korverksemda. Særleg må omgrep som *motivasjonskultur*, samt *nære og fjerne motivasjonsfaktorar* prøvast ut og diskuterast i liknande kontekstar før ein finn ut om dei er fruktbare reiskapar å nytte. Framtidige studiar kan også utfordre vala eg har gjort når det kjem til kva område og tematikkar som kan inkluderast i modellen om koret som spenningsfelt. Ikkje minst må konseptet om koret som spenningsfelt prøvast ut som eit rammeverk for forskning på kor. Konseptet tilbyr perspektiv som gjer det mogleg å vere meir målretta i studiar som undersøker effektar av kordeltaking, som til dømes helse- og velværeeffektar. Til saman utgjer dette eit viktig kunnskapsbidrag i denne studien; ei utvikling av eit teoretisk-metodologisk perspektiv som tilbyr å studere deltaking i musikkaktivitet som både er aktør- og struktursentrert, og der relasjonane (det som er «mellom») står i forgrunnen.

Resultata eg er komen fram til er gyldige først og fremst for det feltet eg har forska på, men basert på ein stor grad av transparens og grundig utgreiing av metodiske framgangsmåtar, vonar eg dei kan vere nyttige for andre som ynskjer å forske på samanliknbare fenomen. Det er også viktig for meg at denne publikasjonen kan gi noko tilbake til dei utruleg flotte menneska eg var så heldig å få dele tid, samvær og musikalske opplevingar med i 2010–2011. Vonleg kan perspektiva som er presenterte her vere med på å vidareutvikle eit språk for å snakke om sider ved kordeltakinga som elles kan vere lette å gå glipp av.

Referansar

- Balatti, J. & Falk, I. (2001). *Socioeconomic contributions of adult learning to community: A social capital perspective*. CRLRA discussion paper.
- Balsnes, A. H. (2009). *Å lære i kor: Belcanto som praksisfellesskap* (Doktoravhandling). Norges musikkhøgskole, Oslo.
- Barrett, M. S. & Stauffer, S. L. (2009). *Narrative inquiry in music education: troubling certainty*. Dordrecht: Springer Netherlands.
- Barth, F. (1969). *Ethnic groups and boundaries: the social organization of culture difference*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Baumeister, R. F. & Leary, M. R. (1995). The need to belong: desire for interpersonal attachments as a fundamental human motivation. *Psychological Bulletin*, 117(3), 497–529. doi: [10.1037/0033-2909.117.3.497](https://doi.org/10.1037/0033-2909.117.3.497)
- Beer, R. d. (2002). *The sound body of the African choir: a comparison between the Scandinavian and African sound body in choral music* (Masteroppgåve). Universitetet i Oslo, Oslo.
- Bentzen, A. O. (2007). *The Real Group* (Hovudoppgåve). Universitetet i Oslo, Oslo.
- Biddle, B. J. (1986). Recent development in role theory. *Annual Review of Sociology*, 12, 67–92.

- Bjørn, A. M. D. (2015). *Korsang og psykisk helse. Empirisk studie om et tilrettelagt korsangtilbud for personer med psykiske helseplager* (Masteroppgåve). Høgskolen i Nord-Trøndelag, Levanger.
- Blumer, H. (1986). *Symbolic interactionism: perspective and method*. Berkeley, California: University of California Press.
- Bourdieu, P. (1997). *Af praktiske grunde: omkring teorien om menneskelig handlen*. København: Hans Reitzel.
- Bourdieu, P. & Wacquant, L. J. D. (1996). *Refleksiv sosiologi: mål og midler*. København: Hans Reitzel.
- Bourdieu, P., Østerberg, D., Prieur, A. & Barth, T. (1995). *Distinksjonen: en sosiologisk kritikk av dømmekraften*. Oslo: Pax.
- Brekke, J. E. (1980). *Trondhjems arbeiderpartis sangkor og Fagforeningenes mannskor, Trondheim: bidrag til karakteristik av den norske arbeidar-korrørsla* (Hovudoppgåve). Universitetet i Trondheim, Trondheim.
- Burnard, P., Hofvander Trulsson, Y. & Söderman, J. (2015). *Bourdieu and the sociology of music education*. Farnham: Ashgate.
- Bygdéus, P. (2015). *Medierande verktyg i körledarpraktik – en studie av arbets-sätt och handling i körledning med barn och unga* (Doktoravhandling). Malmö Academy of Music, Lund University, Malmö.
- Cialdini, R. B. & Trost, M. R. (1998). Social influence: social norms, conformity and compliance. I D. T. Gilbert, S. T. Fiske & G. Lindzey (Red.), *The handbook of social psychology* (4. utg., bd. 1–2, s. 151–192). New York, NY, US: McGraw-Hill.
- Cohen, A. P. (1985). *Symbolic construction of community*. Chichester: Ellis Horwood.
- Cook, N. & Everist, M. (1999). *Rethinking music*. Oxford: Oxford University Press.
- Csikszentmihalyi, M. (2008). *Flow: the psychology of optimal experience*. New York: Harper Perennial.
- Dahl, R. T. (1978). *Kirkesangbevegelsen i etterkrigstiden: med særlig henblikk på rikskirkesangfestene* (Hovudoppgåve). Universitetet i Trondheim, Trondheim.

- Deaux, K. (2000). Identity. I A. E. Kazdin (Red.), *Encyclopedia of psychology* (bd. 4, s. 222–225). New York, NY, US: Oxford University Press.
- Delanty, G. (2010). *Community* (2. utg.). London: Routledge.
- DeNora, T. (2006). Music and self-identity. I A. Bennett, B. Shank & J. Toynbee (Red.), *The Popular music studies reader* (s. 141–147). London: Routledge.
- Denzin, N. K. (1989). *The research act: a theoretical introduction to sociological methods* (3. utg.). Englewood Cliffs, N.J: Prentice Hall.
- Diamond, B. (2007). Music of modern indigeneity: from identity to alliance studies. *European Meetings in Ethnomusicology. The John Blacking Distinguished Lecture for 2006, 12*, 169–190.
- Egseth, B. & Odden, B. G. (1997). *Kor og oppvarming* (Studentoppgåve). Norges musikkhøgskole, Oslo.
- Einarsdottir, S. L. & Gudmundsdottir, H. R. (2016). The role of choral singing in the lives of amateur choral singers in Iceland. *Music Education Research, 18*(1), 39–56. doi: [10.1080/14613808.2015.1049258](https://doi.org/10.1080/14613808.2015.1049258)
- Elliott, J. (2005). *Using narrative in social research: qualitative and quantitative approaches*. London: Sage.
- Elster, J. (2007). *Explaining social behavior: more nuts and bolts for the social sciences*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Engesnes, S. (2000). *Jazz i kor: utfordringer under innøving av jazz i kor* (Studentoppgåve). Norges musikkhøgskole, Oslo.
- Eriksen, T. H. (2004). *Røtter og føtter: identitet i en omskiftelig tid*. Oslo: Aschehoug.
- Fangen, K. (2010). *Deltagende observasjon* (2. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.
- Finnegan, R. (1989). *The hidden musicians: music-making in an English town*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Fitzgerald, T. K. (1993). *Metaphors of identity: a culture-communication dialogue*. Albany, N.Y: State University of New York Press.
- Flyvbjerg, B. (2006). Five misunderstandings about case-study research. *Qualitative Inquiry, 12*(2), 219–245. doi: [10.1177/1077800405284363](https://doi.org/10.1177/1077800405284363)

- Follestad, M. S. (2013). *Bedre enn rafting i Sjøa!: En studie av musikalsk teambygging med korslaget som redskap* (Masteroppgåve). Universitetet i Oslo, Oslo.
- Fossen, W.-H. (1995). *Korsang i Nidarosdomen i det 20. århundrede* (Hovedoppgåve). Universitetet i Trondheim, Trondheim.
- Fostad, I. (2014). *Kunsten å kommunisere sangteknikk til kor: en kasusstudie av tre dirigenters praksis* (Masteroppgåve). NTNU, Trondheim.
- Frønes, I. (2001). *Handling, kultur og mening*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Fylling, J. (1982). *Knut Nystedts verker for blandet kor a cappella* (Hovedoppgåve). Universitetet i Oslo, Oslo.
- Geisler, U. (2010). *Körforskning: En bibliografi: A Global Bibliography*. Lund/ Malmö: Körcentrum Syd. Henta frå https://www.korcentrumsyd.lu.se/sites/korcentrumsyd.lu.se/files/geisler-2010_choral-research_a-global-bibliography.pdf
- Geisler, U. & Johansson, K. (2010). *Choir in focus 2010*. Göteborg: Ejeby.
- Geisler, U. & Johansson, K. (2011). *Choir in focus 2011*. Göteborg: Ejeby.
- Geisler, U. & Johansson, K. (2014). *Choral singing: histories and practices*. Newcastle upon Tyne: Cambridge Scholars Publishing.
- Giddens, A. (1984). *The constitution of society: outline of the theory of structuration*. Cambridge: Polity Press.
- Giddens, A. (1990). *The consequences of modernity*. Cambridge: Polity Press.
- Giddens, A. (1991). *Modernity and self-identity: self and society in the late modern age*. Cambridge: Polity Press.
- Gjørund, P. & Huseby, R. (2009). *To eller flere –: basiskunnskaper i gruppepsykologi* (3. utg.). Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Gjørund, P. & Norheim, B. (2016). *Psykologi 2: mennesket i gruppe og samfunn* (Bokmål, 2. utg.). Oslo: Cappelen Damm.
- Grimstad, J. H. & Sunnmøre, k. (2000). *Korsong på Sunnmøre: eit attersyn i høve Sunnmøre korforbund [sic] sitt hundreårs-jubileum (1900–2000)*. Ålesund: Sunnmøre korforbund.

- Grindland, B. (1998). *„Det komme' bare dettane øve' meg..“: humorskaping i pedagogisk ledelse av barnekor* (Hovudoppgåve). NTNU/Dronning Mauds minne høgskole for førskolelærerutdanning, Trondheim.
- Gusrud, P. H. (1999). *Bruk av noter i kor: en velsignelse eller forbannelse?* (Studentoppgåve). Norges musikkhøgskole, Oslo.
- Hadland, R. A. (1992). *Barnekantoriet* (Studentoppgåve). Høgskolen i Stavanger, Stavanger.
- Hammersley, M. & Atkinson, P. (2007). *Ethnography: principles in practice* (3. utg.). London: Routledge.
- Hanssen, Y. S. (2000). *Norske folketoner arrangert for kor: bagrunnsstoff, analyse og kommentar* (Hovudoppgåve). Universitetet i Oslo, Oslo.
- Haugen, S. O. (1976). *Ideologi og praksis i arbeidarkorrørsla: Orkanger Arbeiderpartis sangkor sett i høve til Norsk Arbeidersangerforbund* (Hovudoppgåve). Universitetet i Trondheim, Trondheim.
- Henriksen, J.-O. & Vetlesen, A. J. (2006). *Nærhet og distanse: grunnlag, verdier og etiske teorier i arbeid med mennesker* (3. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Hermans, H. J. M., Kempen, H. J. G. & Van Loon, R. J. P. (1992). The dialogical self beyond: individualism and rationalism. *American Psychologist*, 47(1), 23–33. doi: [10.1037/0003-066X.47.1.23](https://doi.org/10.1037/0003-066X.47.1.23)
- Hermans, H. J. M., Konopka, A., Oosterwegel, A. & Zomer, P. (2017). Fields of tension in a boundary-crossing world: towards a democratic organization of the self. *Integrative Psychological and Behavioral Science*, 51(4), 505–535. doi: [10.1007/s12124-016-9370-6](https://doi.org/10.1007/s12124-016-9370-6)
- Hillgaar, I. (1997). *Det norske solistkor: en banebryter i norsk korverden* (Hovudoppgåve). Universitetet i Oslo, Oslo.
- Hinchman, L. P. & Hinchman, S. K. (1997). *Memory, identity, community: the idea of narrative in the human sciences*. Albany, N.Y.: State University of New York Press.
- Hogg, M. A. & Vaughan, G. M. (2011). *Social psychology* (6. utg.). Harlow: Pearson.
- Hollen, M. A. (2010). *Sang som felleskap [sic] og læring: motivasjonsfaktorer for å synge i kor* (Masteroppgåve). Høgskolen i Hedmark, Hamar.

- Holte, E. (2000). *Alfred Schnittkes Requiem: en veiledning til innstudering av korstemmene: [skriftlig del av] hovedfag i korledelse* (Studentoppgåve). Norges musikkhøgskole, Oslo.
- Holter, T. (2006). *Det er jo musikken som er det interessante!: en fenomenologisk beskrivelse av fenomenet musikkens fremtreden for tre korledere* (Masteroppgåve). Høgskolen i Bergen, Bergen.
- Høgne, G. (1998). *Ten Sings betydning for musikalsk og personlig utvikling: et casestudie av et Ten Sing-kor* (Hovudoppgåve). Universitetet i Oslo, Oslo.
- Høimyr, G. C. A. (2009). *Vær åpen!: om å inkludere barn med spesielle behov i kor* (Masteroppgåve). Norges musikkhøgskole, Oslo.
- Håkonsen, K. M. (2009). *Innføring i psykologi* (4. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Håpnes, O. (2009). *Et skapende frirom: perspektiver på korsang, livsverden og helse* (Masteroppgåve). Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Trondheim.
- Ilstad, S. (2004). *Sosialpsykologi* (5. utg.). Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Imsen, G. (2014). *Elevenes verden: innføring i pedagogisk psykologi* (5. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Jansson, D. (2008). *Musikalsk lederskap: dirigentrollen mellom magi og metode* (Masteroppgåve). Universitetet i Oslo, Oslo.
- Jansson, D. (2013). *Musical leadership: the choral conductor as sensemaker and liberator* (Doktoravhandling). Norges musikkhøgskole, Oslo.
- Jenkins, R. (2008). *Social identity* (3. utg.). London: Routledge.
- Jentoftsen, L. R. (1998). *Motivasjon i kor* (Studentoppgåve). Høgskolen i Stavanger, Stavanger.
- Jerlang, E., Wedel-Brandt, B., Jonassen Ann, J., Egeberg, S., Ringsted, S. & Halse, J. (2008). *Udviklingspsykologiske teorier: en introduktion* (4. utg.). København: Reitzel.
- Johansson, K. & Johansson, L. (2015). *A cappella: tjugofem körledares röster*. Göteborg/Malmö: Bo Ejeby förlag Musikhögskolan i Malmö, Lunds universitet.

- Judd, M. & Pooley, J. A. (2014). The psychological benefits of participating in group singing for members of the general public. *Psychology of Music*, 42(2), 269–283. doi: [10.1177/0305735612471237](https://doi.org/10.1177/0305735612471237)
- Karlsen, S. (2007). *The music festival as an arena for learning: festspel i Pite Älvdal and matters of identity* (Doktoravhandling). University of Technology, Luleå.
- Kemp, A. E. (1997). Individual differences in musical behaviour. I D. J. Hargreaves & A. C. North (Red.), *The Social Psychology of Music* (s. 25–45). Oxford: Oxford University Press.
- Kjørup, S. (2008). *Menneskevidenskaberne* (2. utg.). Frederiksberg: Roskilde Universitetsforlag.
- Kleiberg, K. I. (1997). *Rammevilkår for korvirksomhet i by og distrikt: kartlegging av sentrale vilkår for kordrift i Trondheim og den øvrige delen av Trøndelag* (Hovudoppgåve). Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Trondheim.
- Knardal, S. E. (2007). *I songen vi møtest –: ein tekst om pensjonister som syng i kor, basert på medlemmene sine egne forteljingar* (Hovudoppgåve). Høgskulen i Sogn og Fjordane / Norges musikkhøgskole, Sandane.
- Knudsen, K. (2003). *Koret – et rom for danning?: en studie av en korpraksis i et danningsteoretisk perspektiv* (Hovudoppgåve). Høgskolen i Bergen, Bergen.
- Kristensen, A. T. (1972). *Friedrich August Reissiger: hans plass i norsk musikkliv med vekt på hans betydning for mannskorsangen* (Hovudoppgåve). Universitetet i Oslo, Oslo.
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju* (2. utg., T. M. Anderssen & J. Rygge, Oms.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Kydland, A. J. (1995). *Sangen har lysning: studentersang i Norge på 1800-tallet* (Doktoravhandling). Universitetet i Oslo, Oslo.
- Lakoff, G. & Johnson, M. (2003). *Metaphors we live by*. Chicago: University of Chicago Press.

- Langston, T. W. & Barrett, M. S. (2008). Capitalizing on community music: a case study of the manifestation of social capital in a community choir. *Research Studies in Music Education*, 30(2), 118–138. doi: [10.1177/1321103x08097503](https://doi.org/10.1177/1321103x08097503)
- Latour, B. & Porter, C. (1993). *We have never been modern*. New York: Harvester Wheatsheaf.
- Leine, T. I. (1996). *Kordirigenten: en oppgave om dirigentens bevissthet omkring korarbeidet* (Studentoppgåve). Høgskolen i Stavanger, Stavanger.
- Lillemyr, O. F. (2007). *Motivasjon og selvforståelse: hva ligger bak det vi gjør?* Oslo: Universitetsforlaget.
- Lindland, T. (2011). *Fortsatt "Heftig og begeistret"?: maskulinitet, sang og fellesskap i mannskor* (Masteroppgåve). Universitetet i Oslo, Oslo.
- Lundberg, D., Malm, K. & Ronström, O. (2003). *Music, media, multicultural: changing musicscapes*. Stockholm: Svenskt visarkiv.
- Lånkan, T. (1984). *Noter og unoter i nord-trønderkor: en studie av status i notekunnskap hos nord-trønderske korsangere, samt utprøving av [i.e. av] et systematisk program for læring av noter i et vanlig blandakor* (Hovedoppgåve). Universitetet i Trondheim, Trondheim.
- Maslow, A. H. (1943). A theory of human motivation. *Psychological Review*, 50(4), 370–396. doi: [10.1037/h0054346](https://doi.org/10.1037/h0054346)
- Maslow, A. H. (1962). *Toward a psychology of being*. Princeton, N.J: Van Nostrand.
- Maslow, A. H. (1968). *Toward a psychology of being* (2. utg.). New York: D. Van Nostrand.
- Maslow, A. H. (1970a). *Motivation and personality* (2. utg.). London: Harper & Row.
- Maslow, A. H. (1970b). *Religions, values, and peak-experiences*. New York: Viking Press.
- Mohrsen, J. B. (1987). *Steinkjer mannsangforening: revyvirksomhet i 50 år, 1935–1985* (Hovedoppgåve). Universitetet i Trondheim, Steinkjer.

- Muruges, N.-J. (2012). *“Andre viser omsorg, så da må jeg og kunne klare det”*: en kvalitativ undersøkelse av medlemmers sosiale erfaringer knyttet til deltakelse i et kor for mennesker med psykiske helseplager (Masteroppgåve). Griegakademiet – Institutt for musikk, Universitetet i Bergen, Bergen.
- Myrmel, K. (2007). *Equilibrium: koret som sosialt felt* (Masteroppgåve). Høgskolen i Bergen, Bergen.
- Nilsen, B. A. (2014). *Notelesingsundervisning integrert i amatørkorprøver* (Masteroppgåve). UiT Norges arktiske universitet, Tromsø.
- Nynorskordboka. (2018). I *Ordbøkene*. Universitetet i Bergen og Språkrådet. Henta frå <https://ordbok.uib.no/>
- Nørsett, B. K. (2003). *Kva er eit godt kor?: tankar og haldningar kring vurdering i internasjonale korkonkurransar* (Hovudoppgåve). Universitetet i Oslo, Oslo.
- Parsons, T. (1937). *The structure of social action: a study in social theory with special reference to a group of recent European writers*. New York: McGraw-Hill.
- Persen, Å. B. (2005). *“Utrolig å få synge ut”*: om hvordan sangglede kan fremmes og hemmes (Hovudoppgåve). Universitetet i Oslo, Oslo.
- Petersen, H. V. S. (2005). *Voksne i en lærings situasjon: arbeid med voksenkor* (Studentoppgåve). Universitetet i Stavanger, Stavanger.
- Pierce, J. L. & Jussila, I. (2011). *Psychological ownership and the organizational context* United Kingdom: Edward Elgar M.U.A.
- Pierce, J. L., Kostova, T. & Dirks, K. T. (2001). Toward a theory of psychological ownership in organizations. *The Academy of Management Review*, 26(2), 298–310. doi: [10.2307/259124](https://doi.org/10.2307/259124)
- Polkinghorne, D. (1995). Narrative configuration in qualitative analysis. I J. A. Hatch & R. Wisniewski (Red.), *Life history and narrative* (s. 5–24). London: Falmer press.
- Postholm, M. B. (2005). *Kvalitativ metode: en innføring med fokus på fenomenologi, etnografi og kasusstudier*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Pukstad, M. (1998). *Makt i kor: en oppgave om det som styrer koret* (Hovudoppgåve). Høgskolen i Bergen, Bergen.

- Putnam, R. D. (2001). *Bowling alone: the collapse and revival of American community*. New York: Simon & Schuster.
- Ramlo-Ystad, T. (2007). *Kor i utvikling: en undersøkelse om målsetting, ambisjoner og prestasjoner blant styreledere og dirigenter i Norges Korforbund Sør-Trøndelag* (Hovedoppgåve). Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Trondheim.
- Randers-Pehrson, S. (2010). *Kvedarkor* (Masteroppgåve). Høgskolen i Nesna, Nesna.
- Remmen, H. Å. (2012). *Helseopplevelser i kor: en spørreskjemaundersøkelse i et 'Alle kan synge'-kor* (Masteroppgåve). Norges musikkhøgskole, Oslo.
- Renolen, Å. (2008). *Forståelse av mennesker: innføring i psykologi for helsefag*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Repstad, P. (2007). *Mellom nærhet og distanse: kvalitative metoder i samfunnsfag* (4. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Rinde, A.-B. (1992). *"Er det rom for oss?": Om barnekoret sin plass i Gudstenesta* (Studentoppgåve). Høgskolen i Stavanger, Stavanger.
- Rohde, A. (2011). *"Hvorfor koroppvarming?": en undersøkelse av mål og mening i koroppvarmingen* (Masteroppgåve). Universitetet i Oslo, Oslo.
- Ruud, E. (2013). *Musikk og identitet* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Ruud, E. (2016). *Musikkvitenskap*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Ryan, R. M. & Deci, E. L. (2000). Self-determination theory and the facilitation of intrinsic motivation, social development, and well-being. *American Psychologist*, 55(1), 68–78. doi: [10.1037/0003-066X.55.1.68](https://doi.org/10.1037/0003-066X.55.1.68)
- Raaheim, A. (2002). *Sosialpsykologi*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Sandholt, V. (1998). *Chant på nynorsk: anglikansk chant og aftansong etter anglikansk tradisjon tilrettelagt for kor i nynorske kyrkjelydar* (Studentoppgåve). Norges musikkhøgskole, Oslo.
- Schiefloe, P. M. (2011). *Mennesker og samfunn: innføring i sosiologisk forståelse* (2. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.
- Schjelderup, G. (2005). *"Det er gøy!": en undersøkelse om motivet for å synge i kor* (Masteroppgåve). Universitetet i Oslo, Oslo.

- Scott, J. (2014). *A Dictionary of Sociology* (4. utg.). Oxford: Oxford University Press.
- Shils, E. (1971). Tradition. *Comparative Studies in Society and History*, 13(2), 122–159. Henta frå <https://www.jstor.org/stable/178104>
- Singer, J. A. (2000). Peak experiences. I A. E. Kazdin (Red.), *Encyclopedia of psychology* (bd. 6, s. 76–78). Washington, D.C: American Psychological Association / Oxford University Press.
- Sirnes, Å. W. (2009). *Korimprovisasjon: "you have let the sun enter into my head": prosjektoppgave i musikkpedagogikk* (Studentoppgåve). Universitetet i Stavanger, Stavanger.
- Skillingstad, R. (2012). *Oppvarmingsøvelsen i kor er "slusen" mellom det private og koristiske mennesket* (Masteroppgåve). Høgskolen i Nesna, Nesna.
- Skiri, R. W. (2006). *Korarbeid med eldre og godt voksne* (Studentoppgåve). Universitetet i Stavanger, Stavanger.
- Skjønhaug, H. M. O. (2009). *Mysteriet korklang: en fenomenologisk studie av tre elitedirigenter klangpraksis* (Masteroppgåve). Høgskolen i Hedmark, Hamar.
- Skullerud, M. (2016). *Fellessang på Musikklinja – sangens funksjoner i et ungdomsmiljø* (Masteroppgåve). Høgskolen i Hedmark, Hedmark.
- Solberg, I. (1991). *Vokalopplæring i kor?: er det behov for økt vektlegging av faget sangpedagogikk i utdanning og etterutdanning av kordirigenter* (Hovudoppgåve). Norges musikkhøgskole, Oslo.
- Stauri, N. K. K. (2015). *"Det å kunne synge sammen, det gir noe ekstra til livet mitt". En intervjuundersøkelse om deltagelse i et samfunnsmusikkterapeutisk seniorkor* (Masteroppgåve). Norges musikkhøgskole, Oslo.
- Steinsbø, N. E. (1998). *Det finnes ikke sure kor, bare sure dirigenter: om intonasjon i kor* (Studentoppgåve). Høgskolen i Stavanger, Stavanger.
- Stets, J. E. & Burke, P. J. (2000). Identity theory and social identity theory. *Social Psychology Quarterly*, 63(3), 224–237. doi: [10.2307/2695870](https://doi.org/10.2307/2695870)
- Stewart, N. A. J. & Lonsdale, A. J. (2016). It's better together: the psychological benefits of singing in a choir. *Psychology of Music*, 44(6), 1240–1254. doi: [10.1177/0305735615624976](https://doi.org/10.1177/0305735615624976)

- Størdal, K. (2000). *Om J.S. Bachs motetter for kor med hovedvekt på "Singet dem Herrn ein neues Lied" (BWV 225): bakgrunn, forsøk på datering og litt om framføringspraksis: analyse av 1. sats: skriftlig oppgave i korledelse hovedfag 1998–2000* (Studentoppgåve). Norges musikkhøgskole, Oslo.
- Sundal, A. K. (2003). *Refleksjonar kring temaet å starte opp eit nytt kor* (Studentoppgåve). Norges musikkhøgskole, Oslo.
- Suzdalevich, V. (2005). *Å synge Rachmaninovs Vesper: hovedfagsoppgave i kordireksjon* (Studentoppgåve). Norges musikkhøgskole, Oslo.
- Svela, H. (2002). *Jeg tror – derfor synger jeg. Jeg tror – altså lever jeg!: Brooklyn Tabernacle Choir – en undersøkelse av et kors funksjon i en multikulturell menighet i New York* (Hovedoppgåve). Universitetet i Oslo, Oslo.
- Syvetsen, E. O. (1975). *Populærmusikk og kristen forkynnelse: analyse og vurdering av den nye og populære kirkemusikk, særlig med henblikk på Ten Sing-bevegelsen innen Den norske kirke, – fra teologisk og musikalsk synsvinkel* (Hovedoppgåve). Universitetet i Oslo, Oslo.
- Taylor, C. (2004). *Modern social imaginaries*. Durham: Duke University Press.
- Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse: en innføring i kvalitativ metode* (4. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.
- Theorell, T. (2009). *Noter om musikk og helse*. Stockholm: Karolinska Institutet University Press.
- Tjora, A. H. (2012). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (2. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Tørnquist, S. (1982). *Francis Poulencs musikk for kor a cappella: karakteristiske stiltrekk belyst ved en analyse av hans messe i g-dur* (Hovedoppgåve). Universitetet i Oslo, Oslo.
- Underhill, J. W. (2011). *Creating worldviews: metaphor, ideology and language*. Edinburgh: Edinburgh University Press.
- Underlid, K. (1997). *Gruppesykologi*. Bergen-Sandviken: Fagbokforlaget.
- Vargeid, G. (2014). *Flerstemte prima vista-oppgaver* (Masteroppgåve). UiT Norges arktiske universitet, Tromsø.
- Vist, I. Ø. (1993). *Å slippe notene: notetradisjon i kor – nødvendighet eller formidlingssperre?* (Hovedoppgåve). Universitetet i Oslo, Oslo.

- Våge, T. (1999). *Audun Røberg: romantiker og tradisjonalist* (Studentoppgåve). Norges musikkhøgskole, Oslo.
- Wadel, C., Wadel, C. C. & Fuglestad, O. L. (2014). *Feltarbeid i egen kultur* (Rev. utg.). Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Weinstein, D., Launay, J., Pearce, E., Dunbar, R. I. M. & Stewart, L. (2016). Singing and social bonding: changes in connectivity and pain threshold as a function of group size. *Evolution and Human Behavior*, 37(2), 152–158. doi: [10.1016/j.evolhumbehav.2015.10.002](https://doi.org/10.1016/j.evolhumbehav.2015.10.002)
- Wendelborg, H. E. (1971). *Halfdan Kjerulfs mannskorsanger med hovedvekten på et systematiseringsforsøk av harmonikken* (Hovudoppgåve). Universitetet i Oslo, Oslo.
- Wenger, E. & Nake, B. (2004). *Praksisfællesskaber: læring, mening og identitet*. København: Reitzel.
- Zadig, S. (2017). *Ledarna i kören: vokala samarbeten mellan körsångare* (Doktoravhandling). Lund University, Malmö.
- Øhrn, K. M. (1990). *Korlederens selvoppfatning* (Hovudoppgåve). Bergen lærerhøgskole, Bergen.
- Aakvaag, G. C. (2008). *Moderne sosiologisk teori*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Aase, T. H. & Fossåskaret, E. (2007). *Skapte virkeligheter: kvalitativt orientert metode*. Oslo: Universitetsforlaget.

Vedlegg

- 1 Norske hovudfags-, master- og studentoppgåver
- 2 Godkjenning frå NSD
- 3 Informasjon og samtykkeerklæring for kartleggingsundersøkinga
- 4 Liste over spørsmål i kartleggingsundersøkinga
- 5 Invitasjon og erklæring om informert samtykke
- 6 Samtykkeerklæring for kor
- 7 Samtykkeerklæring for intervjuperson
- 8 Intervjuguide

Vedlegg 1: Norske hovudfags-, master- og studentoppgåver

Under kjem ei tematisert liste av norske hovudfags-, master- og studentoppgåver som på ein eller annan måte er relatert til kor.

Fokus på samfunn

Dirigentar, enkeltkor, kortradisjonar (Brekke, 1980; Dahl, 1978; Fossen, 1995; Hadland, 1992; Haugen, 1976; Hillgaard, 1997; Kristensen, 1972; Kydland, 1995; Mohrsen, 1987; Syvertsen, 1975; Våge, 1999).

Rammevilkår og generell kordrift (Kleiberg, 1997; Ramlo-Ystad, 2007; Sundal, 2003).

Fellessong i ungdomsmiljø (Skullerud, 2016).

Fokus på musikalsk praksis

Korklang (Beer, 2002; Skjønhaug, 2009).

Innstudering av musikk (Engesnes, 2000; Holte, 2000).

Notelesing og -kunnskap (Gusrud, 1999; Lånkan, 1984; Nilsen, 2014; Vargeid, 2014; Vist, 1993).

Oppvarming (Egseth & Odden, 1997; Rohde, 2011; Skillingstad, 2012).

Intonasjon (Steinsbø, 1998).

Improvisasjon (Sirnes, 2009).

Formidling, musikkanalyse og framføringspraksis (Bentzen, 2007; Fylling, 1982; Hanssen, 2000; Randers-Pehrson, 2010; Sandholt, 1998; Størdal, 2000; Suzdalevich, 2005; Tørnquist, 1982; Wendelborg, 1971).

Korleiing (Fostad, 2014; Grindland, 1998; Holter, 2006; Jansson, 2008; Leine, 1996; Øhrn, 1990).

Vokalpedagogikk i kor (Solberg, 1991).

Fokus på menneskelege prosessar

Makt- og gruppeprosessar (Follestad, 2013; Myrmel, 2007; Pukstad, 1998).

Helse, musikkterapi, identitet (Bjørn, 2015; Høimyr, 2009; Håpnes, 2009; Knardal, 2007; Muruges, 2012; Remmen, 2012; Skiri, 2006; Stauri, 2015).

Songoppleving (Persen, 2005).

Vurdering i kor (Nørsett, 2003).

Vidare læringsperspektiv (Knudsen, 2003; Petersen, 2005).

Trus-, kjønns- og identitetsperspektiv (Høgne, 1998; Lindland, 2011; Rinde, 1992; Svela, 2002).

Motivasjon (Hollen, 2010; Jentoftsen, 1998; Schjelderup, 2005).

Vedlegg 2: Godkjenning frå NSD

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS
NORWEGIAN SOCIAL SCIENCE DATA SERVICES



Harald Hårfagres gate 29
N-5007 Bergen
Norway
Tel: +47-55 58 21 17
Fac: +47-55 58 96 50
nsd@nsd.uib.no
www.nsd.uib.no
Org nr. 985 321 884

Øyvind Johan Eiksund
Seksjon for musikk
Høgskulen i Volda
Postboks 500
6101 VOLDA

Vår dato: 11.01.2010

Vår ref: 23328 / 2 / LT

Deres dato:

Deres ref:

KVITTERING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 31.12.2009. Meldingen gjelder prosjektet:

23328

Behandlingsansvarlig
Daglig ansvarlig

Korkultur på sore Sunnmøre

Høgskulen i Volda, ved institusjonens øverste leder
Øyvind Johan Eiksund

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meldepliktig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredsstiller kravene i personopplysningsloven.

Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, vedlagte prosjektvurdering - kommentarer samt personopplysningsloven/-helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, http://www.nsd.uib.no/personvern/forsk_stud/skjema.html. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://www.nsd.uib.no/personvern/prosjektoversikt.jsp>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 30.06.2013, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen


Vigdis Namtvedt Kvalheim


Lis Tenold

Kontaktperson: Lis Tenold tlf: 55 58 33 77
Vedlegg: Prosjektvurdering

Avdelingskontorer / District Offices:

OSLO: NSD, Universitetet i Oslo, Postboks 1055 Blindern, 0316 Oslo. Tel: +47-22 85 52 11. nsd@uio.no
TRONDHEIM: NSD, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, 7491 Trondheim. Tel: +47-73 59 19 07. kyre.svarva@svt.ntnu.no
TROMSØ: NSD, SVF, Universitetet i Tromsø, 9037 Tromsø. Tel: +47-77 64 43 36. nsdmaa@svt.uib.no

Personvernombudet for forskning



Prosjektvurdering - Kommentar

23328

Utvalget omfatter medlemmer i kor, totalt ca. 150 personer. Prosjektleder oppretter førstegangskontakten basert på kjennskap til feltet. Utvalget er i alderen fra 16 år og eldre.

Det gis muntlig og skriftlig informasjon og innhentes skriftlig samtykke. Personvernombudet finner i utgangspunktet skrevet godt utformet, men forutsetter, som avtalt på telefon med prosjektleder 08.01.2010, at følgende endres;

- avsnittet som begynner "Publiseringa..." endres til "Resultatene av studien vil bli publisert som gruppedata, uten at den enkelte kan gjenkjennes. Avhandlingen forventes å være avsluttet til våren 2013. Etter at prosjektet er avsluttet vil opplysningene bli anonymisert. Det er imidlertid mulig at det vil bli aktuelt å gjennomføre en oppfølgingsundersøkelse før våren 2013. I så fall vil du motta ny informasjon og ny forespørsel om å delta."

Personvernombudet ber om at kopi av endelig revidert skriv ettersendes før det tas kontakt med utvalget.

Opplysningene samles inn gjennom personlig intervju, observasjon og gruppeintervju. Det benyttes lydbåndopptak som behandles elektronisk.

Barn under 18 år må som hovedregel ha samtykke fra foresatte for å kunne delta i forskningsprosjekter. Personvernombudet finner imidlertid at behandlingen av personopplysninger om ungdommene i dette prosjektet kan finne sted med hjemmel i personopplysningsloven § 8 d). Til grunn for denne vurderingen ligger at behandlingen er nødvendig for formålet og at spørsmålene dreier seg om deres valg i forhold til videregående skole. Valg til videregående skole er noe ungdommen i dag selv samtykker til uten foreldrenes samtykke. Ungdommene vil være 16/17 år og har etter vår vurdering gode forutsetninger for å forstå hva deltagelse innebærer. Personvernulempen reduseres ved at omfanget av opplysninger er lite.

Innsamlete opplysninger registreres på fysisk isolert pc tilhørende Høgskulen i Volda.

Innsamlete opplysninger anonymiseres ved prosjektslutt, senest 30.06.2013. Med anonymisering innebærer at navnelister slettes/makuleres, og ev. kategorisere eller slette indirekte personidentifiserbare opplysninger. Lydbånd makuleres.

Vedlegg 3: Informasjon og samtykkeerklæring for kartleggingsundersøkinga

Før respondenten fekk høve til å svare på spørsmåla, måtte vedkomande lese gjennom ein informasjonstekst og akseptere at informasjon av denne blei nytta i undersøkinga. Teksten var som følgjer:

I samanheng med doktorgradsarbeidet mitt ynskjer eg blant anna å gjennomføre ei spørjeundersøking av vonleg alle kora på Søre Sunnmøre. Målet er å skaffe informasjon om kva koraktivitet som føregår på Søre Sunnmøre no i dag, og kva form denne har. Prosjektet vil bli gjennomført med utgangspunkt i stillinga mi som stipendiat ved Høgskulen i Volda under rettleiing av professor Jan Sverre Knudsen ved Høgskulen i Oslo, og med støtte frå forskarutdanninga ved Norges Musikkhøgskole.

Eg er primært ute etter faktaopplysingar om koret, og vil også be deg om å gjere små skjønsvurderingar eller generaliseringar om koret sin aktivitet.

*Ved å gjennomføre denne undersøkinga samtykker du samtidig til at denne informasjonen blir nytta i doktorgradsprosjektet **Korkultur**. Publiseringa vil skje i form av ei avhandling som er estimert til å vere ferdig våren 2013, samt framlegg på vitenskaplege seminar. Prosjektet er tilrådd av Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste A/S.*

Har du spørsmål i høve med denne førespurnaden, eller ynskjer å bli informert om resultatata frå prosjektet når dei er klare, kan du gjerne ta kontakt med meg på adressa under:

*Øyvind Johan Eiksund
Høgskulen i Volda
Postboks 500
6101 VOLDA*

Tlf: 70075454/99274742

E-post: oyvind.eiksund@hivolda.no

Vedlegg 4: Liste over spørsmål i kartleggingsundersøkinga

1. Kva er namnet ditt?
2. Kva er namnet på koret du representerer?
3. Kva år blei koret i si noverande form stifta?
4. Har koret ein forløpar / forløparar? (har det til dømes oppstått gjennom samanslåing av fleire kor / er koret ei nystifting av eit eldre kor?)
5. Kva var namnet og oppstartsåret for denne forløparen / desse forløparane?
6. Er koret knytt til ei anna verksemd (bedrift, kyrkje, klubb, lag, organisasjon, skule mm.)?
7. Er koret organisert i eit forbund?
8. Har koret dirigent / musikalsk leiar?
9. Har koret eit styre?
10. Har koret ein leiar?
11. Kva type verksemd er koret knytt til?
12. Kva forbund er koret organisert i?
13. Kven er dirigent/dirigentar (ev. musikalsk leiar) for koret, og kva år tok han/ho/dei til i denne rolla?
14. Korleis er leiinga av koret organisert?
15. Kven er leiar for koret?
16. I kva kategori vil du plassere koret?
 - a. Blandakor (inkludert blanda barne- og ungdomskor)
 - b. Damekor (inkludert jentekor)
 - c. Mannskor (inkludert gutekor)
17. Kor mange medlemmar har koret?
18. Kva aldersgrupper er representert i koret? (Huk av det som passar)
 - a. Barn (1-12 år):
 - b. Ungdom (13-19 år):
 - c. 20-39 år:
 - d. 40-59 år:
 - e. 60-79 år:
 - f. 80 år-:
19. Kor mange sopranar er det i koret?
20. Kor mange altar er det i koret?
21. Kor mange tenorar er det i koret?
22. Kor mange bassar er det i koret?
23. Kor mange jenter (1-12 år) er det i koret?
24. Kor mange gutar (1-12 år) er det i koret?

25. Om lag kor mange ungdomar (13-19 år) er det i koret?
26. Vurder kjønnsfordelinga i denne gruppa:
 - a. Berre jenter
 - b. Mest jenter
 - c. Om lag jamt fordelt
 - d. Mest gutar
 - e. Berre gutar
27. Om lag kor mange i aldersgruppa 20-39 år er det i koret?
28. Vurder kjønnsfordelinga i denne gruppa:
 - a. Berre kvinner
 - b. Mest kvinner
 - c. Om lag jamt fordelt
 - d. Mest menn
 - e. Berre menn
29. Om lag kor mange i aldersgruppa 40-59 år er det i koret?
30. Vurder kjønnsfordelinga i denne gruppa:
 - a. Berre kvinner
 - b. Mest kvinner
 - c. Om lag jamt fordelt
 - d. Mest menn
 - e. Berre menn
31. Om lag kor mange i aldersgruppa 60-79 år er det i koret?
32. Vurder kjønnsfordelinga i denne gruppa:
 - a. Berre kvinner
 - b. Mest kvinner
 - c. Om lag jamt fordelt
 - d. Mest menn
 - e. Berre menn
33. Om lag kor mange i aldersgruppa 80 år eller meir er det i koret?
34. Vurder kjønnsfordelinga i denne gruppa:
 - a. Berre kvinner
 - b. Mest kvinner
 - c. Om lag jamt fordelt
 - d. Mest menn
 - e. Berre menn
35. Vurder storleiken på koret:
 - a. Vi er så mange som vi ynskjer

- b. Vi er mange nok, men kan godt vere fleire
 - c. Vi er for få
36. Vurder utviklinga i medlemsmassen:
- a. Vi blir fleire
 - b. Talet på medlemar er stabilt
 - c. Vi blir færre
37. Vurder stabiliteten i medlemsmassen slik han er per dags dato:
- a. Folk sluttar svært sjeldan
 - b. Medlemsmassen er nokså stabil
 - c. Det er stort gjennomtrekk av songarar
38. Vurder rekrutteringa til koret:
- a. Det er lett å rekruttere nye
 - b. Ein får rekruttert nye av og til
 - c. Det er vanskeleg å finne nye songarar
39. Kor vidt rekrutterer koret songarar?
- a. Lokalt
 - b. Kommunalt
 - c. Interkommunalt (frå fleire kommunar)
 - d. Nasjonalt
40. Vurder i kor stor grad repertoaret dykkar inneheld musikk av følgjande genre/type: (svært dominerande / mykje / middels / lite / ingen ting)
- a. Populær/jazz:
 - b. Kabaret/revy:
 - c. Viser:
 - d. Gospel/spirituals:
 - e. Folkemusikk/tradisjonsmusikk:
 - f. Klassiske stykke/større verk:
 - g. Ny musikk:
 - h. Religiøs musikk:
 - i. Norsk-/nordiskspråkleg:
41. Annan type musikk (musikk som ikkje går inn under dei nemnde kategoriane): (fritekst)
42. I kor stor grad syng koret med akkompagnement?
- a. Berre a capella (utan akkompagnement)
 - b. Mest a capella
 - c. Om lag jamt
 - d. Mest med akkompagnement

- e. Berre med akkompagnement
43. Merk av dei påstandane som passar best til koret dykkar:
- a. Vi har fast øvingsdag
 - b. Vi har øvingshelger/-samlingar (ev. kombinert med opptreden)
 - c. Vi er eit prosjektkor
 - d. Koret har mat/drikke i samheng med øvingane
44. Hender det at koret må avlyse øvingar?
- a. Vi må sjeldan/aldri avlyse øvingar
 - b. Vi må avlyse øvingar av og til
 - c. Vi må ofte avlyse øvingar
45. Korleis er oppmøtet på øvingane?
- a. Oppmøtet er jamt over høgt
 - b. Dei fleste møter fast, medan nokre er meir varierende
 - c. Nokre møter fast, medan mange har eit varierende oppmøte
 - d. Det er varierende oppmøte på øvingane
 - e. Oppmøtet er jamt over lågt
46. Kva vekedag øver de?
47. Kor ofte øver koret saman vanlegvis?
- a. Ein eller fleire gongar i veka
 - b. Annankvar veke
 - c. Ein gong i månaden
 - d. 1-4 gongar i halvåret
48. Kor ofte har koret øvingshelger/-samlingar (ev. kombinert med opptreden)?
- a. 1-4 gongar i halvåret
 - b. Om lag ein gong i halvåret
 - c. Sjeldan eller aldri
49. Kva er vanlege årsaker til at koret må avlyse øvingar?
50. Kvar øver koret (adresse)?
51. I kva samanhengar opptrer koret? (huk av det som passar best)
- a. Stemne/festivalar:
 - b. Konkurransar:
 - c. Heilt eigne konsertar (utan eksterne solistar/musikarar):
 - d. Eigne konsertar med eksterne solistar/musikarar:
 - e. Samarbeidsprosjekt med andre kor/grupper:
 - f. Korkafé:
 - g. Revy/kabaret:


- h. Gudstenester/religiøse møte:
 - i. Turnéar:
 - j. Enkeltstående songoppdrag:
52. Fyll ut om koret opptrer i samanhengar som ikkje går inn under nokre av kategoriane i det forrige
53. Opptreden og kle/kostyme - vel den påstanden som passar best:
- a. Koret har ikkje eigne konsertkle
 - b. Koret har konsertkle som varierer med opptredenen
 - c. Koret har faste konsertkle, men kan variere litt av og til
 - d. Koret har faste konsertkle
54. Om lag kor mange opptredonar har koret i løpet av eit år?
55. Om lag kor mange er i samheng med stemne/festivalar?
56. Om lag kor mange av desse skjer i form av opptredonar på konkurranser?
57. Om lag kor mange av desse er heilt eigne konsertar (utan eksterne solistar/musikarar)?
58. Om lag kor mange av desse er eigne konsertar med eksterne solistar/musikarar?
59. Om lag kor mange av desse er samarbeidsprosjekt med andre kor/grupper?
60. Om lag kor mange av desse er opptredonar på korkaféar?
61. Om lag kor mange av desse er revyar/kabaretar?
62. Om lag kor mange av desse er deltaking på gudsteneste/religiøse møter?
63. Om lag kor mange av desse skjer på turné?
64. Om lag kor mange av desse er enkeltstående songoppdrag?
65. Kan du kort skildre dei faste konsertklea til koret?
66. Huk av dei påstandane som passar koret ditt:
- a. Kormedlemene betalar kontingent
 - b. Koret får inntekter gjennom sponsorar/støttespelarar
 - c. Koret får inntekter gjennom konsertar
 - d. Koret får inntekter gjennom enkeltstående songoppdrag
 - e. Koret tek utanommusikalske oppdrag (td. dugnadar eller liknande) for å skaffe inntekter
 - f. Koret får inntekter gjennom å vere organisert i ei forbund
 - g. Koret får dekka heile eller delar av drifta si ved å vere knytt til ei større verksemd (bedrift, kyrkje, klubb, lag, organisasjon, skule mm.)
67. Kor ofte tek koret billettengar for konsertane sine?
- a. Aldri

- b. Sjeldan
 - c. Av og til
 - d. Ofte
 - e. Alltid
68. Kor mange av koret sine enkeltstående songoppdrag er betalte?
- a. Ingen
 - b. Dei færreste
 - c. Om lag halvparten
 - d. Dei fleste
 - e. Alle
69. Om du ynskjer å tilføye, nyansere eller korrigere noko av informasjonen som du har gitt i undersøkinga, kan du gjere det her:

Vedlegg 5: Invitasjon og erklæring om informert samtykke

VIL DE BLI FORSKA PÅ?

EIT INFORMASJONSSKRIV OM FORSKINGSPROSJEKTET «KORKULTUR»



"He's here to hit the high notes."

Vedlegg 6: Samtykkeerklæring for kor

Informasjonsskriv vedrørende forskingsprosjektet «Korkultur»

I samheng med doktorgradsarbeidet mitt ynskjer eg å gjennomføre eit feltarbeid hjå fire-fem kor som er lokalisert på Søre Sunnmøre. Målet er å skaffe informasjon om deltakarane sine opplevingar av kva kordeltakinga betyr og går ut på, og å freiste å stimulere til refleksjon rundt ulike aspekt ved det å vere ein del av denne kulturen. Eit av formåla med denne studien er å sjå på koraktiviteten som ein heilskap, og freiste å leite fram ulike sider ved kva det å syngje i kor kan bety for individ og lokalsamfunn. Prosjektet vil bli gjennomført med utgangspunkt i stillinga mi som stipendiat ved Høgskulen i Volda med rettleiing frå professor Jan Sverre Knudsen ved Høgskulen i Oslo, og støtte frå forskarutdanninga ved Norges Musikkhøgskole.

Saman med tre-fire andre kor får koret dykkar spørsmål om deltaking i dette prosjektet. Koret dykkar er plukka ut av meg fordi eg vurderer det å vere, saman med dei andre involverte kora, talande eksempel frå den sunnmørske korkulturen. Om de takkar ja til å vere med vil dette innebere at de får besøk av meg på øvingar, konsertar, styremøte, festlege og eventuelle andre høve, eller eit utval av desse over ein periode på eit par månader. Villkåra for deltakinga mi i aktiviteten dykkar utarbeider vi i fellesskap. Som eit utgangspunkt kan de tenkje på meg som ein høfleg observatør med eit naturleg forhold til småprat og sosialisering. I tillegg til observasjonen vil eg be om få tilgang til dokument som styremøtereferat, årsmeldingar, rundskriv og liknande.

Mot slutten av perioden eg følgjer dykk vil eg be om å få intervjuet eit utval av medlemmane i koret. Dette er også heilt frivillig, både å takke ja til å late seg intervjuet og til det å akseptere at informasjon frå intervjuet vert brukt. I samheng med dette er det viktig å understreke at **all informasjon som kan knytast til enkeltpersonar vil vere anonymisert, og at elles all informasjon vil bli behandla konfidensielt og med den største varsemd**. Om de på noko tidspunkt opplever tilstadeveringa mi som problematisk må de seie frå, og det er fullt høve til å bestemme seg for å trekkje seg frå, eller avgrense prosjektdeltakinga dykkar.

Resultata av studien vil bli publisert som gruppedata, utan at den enkelte kan gjenkjennast. Avhandlinga er forventa å vere avslutta til våren 2013. Etter at prosjektet er avslutta vil opplysningane bli anonymisert. Det er mogleg at det vil bli aktuelt å gjennomføre ei oppfølgingsundersøking før våren 2013. I eit slikt høve vil de få ny informasjon og ein ny førespurnad om å ta del. Prosjektet er tilrådd av Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste A/S.

Dersom koret dykkar ynskjer å ta del i prosjektet, ber eg om at ein representant signerer den vedlagte samtykkeerklæringa på vegne av koret og returnerar ho i den frankerte konvolutten så snart som mogleg. Har du spørsmål i høve med denne førespurnaden kan du ta kontakt med meg på adressa under:

Øyvind Johan Eiksund
Høgskulen i Volda
Postboks 500
6101 VOLDA

Tlf: 70075454/99274742
E-post: oyvind.eiksund@hivolda.no

Samtykkeerklæring for koret:

Eg har motteke informasjon om forskingsprosjektet **Korkultur** og ynskjer på vegne av

koret..... å ta del i det.

Dato og signatur Telefonnummer

Vedlegg 7: Samtykkeerklæring for intervjuperson

Informasjonsskriv vedrørende forskingsprosjektet «Korkultur»

I samheng med doktorgradsarbeidet mitt ynskjer eg å gjennomføre eit feltarbeid hjå fire-fem kor som er lokalisert på Søre Sunnmøre. Målet er å skaffe informasjon om deltakarane sine opplevingar av kva kordeltakinga betyr og går ut på, og å freiste å stimulere til refleksjon rundt ulike aspekt ved det å vere ein del av denne kulturen. Eit av formåla med denne studien er å sjå på koraktiviteten som ein heilskap, og freiste å leite fram ulike sider ved kva det å syngje i kor kan bety for individ og lokalsamfunn. Prosjektet vil bli gjennomført med utgangspunkt i stillinga mi som stipendiat ved Høgskulen i Volda med rettleiing frå professor Jan Sverre Knudsen ved Høgskulen i Oslo, og støtte frå forskarutdanninga ved Norges Musikkhøgskole.

Saman med tre-fire andre kor får koret dykkar spørsmål om deltaking i dette prosjektet. Koret dykkar er plukka ut av meg fordi eg vurderer det å vere, saman med dei andre involverte kora, talande eksempel frå den sunnmørske korkulturen. Om de takkar ja til å vere med vil dette innebære at de får besøk av meg på øvingar, konsertar, styremøte, festlege og eventuelle andre høve, eller eit utval av desse over ein periode på eit par månader. Vilråra for deltakinga mi i aktiviteten dykkar utarbeider vi i fellesskap. Som eit utgangspunkt kan de tenkje på meg som ein høfleg observatør med eit naturleg forhold til småprat og sosialisering. I tillegg til observasjonen vil eg be om få tilgang til dokument som styremøtereferat, årsmeldingar, rundskriv og liknande.

Mot slutten av perioden eg fylgjer dykk vil eg be om å få intervju eit utval av medlemmane i koret. Dette er også heilt frivillig, både å takke ja til å late seg intervju og til det å akseptere at informasjon frå intervju vert brukt. I samheng med dette er det viktig å understreke at **all informasjon som kan knytast til enkeltpersonar vil vere anonymisert, og at elles all informasjon vil bli behandla konfidensielt og med den største varsemd.** Om de på noko tidspunkt opplever tilstadeveringa mi som problematisk må de seie frå, og det er fullt høve til å bestemme seg for å trekkje seg frå, eller avgrense prosjektdeltakinga dykkar.

Resultata av studien vil bli publisert som gruppedata, utan at den enkelte kan gjenkjennast. Avhandlinga er forventa å vere avslutta til våren 2013. Etter at prosjektet er avslutta vil opplysningane bli anonymisert. Det er mogleg at det vil bli aktuelt å gjennomføre ei oppfylgingsundersøking før våren 2013. I eit slikt høve vil de få ny informasjon og ein ny førespurnad om å ta del. Prosjektet er tilrådd av Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste A/S.

Dersom koret dykkar ynskjer å ta del i prosjektet, ber eg om at ein representant signerer den vedlagte samtykkeerklæringa på vegne av koret og returnerar ho i den frankerte konvolutten så snart som mogleg. Har du spørsmål i høve med denne førespurnaden kan du ta kontakt med meg på adressa under:

Øyvind Johan Eiksund
Høgskulen i Volda
Postboks 500
6101 VOLDA

Tlf: 70075454/99274742
E-post: oyvind.eiksund@hivolda.no

Samtykkeerklæring for intervjuperson:

Eg har motteke informasjon om doktorgradsprosjektet *Korkultur* og stadfestar at eg ynskjer å ta del i det.

Signatur

Vedlegg 8: Intervjuguide

Endeleg intervjuguide - kormedlemmar

Innleiing:

I forkant av intervjuet vil eg late intervjupersonen få lese gjennom informasjonsskrivet om prosjektet. Det er viktig å gjere intervjupersonen merksam på det som står om anonymitet og at det er lov å trekke seg frå prosjektet. Eg må vel også freiste å få ei underskrift frå intervjupersonen. Etter at dette er gjort vil eg kort førebu intervjupersonen på korleis sjølve intervjuet vil arte seg.

Tusen takk for at du stiller til intervju. Eg kjem til å gjere opptak av intervjuet, og om dette kjennest bra så slår eg på opptakaren no.

I løpet av denne samtalen ynskjer eg å snakke med deg om to ting: det eine er deg sjølv og ditt forhold til korsong og musikk, og det andre er dette koret som du syng i. Av og til vil det vere naturleg at du svarar på vegne av deg sjølv, og av og til vil det også vere naturleg at du svarer på vegne av koret. Uansett kva rolle du har skal du vite at det er dine opplevingar og oppfatningar eg er interessert i. Du må gjerne vere så konkret som mogleg. Som forskar er eg interessert i dei raraste ting, men eg er ikkje interessert i å nytte det vi snakkar saman om på måtar som set nokon i eit dårleg lys. Om det i analysearbeidet er delar av intervjuet som eg er usikker på om eg har forstått rett, vil eg ta kontakt slik at du får høve til å lese gjennom dei stadane. Dette er for å vere heilt sikkert på at du ikkje er blitt misforstått eller mistolka.

Du må ikkje føle deg pressa til å utlevere nokon, men du må heller ikkje vere redd for å vere heilt ærleg med korleis du føler det i høve dei ulike tema som vi er innom. No vil eg berre få gjenta at all informasjon vil bli anonymisert på måtar som tek vare på alle berørte partar. Om det er noko du blir bekymra for undervegs er det berre å spørje. Du kan når som helst stoppe intervjuet.

Er det noko du lurar på før vi set i gong? Klar, ferdig, gå!

Interessante tematikkar:

- Forteljingar som belyser forholdet mellom individ og kollektiv.
- Forteljingar om opplevingar som har gjort stort inntrykk.
- Forteljingar om opplevd endring av eit eller fleire forhold i koret.

- Forteljingar om opplevd endring av eit eller fleire forhold i seg sjølv.
- Forteljingar som knyt saman musikk og andre fenomen (som til dømes sosiale forhold, verdiar, innstilling, haldningsendring) – hendingar som har påverka klengen i koret.
- Forteljingar som illustrerer kva koret handlar om for intervjupersonen.
- Forteljingar som illustrerer «kormoralen». Kva er «typisk» for dette koret?

Intervju:

1. Kan du fortelje litt om deg sjølv?
 - *Korleis vil du presentere kven du er?*
2. Kan du fortelje litt om forholdet ditt til musikk, song og kor?
 - *Kva bakgrunn har du innanfor dette feltet?*
3. Kan du fortelje om korleis du tok til i dette koret?
 - *Kvifor valde du å byrje nett her?*
4. Kan du fortelje om sider ved å vere med i dette koret som du meiner er spesielt viktige?
5. Når du ser tilbake på tida du har vore med i dette koret, kjem du på nokre hendingar som har gjort stort inntrykk på deg?
 - *Kan du fortelje om opplevingar som du hugsar spesielt godt?*
6. Har du opplevd noko du kan skildre som ei større/merkbar/viktig endring i koret den tida du har vore med?
 - *Har du opplevd at koret som heilskap har endra seg? Kan du fortelje om dette? Kvifor trur du dette skjedde?*
 - *Har du opplevd at forholdet ditt til koret har endra seg? Er det annleis å vere med no enn når du starta? Kan du fortelje litt om dette?*
7. Eit sentralt trekk ved å vere med i kor er at ein som individ må innordne seg eit kollektiv. Dette kan for somme vere utfordrande. Kan du hugse situasjonar i koret der slike utfordringar blei tydelege?
 - *Kan du fortelje om situasjonar der andre har hatt problem med å innordne seg resten av koret?*
 - *Kan du fortelje om situasjonar der du sjølv har opplevd ein konflikt mellom dine verdiar/haldningar/meiningar og koret?*
8. Det klingande uttrykket for korsongen består av dei stemmene som er med og samspelet mellom desse. Kan du fortelje om ein gong då dette uttrykket «stemde»/eit musikalsk høgdepunkt?
 - *Kan du fortelje om ein gong då det ikkje stemde?*

- *Kan du fortelje om hendingar som har endra dette uttrykket (dirigent/medlemmar/stemning i koret/byte av songarar).*
 - *Har miljøet i koret noko å seie for det musikalske uttrykket? I så fall, kan du fortelje om situasjonar der dette gjorde seg gjeldande (både positivt og negativt)?*
9. Kven er koret for? Kan du fortelje om døme på personar som har passa godt inn/dårleg inn?
 10. No har vi snakka om ulike sider ved det å vere med i kor? Er det noko viktig som du føler vi ikkje har snakka om?

Korsong er eit globalt utbreidd og mangefasettert fenomen som engasjerer svært mange på ei rekkje ulike måtar. Med song og musikk som omdreingspunkt er kordeltaking som oftast akkompagnert av eit vell av små og store oppgåver, forsøkt løyste av deltakarane i ein røyndom prega av meir eller mindre medvitne tradisjonar, rutinar og ritual. Som eit døme på vaksne amatørar si musikkutøving har kordeltaking også starta å bli interessant i forskingskrinsar, der mellom anna kordeltakinga sine helsefremjande effektar har fått eit sterkt fokus den seinare tida. Det å synge i kor er blitt løfta fram som noko vitaliserande og sunt, noko ein bør få på blå resept.

Denne studien har kordeltaking som tema, og er designa som ein feltstudie i kormiljøet på Søre Sunnmøre på vestkysten av Noreg. Med utgangspunkt i ei kartleggingsundersøking, samt observasjonar og intervju hjå fire vaksenamatorkor, har målet vore å forstå meir av kva kordeltaking betyr for individ og gruppe. Studien er tenkt som eit bidrag til eit ungt forskingsfelt, med fokus på å skildre og forstå kva prosessar og fenomen feltet består av.

Gjennom ein empirinær analyse identifiserer studien fem spenningsfylte område som i stor grad pregar opplevinga av kordeltaking. Desse fem områda er (i) motivasjon, (ii) eigarskap, (iii) identitet, (iv) det sosiale fellesskapet, og (v) kor og samfunn, som alle blir gjenstand for ei kontekstuell og teoristøtta drøfting. Resultata frå studien er samla i konseptet koret som spenningsfelt. I konstruksjonen av dette konseptet peikar studien på samanhengar mellom individ, sosial gruppe og samfunn, der det går fram at koret kan ha mange samtidige og ulike betydingar for medlemmane. Ulike vektleggingar av motivasjonsfaktorar, eigarskapsforhold, identitetsformer og gruppefunksjonar bidrar til at korverksemd kan ta forskjellige former, noko som får konsekvensar for eventuelle positive og negative effektar kordeltakinga kan ha for medlemmane.

Øyvind Johan Eiksund (f. 1979) arbeider på Institutt for lærarutdanning, Fakultet for samfunns- og utdanningsvitskap, NTNU, der han mellom anna underviser i kordireksjon. Eiksund vaks opp i ein korglad familie og har sidan ung alder vore aktiv kordeltakar, både som songar, solist, dirigent, arrangør og komponist.

